

RUNER FRÅ UTGRÅVINGANE I
TRONDHEIM BYGRUNN 1971–94

Med eit tillegg av nyfunne innskrifter elles frå byen
(N774–N894)

Av

Jan Ragnar Hagland

INNHALD

Føreord

Merknad om transkripsjon og translitterering

Innleiing

a. Generelt

b. Runeinnskriftene fra Folkebibliotekets tomt i Trondheim – kronologi og arkeologisk kontekst. Av Axel Christophersen (førebels berre i Christophersen 1998)

A. SØNDRE GATE (N774-777)

B. ERLING SKAKKES GATE (N-778)

C. KONGENS GATE (N779)

D. KJØPMANNSGATA 20–26 (Folkebibliotekstomta)

I. Eigarinnskrifter

a. Merkelappar (N780-802)

b. Eigarinnskrifter elles (N803-804)

II. Innskrifter med berre personnamn (N805-807)

III. Innskrifter med *fupork* (N808–818)

IV. Religiøse/magiske formlar (N819–825)

V. Innskrifter med ristarformel (N826-832)

VI. Innskrifter elles med setningsform (N833–(45)

VII. Eitt- og toordsinnskr. utan setningsform (N846–857)

VIII. Innskrifter utan språkleg meining

a. Lengre innskr. utan språkleg meining (N858–876)

b. Same teikn oppatt-teke (N877–878)

c. Eitt-teiknsinnskrifter (N879–883)

IX. Runemynt (N884)

X. Moglege innskrifter

a. Runeliknande teikn

b. Innskrifter med latinske bokstavar

E. KJØPMANNSGATA (Bryggegata) (N885–887)

F. ERKEBISPEGARDEN (N888–891)

G. NIDAROS DOMKYRKJE (Addenda) (N892–893)

H. Trondheim IX (N894)

Bibliografi

Føreord

Innskriftsmaterialet som herved vert presentert, er manus (utan illustrasjonar) for det som vel eingong vil bli neste band i serien *Norges Innskrifter med de yngre Runer*.

Innskriftene her har såleis fått det offisielle N-nummer dei der vil få. Tilfanget er i hovudsak komme for dagen i samband med arkeologiske utgravingar i Trondheim bygrunn i tida frå 1971 til 1994. Hovudbolken av gjenstandane innskrivne med runer (N780-N883) er funnen ved gravingane i Folkebibliotekstomta i Kjøpmannsgata 20–26. Med unnatak av innskriftene frå utgravingane i Søndre gate, Erling Skakkes gate, Kongens gate, Kjøpmannsgata (Bryggegate), Erkebispegården og addenda frå Nidaros domkyrkje er det materialet som no vert utgjeve, mykje godt identisk med det som er gjeve i transkribert form i eit appendiks til *Meddelelser nr. 8* i rapportserien *Fortiden i Trondheim bygrunn: Folkebibliotekstomten* (Hagland 1990b). Ei eiga innleiing om arkeologiske forhold som har relevans for den delen av innskriftsmaterialet, er gjeven av Axel Christophersen (førebels berre tilgjengeleg i Christophersen 1998).

Innskriftene i utgåva er ordna etter funnstad. Funna skriv seg altså frå utgravingar i Søndre gate, Erling Skakkes gate, Kongens gate, Kjøpmannsgata 20–26 (Folkebibliotekstomta) og Kjøpmannsgata (Bryggegate). Dessutan er innskrifter funne på murane i Erkebispegården tekne med. Det same gjeld innskrifter på Nidaros domkyrkje og nyfunn i Vitskapsmuseet, Trondheim, oppdaga etter utg. av NIyR V i 1960 (sjå elles oversynskart fig. 1). Det store fleirtalet av innskrifter er frå Folkebibliotekstomta og er så konsekvent som råd søkt ordna i grupper, etter språkleg innhald der det let seg gjera, og elles etter språkleg form. I samsvar med det er den delen av materialet lagt fram etter følgjande plan: I. Eigarinnskrifter (a. på merkelappar N780–N802 og b. elles N803–804). II. Innskrifter med berre personnamn (805–807). III. Innskrifter som inneheld *fupork* (N808–818). Deretter følgjer innskrifter som kan grupperast både etter innhald og språkleg form: IV. Religiøse/magiske formlar (N819–825) og V. Ristarformlar (N826–832). Innskrifter som fell utanom desse innhaldsgruppene, er utelukkande ordna etter språkleg form: VI. Innskrifter med setningsform (N833–845), VII. Eitt- og to-ordsinnskrifter utan setningsform (N846–857), VIII. Innskrifter som ikkje synest å gi språkleg meining, det vil seia: a. lengre innskrifter utan språkleg meining (N858–876), b. innskrifter med same rune oppatteken fleire gonger (N877–878) og c. ei-runes innskrifter

(N879–883), IX. Runemynt (N884). Tilfanget med runeliknande teikn er gjeve til slutt utan nummerering av kvar einskild gjenstand.

Ein slik måte å organisera materialet på er sjølvsagt ikkje uproblematisk eller eintyding. Fleire av gjenstandane har innskrifter som kunne kvalifisera for plassering innom fleire av desse gruppene. Ei innskrift som N817 har til dømes både (del av ein) *fupork* og eigarinnskrift. Også andre av innskriftene med *fupork* ville kunna ha hatt alternativ plassering. Det vil likevel ikkje ha konsekvensar for bruken av utgåva. Den skisserte disposisjonplanen skal ikkje sjåast som anna enn ein praktisk måte å finna fram til ein måte å editera innskriftene på.

Merknad om transkripsjon og translitterering.

Når det gjeld transkripsjon av runene og translitterering av desse, er runeteikna attgjevne med eit mellomrom mellom kvar rune. Binderuner er gjevne utan mellomrom. Såleis vil då t.d. sekvensen 𐌱𐌹 (a r) stå for to åtskilde runer, medan 𐌱𐌹 (ar) markerer binderune og såleis eitt teikn. Usikkert lesne runer er markerte ved etterfølgjande spørjeteikn i parentes, slik: (?).

Innleiing

Tilfanget med runeinnskrifter – omfang

Godt og v el 120 gjenstandar med runer eller runeliknande teikn er funne ved gravingane i Trondheim bygrunn i  ara fr  1971 til 1994. Desse gjenstandane inneheld samla sett innskrifter av sterkt varierende omfang – fr  ei einskild rune (N879–883) via eitt-ordsinnskrifter (N851–857) til innskrifter med ei viss tekstmengd. Samanlikna med dei lengste innskriftene fr  funna p  Bryggen i Bergen er likevel dei lengste i materialet her relativt kortfatta. Lengste innskrift fr  Trondheims–gravingane (N816) har 72 runer. Det er om lag ein tredel av omfanget til dei lengste innskriftene fr  Bergen.

Materiale det er rissa p 

Materialet desse innskriftene er rissa p , er i hovudsak tre - 96 av dei 121 inskriberte gjenstandane er tilverka eller utilverka tre. Liksom i bergenstilfanget utgjer dei s kalla merkelappane (sj  nedanfor) ein spesiell og vel definert del av innskriftene p  tre. Elles er 19 av innskriftene p  beinmateriale, 2 p  kleberstein, 1 p  glimmerstein, 2 p  bly, 1 p  koparhaldig s lv (mynt) og 1 p  l r.

Av dei 29 gjenstandane med runer eller runeliknande teikn fr  dei tre eldste hovudfasane av Foklebibliotekstomta er 21 av tre, 6 av bein, 1 p  s lv (mynt) og 1 av l r. Det er alt saman tilfang som d  er arkeologisk datert til tida f r ca. 1100. Ein vesentleg del av desse innskriftene er s leis s  gamle at dei m  tidfestast til slutten av vikingtida, same korleis ein vel   avgrensa det omgrepet som periode. Funntilfanget fr  bygrunnen i Trondheim aktualiserer dermed til ein viss grad det gamle sp rsm let om kor omfattande bruken av runer var i vikingtida (jf. Liest l 1971). Det at ein s  stor del av dei eldste innskriftene fr  Trondheim bygrunn er   finna p  materiale av tre, er med p    understreka det forgjengelege i den trivielle og kvardagslege delen av innskriftstilfanget, og kan vera eit argument for at bruken av runer har vore meir omfattande enn det som i dag kan dokumenterast ved funn. Kor omfattande lese- og skrivekunnskapen har vore mot slutten av vikingtida, er sj lvsagt eit like ope sp rsm l som f r. Men innskrifter som dei vi har

her, gir uvilkårleg eit inntrykk av at skrift med runer ikkje kan ha vore så eksklusivt eit fenomen i eit miljø som det ved utløpet av Nidelva på 1000-talet.

Alder

Arkeologisk datering av funna utanom Folkebibliotekstomta ligg ikkje føre. Materialet frå Folkebibliotekstomta er derimot datert etter hovudfasar slik det går fram av den arkeologiske utgreiinga i det føregåande (s. 0–00). Runematerialet frå utgravinga der fordeler seg slik i høve til daterte hovudfasar i utgravingsområdet:

Fase 2: 2 innskrifter

Fase 3: 9 [+4]¹ innskrifter

Fase 3/4: 1 innskrift

Fase 4: 16 innskrifter²

Fase 4/5: 2 innskrifter

Fase 5: 3 innskrifter

Fase 4/6: 1 innskrift

Fase 6: 10 [+1] innskrifter

Fase 6/7: 1 innskrift

Fase 7: 11 [+3] innskrifter

Fase 7/8: 17 innskrifter

Fase 8: 23 [+1] innskrifter

Fase 8/9: 2 innskrifter

Fase 9: 3 innskrifter

Fase 10: 1 innskrift

Fase 12: 3 innskrifter

Om vi litt grovt samlar dateringane av desse hovudfasane i fire tidsperiodar frå tida før år 1000 og fram til tida etter første kvartal av 1300-talet, vil vi kunna få følgjande omtrentlege uttrykk for den kronologiske spreinga av innskriftsmaterialet etter arkeologisk datering:

¹ Talet i hakeparentes gjeld innskrifter med runeliknande teikn

² Det er tvil om dateringane til 3 av desse: N859, 860 og 861.

Ca.975ca.1100: [28+4]

Ca. 1100–ca. 1225: [28+4]

Ca. 1225–ca. 1325: [46+1]

Etter ca. 1325: [4]

Runetypologiske drag i materialet

Om vi ser bort frå grafiske variantar som til dømes h og ʀ, R og R̥, finst det samla sett følgjande typeformer av *fupork* i dette tilfanget frå Trondheim:

Ʒ ʀ ʁ ʀ ʁ ʁ * ʁ ʁ ʁ ʁ ʁ ʁ ʁ ʁ

Til denne 16-teiknsrekkja finst det følgjande typologiske variantar:

ʁ (frekvent) ʁ (N809), ʁ (N774, 833 og 853[?]) ʁ (N833) og ʁ (N831 og 839)

I tillegg finst desse utvidingane av 16-teiknsrekkja:

ʁ (frekvent), ʁ (N862), ʁ, ʁ (N813, 834), ʁ (N815), ʁ (N794, 817, 834), ʁ (N787, 818, 821), ʁ (N818, 835), ʁ (N779)/ ʁ (N818, 820, 833)

Runeformene i den eldste delen av materialet frå Trondheim fell i det store og heile saman med det som til vanleg vert nemnt "de eldre norske runer". Det vil seia ein 16 runers *fupork* som har enkeltsidig **a**, **n** og **t**, kort **s** og * (**h**), ʁ (**m**), ʁ (**b**) som diagnostiske former (jf. t.d. NIyR VI: 226). I den samanheng er det interessant å observera at dobbeltsidig **t** er nytta saman enkeltsidige runer og kort **s** i to av innskriftene frå dei eldste hovudfasane av Folkebibliotekstomta (N831 og 839).

Elles viser materialet i nokon monn bruk av *fupork* med meir enn 16 runer i den delen som arkeologisk er datert til tida før ca. 1100 i og med at ʁ (**e**) og ʁ (**æ**) syner seg i den delen av tilfanget (jf. Hagland 1994). Ingen av dei punkterte runene for konsonant, ʁ (**d** i N818, 838), ʁ (**g** i N787, 818, 821), ʁ (**p** i N818, 820, 833) og truleg også ʁ (**v** i N817 og 834) er funne i fasar som er eldre enn frå midten av 1100-talet og framover, dvs. at alle desse utvidingane finst i innskrifter frå fasane 6 til 9 i Folkebibliotekstomta. Det same gjeld inventaret med dei lågfrekvente runene ʁ og ʁ. Interessant i denne samanhengen er at materialet inneheld eit alfabet med runer (N818). Gjenstanden det står på, er funnen i relativt ung arkeologisk kontekst (etter ca. 1325). Det viser eit fullt gjennomført system

med punktering av runer for å skilja mellom ustemd og stemd konsonant og for skilje mellom vokalane /e/ og /i/. Ettersom dette konkrete alfabetet let til å vera laga for å gi det runeinventaret som trongst for å skriva latin, manglar vi likevel også i det tilfellet ei innskrift med komplett inventar av det vi gjerne kallar mellomalderruner.

Ulike innhaldsgrupper

Merkelappar

Den største einskildgruppa av gjenstandar med runeinnskrifter som er funnen ved utgravingane i Trondheim, er gruppa med det som oftast blir kalla merkelappar. Nesten ein femtedel av dei inskriberte gjenstandane i materialet er slike (N780–802). Det er om lag ein tredjedel av dei som har innskrifter med språkleg meining i materialet.

Ein merkelapp i dette korpuset er altså av tre og kan ha mange ulike utformingar, slik det går fram av illustrasjonane til kvar einskild innskrift i det følgjande. Sjølve forma på merka har truleg også hatt ei "tyding" og såleis vore ein måte å identifisera ulike eigarar på. I nokre tilfelle kan det dessutan vera bumerkeliknande utskjeringar på desse gjenstandane, slik at dei i tillegg til forma på ein måte har dobbelt eigarmarkering. Det som gjer dei til 'merkelappar', er likevel først og fremst det at gjenstandane alle har eigarinnskrifter med runer. Runene må her ha hatt ein annan funksjon enn det å markera eigedom til sjølve det vesle merket som innskrifta står på. Innskrifter der eigedomstilhøvet gjeld gjenstanden med innskrifta, finst i runematerialet frå Trondheim, t. d. på ein kam (N804) og eit lite tresverd (barneleike N817). Merkelappane, derimot, må ha vore feste til eitt eller anna. Det kan vi m. a. sjå av sjølve utforminga. Merka har oftast bevart eit hol til band av noko slags, eller så er dei utforma med mothakar e. l. for feste. Nokså sikkert er det tale om merke som har vore feste til varer som det i ein eller annan forstand har vore drive handel med i det mellomalderlege bysamfunnet. Samla sett vil merkelappane såleis kunna gi oss opplysningar om vesentlege sider ved liv og verke i byen på den tida. Innskriftene har oftast formelen *NN á*, "NN eig", men dei kan og vera avgrensa til berre å ha med namnet på eigaren utan noko verbalt tillegg. Motsett har ein mindre del av merka (3) ein lengre eigarformel med eit grammatisk objekt til verbet *eiga* i presens: *Ormr á sekk, Sigmundr á sekk þenna*. I eitt tilfelle er det grammatiske objektet i denne meir utbygde formularen representert med pronomenet *mik*: *Andrés á mik*. Lausrive frå gjenstanden merkelappen har vore fest til, gir dette pronomenet ein heilt open deiktisk

referanse, og informasjonsverdien i eigarformularen vert like open som den vi har i *NN á*. Formularen *NN á mik* synest på bakgrunn av materialet frå Bryggen i Bergen å ha vore ganske vanleg. Bergensmaterialet har 11 med denne formularen, eller ca. 10% av alle merkelappinnskriftene derifrå. På same måte som eigarmerke med berre personnamn og presens av verbet *eiga* gjer formuleringa *NN á mik* det lett å bruka merkelappen fleire gonger. Om det er grunnen til at desse formuleringane er nytta så ofte, gir materialet slik det er bevart, likevel ikkje sikkert svar på.

I tilfanget frå Trondheim er det 23 merkelappar som alle er funne ved gravingane i Folkebibliotekstomta i Kjøpmannsgata 22-26 i tida frå 1974 til 1985. I tillegg kjem ein som vart funnen ved utgravingane av tomta til Frimurerlosjen (Altona) i Kongens gate 3, 100-150 meter sør for Folkebibliotekstomta. Dette funnet vart gjort i 1899 og er tidlegare publisert i NIyR (N464 - *Grímr á*). Innskrifta høyrer naturleg saman med det nye tilfanget vi no har frå gravingane i 1970- og 80-åra.

Eit viktig spørsmål, både når vi skal vurdere dette tilfanget som historisk kjeldemateriale og elles, vil då dreia seg om kronologi. Kor gamle er desse merkelappane? Svaret på det må søkjast på ulike måtar. Runeinnskriftene i seg sjølve gir ikkje grunnlag for noka særleg nøyaktig tidfesting. Dei har få merkeformer for datering og kan oftast vera frå kva tidsrom som helst, frå 1100-talet til ut på 1300-talet. Men dei arkeologiske dateringar som er gjorde av utgravingsfeltet, gir oss tidfestingar av funnkonteksten til det einskilde merket og synest å kunna hjelpe oss til å plassera innskriftene noko nærare i tid enn det, jamvel om slike dateringar må brukast med dei nødvendige atterhald.

I høve til dei faseinndelingar og den arkeologiske kronologien som er etablert for Folkebibliotekstomta, er det funne merkelappar i funnlag som kan daterast til fem ulike periodar. Den eldste perioden dekkjer tidsrommet frå ca. 1100 til ca. 1125 (1 funn). Deretter kjem ein periode som går frå ca. 1125 til ca. 1175 (3 funn), så frå ca. 1175 til ca. 1225 (4 funn), ca. 1225 til ca. 1275 (10 funn) og endeleg ein som dekkjer perioden frå ca. 1275 til ca. 1300 (4 funn). Eitt merke er eit såkalla "lausfunn" som ikkje kan setjast i samband med nokon spesiell fase. Merkelappen frå gravingane i 1899 er heller ikkje tidfest. Dateringane som er gjort i NIyR ("ikke yngre enn 12te årh", N464) med grunnlag i runeformene, kan jamført med dei arkeologiske dateringane av merka frå Folkebibliotekstomta godt vera rett, men er ikkje bindande.

Ut frå det dei arkeologiske dateringane syner, dekkjer merkelappinnskriftene eit tidsrom på om lag 200 år, men størstedelen av tilfanget (ca. 2/3) synest å høyra heime i siste halvdel av denne 200-årsperioden mellom ca. 1200 og ca. 1300.

Ein vesentleg del av personnamna på merkelappane frå Trondheim har spesielt høg frekvens i islandsk namneskikk i mellomalderen dømt ut frå dei kjeldene vi har tilgjengelege frå den perioden som her er aktuell. Følgjande 10 av i alt 26 personnamn i materialet er slike, nemleg *Ari*, *Bþrkr*, *Hallgrímr*, *Hallr*, *Hrskuldr*, *Hrifla*, *Illugi*, *Ófeigr* og *Torfi*. I tillegg kjem namnet *Sigmundur* som har spesielt høg frekvens som islandsk namn i kjeldematerialet elles, men som også er kjent frå Noreg (jf. Lind 1915, 1931).

Den tilknytnaden til Island som dette kan vera eit symptom på, blir underbygd reint språkleg ved skrivemåten av namnet *Hrifla* (N789). Merket er funne i eit funnlag som kan daterast til perioden frå ca. 1225 til 1275, og har tydeleg **h** føre **r**. Det må sjåast som eit sikkert islandsk drag i det tilfellet. Dette tyder på at i alle fall ein del av innskriftene på gjenstandsmaterialet har eit islandsk opphav (jf. også Hagland 1988a).

I ein del av innskriftene med dei spesielt islandske namna finst det ein bruk av **u** med lydverdien /o/ eller /ɤ/ som også peikar bort frå anna norsk runemateriale av så sein dato (N795 og 798). Tilsvarende finn vi også i skrivemåten av to andre namn på merka frå Trondheim (N796 og 799). Dette runologiske draget fell saman med det vi har i N614, 687, 712, 717, 718 723, 737, 743, 750 og 752 frå Bryggen i Bergen. Også der er all slik bruk av **u** avgrensa til innskrifter på merkelappar, og til dels med namn som synest å skilja seg ut som særmerkte for islandsk namneskikk (N687, 712, 723, 737 og 750). Saman med dette finn vi punktert **u** med tilsvarende lydverdi i N794 frå Trondheim og N748 frå Bergen. Også dette er elles berre kjent i innskrifter frå dei norrøne områda i vest. Det synest difor å vera grunnlag for å rekna desse draga som spesielle for ein islandsk eller vest–norrøn runetradisjon i tida fram til ca. 1250 eller så (jf. Hagland 1989).

Eit fleirtal av merkelappane (14 av 23) er funne innom avgrensa område av utgravingsfeltet, i kontekst der det også synest å ha gått føre seg handelsverksemd, nemleg i lokale som periodevis synest å ha vore leigde ut til handelsmenn (jf. Nordeide 1989: 88f og 100 og Christophersen 1989: 119ff – sjå òg Christophersen 1998). Alt i alt vil såleis dette materialet med innskrifter på merkelappar funne i Trondheim måtta kunna sjåast som kjelde både til handelens historie, til vestnordisk namnegeografi og til runeskriftas historie, også på Island (Hagland 1988a, 1988b og 1989) trass dei

innvendingar som er gjorde mot denne tesen om delvis vestnorrøn proveniens (jf. Seim 1989, 1990 og 1991b). Dei sannsynlege uttrykk for ein islandsk runetradisjon som kan sporast her, har difor prinsipiell interesse også i høve til det korpus av innskrifter som er samla i *Islands runeindskrifter* (Bæksted 1942).

Innskrifter med fuþork.

I materialet frå bygrunnen i Trondheim er det i alt ti gjenstandar som har innskrifter der fuþork-en er med i meir eller mindre fullstendig form. Fire av desse gjenstandane inneheld berre sjølve fuþork-en, anten fullstendig eller uavslutta. På fem av gjenstandane står fuþork-en i ein større innskriftssamanheng. I tillegg til fuþork-innskriftene finst det altså òg ei alfabetinnskrift i eigentleg forstand, dvs. innskrift med teiknrekkefølga **a b c d** etc. Ser vi runefunna frå Trondheim under eitt, kjem i tillegg til dei frå Folkebibliotekstomta 113 frå murane på Erkebispegarden i utgåva her og den tidlegare utgjevne N466 frå ei grøft, også ved Erkebispegarden.

Fuþork-innskriftene i dette materialet kan, med sine varierende omgjevnader, tenkjast å vera laga av svært ulike grunnar. Innskrift N817 på ei barneleike, med eigarinnskrifta *Ívarr á sverþ* på ei side og ein ufullstendig fuþork på den andre, kan like godt vera ei skriveøving som noko anna. Innskriftene som står saman med personnamn, kan derimot godt vera rissa med eit eller anna magisk føremål, slik innskrifter av det slaget ofte har vore tolka i litteraturen elles (jf. Liestøl 1963: 15f). Liestøl har sidestilt slike amulettliknande fuþork-innskrifter med innskrifter der personnamn kan stå saman med *Pater noster*. Denne forma for magi har ein mogleg variant i materialet frå Trondheim i og med at vi her finn ei innskrift (N816) som både har med *Pater noster*- og fuþork-fragment i tillegg til ristarformular. Ei innskrift (N815) synest jamvel å ha plassert fuþork-en i ein astrologisk samanheng.

Innskriftene i utgåva er ordna slik at dei som utelukkande har med fuþork-en, er sette først, deretter fuþork-fragment og så fuþork eller fuþorkfragment med ymse slags tillegg. Heilt til slutt kjem alfabetet med runer. Det har ei viss interesse å konstatera at innskrifta med runene i alfabetisk rekkjefølgd er funnen i ein av dei aller yngst daterte hovudfasane der det er funne runer, fase 10 som ikkje kan daterast nærare enn til perioden mellom første kvartal av 1300-talet og slutten av 1400-talet.

Religiøse/magiske formelinnskrifter

Fleire av innskriftene frå bygrunnen i Trondheim inneheld referansar til kristen tru, på eitt eller anna vis. Mest markert i så måte er (N816) som har med byrjinga på Fadervår på latin (*Pater noster, qui es in celis; Santificetur--*). Men også elles finst det innskrifter med tilknytnad til religiøst liv og kristen tru i ei eller anna form. Eit vesentleg tilskott til distribusjonskartet for norske innskrifter i så måte er dei to innskriftene med akronymet *agla* (av det hebraiske uttrykket *attah gibbor leolam adonai*, jf. t.d. Dyvik 1980). Både *agla*-innskriftene frå Trondheim er på små krossar av amulettstorleik, den eine av tre, den andre av bly. I det samla norske materialet finst det frå før eit ganske avgrensa tilfang med slike små krossar med *agla*-formularen i runeskrift: N642 frå Bryggen i Bergen er ein slik, vidare krossen frå Bygstad i Sunnfjord publisert av Dyvik (1980) og ein upublisert frå Hermannsverk i Sogn (jf. NIyR VI: 88). I tillegg kan det vera grunn til å rekna N262 (Bru I) mellom desse innskriftene, jamvel om den krossen ikkje har med akronymet, men berre siste ordet i uttrykket skrive fullt ut: *adonai*.

Til dette materialet må også reknast ei (defekt) innskrift med den velkjende palindromen *sator - arepo - tenet - opera - rotas* (N820). Liksom i dei tre *sator*-innskriftene vi elles kjenner med runer frå norsk område (alle frå Bergen) er den frå Trondheim berre to-dimensjonal, dvs. at palindromen ikkje kan lesast fire-dimensjonalt som den namngjetne "Faens firkant". Døme på slike oppsett er ikkje kjende i *sator*-innskrifter med runer i det samla funnmaterialet til no. *Sator*-innskrifta frå Trondheim utgjer i alle fall eit vesentleg tilskott til det norske distribusjonskartet med denne typen innskrifter.

Tilfanget frå Trondheim synest også å innehalda nokre få innskrifter av ein type som elles har vore omdiskutert i samband med spørsmålet om runemagi. Det gjeld innskrifter med seriar av to eller treruners kombinasjonar på **f** + rune for vokal (N819 og 823) og i tillegg ei (N824) med sekvensen **is** som oppatteke element. Parallellar til desse innskriftene synest å finnast både i materialet frå Bryggen i Bergen og elles i vestrøne innskrifter (jf. N633, Liestøl 1978, Stoklund 1982). Det har vore diskusjon om korleis innskrifter som dette skal skjønast utan at bindande argument for noka spesiell løysing kan seiast å vera lagde fram. Men det er utan tvil innskrifter som med rette eller urette vil bli ståande i fokus for diskusjonen om runeinnskrifter som magi av eitt eller anna slag. I så måte yter også desse innskriftene frå Trondheim sitt til distribusjonskartet.

Ristarformlar

Den siste gruppa av innskrifter med eit slags felles innhald i dette materialet frå Trondheim bygrunn er dei åtte som på ein eller annan måte viser til det å rissa runer - frå reine ristarformlar (*NN reist/risti rúnar þessar*: N776, 826, 827, 828, 831[?]) til friare utforma uttrykk om det å rissa runer (N829, 831 og 832). Eit språkhistorisk interessant drag ved denne gruppa innskrifter er fordelinga av sterk og svak form av verbet (*rísta* eller *rista*). Tre av dei åtte innskriftene i denne gruppa har den svake forma av verbet. Den svake forma finst i innskrifter frå dei eldste funnlaga i Folkebibliotekstomta (fase 2 og 3 - N828, 831). Det er eit faktum som synest å kunna både stadfesta og nyansera Aslak Liestøls (1977: 220) oppfatning av korleis den svake forma er kommen inn i norsk og korleis ho har spreidd seg (jf. N827 nedanfor).

Mest oppsiktsvekkjande av desse innskriftene er likevel den metrisk utforma halvstrofa i litt forenkla *dróttkvætt* i (N829). Innskrifta, som påvist av Knirk (1994), er ein variant av første halvstrofe av strofe 48 i *Egils saga Skallagrímssonar* der det heiter at: *Skalat maðr rúnar rísta / nema ráða vel kunni / þat verðr mǫrgum manni / es of myrkvan staf villist* ['Ein skal ikkje rissa runer / om ein ikkje vel kan tyda / det hender for mang ein mann / at han villest ved ein mørk (rune)stav']. I 056 er det same uttrykt positivt: *Sá skyli rúnar rísta / er ráða(?) vel kunni / þat verðr mǫrgum manni / at---* ['Den skal rista runer / som vel kan tyda' etc.]. Som påvist av Knirk (1994: 419) må innskrifta anten vera om lag samtidig med at *Egils saga* vart sett saman eller litt eldre. Knirk viser at første halvstrofe av strofe 48 i sagaen er ei omarbeiding av eit anonymt vers som har vore føydd inn i ei autentisk strofe av Egill Skallagrímsson.

Det at ein variant av halvstrofa er å finna på ein slik runepinne frå eit mellomalderleg bymiljø, tyder på at vi har å gjera med eit vers om det å rissa runer som har vore allment kjent i det norrøne kulturområdet. Det synest difor ikkje urimeleg å sjå dette innslaget i *Egils saga* som ein medviten litterær allusjon som eit breitt publikum i samtida har kunna verdsetja. I alle fall vil innskrift N829 vera ei sjølvstendig kjelde i fagleg ordskifte om sagalitteraturens genese. Innskrifta dokumenterer også at det i melomalderens Nidaros har vore rissa tekster i bunden form med runer på same vis som det elles er påvist både i tilfanget frå Tønsberg og Bergen (jf. Liestøl 1974: 33 og Knirk 1994: 419). I same retning peikar N842 her, jamvel om den innskrifta er så skadd at vi ikkje lenger med full visse kan identifisera henne som metrisk

Innskrifter med anna innhald

Ved sida av dei innskrifter som kan grovsorterast etter innhaldet finst det ei nokså stor gruppe som i utgåva er ordna etter språkleg form, innskrifter som heilt eller delvis gir språkleg meining. Innhaldet i desse kan variera frå den elles ikkje så uvanlege skikken med å gi namnet på gjenstanden det er rissa på, t. d. ordet (*tr*)æzur på den bevarte delen av eit smykkeskrin (N853), til meir omfattande utsegn, som det nesten proverbielle *illir menn ero þeir er ámæla óss* [‘Låke menn er dei som talar ille om oss’] (N837) eller jamvel tilsynelatande litt pikante utsegn som *ek ann ekkju v(el)* [‘Eg elskar ekkja vél’] på eit avbrote kjøtbein (N840). Til saman gir også denne delen av tilfanget (i alt 25 innskrifter) eit variert bilete av mellomalderleg skrivetrong og runeskriftas funksjon i dagleg liv og verke. I språkleg samanheng kan det her vera rett å framheva at tilfanget også inneheld ord der det i meir enn eitt tilfelle synest som vi har å gjera med eit norrønt hapax legomenon. Nemninga *skrapi* på ei sverdslire av lær (N851) kan vera eit slikt, kanskje i tydinga ‘den som snittar, skadar’. Likeins det innlånte *ruhta* på ein liten strengestol av tre (N848) - eit instrumentnamn som elles ikkje er belagt frå nordisk område i mellomalderen.

Endeleg må det nemnast at innslaget med innskrifter på latin er lite i høve til materialet frå Bryggen i Bergen. Berre ei innskrift utanom formelinnskriftene synest fullt ut å vera meint som latin (N836). Det må her vera rett å peika på at den språklege tolkinga av innskrifta ikkje på nokon måte gir seg sjølv. Runeinnskrifter på latin har såleis ingen stor plass i dette tilfanget frå Trondheim, og latinkunnskapane dei gir inntrykk av, kan ikkje på noko vis samanliknast med det vi finn i bergensmaterialet (jf. N603-647). Om dette er tilfelleleg, eller om det her er ein reell skilnad mellom tilhøva i Nidaros og Bjørgvin, kan på grunnlag av det materiale som her vert lagt fram, neppe seiast sikkert. Til det er truleg storleiken på innskriftsmaterialet frå dei to mellomaldermiljøa for stor.

Som vi har sett ovanfor finst det 115 gjenstandar med runer og runeliknande teikn frå Folkebibliotekstomta. I alt 9 (7,8%) av desse er det vi kan kalla runeliknade teikn og 25 (21,7%) er runer utan det vi i dag kan få språkleg meining ut av. Det kan dreia seg om innskrifter med berre ei rune (N879-883), same rune oppatt-teken fleire gonger (N877-878) eller innskrifter som elles synest uskjonlege (N858-876 og 884) Desse kategorianse

til saman viser oss truleg ein skrivekompetanse som ikkje har vore så reell, jamvel om gruppa med uskjønlege rune-sekvensar i prinsippet kan ha språkleg meiningsberande innskrifter som vi i dag ikkje kan sjå (kodeskrift t.d.). Men jamvel med eit slikt atterhald desse innskriftene vera interessante - på det viset at dei kanskje seier oss noko om at kunsten å meistra runeskrift var ettertrakta og hadde så stor prestisje at det kunne vera grunn til å bløffa med det. Det å gjera teikn som lina på runer, kan sjåast som eitt stadium i dette. Eit vidare steg kan ha vore å føya saman verkelege runeformer i sekvensar utan språkleg meining. Innskrifter av baa slag, både dei runeliknade og dei verkelege runeformene utan språkleg meining, vil då kunna vera argument i diskusjonen om kor utbreidd kunsten å skriva og lesa runer har vore til ulike tider i runeskriftas historie. Det at innskrifter å baa slag finst i såpass tydelege mengder, tyder på at det har vore delar av byfolket som har kjent til fenomenet runer utan at skrive- og lesekompetansen med et har vore tilstrekkeleg til å gjera stort meir enn tilsynelatande bruk av skriftsystemet.

Om vi dreg frå innskrifter som så nokonlunde kan samlast i grupper etter innhaldet (merkelappar, 20%, personnamn, 2,8%, religiøse/magiske og ristar formlar, til saman 13%) står vi att med 25 innskrifter, eller vél ein femtedel (21,7%), med det som her er kalla 'innskrifter med anna innhald'. Om vi ser dei såkalla merkelappane som eintydige uttrykk for runeskrift brukt i samband med handelsaktivitet, vil innskriftene med anna innhald kunna takast som uttrykk for at runeskrift vart brukt i tilknytnad til mange av livsens område utanom den delen som kan identifiserast med kommersiell verksemd. Handel og handelsaktivitet har gjerne vore sett på som føresetnad for omfattande bruk av skrift i eit samfunn. Denne relativt store gruppa innskrifter med blanda innhald i materialet her motseier vel ikkje nødvendigvis eit slikt syn. I allefall må desse innskriftene kunna oppfattast som uttrykk for at bruken av skrift, runeskrift, låg på eit nivå godt ut over det heilt rudimentære i bysamfunnet Nidaros. Spreiinga av materialet over tid synest å tyda på at dette gjeld den eldste perioden av byens mellomalderhistorie like mykje som det gjeld for dei nærast følgjande hundreåra.

SØNDRE GATE 10

[774] N-9320. (Tidlegare omtala: Hagland 1988b: 23, med lesing av b-innskrifta som **ifara**.) Innskrifta står på ein kam av reinsdyrhorn. Funnet vart gjort i 1971 i feltet B-177. Arkeologisk datering av funnlaget ligg ikkje føre. Kammen er bevart i to brot, eitt endestykke av tinderekkja saman med storparten av den eine skjena, til saman 143 mm lange. Den bevarte delen av kammen har elles 36 mm som største breiddemål og er 10 mm på det tjukkaste. Runene står i to grupper med langt mellomrom på same breisida av skinna, slik at det er naturleg å dela innskrifta inn i ein a-del (36 mm lang) og ein b-del (10 mm lang) Runene er jamt over 6 mm høge. Innskrifta tek til i god avstand frå brotkant og står opp-ned i høve til tinderekkja på kammen. På endestykket av tinderekkja er det rissa inn ein bumerkeliknande figur. Lesemåten av a-delen er sikker nok. R. 2, 11 og 14 har alle enkeltsidig kvist, medan r. 12 har langkvists runeform i full høgd og er oppfatta som **s** her. Bogane på r. 4 tangerer ikkje heilt staven oppe og nede. R. 5 er open med nokså vinkla boge. Også r. 9 har open boge. I del b er r. 3 uviss. Det går eit lite snitt frå staven og *opp* til venstre, slik at teiknet mest sannsynleg skal oppfattast som **a** (jf. Sanness Johnsen 1968: 30). R. 4 på den delen har open boge og r. 5 kvist som når heilt ned til grunnlina. Denne kvisten står elles nokså langt nede på staven.

Y † Y B R : Y N Þ R N † † † †

a) **k a m b r : k u þ r u a s i a**

l † l(?) R †

b) **i f i(?) r a**

a) *Kambr góðr vási á*. "God kam mot møða" b) *Ívarr á*: "Ivar eig".

Ei tolking av første delen av del a kan her språkleg sett gi grei nok mening. R. 1-5 er skilde frå det følgjande med orddelingsteikn og gir att ordet på den gjenstanden innskrifta står på, *kambr*, i nominativ. R. 6-9 gir adj. *góðr* i same form. Tolkinga av sekvensen **uasía** synest derimot språkleg sett mindre eintydig enn første delen av innskrifta. Om vi les r. 12 både som siste rune i ordet **uas** og første rune i ordet **sía**, vil denne delen av innskrifta kunna lesast som ei grammatisk grei setning *kambr góðr vas sjá*, 'god kam var denne'. Preteritumsforma *vas* (for yngre *var*) vil gå godt saman med bruk av **u** for vokalen /ó/ i *góðr* og utgjera to arkaiske drag ved innskrifta (sjå nedanfor). Men bruk av fortid verkar

likevel påfallande her og vil vel måtta ha som føresetnad at innskrifta er gjort etterat kammen var utbrukt og kassert. Reint pragmatisk verkar såleis ei slik tolking tvilsam. Ei anna og kanskje betre løysing kan difor vera å sjå r. 10-13, **uasi**, som dat. sg. av subst. *vás n*, 'vås, slit, møde' eller som Fritzner uttrykkjer det: "at man lider ondt, paaføres Lidelse og bliver haardt medtagen deraf". Som det går fram av Fritzner, er substantivet *vás n* berre belagt som eit abstrakt ord. I samanhengen her gir det likevel god meining å gi det eit tilsikta metaforisk. 'Strevet' eller 'møda' det er vist til, vil eintydig kunna ha vore oppfatta som det motstridige håret, det flokute håret kamman var meint å ta seg av. Om vi elles jamfører med verbet *vasask* ("sich entwickeln") kan vi heller ikkje sjå heilt bort frå eit mogleg *vas n* (med kort vokal) og parallell i seinare islandsk (jf. Jóhannesson 1956: 167) I nordiske språk elles har det overlevd som 'vase' m ('flope', 'vase', 'samanfiltra tråd, hår etc.' Det vil i så fall gi høve til ei meir konkret tolking av den aktuelle delen av innskrifta. Problemet med ei slik løysing er likevel at vi må postulera eit hapax legomenon der vi har eit fullt mogleg alternativ. Konstruksjonen må ved desse tolkingane sjåast som eit preposisjonsuttrykk med prep. *á* etter styringsordet. Såkalla diskontinuerleg bruk av preposisjon (jf. Faarlund 1990: 97ff), er ikkje uvanleg i norrønt og gir god meining her. Heile uttrykket i del a vil då måtta sjåast som ei setning med utelate kopula (pres. konj. eller ind. av *vera*), ein språkleg konstruksjon det finst godt om parallellar til i norrønt (jf. Nygaard 1905 §32). Om den tolkinga er rett, vil vi ha å gjera med eit kanskje litt uhøgtideleg nesten metrisk uttrykk som seier at 'kammen [er] god på vasen eller floken' evt. '[måtte] kammen [vera] god til vasen, floken'.

Vási m er også belagt som personbinamn, men berre i seine 1300-tals belegg frå Island (jf. Lind 1920-21: 398). Sekvensen **uasía** ville såleis også kunna skjønast som *Vási á* - 'Våse eig', der innhaldet i dette tilnamnet kunne danna eit ordspel og sikta til ugreitt hår, slik som òg den første tolkinga gjer. Dei seine belegg vi har med dette tilnamnet gjer likevel ei slik tolking meir uviss enn den første, ettersom det er drag ved innskrifta som altså tyder på ein viss alder. Det er såleis nytta **u** med lydverdi /ó/ i innskrifta (**kuþr**), og det er eit drag som peikar attover i tid - i seg sjølv tyder det på at innskrifta kan vera så gammal som frå første del av 1000-talet (jf. NIyR VI: 25). Innskrifta her kan samanliknast med ei innskrift på ein kam funnen i Lincoln i England, der kvaliteten på reiskapen likeins er framheva. På kammen frå Lincoln er det likevel gjort på ein litt annan måte i og med at den gode kvaliteten på reiskapen der er knytt til kam-makaren og ikkje til funksjonen, som tilfellet synest å vera her: **kamb: kuþan: kiari: þorfastr**, *kamb góðan gerði Þorfastr* ('Torfast gjorde den gode kammen' DR 418). DR daterer innskrifta til perioden "før middelalder".

Når det gjeld tolking eller forståing av del b, er lese måten av r. 3 avgjerande. Med det atterhald som lyt gjelda på det punktet, kan sekvensen greitt skjønast som ei eigarinnskrift med heilt vanleg formel- *Ívarr á, `Ivar eig'*. Den delen av innskrifta kan godt vera kommen til uavhengig av del a.

[775] N-10057. Innskrifta stå på eit sidebein av storfe, 165 mm langt, 24-35 mm breitt og 4-7 mm tjukt. Det er runer på den konkave sida av beinet og eit mogleg runeteikn på motsett side. Innskrifta er ca. 40 mm lang og runene 27-35 mm høge. Beinet vart funne i 1971 i feltet T-78 (Søndre gate, sør for Schjoldagerveita). Arkeologisk datering av funnlaget ligg ikkje føre. R. 1 på side a er defekt fordi beinet er avbrote i nedre kanten og er av den grunn uviss. Det som står att, vitnar mest om ein **þ**, men om vi samanheld med r. 5, **u**, ser vi at bogen også der står eit godt stykke ned på staven. Vi kan såleis ikkje sjå bort frå at r. 1 også skal vera **u**, jamvel om bogen der, i motsetnad til r. 5, tydeleg svingar litt inn mot staven. Teiknet på side b har ein `stav' som er svakt rissa med to parallelle strekar i full høgd og ein tredje som rekk til øvste eller nedste kvist alt etter kva veg vi les det. Denne øvste eller nedste `kvisten' kryssar dei to `stavstrekane'. Det er usikkert om dette er eit runeteikn eller ei. Lese frå den eine sida kan det med nokon tvil oppfattast som (påbyrja) **f**.

ᐃ | ᐃ | ᐃ | ᐃ | ᐃ

a) **þ(?) i l i u m**

ƒ(?)

b) **f(?)**

Båe lese måtane av side a kan isolert sett gi ei språkleg meining - ved lesinga **þilium** kan det vera dat. pl. både av *þil* n, `dele, skilje', *þilja* f `tilje, gangbord eller dekkbord på eit skip'. Det kan også vera 1. pers. pl. av verbet *þilja*, `leggja tiljer, dekk på skip' osb. Om r. 1 skal lesast som **u**, og heile innskrifta som **uilium**, kan vi ha å gjera anten med 1. pers. pl. av verbet *vilja* eller av verbet *velja*. Men same kva lesinga her skal vera, blir naturleg nok meininga i ein vidare samanheng liggjande i mørke, og det å freista finna moglege

kontekstar for det eine eller det andre valet vil nødvendigvis bli heilt ad hoc og kan ikkje bli anna enn gissing.

Den moglege **f**-en på den konvekse sida av beinet vil vel alltid kunna sjåast som ein påbyrja **fuþork**, men som vi har sett, må det reisast sterk tvil om det er eit runeteikn vi har å gjera med her. I så fall kan det vera med å understreka at innskrifta også på a-sida er noko uavslutta, som av ein eller annan grunn har vorte lagt til sides eller kasta. Det er ingen drag ved runeformene som gir grunnlag for nærare datering av innskrifta.

[776] N-10606.(Tidlegare omtala: Adresseavisen 29.07.1971, Liestøl 1977: 221; Hagland 1988b: 23.) Innskrifta står på eit sidebein, 162 mm langt, 27-33 mm breitt og 2-6 mm tjukt. Det er runer på den konvekse sida av beinet, som er avbrote i baa endar, og innskrifta fyller mest heile den flata. Innskrifta byrjar i god avstand frå fremre brotkant. Brotkanten i motsett ende er så nær siste kvistrune, at det må vera god grunn til å rekna innskrifta som avbroten. Funnet vart gjort i 1971, i feltet S 191 (Søndre gate, sør for Schjoldagerveita). Arkeologisk datering av funnlaget ligg ikkje føre. Innskrifta er stort sett tydeleg og grei. Den nedre delen av staven på r. 1 er borte i brotkanten av beinet. R. 4, 6 og 7 er alle opne, r. 6 skil seg litt ut i og med at kvisten under bogen går nokså parallelt med staven. R. 11 (første kvistrune) har ein litt slurvet rissa øvre kvist av dei som går ned til venstre. Han kryssar staven på føregåande **þ**, men er sikkert nok del av kvistsettet, og teiknet må sikkert kunna lesast 35 (= tre kvistar til venstre, fem til høgre). Sameleis kan det vera litt tvil om kor mange kvistar til høgre det er rissa i r. 13. Den delen av beinet er litt nedsliten, men ved bruk av stereolupe kan ein tydeleg sjå spor etter tre kvistar, altså 23.

l ' n R t R : R t l þ

i s u r a r : r æ i þ 35 24 23 25 [--

i u a r r a i s [--

Ívarr reis(t) [-- `Ivar skreiv [--'

Innskrifta inneheld såleis ei blanding av "vanlege" runer og kvistruner eller såkalla løynderuner (jf. Liestøl 1963: 16ff). Den delen som er skriven med vanlege runer, inneheld

namnet på fire av teikna i ein **fuþork**: *íss, úr, ár, reið*. Dei fire runenamna utgjer dermed sekvensen **iuar**, altså mannsnamnet *Ívarr*. Kvistruner av det slaget vi har frå og med r. 11, er eit system med markering først av ætt innan **fuþork**-en (kvistane til venstre) og så rangering innan ætta (kvistane til høgre). Nummeret på ættene vart rekna bakfrå, slik at 1. ætt (ein strek til venstre) var Týs ætt (**tbmly**), 2. ætt var Hagals ætt (**hnias**) og 3. ætt var Fés ætt (**fuþork**). Talet 35, slik det er markert ovanfor, tyder såleis femte rune i tredje ætt, det vil altså seia **r** osb (sjå òg N828 nedanfor).

Heile innskrifta er dermed døme på ulike former for løyndeskript, eller "kryptografering". Ettersom beinet er avbrote, er det god grunn til å tru at innskrifta har vore lengre og truleg har utgjort ein fullstendig `ristarformel' *-Ívarr reist rúnar þessar*. Kvifor det måtte skrivast i kode, kan vi ikkje seia for sikkert i dag. Ettersom ulike system er nytta, er det grunn til å gå ut frå at det kan vera tale om ei øving eller ei form for demonstrasjon av kunsten å skriva løyndeskript. Men sikre kan vi aldri vera i så måte. Med grunnlag i kvistrunene får vi sekvensen **ai** i verbet her. I runologisk samanheng er dette vanlegvis eit drag som peikar attover i tid. Ettersom vi elles har diftongen **æi** i runenamnet *reið*, må dette likevel helst sjåast som eit direkte resultat av at kvistrunesystemet byggjer på 16-teikns **fuþork**-en og såleis ikkje har andre måtar å skriva diftongen /ei/ på.

[777] N-10607. (Tidlegare omtala: Adresseavisen 29.07. 1971). Innskrifta står på eit 121 x 36 x 9 mm stort sidebein av storfe, avbrect i eine enden. Det er runer på den konkave sida av beinet. Innskrifta tek til og sluttar i god avstand frå baa endar. Ho er 67 mm lang, og runene er i gjennomsnitt 35 mm høge. Funnet vart gjort i 1971, i feltet S-191 (Søndre gate, sør for Schjoldagerveita). Arkeologisk datering av funnlaget ligg ikkje føre. Innskrifta er klår og byr ikkje på problem med lesemaaten på noko punkt. Den opne bogen på r. 3 (**u**) står eit lite stykke ned frå toppen av staven. Kvisten i r. 5 skjer så vidt over staven, men skil seg tydeleg frå r. 2 og må klårt oppfattast som **a**. R. 6 er punktert i nedre enden. R. 7 (**r**) har open boge, og kvisten på r. 8 (**t**) står eit stykke ned frå toppen av staven.

| † ŋ ʌ † † R † † †

i æ u y a s r t i n

Språkleg meining i denne sekvensen som startar med fem vokalteikn, synest det ikkje vera råd å finna. Det kan vera at det dreiar seg om ei eller anna form for løyndeskrift eller ei gåte, og i så fall vil det gi god språkleg meining om ein les annakvar rune, altså r. 1, 3, 5 og 7 + r 2, 4, 6, 8, 9 og 10, slik at vi får sekvensane **iuar + æystin**. Det vil seia ei innskrift der to namn er "fletta" inn i kvarandre. Det er ei løysing student Turid Brox Nilsen, NTNU, har gjort framlegg om (2003) og dette kan godt vera rett her. Vi får i så fall mannsnamna *Ívarr* og *Eysteinn* presenterte i ei elles uvanleg form for løydeskrift.

ERLING SKAKKES GATE 1B

[778] N-4552. Innskrifta står på eit avbrote sidebein, 108 x 31 x 10 mm. Det er runer på den konkave sida av beinet. Innskrifta tek til i god avstand frå brotkanten og er 37 mm lang. Runene er i gjennomsnitt 28 mm høge. Funnet vart gjort i 1972 i feltet E 122. Arkeologisk datering av funnlaget ligg ikkje føre. Innskrifta er tydeleg og er godt bevart. Staven på r. 1 er rissa så bøygd at toppen nesten tangerer toppen av staven på r. 2, **k**, slik at ein mogleg alternativ lesemane kunne vera å sjå r. 1 og 2 som binderune **<uk**. Den litt spesielle forma på staven lengst til venstre kjem likevel truleg av den krumme overflata i beinet, og sekvensen er oppfatta som **ik** her. R. 4 (**a**) har enkelsidig kvist og r.6 (**r**) har open, lett vinkla boge. Etter runene er det eit kryss med eit svakt rissa teikn til slutt - stav med ein kvist frå toppen ned til venstre og ein så langt nede at enden tangerer grunnlina. Denne delen gir såleis eit svakt omriss av ei ås-rune.

I Y Ƨ Ƨ R Ƨ(?)

i k n a u r o(?)

Sekvensen **iknaur** kan vanskeleg delast opp og tilleggast språkleg meining utan at vi går over i det reint spekulative. Det same vil gjelda om vi les sekvensen som **uknaur**. I den

samanhengen gir heller ikkje ein **o** språkleg meining, korkje isolert sett eller i tillegg til det føregående. Det er ingen drag ved runeformene som gir grunnlag for nærare datering.

KONGENS GATE 2

[779] N-4272. Innskrifta finst på ein snåld (spinneshjul) av kleberstein. Snålden har avrunda form med ei flatside, der runene står. Denne sida er frå 8 til 13 mm brei. Innskrifta må opphavleg ha fyllt storparten av den flata. Gjenstanden er 10 mm tjukk, ytre diameter er 40 mm og største indre diameter 13 mm. Funnet vart gjort i 1973, i feltet KC 10. Arkeologisk datering av funnlag ligg ikkje føre. Innskrifta er slik at den sekvensen som utgjer dei 9 siste runene her, er godt bevarte og kan lesast utan større vanskar. Denne delen av innskrifta er innråma av to mykje grovare snitt som skil seg klårt frå runene elles, og snarast må oppfattast som eit slags ordskilje. Dette dekkjer om lag halve snålden. Den andre halvdelen er derimot sterkt nedsliten eller avskala og kan difor berre lesast stykkevis. Det er vanskeleg å seia sikkert kor mange runer innskrifta har hatt på denne delen av snålden. Siste rune her er likevel tydeleg **a** og før det vistest klårt også krysskvistane av noko som truleg har vore **h**. Går vi vidare attover derifrå, er det eit lengre rom der det kan ha vore 3, kanskje 4 runer. I fremre del av dette opne feltet visest to snitt i grunnlinenivå. Det kan vera rester etter staven på to runer. Så kjem ein nokså tydeleg **u**, og før det visest restane etter noko som *kan* ha vore bogen i ein **p**. Kor mykje som så har stått framom der, er uvisst.

I den leselege delen har r. 6 etter ordskiljet øvre og nedre kvistsett med svak bøy inn mot staven, slik at teiknet både kan oppfattast som ein defekt **b** og som den typologisk sett yngre forma av **p** (P).

[-- . .] \ (?) [. . -] * | | | | | | | | | |
[-- . .] ? u (?) [. . -] **h a | a k a p a l æ i n |**

[--]-u[--]ga á kapalein(n) `-- eig kapellanen'

Sekvensen **akapalæin** har form som (del av) ei eigarinnskrift - *á kapalein(n?)* - 'eig kapellanen'. Spørsmålet er i så fall om 'kapellanen' er subjekt eller objekt i setninga. Den leselege delen av sekvensen før det som synest å vera eit ordskilje her, har form som mykje vel kan vera ei nominativsform i f. sg (on-stamme av eit kvinnenamn t.d.). Gjenstanden innskifta står på, ein snáld, må først og fremst ha vore ein arbeidsreiskap for kvinner (jf. NIyR III: 221f), og i den innskifta vi kjenner frå før med denne reiskapen som objekt, er det også eit kvinnenamn som subjekt i setninga: **halhaasnaltþenan** - *Helga á snáld þenna*, 'Helga eig denne snálden' (NIyR V: 198). Sekvensen **-ha** i innskifta her kan godt vera dei to siste teikna i same kvinnenamnet, og såleis vera subjekt i ei setning med normal ordfølgd der *kapalein* står som objekt i akkusativ: -- (*Hel?*)*ga á kapalein* - '(Hel)ga eig kapellanen'. Kva som har stått før namnet, vil i så fall vera uklårt og skal ikkje pressast her. Verbet *eiga* har ulike tydingar i norrønt, m.a. 'vera gift med' og/eller 'ha eit seksuelt forhold til' (Fritzner). Kva som ligg i nemninga 'kapellan' i den perioden som her er aktuell, er ikkje heilt eintydig (jf. Bagge 1976: 17 og 61), men at det er ein geistleg i eit personleg tenesteforhold, t.d. til ein konge, synest klårt. Innanfor den tolkingråma vi har sett her, vil vel båe dei refererte tydingsinnhalda av verbet *eiga* kunna tenkjast. Ei tolking i retning av '(Hel)ga har eit forhold til/står i med kapellanen' ville i tilfelle kunna vera ein litt grovkorna spøk eller kanskje medviten småsjikane kvinner i mellom på nett ein slik gjenstand som vi her har å gjera med. Jamført med andre innskifter kan vi likevel ikkje sjå heilt bort frå at det her er tale om ei eigarinnskrift av meir vanleg art. Det ville i så fall innebera at ordet *kapaleinn* måtte oppfattast som eit heiti (slanguttrykk) for sjølv snálden. Det har vi likevel ingen parallelle døme som kan underbyggja, så det lyt stå som ein udokumentert tanke.

Ettersom den første delen av innskifta er såpass uviss, kan naturlegvis fleire tolkingar enn dei nemnde tenkjast. Sekvensen **akapalæin** kan i seg sjølv også vera prep. *á* + styring i akkusativ. Det ville krevja eit verb i den defekte delen. Spekulasjonar over kva det i så fall kunne vera, synest likevel å måtta bli lite bindande og skal ikkje drivast vidare her.

Dersom r. 4 i sekvensen **akapalæin** skal lesast som runeteiknet **K (p)**, skulle det vera ein indikator på at innskifta ikkje er så svært gammal: 1200- eller 1300-talet synest i så måte rimeleg.

[781] N-26151 (Tidlegare omtala Hagland 1988a: 147, 150, 156; 1988b: 17, 22; 1988c: 47, 60; 1989: 99; 1989b: 156; 1990b: 18, 21 – Seim 1989: 344; 1991b: 23, Christophersen 1998: 27). Innskrifta står på eit eigarmerke av tre med hake for feste mot den eine enden og eit handtakliknande innsnitt i motsett ende. Merket er 94 mm langt med 16 x 7 mm som største tverrsnitt. Funnet vart gjort i 1975 i Folkebibliotekstomta, felt FE i hovudfase 7/8, som kan daterast arkeologisk til perioden frå om lag 1175 til om lag 1275.

Runene står på den eine av breisidene og er tydelege og greie å lesa. Innskrifta tek til der "handtaket" på merket sluttar og er 15 mm lang. Runene er 12-15 mm høge. R. 2 (**r**) har ein krumt forma kvist som går frå staven og ned til grunnlina. Bogen går frå toppen og møter kvisten i god avstand frå staven.

† R | †

a r i a

Ari á. 'Are eig'.

Mannsnamnet *Ari* er ikkje kjent i belegg frå Noreg i dei første hundreåra av mellomalderen. Etter vikingtida er det ikkje registrert belegg før ut på 1300-talet. På Island derimot er namnet godt dokumentert gjennom heile mellomalderen (Lind 1905-15: 31). Namnet finst også på ei tilsvarande innskrift frå Bryggen i Bergen (N614) der gjenstanden er datert i høve til eit brannlag frå 1198 (under - NIyR VI: 24f og Hagland 1989: 93f), og der det elles er runologiske drag som "peikar vestover". Det er difor interessant at innskrifta her som r. 2 har ein spesiell **r**-variant, der både toppen av bogen og kvist går ut frå staven . Bogen kan anten gå ned til kvisten som her, eller kryssa denne inntil han møter staven på nytt, som i N794 nedanfor. Det finst også ein heilt open variant, der løkkja ikkje når ned til kvisten. Denne **r**-typen, særleg den "opne" forma, har vore oppfatta som eit spesielt grønlandsk drag. Men teiknet er også kjent frå Island og Orknøyane (Stoklund 1981: 144 og 1982: 203; Hagland 1993b: 370). Den lukka forma synest ikkje å vera så sikkert knytt til ein rune-tradisjon vest i havet (Hagland 1989: 99, Liestøl 1956: 59f, Seim 1989: 344, Stoklund 1995:

535 med tilvisingar). Det er likevel eit argument som bør teljast med i vurdering av spørsmålet om proveniens, jamvel om kriteriet ikkje er eintydig.

[782] N-21492 (Tidlegare omtala: Hagland 1988a: 147, 150, 156; 1988b: 22; 1988c: 48, 54, 60; 1990b: 18, 21, [35], Seim 1989: 336, NIyR VI: 140, omtala som A127, Christophersen 1998, 27). Innskrifta står på eit spisst utforma eigarmerke av tre med mothakar for festeband e. l. Merket er 128 mm langt med eit tverrsnitt på 24 x 7,5 mm. Det vart funne i Folkebibliotekstomta 1974, felt FA i hovudfase 8, som kan daterast arkeologisk til tidsrommet frå ca. 1225 - 1275.

Runene er skorne med dobbelt snitt på ei av breisidene og er såleis tydelege og greie å lesa. Innskrifta fyller den breiaste delen av merket og er 48 mm lang. Runene er 21-25 mm høge. R. 2 (r) har open boge.

† R † † †

a r n i a

Árni á. 'Arne eig'.

Dette er den vanlege eigarformularen på slike merke. Innskrifta har ingen merkeformer for tidfesting på runologisk grunnlag som strir mot den arkeologiske dateringa.

[783] N-29076 (Tidlegare omtala: Hagland 1988a: 147, 150, 156; 1988b: 22; 1988c: 48, 54, 60; 1990b: 18, 21, [40]; Seim 1989: 336 1991b: 26; NIyR VI, 129, omtala som A152; Christophersen 1998: 27). Innskrifta står på eit etter måten lite eigarmerke av tre, 43 mm langt, 17 mm breitt på det breiaste og 6-7 mm tjukt. Merket har eit enkelt innsnitt som gir det ein "hals" eller eit "skaft" i forlenginga av skriveretninga for innskrifta. Det vart funne i felt FF i 1975 i hovudfase 8, som arkeologisk kan daterast til tida mellom om lag 1225 og 1275.

Runene er skorne på ei av breisidene og byr ikkje på problem med omsyn til lese måte. Innskrifta fyller ut den breiaste delen av merket og er 19 mm lang. Runene er 17 mm høge.

R. 1 (binderune med **r**) har open boge. R. 3 har eit merke i veden som kan sjå ut som ei punktering. Nærare ettersyn viser likevel at dette ikkje kan vera gjort av menneskehand.

𐌹𐌺 𐌰 𐌰 𐌰

ar n i a

Árni á. 'Arne eig'.

Innskrifta skil seg frå N782 ved at ho har binderune initialt. Elles har ho ingen merkeformer som motseier den arkeologiske dateringa. *Árni* er ved sida av *Gunnarr* det mest frekvente mannsnamnet på merkelappane frå Bryggen i Bergen og frå Trondheim samla sett. Det er til saman 7 belegg på kvart av desse to namna.

[784] N-26714 (Tidlegare omtala: Hagland 1988a: 147, 156; 1988b: 19, 22; 1988c: 48, 60; 1989: 92; 1990b: 18, 21 – Seim 1991b: 26). Innskrifta står på eit eigarmerke av tre, spisst i den eine enden med innskorne hakk for feste på motsett side ut mot båe endane. Merket er 119 mm langt og har eit tverrsnitt på 15-16 x 5 mm. Funnet vart gjort i 1975, i felt FH i hovudfase 6/7, som kan tidfestast til tida mellom ca. 1150 og 1225.

Det er runer på båe breisidene, side a og b. Innskrifta på side a startar i breiaste enden av merket og fyller flata fram til fremre innskorne hakk. Ho er 33 mm lang og runene 10-18 mm høge. På side b startar innskrifta eit stykke nede i fremre hakk og fyller mesteparten av flata vidare attanom det. Ho er 60 mm lang og runene 10-18 mm høge. På grunn av dei innskorne hakka får runene litt ulik høgd. R. 1 (**b**) har lukka bogar. R. 3 og 5 (**r**) på side a har òg lukka bogar, med kvist frå boge og ned utan kontakt med staven. Nedre del av bogen på r. 5 er borte på grunn av skade i veden, men runa har etter alt å dømma hatt same form som r. 3. R. 4 (**b**) har boge som spenner over så godt som heile lengda av staven. R. 3 på side b kan vera retta, kanskje frå **r**. Mellom r. 3 og 4 er det eit merke i veden av heilt annan kvalitet og farge enn føregåande og følgjande rune, men nesten med same høgd som runene på kvar side. Merket kan ikkje sjåast som del av innskrifta, truleg er det eit pressmerke i veden. R. 5 og 10 på same side har lukka bogar likeins som r. 3 og 5 på side a. R. 8 har tydeleg punktering i enden. Det er ingen tvil om lese måten på noko punkt av innskrifta.

B 1 R D R 1

[786] N-77605 (Tidlegare omtala: Hagland 1988a: 147f, 156; 1988b: 22; 1988c: 48f, 60; 1989: 90, 92; 1990b: 18, 21 – Seim 1991b: 23f). Innskrifta står på eit typisk eigarmerke av tre. Det er krossforma og 157 mm langt, 9-18 mm breitt og 3-5 mm tjukt. Merket vart funne i 1981, felt FG, i hovudfase 7, som kan tidfestast til perioden frå om lag 1175 til 1225. Det er runer på den eine av breisidene, innskrifta er tydeleg og byr ikkje på problem med lese måten. Innskrifta tek til på "stommen" etter krossen på merket og er 39 mm lang, runene er 14-16 mm høge. R. 2 har open boge og ein karakteristisk sving på kvisten inn mot nedre ende av staven, slik at **r** her har ei form som nærmar seg r. 1, **b**. Slik innskrifta er bevart, har bogen ikkje full kontakt med toppen av staven. Også r. 6, **r**, har open boge, men likevel ikkje denne markerte innsvingen på nedre del av kvisten som r. 2 har.

B R 1 1 R 1

b r a n t r a

Brandr á. 'Brand eig'.

Den særmerkte **b**-liknande forma av **r** finst elles berre i N802 i dette materialet. Det er i følgje Karin Fjellhammer Seim ikkje registret i det tilsvarende tilfanget frå Bryggen i Bergen (jf. Seim 1982: 97). Det må likevel kunna seiast at innskrift N719 (**ormrik**) tilnærma har denne **r**-forma. Ingrid Sanness Johnsen karakteriserer r. 2 og 4 i den innskrifta som "brede og åpne". Men dei har same særmerkte innsvingen nede på kvisten som her (jf. også Liestøl 1963, fig. 2).

Brandr høyrer til dei namna som særmerkjer seg som islandske i det tilgjengelege kjeldematerialet frå perioden dette merket synest å stamma frå (Lind 1905-15: 164). Namnet dukkar opp i norsk kjeldesamanheng først mot slutten av 1200-talet, og jamvel då synest det å vera langt mindre nytta i Noreg enn på Island. Namnet finst også på ein merkelapp frå Bryggen i Bergen (N671), rett nok litt defekt, men arkeologisk datert til om lag same periode som her og med same skrivemåte (**t** for /d/).

[787] N-26167 (Tidlegare omtala: Hagland 1988a: 147, 156; 1988b: 22; 1988c: 48, 60; 1990b: 18, 21; Seim 1989: 336). Innskrifta står på eigarmerke av tre med utskjering av små "handtak" for feste i båe endar, 73 mm langt og eit tverrsnitt på 15 x 9-10 mm. Funnet vart gjort i 1975, felt FA, i hovudfase 8, som kan daterast til tida mellom ca. 1225 og ca. 1275.

Det er runer på den eine av breisidene. Innskrifta dekkjer heile flata utanom "handtaket", dvs. at ho er 40 mm lang og runene 15 mm høge. På den andre sida av merket er det skore inn ein bumerkeliknande figur (sjå ill.). R. 1 er dobbeltskoren. R. 2 og 6 (r) har båe opne bogar. Elles er punkteringa i r. 5 litt svak, men synest likevel å vera del av innskrifta.

† R † | † R †

æ r l i g r a

Erlingr á. 'Erling eig'.

Sekvensen **æ r l i g r** kunne alternativt lesast rett fram som adjektivet *ærligr* og dermed gi språkleg meining. Det verkar likevel lite sannsynleg i denne spesielle samanhengen. At den nasale konsonanten i ikkje er markert i siste leddet av namnet, er eit ganske vanleg drag i runeinnskrifter generelt, og er heller ikkje uvanleg i dette namnet spesielt (jf. NIyR II: 109 og III: 252).

Namnet *Erlingr* er vanleg i norsk gjennom heile mellomalderen, seier Lind (1905-15: 244). Det er derimot svært lite bruk på Island ut frå det andre kjelder kan fortelja. Men namnet synest likevel å ha vore vanleg i alle fall i ei av dei andre norrøne "utbygdene" i vest - Orknøyane (Lind loc. cit.). Det kan sjølvstundt ikkje tilleggast alt for stor vekt her. Med den solide posisjonen namnet *Erlingr* har i norsk mellomalderleg namnetradisjon, vil det vera sikrast å sjå dette merket som uttrykk for norsk handel på Nidaros der merking har skjedd på same vis som det etter alt å dømma elles har vore gjort med gods transportert over havet vestfrå. N670 frå Bergen har vore identifisert som eit gotlandsk namn på eit slikt eigarmerke. Det tyder på at denne forma for merking har vore nytta over store delar av Norden. Interessant ved det merket vi har å gjera med her, er bumerket på den motsette sida i høve til runeinnskrifta. Det synest å ha tent som ei ekstra markering av eigarforholdet i dette tilfellet og kan vera ein liten indikator på at ikkje alle meistra runeskrift like godt. Slike bumerke eller bumerkeliknande teikn er elles vanlege på merkelappar frå Bryggen i Bergen. Heile 22 av dei utjevne 114 merka med innskrifter i NIyR har tilleggsmerking av same slag.

[788] N-23177 (Tidlegare omtala: Hagland 1988a: 150f, 156; 1988b: 22; 1988c: 54, 60; 1990b: 18; Seim 1989: 336; NIyR VI: 124, omtala som A135; Christophersen 1998: 27). Innskrifta står på eit eigarmerke av tre, spissa til i både endar med innskorne hakk som dannar ein uferdig kross i eine enden. Det er 134 mm langt, med eit største tverrsnitt på 22 x 8 mm. Merket vart funne i 1974, felt FE i hovudfase 7/8, som arkeologisk er tidfest til perioden mellom ca. 1175 og 1275.

Det er runer på ei av breisidene, og innskrifta tek til i den enden som ikkje har innskorne hakk. Ho er 45 mm lang og runene 20-21 mm høge. Skiljeteiknet etter r. 5 har tre punkt. Kvisten på r. 5 er nesten heilt borte på grunn av ein skade i merket, men likevel er sikker nok. Bogen er elles open og nokså skarpt vinkla.

Y N T T R : 1


k u n a r : a

Gunnarr á. 'Gunnar eig'.

Gunnarr er, ved sida av *Árni*, det mest frekvente namnet i tilfanget av merkelappar frå Trondheim og Bergen med til saman 7 belegg kvar i det materialet vi kjenner til no. Skrivemåte med **k** finst i 5 av desse, både på merke som er arkeologisk tidleg og seint daterte i tilfanget (jf. N698 og 701).

[789] N-28877 (Tidlegare omtala: Hagland 1988a: 150f, 156; 1988b: 22; 1988c: 54, 60; 1990b: 18, 27f ; Sannes Johnsen 1981: 125; Seim 1989: 336; NIyR VI: 124, 170f, omtala som A158; Christophersen 1998, 27, 32). Innskrifta står på eit krossforma eigarmerke av tre, 100 mm langt, 19 mm breitt på det breiaste og 7 mm tjukt. Funnet vart gjort i 1975, felt FL i hovdfase 8, som er arkeologisk datert til perioden frå ca. 1225 til ca. 1275. Det er runer på både breisidene av merket. Innskrifta på side a tek til nedanfor krossarmane og fyller godt

og vel halve den flata i full breidd, dvs. at ho er 31 mm lang og runene 13-17 mm høge. Runa på side b er 16 mm høg. Siste del av r. 4 på side a, binderuna, har **r** med open boge. Runene er skarpe i snittet og byr ikkje på problem med lesemåtar:

- 

 a) **k u n a r a** b) **a**

 a) *Gunnarr á.* 'Gunnar eig'. b) *a a*

Kva side b her skal vera, er uvisst. Språkleg sett kan det vera *á f*, 'søye', 'ho-sau' og objekt til verbet *eiga* på a-sida (jf. N797 nedanfor der ein del av objektet også står på tilsvarande plass i høve til resten av innskrifta). Men det synest ikkje å gi så god meining her med mindre vi kan rekna med at det har vore tale om slik merking ved livdyrhandel med småfe. Evidens til å avkrefta eller stadfesta det finst ikkje. Det isolerte teiknet på b-sida synest likevel ikkje å vera tilfelleleg. Merket her er nemleg på lag identisk både i ytre form og i utforming av innskrifta med N699 frå Bryggen i Bergen. *Gunnarr á* er skrive på nøyaktig same måte som her, og merket har også **a** på motsett side. Ingrid Sanness Johnsen (1981: 125) har, truleg med rette, peika på at både N699 og 698 må høyra til same person og truleg også vera rissa av same person som dette merket frå Trondheim. N698 frå Bergen har **pu** på b-sida og vantar binderune **ar** i *Gunnarr*, men er elles likt dei to andre. Sanness Johnsen tolkar denne namnefellesskapen og likskapen i ytre form som uttrykk for at vi her har å gjera med ein kjøpmann som har hatt varer merka med sitt namn både i Nidaros og i Bjørgvin (jf. N699). Den arkeologiske dateringa av trondheimsmerket utelukkar, som vi ser, ikkje ei slik oppfatning. Det at same eigar har etterlate seg merke i baa kaupangane, let seg greitt forklara om vi kan sjå det slik at nett denne typen innskrifter først og fremst har tent til eigaridentifikasjon under transport av varer inn til desse stadene. Noko bindande prov på proveniens gir desse innskriftene likevel ikkje. Men det at same eigar har hatt gods både i Nidaros og Bjørgvin let seg godt forklara om vi kan sjå denne *Gunnarr* som ein tilreisande farmann. Vi veit at same person og same skip også frå Island kan ha hatt stopp både i Nidaros og Bjørgvin på ei og same ferd. Av og til var islendingar først i Noreg, inkludert dei to nemnde kjøpstadane, også når dei hadde ærend lenger sør og vest i Europa (jf. Hagland 1988a: 150f). Det er vel heller ikkje utenkjeleg at det i langtransport nordfrå i Noreg kan ha vorte etterlate merke frå same eigar både i Nidaros og i Bjørgvin. Spørsmålet om proveniens synest såleis å stå ganske ope i desse tilfelle. Men det synet som i det

føregående er lagt på den funksjon merka har hatt (sjå Innleiing s. #), synest greitt å kunna forklara kvifor vi finn merke etter same eigar i baa desse handelsmiljøa.

[790] N-23450 (Tidlegare omtala: Hagland 1988a: 147, 156; 1988b: 22; 1988c: 49, 60; 1989: 90, 92; 1990b: 18, 21; Sannes Johnsen 1981: 121; Seim 1991b: 26f; Christophersen 1998: 27). Innskrifta finst på eit eigarmerke av tre. Det er 89 mm langt, 18 x 9 mm i tverrsnitt i breiaste enden - noko smalare og med hakk for feste ut mot den enden som ikkje ber innskrift. Funnet vart gjort i feltet FA i 1974 i hovudfase 8. Det tilseier datering av funnkonteksten til tida mellom ca. 1225 og 1275. Innskrifta står på den eine av breisidene og tek til i den breie enden av merket. Ho er 25 mm lang. Høgda på runene tilsvarar der breidda av merket, dvs. at dei er 17-18 mm høge. R. 1 (**h**) er rissa litt raskt slik at kvistane kryssar kvarandre ved sida av staven (jf. ill.). R. 4 (**r**) har open boge. Det er ingen tvil om lesemaaten på noko punkt.

* † † R †
h a l r a

Hallr á. `Hall eig'.

Innskrifta inneheld den vanlegaste eigarformularen på slike merke. Mannsnamnet *Hallr* er av dei namna som hos Lind står fram som typisk islandske i mellomalderen. Det synest å ha vore vanleg på Island heilt frå landnámstida. I Noreg har det derimot vore "föga brukeligt" seier Lind (1905-15: 470). Eldste belegg frå Noreg har han frå Verdal 1313, elles er det ein del belegg frå første halvdel av 1300-talet.

[791] N-29324 (Tidlegare omtala: Hagland 1988a: 147f, 156; 1988b: 15, 20, 22; 1988c: 49, 52, 60; 1989: 90, 92; 1990b: 18, 22f; 1991: 69; Sanness Johnsen 1981: 121; Seim 1989: 338, 345; NIyR VI: 244, omtala som A163; Christophersen 27, 33) . Eigarinnskrift på merkelapp av tre. Merket er litt skadd i den enden der innskrifta sluttar. Det har innfelt eit

innsnitt langs b e sider fr  og med f rste rune og f r s leis ein svakt **T**-liknande fasong. Det er no 75 mm langt og st rste tverrsnitt p  15 x 6 mm. Funnet vart gjort i 1975, felt FF i hovudfase 8, som kan daterast til tida mellom 1225 og 1275. Innskrifta er gjort p  den eine breisida av merket med tydelege, dobbeltskorne runer. Ho dekkjer om lag heile den innsnitta delen av flata og er 55 mm lang. Runene er 10 mm h ge. Kvistane p  r. 1 har om lag same lengd som staven. R. 2 (**r**) har open boge som dekkjer om lag 5/7 av h gda p  staven. P  r. 4 g r kvisten ut sv ert langt nede fr  staven, slik at det kan sj  ut som om runene er skorne f r merket har f tt si endelege utforming. R. 7 har monaleg st rre avstand fr  f reg ande rune enn det som elles er tilfelle i sekvensen fr  r. 1 til r. 6, men det er ikkje spor av noko ordskiljeteikn. Runa er elles skadd slik at ein del av staven no er borte i i den skadde kanten av merket. Treet i merket er i dag (1994) sterkt oppmorkna.

* R | ʀ | ʀ | ʀ | ʀ

h r i f l a a

Hrifla  . 'Rivla eig'.

Mannsnamnet *Hrifla* h yrer til ei lita gruppa som har _n-stammeb ying p  line med dei fem som er nemnde av Noreen (1923: 408.1), *Ella*, *Sifka*, *Sk ta*, *Sturla* og * r kia*. I austnordisk synest namnet   ha hatt an-stammeb ying, om vi skal d mma etter innskrifta p  Gursten-steinen (Viborg amt DR 91) som gir forma **Rifla** i obl. kasus (**aiftiR Rifla sun askis bianaR sunaR**). I vestnordisk er namnet *Hrifla* lite kjent og har der berre sikkert belegg fr  Island. Lind (1905-15: 575) har belegg fr  fleire tekster p  ein *Hrifla Þorsteinsson Egilssonar* og meiner det utan tvil er same mann det er referert til alle gongene. Elles er det belegg i DI fr  1390 p  eit gardsnamn *Hrifluger i*. Sigur ur Nordal (1933: 276) viser til at den eine *Hrifla* som er belagd i litter re kjelder, var ein "laungetinn" soneson av Egill Skallagr msson, son av Þorsteinn Egilsson p  Borg. Fr  denne *Hrifla* skal  ttlina g  vidare fram til Sturlungane, men utanom f rstelekken i det nemnde gardsnamnet er det ukjent, seier Nordal (jf. ogs  Sannes Johnsen 1981). Ogs  av spr klege grunnar m  vi rekna dette namnet som islandsk. I norsk var slik /h/ f r /r/ fallen bort f r  r 1000. Dei f  norske innskriftene med lydsambandet /hr-/ markert er s leis rekna for   vera fr  tida f r  r 1000 (jf. NIyR I. 143 og III: 109). I ei s  sein innskrift som dette, m  skrivem ten med <h> f r <r> sj ast som eit sikkert islandsk spr kdrag. Av interesse for diskusjonen om proveniens

og funksjon for desse merkelappane kan kanskje vera at det i same felt og funnlag også er funne ei kvalrosstann, eit materiale som i alle fall må vera importert (Nordeide 1990:145)

[792] N-21749 (Tidlegare omtala: Hagland 1988a: 147, 156; 1988b: 22; 1988c: 49, 60; 1989: 92; 1990b: 18, 21 [35]; Christophersen 1998: 27). Eigarinnskrift på merke av tre, kanskje avbrote og i dag utan noka form for festepunkt. Det er mogleg at eit tidlegare feste er brote av. Gjenstanden slik han er no, er 75 mm lang med eit tverrsnitt på 26 x 13 mm. Funnet vart gjort i 1974, felt FE i hovudfase 7/9, som til saman dekkjer tida mellom ca. 1175 og 1325. Runene står på den eine breisida og er delvis dobbeltskorne. Innskrifta fyller storparten av den flata ho står på. Ho er 51 mm lang og runene 13 mm høge. Merket er i dårleg forfatning, og r. 8 er så defekt at berre restar av staven no er synleg. Det er likevel liten tvil om at siste rune i innskrifta er **a**. Føregåande r. 7 (**r**) har open boge.

* † ' † † † R †

h o s k u l r a

Hʃskuldr á. `Hoskuld eig'.

Innskrifta inneheld den vanlege formularen i eigarinnskrifter. Det er nytta ulike teikn for dei to vokalane i namnet, så det synest mest rimeleg å oppfatta det som *Hʃskuldr* og ikkje *Hʃskollr*, som er rekna for å vera den mest opphavlege forma (Lind 1905-15: 611). Innskrifta her har etter alt å dømma assimilert *-ld*, og slike former er elles belagde i hss. med latinsk skrift også i former med *u* i andre staving slik vi har her (Lind 1905-15: 608).

Namnet har svært mange belegg frå Island og synest å ha vore brukt der alt frå den eldste tida. Også frå Orknøyane finst det belegg. I Noreg synest namnet å ha vore meir sjeldsynt, og i den grad det er belagt, synest det helst å ha hatt den meir opphavlege forma *Hʃskollr* (Lind loc. cit.).

[793] N-22970 (Tidlegare omtala: Hagland 1988a: 147, 156; 1988b: 17, 22; 1988c: 49, 60; 1989: 90, 92; 1990b: 18, 21, [36]; Seim 1989: 335; 1991b: 25; Christophersen 1998: 25). Eigarinnskrift på merke av tre, avbrote i både endar og utan bevart festepunkt. Det synest å ha vore tilspissa i eine enden. Merket, slik det er bevart, er 74 mm langt med eit tverrsnitt på 14 x 6 mm. Funnet vart gjort i 1974, felt FA i hovudfase 8, som kan daterast til tida mellom ca. 1225 og 1275. Innskrifta står på ei av breisidene og tek til ved avslutninga av det som verkar å ha vore ein tilspissa del av merket. Ho er 24 mm lang og høgda på runene er 13-14 mm. Kvisten på r. 2 er litt utydeleg, men kan sjåast sikkert ved hjelp av stereolupe. Elles er det ingen problem ved lese måten på noko punkt av innskrifta.

| ʀ ʀ * | ʀ

i l u h i a

Illugi á. 'Illuge eig'.

Innskrifta nyttar **h** i intervokalisk stilling, slik vi elles finn i store delar av materialet frå Bryggen (jf. Seim 1982: 110 ff). Tilsvarende finn vi på (N782) i materialet av merkelappar frå Trondheim og i N726, 727, 730, 731 og 756 frå Bryggen i Bergen.

Namnet i innskrifta høyrer med til dei som Lind reknar for å vera spesifikke for islandsk namneskikk i mellomalderen (jf. Lind 1905-15: 622). Frå norsk område har han berre belegg for dette namnet gjennom eit no tapt gardsnamn. Med dei atterhald som alltid må gjelda ved slike namnegeografiske vurderingar, vil dette vera eit argument for å rekna merket til same gruppe som (N791) ovanfor når det gjeld spørsmålet om proveniens. I så fall inneber det at skrivemåte med **h** i den posisjonen vi finn i denne innskrifta, også har vore brukt i islandsk runeskrift på den tida som her er aktuell.

[794] N-21493 (Tidlegare omtala: Hagland 1988a: 147, 149f, 156; 1988b: 19, 22; 1988c: 49, 51f, 60; 1989: 94, 96; 1990b: 18, 21, 25, [35]; Sanness Johnsen 1981: 123f ; Seim 1989: 336, 344; 1990: 343; 1991b: 26; NIyR VI: 146, 156, 178f, 206, 208, omtala som A128). Innskrifta står på eit pilforma eigarmerke av tre, med innfelling på både breisidene

for feste. Det er 68 mm langt og med eit største tverrsnitt på 12 x 5 mm. Funnet vart gjort i 1974, felt FA i hovudfase 8, som kan daterast til tida mellom ca. 1225 og 1275. Det er runer på båe breisidene av merket. Innskrifta på side a dekkjer heile flata frå enden av merket til innskjeringa, dvs. at ho er 27 mm lang og runene 12 mm høge. På side b tek ho til i enden og dekkjer om lag 2/3 av flata fram til innskjeringa, dvs. at innskrifta her er 17 mm lang og runene 12 mm høge. Kvisten på r. 1, side a, er så vidt der er skoren over staven og ser ut til å ha vore rissa eit par gonger. R. 2 og 6 på same side har tydelege snitt inne i bogen. Desse må oppfattast som punkteringar. Bogen på r. 6 startar elles litt nede frå toppen av staven. R, 4, **b**, er skoren nesten som r. 7, **r**. Særmerkt ved r. 4 er at den øvste bogen kryssar den nedre og nesten tangerer staven i nedre kant. Kvisten på r. 7 når heilt ned til grunnlina. Den nedste bogen i r. 4 bøyer seg derimot tydeleg inn mot staven, jamvel om han ikkje tangerer heilt. R. 4 skil seg såleis distinkt ut frå r. 7. R. 4 på side b (**r**) har same utforming som r. 7 på side a, men bogen tangerer likevel ikkje staven heilt, slik at han ikkje vert heilt lukka, og kvisten er dregen slik at runa vert noko vidare. R. 1 på b-sida har **s** med langkvistform. Runene er alt i alt godt bevarte og gir ingen tvil om lesemåten:

ʏ ǫ ʀ B | ǫ R ʀ ʀ

a) **k ü l b i ü r n a**

ʏ ǫ ʀ R

b) **s u l r**

a) *Kolbjørn* á b) *Sullr.* `Kolbjørn Svull eig'.

Eit spesielt drag ved denne innskrifta er altså r. 2 og r. 6 på side a. Punktert **u** med lydverdien /o/ (/ø/) er elles berre kjend i ei innskrift funnen på norsk område. Det er også i ei eigarinnskrift på ein tilsvarande merkelapp frå Bryggen i Bergen (N748). I samband med innskrifta frå Bergen er det drøfta om lesemåten skal vera **y** eller **o**. Utgåva held med nokon tvil fast ved **o**, og det er tvillaust rett i det tilfellet (jf. Hagland 1988a: 149f og 1989: 94). I Noreg og på dei britiske vesterhavsoyane er dette teiknet først og fremst nytta med verdien /y/ (jf. Hagland 1989: 94). I nokre få tilfelle finn vi også lydverdien [v] eller [w/] ved slik punktert **u**. Eitt mogleg slikt tilfelle er N128 (Sylling kyrkje, ca 1150) og likeins dei to svenske innskriftene Vg 200 og 227 (SR 5), båe frå midten av 1200-talet. Denne skrivemåten finn vi truleg også i to av innskriftene frå bygrunnen i Trondheim, utanom merkelapptilfanget (N817 og 834). Punktert **u** med verdien /o/ (/ø/) er, med unnatak av dei

to merkelappane frå Trondheim og Bergen, berre kjend frå grønlandske innskrifter og i ei frå Island. Den islandske innskrifta med dette teiknet er den eldste vi elles kan datera nokonlunde sikkert, nemleg den kjende kyrkjedørsinnskrifta frå Valþjófstaðir (jf. Stoklund 1981 og Hagland 1989: 97).

Innskrifta på b-sida av merket må sjåast som eit apposisjonelt tillegg til personnamnet i eigarformularen på a-sida. Sekvensen **sulr** vil då kunna vera ei nærare bestemming av den personen det gjeld - eit tilnamn eller eit binamn som det og har vore kalla. Slike tillegg til personnamna er ikkje vanlege i tilfanget med eigarinnskrifter, korkje frå Trondheim eller frå Bergen. I alt dreiar det seg om sju tilfelle der to jamvel er noko uvisse i denne samanhengen (N749 og 672 frå Bergen). Utanom den vi har her, er elles alle andre namnetillegg i eigarinnskrifter på merkelappar patronymikon (N704 og 713, 784 og 785). Dei innskriftene som har med tillegg, synest ikkje å ha noka fast ordstilling: N784 og innskrifta her har verbet mellom personnamnet og namnetillegget, N785 har verbet i spissstilling, medan N704 og 713 har det til slutt, etter patronymikonet. Det tyder på at skikken med nærare namnebestemmingar ikkje kan ha vore så vanleg i dei namnemiljøa der merka har hatt sine utspring, og at det truleg har funnest særskilde grunnar til å bruka slike tillegg (jf. Hagland 1988b).

Av språklege grunnar synest det naturleg å oppfatta tilnamnet som *Sullr* m. Lang vokal, som evt. kunne setja ordet i samband med stadnamnet *Súl(a)*, ville vel helst ha ført til assimilasjon *lr > ll* og gi forma *Súll* (jf. Noreen 1923, §277). Lind (1921 : 348 og 1905-15: 940) gir både *sullr* og *sollr* saman med tilsvarande svake former *sulli* og *solli* som tilnamn og som døypenamn. Lind set det i samband med appellativet *sullr* m `byll', `svulst'. Dei eldste belegg med sterk form er frå Island, frå midten av 1200-talet (*Sturlunga saga*). Det høver svært godt med den arkeologiske dateringa av dette merket. Som tilnamn verkar det kanskje lite tiltalande i dag, men det er ikkje på nokon måte eineståande i høve til det som finst i kjeldematerialet elles frå mellomalderen. Frå dansk og svensk område er såleis det om lag synonyme *kveisa* brukt på tilsvarande vis (Lind 1921: 229).

Til saman har denne innskrifta drag som peikar `vest over havet', at det synest mogleg å rekna henne som ein del av handelskontakten med eit av dei oversjøiske norrøne områda i vest. Om det er Grønland eller Island, lyt likevel stå ope.

[795] N-77606 (Tidlegare omtala: Hagland 1988a: 147, 149, 156; 1988b: 17, 22; 1988c: 49f, 60; 1989: 92f, 96; 1990b: 18, 25f; Seim 1989: 340; 1991b: 28; Christophersen 1998: 27). Innskrift på eigarmerke av tre, 139-140 mm langt, 29 mm breitt og 4-5 mm tjukt. Merket er tilskore slik at det har fått ein spiss ende framom innskrifta og er avbrote i bakre enden. Det har eit bevart brotstykke midt på. Brotstykket omfattar øvre del av dei tre siste runene i innskrifta. Funnet vart gjort i 1981, felt FG i hovudfase 7, som kan daterast arkeologisk til tida mellom om lag 1175 og 1225. Runene står på den eine av breisidene. Innskrifta tek til i den spisse enden der merket får full breidd, og er 55 mm lang. Høgda på runene tilsvargar breidda av merket (29 mm). Øvre del av staven i r. 5 felle saman med kanten i det avbrotne stykket. Elles har r. 6 (r) lukka boge. Alt i alt byr innskrifta såleis ikkje på særlege problem med lese måten:

ᚱ ᚻ ᚠ | ᚻ ᚱ ᚠ

u f æ i k r a

Ófeigr á. 'Ufeig eig'.

Lydverdien av r. 1 er usikker i denne innskrifta. Reint språkleg kan prefikset oppfattast både som /ó/ og som /ú/ her. Det eine vil innebera normalisering til *Ófeigr*, det andre *Úfeigr*. Namnet skal etter Lind (1905-15: 810) ha vore vanleg i Noreg i vikingtida. Men seinare blir det svært sjeldsynt i kjeldene. Lind har eitt mogleg belegg frå 1100-talet og nokre ganske få seinare, alle med forstavinga *ú-*. Språkleg sett vil former med *ú-* visa bort frå Island. Dei namnegeografiske forholda kring dette namnet saman med ein utbreidd bruk av **u** for /o/ elles i tilfanget med merkelappar gjer likevel spørsmålet om proveniens meir ope. (N796, 798 og 799) frå Trondheim saman med N614, 687, 712, 717, 718, 723, 737, 743, 750 og 752 frå Bergen har bruk av **u** for /o/, eit drag som synest å ha vore spesielt for islandsk runeskrift så seint som dette (jf. Hagland 1989: 92f). Når vi så finn dette draget i skrivemåten av eit namn som namnegeografisk mest sannsynleg lyt plasserast på Island, må sjansen vera ganske stor for at også dette er eit islandsk merke. Normaliseringa ovanfor er gjord i samsvar med ei slik oppfatning. Skrivemåten av diftongen med **æ** tel kanskje i motsett lei. Det bevarte islandske runematerialet elles gir oss lite hjelp til å meina det eine eller det andre om denne måten å markera diftongen /ei/ på. Men om vi samanheld med ortografisk praksis i hss. med latinsk skrift, vil skrivemåten i innskrifta her helst peika mot Noreg og i så fall vera i godt samsvar med det vi finn i handskrifter frå trøndsk språk-

område (jf. Hagland 1978: 52ff). Der ville vi venta å finna prefikset markert med ås-rune i ei så ung innskrift som dette. I alle fall vil skrivemåten med **k** for /g/ her støtta opp om den arkeologiske datering som er gjort av merket.

[796] N-77590 (Tidlegare omtala: Hagland 1988a: 147, 149, 156; 1988b: 18, 22; 1988c: 48, 50, 60; 1989: 93, 96f; 1990b: 18, 25, [44]; 1991: 71; 1994: 129; NIyR VI 161, 179, 183, omlata som A249; Seim 1991b: 26; Christophersen 1998: 27). Innskrifta står på eit krossforma eigarmerke av tre, 76 mm langt, 15 mm breitt og 5 mm tjukt. Funnet vart gjort i 1981, felt FG i hovudfase 7, som kan daterast til tida mellom ca. 1175 og 1225. Innskrifta står på den eine av breisidene og byr ikkje på spesielle problem med lesemåtar. Ho tek til eit stykke frå enden av "stommen" og dekkjer heile flata til og med nedre del av "krossarmane", dvs. at ho er 39 mm lang, og at runene er frå 9 til 12 mm høge. Siste rune, r. 8, rekk såleis frå ytterpunkt til ytterpunkt på desse krossarmane. R. 2 og 4 har opne bogar. R. 6 har eit tydeleg punkt eit lite stykke opp frå nedre enden. Sameleis er r. 7 også tydeleg punktert.

ᚱ ᚱ ᚱ ᚱ ᚱ ᚱ ᚱ ᚱ

u r m r a s e k

Ormr á sekk. `Orm eig sekken'.

Innskrifta høyrer altså med til dei relativt mange som nyttar **u** med lydverdien /o/ i dette korpuset med merkelappar (jf. N795).

Eigarformularen her høyrer med til dei som har med eit objekt til verbet *eiga*. Av dei 16 frå Bergen og dei 3 frå Trondheim som har setning med subjekt verbal og objekt i formularen, er det i alt 4 med *sekk* som objekt i akkusativ. Dei tre andre (N678, 687 og 797) har likevel med demonstrativt pronomen i objektet (*þenna*). Innskrifta her er såleis åleine om formularen i nett denne utforminga med objekt utan bestemmarledd knytt til seg. Objektet gir likevel ingen opplysning om kva vareslag merkinga gjeld. Men referansen til varer pakka i *sekk* viser til ein praksis for sjøvegs varetransport som i detalj er føreskriven i *Grágás* I, kap. 166. "Kvar mann skal syta for å få huder kring varene sine, slik at det er like mange sekker under like stor hudflate", heiter det i desse islandske føreskriftene for

farmenn som skulle over havet (jf. Hagland 1988a: 154). Aktiviteten er i sagalitteraturen frå 1200-talet omtala som å *sekka vru* (*Njáls saga*, kap. 149, jf. Einar Ól. Sveinsson (ed.) 1954: 427)

Mannsnamnet *Ormr* er også belagt på to merkelappar frå Bryggen i Bergen (N717 og 718). I båe tilfelle er vokalen skriven med **u** (jf. N795 ovanfor). Det er all grunn til å tru at vi her har med eit spesifikt islandsk eller vestrønt drag å gjera, og at også dette merket må kunna sjåast som eit vitnemål om handel på Nidaros i mellomalderen vestanhavs frå (jf. Hagland 1988a: 148f og 1989: 92ff).

[797] N-91694 (Tidlegare omtala: Hagland 1988a: 147, 156; 1988b: 17, 22; 1988c: 48f, 60; 1989: 90f; 1990b: 18, 21; 1994c: 260, 265; Knirk 1986a 7; NIyR VI; 161, omtala som A271; Seim 1991b: 25; Christophersen 12998: 27, 33f.) Innskrifta står på eit lite talkjevle av tre, 71 mm langt, 18 mm breitt og 10 mm tjukt. Funnet vart gjort i 1985, felt FU i hovudfase 4/5, som til saman dekkjer perioden mellom ca. 1050 og 1150. Det er runer på båe breisidene av kjevlet. Det er elles seks talskoror på kvar side av kjevlet. Desse må vera gjorde etter at runene var rissa. Innskrifta på side a dekkjer flata (lengd 67 mm, høgd på runene 17-18 mm). På side b er innskrifta 18 mm lang og runene likeins 17-18 mm høge. Dei er godt bevarte og byr ikkje på problem med lesemåtar. Mellom r. 7 og 8 på side a er det ein skade i treet og eit riss eller ei line ned til venstre frå toppen av r. 8. Lina er mykje uskarpare enn innskrifta elles og er mest sannsynleg eit pressmerke i veden. R. 1 og 10 på side a har ei svakt markert punktering nedst på staven. Punkteringa av r. 2 på side b er likeins svak, men elles sikker nok. R. 8, **r**, på side a har elles ein lukka, skarpt vinkla boge med kvist som tangerer staven og ikkje bogen. På side b kryssar nedre del av kvistane på r. 3 og 4 kvarandre så vidt.

ᚱ ᚱ ᚱ ᚱ ᚱ ᚱ ᚱ ᚱ ᚱ ᚱ ᚱ ᚱ ᚱ ᚱ ᚱ ᚱ ᚱ ᚱ ᚱ ᚱ

a) **s i k m u n t r a s æ k**

ᛞ ᚱ ᚱ ᚱ

b) **ᛞ e n a**

a) *Sigmundr á sekk* b) *þenna* 'Sigmund eig denne sekken'.

Innskripta har språkleg form som tilsvarar det vi kan finna på andre merkelappar i materialet frå Trondheim og Bergen. Men talkjevlet har ikkje noko spesielt feste for reim eller band slik vi vanlegvis finn på desse namnemerka. Forklaringa på det er truleg at denne gjenstanden opphavleg har vore 'merkelapp', men har vore nytta omatt som talkjevle. Det faktum at talskorene er gjorde etter at runene er rissa, stør ei slik oppfatning (jf. fotografi ovanfor). Både merkelappen og talkjevlet må ha hatt ein naturleg tilknytnad til handelslivet i det gamle Nidaros. Det er ikkje unaturleg at ein slik namnelapp, som truleg har hatt eigdomsmerking ombord på eit handelsskip under transport som sin viktigaste funksjon, har vorte nytta omatt. Det kan til dømes ha skjedd ved ilandføring av varene der det brått kan ha vorte behov for eit talkjevle ved ei eller anna vareoppteljing. Pinnen har rimelegvis vorte smidd litt til for det nye føremålet, slik at eit opphavleg feste på den måten har vorte skore bort. Heile denne gjenstanden, slik vi har han i dag, synest såleis på ulike vis å ha tilknytnad til eit merkantilt miljø i hamnebyen Nidaros. Det finst elles fleire tilsvarande døme i bergensmaterialet på at merkelappar også har vore nytta som talkjevle. Følgjande 9 av dei 114 merkelappane som er publiserte i NIyR, har såleis tydelege teljemerke: N660, 676, 677, 689, 706, 757, 766, 767 og 772 (jf. òg Grandell 1988: 66-69).

Mannsnamnet *Sigmundr* er, etter Lind, svært gammalt i vestnordisk og mykje brukt - "i synnerhet på Island" (Lind 1905-15: 883). Det er såleis mogleg, men ikkje bindande, å sjå også denne innskripta som merking av importerte varer frå eit av dei norrøne samfunna 'vest for havet', slik vi tvillaust har sett ein del andre døme på i dette tilfanget.

I høve til den arkeologiske dateringa av funnlaget for gjenstanden er det grunn til å leggja merke til at innskripta nyttar punktert **i** for /e/, men ikkje punktert **t** for /d/. Vidare er det spesielt for denne innskripta at rotvokalen i *sekk* og *þenna* er markerte med ulike runeteikn. Desse skrivemåtane kunne, isolert sett, tyda på at skrivaren har gjort systematisk skilnad på kort vokal som er resultat av i-omlydd /a/ (*sækk*) og opphavleg kort /e/ (*þenna* - for identifisering av vokalen her, jf. Benediktsson 1964: 71). Dette er ein fonologisk distinksjon som eldre forskarar med grunnlag i *Første Grammatiske Avhandling* har meint var til stades i islandsk språk fram til første halvdel av 1100-talet. Hreinn Benediktsson har likevel ovetydande godtgjort at denne opposisjonen ikkje kan påvisast ut frå det bevarte handskriftsmaterialet eller ut frå rimforhold i overleverte skaldedikt. Innskripta N796 ovanfor viser, som vi har sett, eit runologisk særdrag som synest å vera islandsk eller vestnorrønt. Innskripta er datert til tida mellom andre og fjerde kvartal av det 12. hå. Her er ordet *sekk* skrivne med punktert **i**. Sameleis er det med dette ordet i dei tilfelle det finst i

merkelappar også frå Bryggen i Bergen – såleis N678 og N687, der rotvokalen i *sekk* og i pronominet *penna* er skrivne med same runeteikn, jamvel om skrivemåten av rotvokalen i pronominet er noko uviss i N678. Ingen av desse innskriftene synest likevel å vera eldre enn frå siste kvartal, eventuelt siste halvdel, av 1100-talet.

Spørsmålet om fonologisk tolking av rotvokalen i **sæk** og **pena** her får dermed ei spesiell interesse på grunn av alderen på innskrifta. Trass i det komparative materialet som alt er nemnt, har vi ikkje godt nok grunnlag for å dra bindande slutningar om ein eventuell fonologisk opposisjon mellom kort /æ/ og /e/ her. Innskrifta er så kort at vi ikkje kan utelukka tilfelleleg variasjon i markering av vokalkvaliteten. Dei skrivemåtar vi elles finn for kort fremre urunda ikkje-høg vokal i tilfanget av merkelappar, tyder nemleg ikkje på noko etymologisk basert fonologisk skilje. Det einaste som ligg temmeleg fast når det gjeld bruk av **æ** og **e** for kort vokal, er at førsteelementet i diftongen /ei/ så godt som gjennomført blir markert med **æ**. Om vi også tek omsyn til bergensmaterialet, er skrivemåten slik i 15 av dei 16 (17?) belegga som finst (N668, 674, 675, 676, 677, 679, 680, 681, 682, 684, 689, 746, 755, 756 i Bergen og N795 i Trondheim). Berre ein merkelapp har skrivemåten **ei** (N757). Mannsnamnet *Heinrekr* (N761) har også skrivemåte med **ei**, men det er uvisst om dette verkeleg er ein merkelapp og om innskrifta såleis høyrer med i det tilfanget. Også innskrifter der diftongen av ulike grunnar ikkje er skriven fullt ut, er førsteelementet markert med **æ** (N678 **æ**nri - *Eindriði*, 683 **æ**rikr, 735 **souæ**k - *Slveig*). I N758, som er svært ung (1413), gir skrivemåten **postin** truleg uttrykk for monoftongering i trykklett staving.

Ved sida av diftongen /ei/ og dei belegg vi alt har nemnt, er det få tilfelle av skrivemåtane **æ** eller **e** for kort vokal i tilfanget av merkelappar. Dei belegga som finst, er namna **æ**ltiarn (N685), **æ**llendr (N686), **æ**rligr (N787) og pronominet **tæ**ta (N694), **þætta** (N722) på ei side og **bergsæ**in (N668) og det latinske **miserere** (N802) på den andre. Det viser at vekslande skrivemåte i det noko yngre tilfanget i beste fall ikkje kan representera anna enn allofonisk variasjon (for eit meir omfattande oversyn over dette fenomenet i runematerialet frå Bryggen i Bergen, sjå Spurkland 1991: 102–114). Vi har elles ingen bindande argument for å skilja systematisk t. d. mellom ein islandsk og andre runetradisjonar i merkelapptilfanget sett under eitt. Jamvel om skrivemåtane på det punktet som her er aktuelt, då kan representera ulike tradisjonar, så må spørsmålet om skrivemåtane **sæk** og **pena** i innskrifta her er eit uttrykk for ein etymologisk basert fonologisk opposisjon, bli ståande ope, anten vi ser merket som islandsk eller norsk.

[798] N-29077 (Tidlegare omtala: Hagland 1988a: 147, 149, 156; 1988b: 17, 22; 1988c: 48ff, 60; 1989: 92, 96; 1990b: 18, 25, [40]; 1991: 68; NIyR VI: 179, omtala som A160; Seim 1991b: 28; Christophersen 1998: 27, 32). Innskrifta står på eit eigarmerke av tre. 133 mm langt, 31 mm breitt på det meste og 5 mm tjukt. Merket har vore forma som ein slags kross med hol for feste i eine enden. Den eine av dei smale krossarmene er brekt av, men er bevart. Ei flis som er brekt av på den eine sida av den trapesforma "stommen", er likevel gått tapt. Funnet vart gjort i 1975, felt FF i hovudfase 7, som kan daterast arkeologisk til tida mellom ca. 1175 og 1225. Det er runer på ei breiside av "krossen". Innskrifta dekkjer heile flata av den eine "stommen", heile den delen som utgjer krossarmene og øvre del av den andre "stommen", dvs. at ho er 79 mm lang og runene frå 17 til 31 mm høge. På grunn av den tapte avbrotne flisa er toppen av r. 1-6 på side a borte. Bortsett frå r. 1 fører likevel ikkje dette til større problem med lese måten av kvar rune isolert sett. R. 1 og 2 gir seg elles sjølv ut frå konteksten. R. 3 har hatt lukka boge. Kvisten på r. 6 er så vidt dregen over staven. Nedre del av nedre boge på r. 9 er borte på grunn av avflising, men båe bogane er lukka og står uavhengige av kvarandre på staven. Bogen i r. 10 (**u**) er dregen som eit nokså rett riss ned frå toppen av staven. R. 11 og 13, **r**, har lukka bogar liksom r. 3. I god avstand frå r. 13 er det elles konturar som kan vera omrisset av **þ**, men risset er så svakt at det ikkje synest å vera ein intendert del av eigarinnskrifta. På motsett breiside finst eit par tilfellelege riss som ikkje kan oppfattast som runer.

[1N] R Y I 1 N Y B N R Y R

[**t u**] **r f i a u k b u r k r**

Torfi auk þrkr. 'Torve og Bork'.

Innskrifta nyttar **u** både til å markera vokalen /o/ i *Torfi* og omlydsvokalen /t/ i *þrkr*. Som vi har sett i samband med innskrifta N795 ovanfor, er det eit drag som synest å peika mot Island i ei så ung innskrift som dette lyt vera. Mannsnamnet *Torfi* i norsk bruk er bortimot ukjent i det tilgjengelege kjeldematerialet elles. Det er etter Linds oppfatning mogleg at det finst som samansetjingsledd i ein del stadnamn, men kan i slike tilfelle like gjerne vera

tilnamn, meiner han. Som sikkert personnamn finst det først belegg ut på 1400-talet (Lind 1905-15: 1019).

Mannsnamnet *Þrkr* er etter Lind (1905-15: 187) "i utdøende" ut på 1200-talet. Også det har som døypenamn i hovudsak islandske belegg i Linds materiale, berre i eitt litt usikkert tilfelle er namnet brukt på ein nordmann. I gardsnamnet *Barkastaðir* er det etter Linds meining helst tale om eit tilnamn. Døypenamnet *Þrkr* "hör utan tvivel till dem, som ursprungl. varit binamn", seier har (loc. cit.).

Dateringa av dei tilfelle Lind har med namnet *Þrkr*, høver godt med den arkeologiske dateringa av funnlaget der dette merket låg. Jamvel om namnet skulle vera i "utdøende" på 1200-talet, er det fleire belegg, i alle fall frå første delen av hundreåret.

Forma **auk** på konj. blir vanlegvis sedd på som alderdommeleg både i norsk og islandsk (jf. Finnur Jónsson 1921: 231f). I norske runeinnskrifter finst likevel forma **auk** så seint som 1325 i ei sikkert datert historisk innskrift (N177) frå Rauland i Telemark. I det tilfellet er det tolka slik at ein ristar "i et hyppig brukt ord kan følge gammel runetradisjon". Islandsk runetradisjon på dette punktet kjenner vi ikkje. Praksis i islandske handskrifter er i all hovudsak å skriva *ok*, også i det eldste materialet. I eddadikt og skaldedikt finst likevel no og då former med diftong også i hss. frå 1200-talet, såleis t. d. i Codex regius frå ca. 1270 (jf. Finnur Jónsson 1921: 232). I prosa finst no og då tilsvarande form av konjunksjonen jamvel i hss. frå så seint som midten av 1300-talet, t. d. AM 122a, fol.: ... *yfir stapinn avk alla staparins eign...* (Sturlunga saga frå ca. 1350-70, Kålund (ed.) 1906 - 11 I:289¹⁵). Det er såleis ingenting ved forma **auk** som talar mot at innskrifta her kan vera islandsk og frå den perioden som den arkeologiske dateringa skulle tilseia.

[799] N-29918 (Tidlegare omtala: Hagland 1988a: 147, 149, 156; 1988b: 17, 22; 1988c: 48, 50, 60; 1989: 93, 96; 1990b: 18, 25f, [40]; 1991: 68; Sanness Johnsen 1981: 123; NIyR VI: 179, 199, omtala som A164; Seim 1990: 343; 1991b: 27f; Christophersen 1998: 27, 32.) Innskrifta står på eit ovalt forma eigarmerke av tre med hol for feste, 98 mm langt, frå 20 til 40 mm breitt og 5 mm tjukt. Funnet vart gjort i 1975, felt FF i hovudfase 7, som kan daterast arkeologisk til perioden mellom ca. 1175 og 1225. Det er runer på den eine breisida av merket og ein maltesarliknande kross på den andre. Innskrifta dekkjer ikkje heile flata

dei står på. I gjennomsnitt er runene 30 mm høge, og innskrifta er 43 mm lang. Runene er dobbeltskorne og svært tydelege. R. 6 har open boge med kvist. Ordskiljemerket mellom r. 6 og 7 har tre punkt.

þ | ǫ þ | R :

þ i u þ a r : a

Þjóðarr/Þjúðarr á. `Tjodar eig'.

Eit spørsmål som naturleg melder seg ved denne innskrifta, er om sekvensen **iu** skal tolkast som diftongen /iú/ eller /ió/. Mannsnamnet *Þjóðarr* er totalt sett lite belagt. Lind (1905-15: 1124) har det frå Landnámabok og opnar elles for at det er dette namnet som dannar først-elekken i gardsnamn som *Tjodstad*, *Thyodhastadir* o.l. I den samanheng nemner han forma *Tiwdestadir* som belegg. Belegga er frå Jämtland 1403 og 1410 (DN IX: 197 og DN XVI: 60) og refererer til same staden, noverande Köstad i Alsen, Jämtland. Flemström (1972: 134) meiner vi her har eit "fornsvenskt mannsnamn *Thiude*", men utviklar ikkje synspunktet nærare. Skrivemåten i dei jämtske døma frå 1400-talet er vel litt for uvisst til at det kan leggjast alt for mykje i dei. Forma på det aktuelle gardsnamnet i dag skulle vel helst tilseia at diftongen har vore /jó/, jamvel om det finst parallelle døme med overgang frå /jú/ til /ø/ (jf. Seip 1954: 232f).

Skiljet mellom /jú/ og /jó/ synest ikkje eintydig å gå som eit språkskilje mellom austnordisk og vestnordisk i posisjon føre stemd dental spirant (/ð/). Seip (1954: 233f) gir fleire belegg for slik veksling innanfor det vestnordiske språkområdet, men dei er likevel alle atskilleg yngre enn det denne innskrifta må vera, og nokre av dei er kanskje ikkje godt nok dokumenterte som norske former (jf. Hagland 1988c: 68). Ut frå språktilhøva i dag kan det også vera grunn til å rekna med at det har eksistert ein isogloss mellom former med /jó/ og /jú/ innanfor det vi kallar trøndsk målområde. Former som *skjór* og *skjúr* f synest å gå attende på kvar sin av dei nemnde diftongane. Her er det slik at former som synest å gå attende på /jó/, er nytta i den sørlege delen av målområdet, medan former som lyt gå attende på /jú/, er nytta i den nordre delen, irekna fosenmåla (Kruken unpubl. 1983: 44). Prinsipielt sett kan det difor tenkjast at også mannsnamnet *Þjóðarr* har hatt ei sideform *Þjúðarr* i delar av Trøndelag, evt. i Jämtland, så tidleg som aktuelt er for denne innskrifta.

Spørsmålet om lydverdien av sekvensen **iu** i innskrifta her bør likevel av metodiske grunnar ikkje sjåast isolert frå resten av det funnmaterialet som her er aktuelt. Vi har sett at

u har ei særskild stilling i dette merkelapptilfanget i og med at lydverdien av teiknet så ofte har lydverdien /o/ eller // (jf. N795 ovanfor). Innskrifta her vil såleis kunna falla vakkert inn i eit mønster som gjeld i dette spesielle funnmaterialet.

Jamvel om namnet er lite belagt, vil det kunna sjåast som ei vest-norrøn form *Þjóðarr*, like gjerne som ei aust-nordisk form *Þjúðarr*. Spørsmålet om proveniens for dette merket kan såleis synast å stå spesielt ope (jf. også Seim 1991b: 26).

Figuren eller krossen på side b av merket har venteleg hatt funksjon som bumerke e. l. slik at eigarforholdet har hatt dobbelt markering på liknande vis som vi truleg har det i N787 ovanfor.

[800] N-25914. (Tidlegare omtala: Hagland 1986a: 33, 43; 1990b: 29, [37]; NIyR VI: 202, omtala som A144; Christophersen 1998: 27.) Innskrifta står på ein på merkelapp av tre, 105 mm lang og eit største tverrsnitt på 15 x 8 mm. Funnet vart gjort i 1975, felt FA i hovudfase 8, som kan daterast arkeologisk til tida mellom ca. 1225 og 1275. Det er runer på den eine av breisidene, på den andre eit kryss. Innskrifta står midt på den breiaste delen av merket, ho er 8 mm lang og runene 8 mm høge. På den eine sida av merket er det eit avsprekt stykke slik at nedre delen av runene er defekte. Ein del av staven og bogen er såleis borte av r. 1, men det er elles ingen tvil om at det er **p**. På r. 2 vantar også ein del av staven og berre restar av nedre kvist kan sporast. Det er mest rimeleg at det er **o** som er skoren inn her.

þ ʀ(?)

þ o(?)

Eigarmerkinga må her vera ei eller anna form for avstyting, men korleis denne sekvensen **p** **o** elles skal oppfastast, er uklårt. Interessant er det difor at tilsvarande innskrift finst på to av merka frå Bryggen i Bergen (N740 og 741). Dei merka har innbyrdes noko ulik utforming, slik at det ikkje kan påvisast nokon openberr samanheng mellom dei to frå Bergen med denne litt kryptiske innskrifta og denne frå Trondheim.

[801] N-77135 (Tidlegare omtala: Hagland 1988a: 147, 156; 1988b: 22; 1988c: 48, 60; 1990a: 38; 1990b: 18, 21, [44]; NIyR VI: 205, omtala som A246; Christophersen 1998: 27.) Innskrifta står på eit ovvalt forma eigarmerke av tre, avbrote i den eine enden og utan festepunkt bevart. Merket slik det er no, er 74 mm langt, 8-15 mm breitt og 5-6 mm tjukt. Det vart funne i 1981, felt FG i hovudfase 7, som kan daterast arkeologisk til tida mellom ca. 1175 og 1225. Det er runer på den eine breisida av merket. Innskrifta startar eit stykke frå den skadde enden og dekkjer elles heile breisida av merket i ei lengd av 31 mm. Runene er frå 13 til 15 mm høge. Dei er godt bevarte, og jamvel om r. 1 står på den skadde delen av merket, er det ikkje tvil om lese måten på noko punkt. R. 1 har altså avsliten nedre del, men øvre del av boge og stav er godt bevarte, så det er tvillaust resten av ein **p** vi har å gjera med. R. 3 har open, nokså skarpt vinkla boge.

þ Ṛ R Ṛ | ' Ṛ Ṛ

p o r k i s l a

Þorgísl á. 'Torgils eig'.

Namnet *Þorgísl* er vanleg i kjelder frå heile det nordiske språkområdet gjennom heile mellomalderen (Lind 1905-15:). Etterleddet *-gísl* fekk med kvart metatese og er vanlegvis å finna i forma *-gils* i kjeldene frå vestnordisk område. Kjeldematerialet frå vestnordisk er likevel relativt ungt. I norsk må denne overgangen ha skjedd før 1250, kanskje så tidleg som på slutten av 1100-talet i namnet *þorgísl*. I islandsk må denne overgangen mest sannsynleg setjast til andre halvdel av 1200-talet (jf. Hagland 1990).

Det høver såleis godt med kronologien at det er den mest opphavlege forma vi har å gjera med i denne innskrifta, som synest å høyra til den eldre delen av tilfanget med merkelappar frå Trondheim. Merkelappinnskriftene frå Bryggen i Bergen har namnet tre gonger. To av dei har metatese (N747 og 748). Båe er daterte i høve til brannlag frå 1248 (under) og 1332. Den tredje (N616) har *-gísl* og er datert i høve til brannlaget frå 1198 (under), dvs. om lag same tid som dette merket frå Trondheim. Elles finst namnet (*H*)*allgísl* ein gong, også utan metatese (N705). Den innskrifta er datert i høve til brannlaget frå 1198 (over). Bergensmaterialet utanom merkelappane har elles eitt belegg med forma *Þorgísl*. Denne høyrer også til den eldste delen av materialet og er datert i høve til brannlaga 1170 og 1198 (Markali 1983: 58). Kronologien her gjer såleis at namneformer med sisteleddet

-*gísl* ikkje godt kan nyttast som argument i diskusjonen om proveniens for tilfanget med merkelappar.

[802] N-77589 (Tidlegare omtala: Hagland 1988a: 147, 156; 1988b: 22; 1988c: 48, 60; 1989: 94 (note); 1990b: 18, 21, 29, [44]; NIyR VI: 103, 232, omtala som A248; Christophersen 1998: 27.) Eigarinnskrift på merke av tre, 191 mm langt, 22 mm breitt og 4-6 mm tjukt. Den eine enden av merket er smidd til som eit slags handtak e. l., i andre enden eit hol for feste. Gjenstanden skil seg såleis ut i dette tilfanget av eigarinnskrifter. Det har form som eit skilblad til bruk ved veving, eller kanskje helst eit ufullført emne til eit slikt blad. I så fall kan dette vera ei eigarinnskrift av eit anna slag enn "merkelapptypen". Men forma på gjenstanden er likevel slik at han svært gjerne kan ha hatt den same funksjonen som tilfanget av merke elles synest å ha hatt, så med eit lite atterhald er han rekna med i tilfanget av merkelappar.

Funnet vart gjort i 1981, felt FG i hovudfase 7, som kan tidfestast arkeologisk til tida mellom ca. 1175 og ca. 1225. På ei av breisidene, i motsett ende av holet, er det runer. Innskrifta er 61 mm lang. Runene er 21-22 mm høge. Dei er godt bevarte og byr ikkje på vanskar av noko slag med omsyn lesemåtar. R. 3, 5, 11 og 13 har ei heilt karakteristisk form. Dei må lesast som **r**, men alle har opne bogar og kvist med ein sving inn mot staven nede ved grunnlina og kan nesten minna om **b** (jf. N786 ovanfor). Korkje nedre del av bogen eller kvisten tangerer staven. Ordskiljet mellom r. 6 og 7 har tre punkt.

þ † R † R † † † † † † R † R † † † † † †

þ o r e r a : m i s e r e r e m i n

Þórir á. Miserere mín. `Tore eig. Miskunne meg'.

Teksten i innskrifta er ei blanding av norrønt og latinsk språk. Til den vanlege eigarformularen *Þórir á* er verbet *miserere* føydd, med utfylling. Dette verbet kan ta personobjekt i genitiv, og dette syntaktiske forholdet står ved lag endå om det her har norrøn form: *mín*. Verbet er kjent frå mellomalderlatin gjennom liturgien: *miserere mei deus* - `miskunne deg over meg, Herre'. Det er ikkje heilt opplagt korleis vi skal tolka dette

tillegget i ei slik eigarinnskrift. Ein mogleg kontekst for ei slik bøn kan vi finna om vi ser merket som eigarmerking av varer som har vore transporterte over havet til Nidaros. Som vi har sett, kunne det vera mange eigarar involverte i ei og same skipslast. Merking av varene hadde m. a. som funksjon å visa korleis tap skulle fordelast ved eventuelle grosshavari. Ved slike høve skulle tapet fordelast etter reglar som var å finna i lovbøkene, både i Grågås og seinare lovgjeving (jf. Hagland 1988a: 152). Dette eigarmerket kan truleg sjåast som ein parallell til innskrifta N614. Jamvel om utgjevaren der ikkje har oppfatta innskrifta som eit slikt merke, synest det rimeleg å lesa *Ari á* i første del av innskrifta. Tillegget vil på same måte som her, vera av religiøs art: *Sancti Ólafi-*. Det vil løysa dei problem som der er reiste med bruk av **u** for /o/ og samstundes setja innskrifta inn i same slags handelssamanheng som vi truleg har å gjera med i innskrifta her. Båe desse merka vil då kunna sjåast som ein formel til vern mot ulukke og forlis for den eller dei som var på veg over havet med sitt gods (jf. Hagland 1989: 93f).

Ib. EIGARINNSKRIFTER ELLES

[803] N-22564 (Tidlegare omtala: Hagland 1986a: 12, 42; 1988b: 22; 1990b: 11, [36]; NIyR VI: 203, omtala som A131.) Innskrift på runekjevle av tre, firkanta med tverrsnitt 10 x 5 mm og lengd 64 mm. Funnet vart gjort i 1974, felt FL, i hovudfase 9, som kan tidfestast til perioden mellom ca. 1275 og ca. 1325.

Det er runer på to av breisidene (a og b) og eit mønster skore inn på ei av smalsidene. Innskrifta fyller storparten av flata på side a og b. Det vil seia at på side a er ho 53 mm lang, og runene er 7-8 mm høge. Innskrifta på side b er 43 mm lang og runene likeins 7-8 mm høge. På side c er det eventuelt berre toppen av ei rune som kan lesast. Etter alt å dømma skal første riss på side a og det tilsvarande etter r. 8 på side b oppfattast som ei slags råme om innskrifta, som såleis kan lesast i samanheng frå side a til side b. R. 3 på side a (**r**) har open boge. R. 4 har svært utydeleg kvist, men gransking med stereolupe viser sikker **a**. I r. 12 på same side går øvste kvisten til venstre i binderuna **on** frå toppen av staven og ned. R. 2 på side b har ein svak fargeskilnad midt på staven, og det kunne oppfattast som rest av punktering, men mikroskopering viser ingen sikre spor etter noko slikt. Bogen på r. 3 (**r**) er open og noko meir vinkla enn på r. 3, side a. Til slutt på side b er det tre tilfellelege riss følgde av ei kvistrune med ein kvist til venstre (frå toppen av staven og tre ned til høgre - i

tilfelle skulle det bli tredje rune i første ætt (Týs ætt), altså **m**. På side c er det først rissa noko som kan vera toppen av ein **m** følgt av noko som ser ut til å vera tilfelleleg krot.

+ þ ᚠ R ᚠ : ᚠ ᚢ | ᚢ : ᚠ ᚢ * ᚠ

a) + **þ o r a : a m i k : o k h o n**

ᚢ | R ᚠ | ᚢ | ᚢ

b) **k i r þ i m i k**

a) *Þóra á mik ok hon* b) *gerðe mik*. 'Tora eig meg og ho gjorde meg'

Side a og b til saman gir god språkleg meining. Kva funksjon dette vesle runekjevlet har hatt, kan vi vel i dag berre spekulera over. Om pronomenet *mik* har innskrifta, kjevlet eller noko anna som referent, kan vi såleis ikkje vera visse på. Dersom det viser til innskrifta, er det interessant å kunna konstatera at vi har å gjera med ein kvinneleg runerissar. I så tilfelle må vi gå ut frå at pronomenet *mik* refererer til kjevlet med innskrifta, og at det då dreiar seg om ei lita skriveøving der ei kvinne eller ei jente har øvd seg eller vorte opplærd i å skriva med runer. Kvistruna til slutt på side b vil kunna stø ei slik oppfatning. Om lag same uttrykksmåte som vi har på side a og b her, finst og i N291(A) frå Bergen: *Hákon reist mik, en sveininn á mik*. Her er referansen for pronomenet likevel tydelegare, ettersom innskrifta står på ein fint utforma trekniv, truleg ei leike (jf. NIyR IV: 57).

[804] N-37425. (Tidlegare omtala: Hagland 1988b: 22 (note); 1990b: 11, [42]; 1994c: 258, 264.) Innskrifta står på ein kam av reinsdyrhorn. Kammen er bevart i to brotstykke, til saman 174 mm lange, 38-43 mm breie og med 13 mm som tjukkaste mål. Funnet vart gjort i 1976, felt FE, i hovudfase 4, som arkeologisk kan tidfestast til andre halvdel av 1000-talet. Det er runer på den eine, smalaste breienden av tinderekkja. Innskrifta er 15 mm lang og runene frå 9 til 12 mm høge. Dei er tydeleg rissa og godt bevarte, så det fester seg ingen tvil ved lesemåten på noko punkt av innskrifta. R. 3 og 5, **r**, har ei karakteristisk form med open vid boge og kvist som går frå nedkant av bogen og til grunnlina parallelt med staven:

Y | R | R |

k i r i r a

Geirríðr á `Geirrid eig'

Det kan likevel vera noko usikkert korleis innskrifta skal oppfattast reint språkleg. Det synest å vera ei eigarinnskrift med eit personnamn og 3. pers. pres. sg. av verbet *eiga* slik det er vanleg å finna det i formelen *nn á - `nn eig'*. I dette tilfellet må eigarforholdet gjelda sjølve gjenstanden innskrifta står på, altså kammen. Liknade har vi truleg i N774 frå Søndre gate i Trondheim. Spørsmålet her er i tilfelle kva namn det kan dreia seg om. Den tolkinga som synest mest sannsynleg, og som det er gjort framlegg om her, er at sekvensen **kirir** står for kvinnenamnet *Geirríðr*. Skrivemåten vil i så fall innebera at vi har å gjera med ei nokså gammal innskrift, noko elles både sjølve gjenstanden og den arkeologiske funnkonteksten synest å kunna underbyggja. I norske og vesterhavsnorske vikingtidsinnskrifter er det såleis ikkje uvanleg å markera diftongen /ei/ med **i** (jf. Sanness Johnsen 1968: 45ff). Skrivemåten **kirir** vil, i fall det er det nemnde kvinnenamnet vi har å gjera med, og ha markert ein assimilasjon /ðr/ > /r/. Slik markering finst i innskrifter som er så gamle at dei skil mellom **r** og **R**, dvs. mellom dental og palatal /r/. Døme på dette finn vi i **asikriR** for *á Sigríðr* i Oseberginnskrifta (N138) som vil vera døme på ei eigarinnskrift av liknande slag som den vi ser ut til å ha å gjera med her. Innskrifta på denne kammen frå Trondheim har same r-teikn både i posisjon for **r** og **R**. Det fonologiske skiljet som distribusjon mellom desse to teikna bygde på, vart oppheva i nordisk mot slutten av vikingtida, etter alt å dømme noko seinare i austnordisk enn i vestnordisk (jf. Seip 1955: 53). Jamvel om vi ikkje har andre norske innskrifter utan markert /ð/ før /r/ etter samanfallet av **r** og **R**, kan det vel vera mogleg å sjå innskrifta her som ein parallell til den typen vi har i N138 (**sikriR**). I den samanhang bør det også kunna peikast på at det finst parallellar i svenske 1000-tals innskrifter med sekvensen **ir** for namneleddet *-ríðr* (jf. **uifir** for *Vifríðr*, Vg 18). Det skulle kunna vera argument for å tidfesta denne innskrifta frå Trondheim til ein gong på 1000-talet, noko som elles høver framifrå godt med dei ytre omstende elles kring funnet og gjenstanden. Den arkeologisk konteksten tilseier som vi ser andre halvdel av 1000-talet. Også sjølve kamtypen talar for ei liknande datering. Ved ein inkurie har ikkje denne kammen vorte med i den arkeologiske rapporten om kammakeriet i Trondheim (Flodin 1989). Men Axel Christophersen har granska kammen og reknar han som type E2 etter den klassifikasjonen kammane frå gravningane i Folkebibliotekstomta elles har fått. Christop-

hersens samla vurdering av dateringsspørsmålet etter kontekst og type konkluderer i dette tilfellet med at kammen kan vera tilverka kring midten av 1000-talet og vera kommen i jorda ein gong i andre halvdel av hundreåret (pers. komm.).

Sekvensen **kirir** i innskrifta her kunne elles ikkje fullt så vel oppfattast som namnet *Gyríðr*, jamvel om vi også har belegg for at **i** kan markera runda vokal /y/. Men i dei tilfelle **i** har slik lydverdi synest det likevel å vera systematisk fordeling mellom /y/ som produkt av w-omlyd og /y/ som produkt av i-omlyd. Den første av desse kategoriane vil då bli markert med **i** og den andre med **u** (jf. Sanness Johnsen 1968: 45 m/tilvisingar). Samanfall mellom w- og i-omlyds /y/ reknar ein med har skjedd kring år 1000 (Seip 1955: 47). Namnet *Gyríðr* må vera avleidd av **Gup(f)riþr* (Modeer 1964: 26). Om det var dette namnet vi hadde å gjera med i innskrifta her, skulle vi helst ha venta anten **u** eller **y** for vokalen i første staving.

Noko uvisst synest det såleis å vera mest rimeleg å lesa innskrifta som *Geirriðr á -`Geirrid eig'*, jamvel om det også finst belagt eit mannsnamn *Kærer* (Lundgren-Brate 1915: 158). Namnet er likevel berre belagt i svært seine belegg, 1400-1500-talet, frå austnordisk område. Det synest difor ikkje å vera grunnlag for å dra det seriøst inn i diskusjonen her.

II. INNSKRIFTER MED BERRE PERSONNAMN

[805] N-23247. (Tidlegare omtala: Hagland 1986a: 42; 1988b: 23; 1990b [36].) Innskrifta står på ein tilspissa pinne eller ei flis som er 190 mm lang og har eit største tverrsnitt på 19 x 5-12 mm. Funnet vart gjort i 1974, felt FE i hovudfase 7/8, som er arkeologisk datert til hundreårsperioden mellom siste kvartal av 1100-talet og siste kvartal av 1200-talet. Det er runer ut mot den smalaste, tilspissa, enden på ei av breisidene. Innskrifta er 17 mm lang, og runene er i gjennomsnitt 14 mm høge. Ein kant av pinnen er sprekt av langsetter, slik at nedre del av runene er borte. På den andre breisida er det ein del krot. R. 1 har boge som startar nesten oppe ved toppen av staven. Nedre del er borte, slik at han i dag ikkje når inn til staven. R. 2, binderuna, har open, nokså skarpt vinkla boge i **r**. Bogen på r. 3 startar høgt oppe på staven og sluttar midt på den bevarte delen av staven:

þ ʀ R þ (?)/ R (?)

þ or þ (?)/r (?)

Þórð(r)/Þórr -`Tord/ 'Tor'

Lesemåten av r. 1 som **þ** og r. 2 som binderune **or** er udiskutable. R. 3 har boge heilt oppe frå toppen av staven. Det er ikkje sikre spor etter andre kvistar, slik at teiknet truleg må lesast som **þ** slik det står, jamvel om forma såleis skil det ut frå r. 1, og ei tidleg lesing av Aslak Liestøl i Runearkivet gjer framlegg om **r**.

Innskrifta kan då einast skjønast som mannsnamnet *Þórðr*. Om det her er meint leksikalsk form av ordet eller ei, kan vi ikkje vi seia for sikkert. Innskrifta verkar tilfelleleg og kan godt vera uavslutta. Men slik ho står, har namnet, i allefall tilsynelatande, bortfall av nominativs *r*. Dei arkeologiske funnomstenda tyder, som vi ser, på at dette ikkje er noka sein innskrift i høve til ei slik språkending. Det finst døme på bortfall av *r* i nominativ frå tida kring 1300 og utover (Seip 1955: 303), men Lind (1905-15: 1153) har ikkje døme på nett dette namnet utan både *r* og svarabhaktivokal i nominativ før heilt mot slutten av 1300-talet. Utan kontekst som ho er, kan denne eittords innskrifta såleis neppe nyttast som språkhistorisk evidens for formforenkling i norsk i noko tilfelle.

[806] N-26118. (Tidlegare omtala: Hagland 1986: 44; 1988b: 22; 1990b: [37].) Innskrifta står på eit trestykke, forma som ein pilodd med skaft og blad der vidaste tverrsnitt er 12 x 5 mm. Samla lengd er 77 mm. Funnet vart gjort i 1975, felt FE, hovudfase 7/8 som arkeologisk er datert til perioden mellom ca. 1175 og 1275. Det er runer på den eine sida av pilbladet, og innskrifta dekkjer storparten av den flata, dvs. at ho er 26 mm lang og runene frå 4 til 12 mm høge. Både r. 3 og r. 7 har eit svakt synleg punkt litt oppe på staven og er med eit visst atterhald oppfatta som **e** i baa tilfelle. R. 2 og r. 6 (**r**) har ei form som vi elles finn i to andre innskrifter frå Trondheim (jf. N814 og 847). Dei har opne bogar med avrunda ikkje tydeleg overgang mellom boge og kvist. R. 8 har punkt i nedre enden. Alt i alt er det såleis ingen problem med lesemåten på noko punkt av innskrifta:

Y R † Y † R † †

k r e k o r e s

Gregores Gregorius

Innskriфта synest altså å gi mannsnamnet *Gregores*, ei form av *Gregorius*. Kva gjenstanden med innskriфта har tent til, synest nokså uvisst. Korkje forma på innskriфта eller på gjenstanden talar avgjort for at det er ein merkelapp, jamvel om det vel ikkje heilt kan avvisast. Like sannsynleg kan det vera tale om ein amulett eller kanskje også ei leike. Med den tvilen som synest å vera til stades, er innskriфта er ikkje rekna med i det relativt store tilfanget av merkelappar vi har frå denne utgravinga.

Eldste kjende person med dette namnet i Noreg skal etter Lind (1905-15: 352f) vera den namngjetne lendmannen Gregorius Dagsson, som døydde i 1161. Namnet hans er belagt i forma *Gregores*, t. d. i *Fagrskinna* (Finnur Jónsson (ed.) 1902-03: 356₇, jf. òg NIyR V: 227). Seinare, i første del av 1200-talet, får vi nokre fleire belegg. På Island finst det først belegg frå slutten av 1200-talet (Lind, loc. cit.). Eit poeng i nett denne samanhengen kan vera at namnet *Gregorius* skal ha hatt tradisjon i Nidaros sidan Harald Hardrådes dagar. I *Heimskringla* - Soga om Harald Sigurdsson, kap. 38 - heiter det at Harald let ei kyrkje vigjast til Gregoriuskyrkje. Dette synest å vera informasjon som er godteken av historikarane (jf. Christophersen 1992: 41 m/tilvisingar). Forma *Gregores* vart etterkvart i alle fall vanleg gjennom messedagsnamnet *Gregores messudagr* 12. mars (jf. DN I: 7 frå 1224).

Det er nytta upunkttert **k** ved sida av punkttert **i**. Saman med den arkeologiske dateringa, kan det gi rimeleg grunn til å rekna med at dette er ei innskriфт frå tida kring 1200.

[807] N-37328. (Tidlegare omtala: Hagland 1988b: 23; 1989: 93; 1990b: [42]; 1990c: 108; 1994c: 255f, 262; NIyR VI: 168, 180, 207, omtala som A178.) Innskriфта står på eit lite kjevle av tre, bevart i tre brot. Delane er til saman 87 mm lange og har eit største tverrsnitt på 9 x 7 mm. Funnet vart gjort i 1976, felt FF i hovudfase 2, som arkeologisk er tidfest til perioden frå slutten av 900-talet til midten av 1000-talet. Det er runer på tre av sidene, dei to breisidene (a og c) og ei av smalsidene (= side b). Innskriфта dekkjer heile flata av side a,

dvs. at runene der er frå 5 til 8 mm høge. Side c er delvis defekt, men har elles same runehøgde som side a. Runene på side b er i gjennomsnitt 5 mm høge. Gjenstanden er trass konservering svært medteken og har etterkvart vorte vanskeleg å lesa. Attgjevinga byggjer først og fremst på studiar av gjenstanden i 1984, då han var i noko betre forfatning. Best bevart synest side a, der det er restar av ein stav i fremre brotkant. Elles er kvisten på r. 5 svært vanskeleg å sjå slik kjevlet er no (1994). Ordskiljesteikna med unnatak av det første på denne sida har tre punkt. Ei lesing av Aslak Liestøl på 1970-talet gjer framlegg om at r. 15 på denne sida skal lesast som **d**. Den sprekken som synest å ha leidd til den lese måten, kan likevel ikkje ha vore del av runa. Det synest sikkert, jamvel om kjevlet var noko meir medteke då kontroll ved stereolupe vart gjort. Side b og c er det nesten uråd å lesa, om kort tid vil truleg treet vera så medteke at innskrifta vil gå tapt. Det fester seg såleis ein viss tvil ved flest alle teikna på desse sidene no. Mest uklårt er kanskje spørsmålet om r. 2 og 6 på side c har kvist som kryssar staven eller om det er enkelsidig stav ned til venstre. Med denne tvilen er runene likevel lesne som **a** her:

--] ? ʰ. þ ð R ʸ R | ʸ R : ʸ ð þ ʸ ð 1 R : ' ð | ʰ :

a) --] ? **n . þ u r k r i m r : k u þ m u t r : s u i n :**

???? * : ʸ R | ʸ R

b) ????? **h : k r i m r**

--] * ʰ(?) ʰ ʸ | ʰ(?) ? ʰ(?) ?

c) --] **h a(?) l k i a(?) ? n(?) ?**

a) -- , *Þorgrímr, Guðmundr, Sveinn* b) -- *Grímr* c) -- *Helgi*, -- .

Det som med dei nemnde atterhald og vanskar kan lesast på dette kjevlet, er såleis opprekningar av mannsnamn. Det gjeld alle tre sidene. Side b vil alternativt kunna oppfattast som eit samansett namn med *-grímr*, og side c kan isolert sett seiast å ha eigarinnskrifts form: *Helgi á* -. Dette kan vil likevel berre spekulera over slik gjenstanden med innskrifta er bevart. I høve til det som står på dei to andre sidene er det like rimeleg å gå ut frå at r.5 på side c representerer første rune i eit påfølgjande namn, **a(r)n(i)** t. d.

Innskrifta i seg sjølv stór det inntrykket av høg alder som går fram av den arkeologiske dateringa. Det er nytta **u** med lydverdien /o/ i **þurkrímr**. I norske innskrifter er det

vanlegvis nytta ås-rune (**o**) for slik vokal frå og med tidleg 1000-tal (jf. NIyR V: 242f). Trondheimsmaterialet synest å stadfesta dette kronologiske skiftet i norsk runeskrift (jf. Hagland 1994c: 261f.). Skrivemåten **suin** kunne tenkjast å representera monoftongisert skrivemåte slik vi kjenner det t. d. frå danske innskrifter. I den arkeologiske og runologiske konteksten denne delen av innskrifta står i, må vi kunna gå ut frå at **i** her markerer diftongen /ei/ i *Sveinn* og såleis peikar attover i tid liksom bruken av **u** for /o/ (jf. Sanness Johnsen 1968: 45). I same lei går skrivemåten **halki** for *Helgi*, om det er det namnet vi har å gjera med her. Namnet *Helgi* er såleis belagt i forma **halka** (gen.) i N225 (Klepp I, jf. òg NIyR V: 199). Samla sett synest såleis dette å vera ei av dei eldste innskriftene frå gravingane i Trondheim på 1970- og 1980-talet. Ei datering av innskrifta til første halvdel av 1000-talet er sannsynleg.

Kva funksjon slike rekkjer med namn kan ha hatt på eit slikt runekjevle må bli ståande nokså oppe i eit tilfelle som dette med ein medteken gjenstand, der vi heller ikkje kan vera sikre på om det er delar av innskrifta som er gått tapt. Men runekjevle med liknande opprekningar av personnamn er kjende frå andre samanhengar (jf. Liestøl 1963: 15f).

III. INNSKRIFTER MED *fupork*

[808] N-30468.(Tidlegare omtala: Hagland 1990b:11; Sæterhaug 1976; Knirk 1994b: 183.) Innskrifta står på baksida av botndelen til eit saksefuttal av tre, 225 mm langt, 31-35 mm breitt og 11 mm høgt. Utanom runene er det rissa inn ornamentikk på denne sida av gjenstanden, som vart funnen i 1975, felt FF i hovudfase 7. Det vil seia at funnkonteksten arkeologisk kan daterast til perioden mellom ca. 1175 og 1225. Innskrifta tek til i god avstand frå kant (ca. 35 mm) og er 93 mm lang. Runene er 27-30 mm høge. Det er spor av ornamentikk også på den delen av futteralet der innskrifta står. Restar av tilsvarande utskjeringar som dei vi elles finn på den sida, visest såleis tydeleg i veden f. o. m. r. 9 til r. 12. Nedste kvisten av r. 1 kryssar staven så vidt. Ingen av dei to kvistane er dregne heilt opp til nivå med toppen av staven. Bogen på r. 2 står eit lite stykke nede på staven. R. 4 har venstrevendt kvistsett, r. 5 open boge og r. 8, **n**, kvist med utløp så langt nede på staven at enden tangerer grunnlina for innskrifta. R. 11 har mogleg, men nokså usikker punktering. Frå staven av r. 13, litt nedanom det punktet der

øvre bogen tek til, går det eit riss opp mot toppen av føregåande rune, r. 12, utan å nå heilt opp. Det kan såleis sjå ut til at rissaren med r. 13 eigentleg har byrja på **m** litt for tidleg og så gjeve opp rissinga av den runa når han har sett at han hadde gløymt **b**. Etersom det ikkje er kontakt med toppen av r. 12, er dette meir sannsynleg enn at den runa er tenkt som tosidig, eller "langkvist" **t**. R. 13, **b**, har to frittståande bogar som når inn til staven i klår avstand både frå toppen og foten av denne (jf. ill.):

ƿ ᚢ ᚥ ᚦ ᚧ ᚨ ᚫ ᚬ ᚭ ᚮ ᚯ ᚰ ᚱ ᚲ ᚳ ᚴ ᚵ ᚶ ᚷ ᚸ ᚹ ᚺ

f u ᚥ o r k h n i a s t b m l y

fuporkhniastbmly

Utanom den særlegne utforminga av r. 13 er det ikkje spesielle runologiske særdrag ved denne innskrifta. Vi har her ein fupork med 16 teikn utan tillegg av runer vi elles kjenner i runeinnskrifter frå mellomalderen. Ein slik 16-teikns fupork er naturleg nok utan særlege merkeformer for runologisk tidfesting. Kva funksjon fupork-en har hatt på ein slik bruksgjenstand, er vel noko uvisst i dag. Den form for magi som slike innskrifter ofte vert sette i samanheng med, kan, reelt eller meir amulettaktig, vera aktuell som vern mot mogleg fåre. Elles kan vel ornamentikken på skrinet også tyda på at fupork-innskrifta har hatt ein dekorativ funksjon ved sida av det å tena andre moglege føremål.

[809] N-76464. (Tidlegare omtala: Hagland 1986, 13, 15, 50; 1990b: 11 f, [44]; Christophersen 1998, 28, 34 f; Seim 1999: 351, 81 ff (omtala som A244).) Innskrifta står på eit flatt runekjevle av tre, bevart i tre brotstykke som høver i kvarandre. Samla lengd på dei tre brota er 174 mm, breidda er 22-33 mm, og dei er frå 3 - 5 mm tjukke. Funnet vart gjort i 1981, felt FGv i hovudfase 8, som arkeologisk kan daterast til perioden mellom ca. 1225 og ca. 1275. Det er runer på den eine breisida av kjevlet, på den andre er det ein del riss i kryssmønster. Innskrifta tek til i god avstand frå kant og er 108 mm lang. Runene er frå 23 til 31 mm høge. Bogen på r. 2 (**u**) står eit stykke nede på staven.

Det same gjer den opne bogen på r. 5 (**r**) og kvisten på r. 14 (**I**). R. 4, ås-runa, har kvistane til høgre, den øvste tydeleg med ein temmeleg utydeleg parallell lenger nede på staven. R. 8 har likeins svært utydeleg kvist ned til høgre, men må likevel sikkert nok lesast som **n**. Det er elles også ei avstikkande form på **a**, r. 10, i og med at kvisten går opp til venstre i staden for ned til venstre, slik vi oftast finn (jf. likevel N774). Elles er lesemåten sikker nok:

ƿ ḥ þ ǻ R ʀ * ʁ | ʁ ' 1 ʁ ʀ ʁ

f u þ o r k h n i a s t m l y

fuporkhniast[b]mly

Innskripta gir såleis ein ufullstendig **fupork**, ettersom **b** manglar. Spesielt med innskripta elles er at r. 4 har kvistar til høgre. Den høgrevende ås-runa saman med den spesielle utforminga av r. 10 er drag det elles finst døme på i stuttruneinnskripter (sjå Sannesss Johnsen 1968: 20ff). Tilsvarande **a** finst òg i ein fupork frå Dublin med blanding av langkvist og kortkvistruner (jf. Moltke 1985: 364). Manglande **b** i innskripta gjer likevel at spørsmålet om vi her har å gjera med ein fupork i stuttruner, må stå ope. Men sett på bakgrunn av alderen på den arkeologiske konteksten for funnet, kan utegløyninga og "feila" som er gjorde, elles komma av at det er ein uøvd ristar som har gjort innskripta. Fupork-en på dette kjevlet kan såleis like godt vera ei øving som noko anna.

[810] N-37065. (Tidleagre omtala: Hagland 1990b: 11.) Innskripta står på ein flat gjenstand av tre, 97 mm lang, 15 mm brei og 3 mm tjukk. Gjenstanden slik han er bevart, er gjennombora av tre hol og avbroten i det eine av desse. Funnet vart gjort i 1976, felt FE lag 1089 som tilsvarar hovudfase 12, det vil seia i etterreformatoriske kulturlag. Det er runer på den eine flatsida. Runene synest å vera rissa etter at gjenstanden er gjort ferdig med dei hol som er nemnde. Avstanden mellom r. 4 og 5 er nemleg så mykje større enn mellom dei andre runene, at det må vera teke omsyn til holet som ligg mellom då innskripta vart til. Innskripta tek til i brotkanten. Ho er 47 mm lang og høgda på runene tilsvarar beidda på gjenstanden. Det er ein mogleg rest av **i** i brotkanten, men elles ingen tvil om lesemåten på noko punkt i innskripta, jamvel om

staven i **a** er litt utydeleg. Bogane på r. 4, **b**, tangerer kvarandre, og nedre del av kvar boge er dregen så vidt over staven. Også venstre kvist på r. 6 er dregen over staven:

-- :] † ' 1 B Y † †

-- :] **a s t b m l y**

-- *i]astbmly*

Den bevarte delen av innskrifta har altså med dei sju siste runene i ein vanleg 16-teikns fuþork. Det er ingen merkeformer for nærare runologisk datering. Det er vanskeleg å seia noko sikkert om kva funksjon gjenstanden med runeinnskrifta her har hatt. At han er bearbeidd og utstyrt med hol, tyder på at det er tale om ein bruksgjenstand av eitt eller anna slag. Det vil i så fall kunna setja denne innskrifta med fuþork i same kategori som det vi finn på sakseskrinet i N808 ovanfor.

[811] N-52445.(Tidlegare omtala: Hagland 1990b: [47]; NOR 1989:7; NOR 1992:11; NOR 1993: 23; Seim 1999: 352.) Innskrifta står på eit defekt (kniv)skaft av tre. Den bevarte delen er 137 mm lang og har ovalt tverrsnitt med største mål 33 x 23 mm. Gjenstanden vart funnen i 1978, felt FP, hovudfase 6. Det vil seia i ein funnkontekst som kan daterast arkeologisk til tredje kvartal av 1100-talet. Skaftet er prydd med tre parallelle snitt som går rundt det heile.

Innskrifta vart ikkje oppdaga før i 1988 i samband med gjennomgang av materiale i magasin. Runene vart den gongen mistolka, eit mistak som seinare har vorte retta opp (jf. tilvisingane til NOR ovanfor). Den delen av innskrifta som er bevart, er 23 mm lang og runene 11-14mm høge. Framom første leselege rune er det to svakt synlege snitt som ser ut til å vera restar av ein stav (her kalla r. 1). Første leselege rune (r. 2) er ein tydeleg **u** jamvel om veden med øvre del av runa er avskala. Nedre del både av stav og boge er dregen mot venstre i høve til skriveretninga. Også øvre del av r. 3 er borte, dvs. øvre del av stav og ein boge. I samanhengen må runa sikkert kunna identifiserast som ein skadd **p**. R. 4 har stav og ein tydeleg kvist ned mot venstre. Under denne kvisten er det svært svake spor av ein parallell kvist. Runa må såleis kunna oppfattast som **o**. R.

5 har boge som så vidt tangerer staven eit stykke nedanom midten. Svake restar av ein kvist frå tangeringspunktet mellom nedre del av boge og stav og ned mot høgre er bevart. Runa må kunna lesast som **r**. Jamt med restane av kvistene ligg to parallelle snitt som startar oppe mot toppen av r. 4 og går heilt ned til basis av r. 6. Det ser ikkje ut til at desse er del av innskrifta. R. 6 har også avskala topp. Heilt i øvre kant av den bevarte staven er restane av ein kvist opp til høgre bevart. Runa må såleis kunna identifiserast som **k**. Fram til og med r. 3 ligg det fleire tynne riss på skrå over runene. Liksom snitta frå toppen av r. 4 til basis av r. 6 ser dette ut til å vera påført gjenstanden på eit seinare tidspunkt enn då runene vart til. Innskrifta kan såleis alt i alt sikkert identifiserast som *Fés ætt* i ein **fuþork** (jf. NOR 8: 23).

[:] ∩ ʀ(?) R ʝ

[f] u o(?) r k

(f)uþork

Slik dette fragmentet er rissa inn på gjenstanden, ser det her ikkje ut til å ha vore planlagt nokon fullstendig **fuþork**. Men første *ætt* av fuþork utan andre tillegg er ikkje eineståande i innskriftsmaterialet elles (jf. t.d. Gosling 1989: 179f; Seim 1999: 338, 341, 352).

[812] N-93494. (Tidlegare omtala: Hagland 1986: 15, 52; 1990b: 11, [45]; Knirk 1986a: 7; Christophersen 1998: 28; Seim 1999: 351, 5 (omtala som A275).) Innskrifta står på ei glimmersteinsskive med flatemål 45 x 33 mm. Skiva er 2-3 mm tjukk og har runer på ei av breisidene. Funnet vart gjort i 1985, felt FW, i hovudfase 6 som arkeologisk er datert til tredje kvartal av 1100-talet. Innskrifta er 12 mm lang og runene 26 mm høge. Runene er tydeleg rissa og gir ingen tvil om lese måten. Mellom r. 1 og 2 er det rissa inn eit lite kryss. Krysset er svakt i risset og tangerer staven på r. 2. Det synest helst å vera komme til uavhengiga av innskrifta med runer. Sameleis er det elles ein del tilfellelege riss over og omkring runene, riss som ikkje synest å vera anna enn tilfellelege skraper som av ukjende grunnar har vorte tilført overflata av steinen. R. 3 (R) har open boge.

ʝ þ R

f þ r

f[u]þ[o]r (?)

Vi har å gjera med dei tre første konsonantane i fuþork-en, og innskrifta må vel helst oppfattast som ein ufullstendig fuþork, slik vi elles har fleire døme på i materialet frå Trondheim.

[813] N-25335. (Tidlegare omtala: Hagland 1990b: 11; Knirk 1994b: 188; Christophersen 1998: 28; Seim 1999: 82 ff., 349.) Innskrifta står på ein rund pinne som er smidd litt til på to sider. Pinnen er i dag bevart i to delar og er tilverka med eit slags handtak i eine enden. Største tverrsnittet er 21 x 17, den minste 10 x 15 mm og samla lengd 337 mm. Både dei utflata sidene har runer. Funnet vart gjort i feltet FH i 1975, hovudfase 8, som arkeologisk kan daterast til tida mellom ca. 1225 og ca. 1275. Innskrifta på side a er defekt slik at berre restar av stavane er synlege frå og med r. 6 til og med r. 9 i fuþork-en. Denne er skild med tydelege mellomrom frå ein sekvens med fire runer som kjem før og ein på fem som kjem etter (32 mm mellomrom på både sider av fuþork-en). Den første sekvensen på denne sida er 17 mm lang og runene er 13-15 mm høge. Fuþork-en er ca. 120 mm lang og runene 15-17 mm høge, medan den siste sekvensen er 28 mm lang med 13-14 mm høge runer. Innskrifta på side b er ca. 80 mm lang og runene 16 mm i gjennomsnitt.

R. 3 på side a har open boge utan tydeleg markert overgang til kvist. Kvisten vender svakt innover mot staven i nedkant, der runa er skadd. Det kan difor vera eit spørsmål om dette er **r** eller **b**. R. 6, andre runa i fuþork-en, har boge frå toppen med svak bøy inn mot staven i nedkant. Av r. 8 og 9 er berre nedre del av staven og (nedre) kvist bevart. Innanfor fuþork-en skulle **o** og **r** likevel vera sikre nok her. R. 11, **s**, har truleg punktering i nedre enden. R. 13, **b**, har øvre boge som står eit lite stykke ned frå toppen av staven. Dei to bogane tangerer kvarandre, men nedre delen av runa er defekt. Siste rune på side a, r. 22, har eit svakt merke etter noko som kan vera ei punktering, men spørsmålet let seg ikkje sikkert avgjera slik gjenstanden er bevart. På side b har r. 2 tilsvarande utforming som i fuþork-en på side a. R. 5 (**r**) har lukka boge med kvist som

tangerer staven, og r. 11, s, har truleg punkt i nedre enden. R. 12, på plassen til **t** i fuþork-en, har kvisten til høgre på same vis som r. 14. R. 12 har likevel stuttare kvist enn r. 14. Øvre bogen på r. 13 tangerer staven eit lite stykke frå toppen. Bogane står fritt i høve til kvarandre, men nedre kanten av nedste bogen er avsliten, slik at det ikkje er råd å avgjera om vi her har same **b** som i N808 ovanfor. Nest siste rune, r. 16, i denne innskrifta har ei noko usikker punktering midt på, men jamført med innskrifta på side a er det all grunn til å oppfatta teiknet som punktert **i**, ettersom det alt i alt ikkje er noko som skulle tilseia anna enn at innskriftene på båe sider er gjorde av same hand:

l † R(?) † ʀ ŋ þ --- † † † B † Y † † † † † † † †
 a) **i o r(?) n f u þ ... a s t b l m e ø i h a n i**

ʀ ŋ þ † R Y * † † † † † † B † Y †(?) † †
 b) **f u þ o r k h n i a s l b l m e(?) ø**

a) ? fuþor[khni]astblmeø ? b) fuþorkhniastblmeø

Fuþork-ane i innskrifta på båe sider har omvend rekkjefølgd mellom **l** og **m**-runa i høve til det umarkert vanlege. Dette kan kanskje vera påverknad frå det latinske alfabetet, men ettersom båe innskriftene elles manglar **y**-rune i fuþork-en, kan det også komma av at runerissaren har vore ukunnig eller urøynd.

Spesielt med fuþork-ane på båe sider av pinnen er at dei er utvida med to teikn, punktert **i**-rune og stav med to parallelt kryssande kvistar frå venstre opp mot høgre. Oftast blir desse transkriberte som **e** og **ø**, jamvel om lydverdien av det siste teiknet langt frå er eintydig i det innskriftsmaterialet vi elles kjenner til. I trondheimsmaterialet er dette den einaste innskrifta med fuþork som gir runeteikn i tillegg til den tradisjonelle 16 teiknsrekkja. Når det gjeld spørsmålet om lydverdien av siste teiknet i desse to fuþork-ane, vil det i første omgang vera rimeleg å jamföra med andre kjende fuþork-innskrifter der det også er gjeve tilleggsteikn til det tradisjonelle oppsettet.

Vi veit ikkje om så mange slike utvida fuþork-innskrifter frå norsk område. N015 (Oslo I (A) - Akershus garnisonskyrkje) har † † †. Desse er av utg. tolka som **ø æ** og **c**.

Innskrifta er støypt på ei klokke som "neppe (er) stort yngre end 1200", seier utg. (NIyR I, s. 40). Elles er ein fuþork med utvida teikninventar kjend frå eit sneldejul funne i Båhuslän (Nr. 7 Spekeröd socken, NIyR V, s. 229f). Denne har tilleggsteikna ᚠ ᚡ ᚢ , av utg. lesne som **ø**, **q**, **x** og **p** (teiknet for **x** har spissshakar på endane av båe kvistar). Frå Bryggen i Bergen er det i alle fall kjent to utvidingar, ein med fem teikn ᚠ ᚡ ᚢ ᚣ ᚤ , lesne som **z**, **ᚠ**, **æ** og **ø** i tillegg til ein ekstra **i**, og ein med eitt teikn ᚠ , lese som **æ** (Seim 1982: 169). Ei innskrift frå Brørs i Namdalen (A24 i Runearkivet, Beverfjord 1987: 99ff) har ᚠ på plassen etter ᚠ og før ᚠ , og elles ᚠ før ᚠ . Dei tillegg til fuþork-en som såleis er kjende til no i fuþork-innskrifter kan stillast opp som følgjer:

- ᚠ ᚡ ᚢ ᚣ ᚤ Bryggen i Bergen ᚠ ᚡ Storhedder XII (N201)
- ᚠ ᚠ Bryggen i Bergen ᚠ ᚡ Storhedder XIV (N203)
- ᚠ ᚡ ᚢ ᚣ Båhuslän ᚠ ᚠ ["vel æ"] Røldal II (N593)
- ᚠ ᚠ ᚡ Oslo (N015) ᚠ ᚡ ᚢ Brørs i Namdalen (A24)
- ᚠ ᚡ Trondheim (2 gg.)

Trondheimsinnskrifta har som dei einaste med utvida fuþork-ar inkludert punktert **i**-rune. Det er elles ikkje noko felles mønster for rekkjefølgda i desse relativt få utvidingane som kan hjelpa til å avleia nokon tiltenkt lydverdi for dei teikn som er gjevne i tillegg til dei faste 16.

Det er slik at teiknet `stav med to parallelt kryssande kvistar frå venstre opp mot høgre' blir identifisert med /ø/ (NIyR V: 244) utan at bruken på nokon måte kan seiast å vera eintydig. N11 (Hvaler krk.), 12 (Holm krk.), N212 (Husebysteinen), N227 (Klepp krk., berre kjend via teikning), N232 (Bore krk. II) og Maeshowe XVI, XIX, XX gir korkje kvar for seg eller til saman eintydige svar. Det gjer heller ikkje dei belegg som er funne i materialet frå Bryggen i Bergen (jf. Seim 1982: 70ff; Spurkland 1991, 76 ff, 140 ff). Mest eintydig verdi synest teiknet å ha i N564 (Hurum krk. VI) der det er nytta ein gong i pl. av ordet *brópir*.

Dei to sekvensane som ramar inn fuþork-en på a-sida, synest vanskelegare å skjønna. Liestøl (1963: 15f) viser til at det ofte er skrive namn på personar i samband med slike fuþork-innskrifter. Den første sekvensen, lesen som **iorrn**, kunne kanskje sjåast som ein freistnad på å skriva namnet *Jórunn* (**ioronn** i materialet frå Bryggen i Bergen, jf. Markali 1983: 41). I så fall vil sluttsekvensen **i h a n i** bli nokså uklår. Noko usikkert

kunne første staven (**i**-runa) i kvar sekvens oppfattast som ei slags råme, slik at desse delane av innskrifta kan sjåast som to mannsnamn, *Qrn* og *Hani*. Båe er sjeldsynte i kjeldene elles (jf. Lind 1905-15: 483 og 1256), og ei slik løysing er så usikker at spørsmålet om språkleg meining i dei delane av innskrifta lyt stå ope.

Runeformene som er nytta i innskriftene på denne runepinnen, motseier elles på ingen måte ei relativt sein datering, slik den arkeologiske tidfestinga av funnkonteksten tyder på.

[814] N-17931. (Tidlegare omtala: Hagland 1990b: 11; Knirk 1994b: 188; Christophersen 1998: 28; Seim 1999: 348 ff.) Innskriftene står på eit runekjevle med firkanta tverrsnitt, 24 x 18 mm i eine enden, 18 x 14 mm i den andre. Det er 155 mm langt. Gjenstanden vart funnen i 1974, felt FA, i hovudfase 8/9, som arkeologisk dekkjer tidsrommet mellom ca. 1175 og 1275. Det er runer på tre sider av kjevlet. Innskrifta på side a er 114 mm lang og runene 14-16 mm høge. Side b1 og b2 er rissa frå kvar sin kant. Innskrifta på side b1 er 29 mm lang og runene frå 20 til 22 mm høge. På side b2 synest lengda å vera ca. 45 mm. R 1 er 12 mm høg og dei bevarte restane av det følgjande er ca. 6 mm. På side c er innskrifta 43 mm lang og runene 13-15 mm høge. Runene på side b og c er dobbeltskorne. På den fjerde sida finst det ein del strekar som helst må sjåast som tilfelleleg krot, men også ein sekvens som har runeform: **l i l**. Det er mest sannsynleg også tilfelleleg, og rissa på den sida er såleis ikkje rekna med som runeinnskrift her.

R. 5, **r**, på side a har ei open avrunda form som vi elles i trondheimsmaterialet berre finn i innskrift N847 nedanfor (**lutr**) og i N806 ovanfor. Kvisten på r. 6 er rissa to gonger, og r. 8 har (truleg) kvisten *opp* til høgre på plassen for **n** i fuporken. Teiknet er noko svakt rissa, så det kan vera ein viss tvil om lese måten her. Staven på r. 12, **t**, fell saman med ein sprekk i treet. Bogane på r. 13, **b**, ser ut til å ha tangert staven både i overkant og nedkant, men gjenstanden er litt skadd, så det visest ikkje lenger tydeleg om så er tilfelle. Siste rune i fupork-en er berre bevart som svake restar av ein stav, gjennom stereolupe kan også båe kvistane av **y** lesast. I samanhengen må vi difor kunna lesa desse restane som sikre spor av **y**. Fupork-en har såleis vore rissa inn i fullstendig 16-teikns

form. På side b er det eit trepunkts ordskiljemerke mellom r. 2 og r.3 i b1. I b2 er berre første rune sikker og må vera **g**. Staven er synleg i brotkanten av kjevlet og det er tydeleg punktering. Elles er toppen bevart av det som synest å ha vore 5 runer. Toppen av r. 2 er borte, men har to riss i posisjon som skulle tilseia øvre delen av ein **u**. R. 3 har rest av øvre delen av stav og øvre delen av boge som går inn mot toppen av staven. Det kan vera at vi har med restane av **p** å gjera. I så fall må bogen ha dekkja heile staven, slik vi har ein del døme på elles. Mellom r. 3 og 4 er dei to øvste punkta i eit ordskiljemerke bevarte. R. 4 har restane av stav og open boge med toppen borte, men med krappare kurve på bogen enn i r. 3. Det kan vera restane av **r**. R. 5 er bevart i nokså nøyaktig same form som r. 2. R. 6 har einast bevart restane av øvre delen av ein stav. Etter r. 6 er det eit punkt som kan vera del av innskrifta. I så fall må det vera øvre del av eit ordskilje med to punkt. På side c går kvisten i r. 3 ut eit lite stykke ned frå toppen av staven. Her er det mogleg punktering mellom kvist og stav, i så fall eit lite undre nedre kant av kvisten. Punktete er tydeleg nok, men det er meir avrunda i forma enn det trepunkts stavingsskiljet som følgjer mellom r. 3 og 4. Med eit visst atterhald er likevel runa her oppfatta som **d**.

ƿ ᚢ þ ǫ R ʀ * ʁ | ʁ ' 1 B ʁ ʁ ᚕ(?)

a) **f u þ o r k h n i a s t b m l y(?)**

ƿ ᚕ : þ ʁ ʀ ᚕ(?) þ(?) : R(?) ᚕ(?) .

b1) **g y : þ a** b2) **g u(?) þ(?) : r(?) u(?) [.]**

ʁ ʁ ʁ(?) : R | þ

c) **æ l d(?) : r i þ**

a) *fuporkhniastbmly* b1) *Gyða* b2) *G(uðrún)* c) *Eldríðr*

Side b1 og c av innskrifta er uproblematisk. Det dreiar seg om kvinnenamna *Gyða* og *Eldríðr*, baa etter alt å dømma i nominativs form. Det siste namnet har rett nok ikkje med nominativs *-r* slik desse *ij_*-stammene opphavleg hadde. Men bortfall av *-r* i denne posisjonen er i samsvar med det vi finn i dei eldste norske handskriftene med latinsk skrift - i motsetnad til dei islandske (Noreén 1923 § 384, Anm. 2).

Side b2 er uviss. Ettersom det utanom *fupork*-en elles berre er kvinnenamn med i innskrifta, vil det, ut frå dei runerestane vi har bevart, vera rimeleg å rekna med at b2

skal lesast som **gubrun** - *Guðrún*, men noko uvisst må det likevel vera. Eit særdrag ved innskrifta er at det konsekvent er nytta ordskiljemerke ved stavingsgrenser i personnamna.

Det er nytta punkterte runer for /g/ i desse namna, kanskje er òg **t** i *Eldrið* punktert. Ut frå runologiske kriterium vil det såleis vera grunn til å rekna med at vi har med ei innskrift frå 1200-talet å gjera (jf. NIyR V: 244). Som vi ser høver dette også svært godt med den arkeologiske dateringa av funnlaget som gjenstanden vart graven fram av.

Innskrifter med fupork-en saman med rekkjer av personnamn er ikkje uvanlege i runemateriale av tilsvarande slag som dette (jf. Liestøl 1963: 15f). Dei blir gjerne sedde på som magiske - anten rissa som middel til vern mot ulike slags fåre, eller som middel til å oppnå eitt eller anna. Liestøl ser slike innskrifter med fupork og namn som "vernande tiltak mot ulukker og trollskap og vonde vetter". Det kan godt gjelda for dette kjevlet frå Trondheim også.

[815] N-27723. (Tidlegare omtala: Hagland 1990b: 11; Ertl 1994: 342 (feilaktig); Christophersen 1998: 28; Seim 1999: 349 ff.) Innskrifta står på eit runekjevle av tre, 136 mm langt og med trekanta tverrsnitt, 33 mm breitt og 10 mm høgt. Funnet vart gjort i 1975, felt FA, i hovudfase 6 som arkeologisk er datert til tredje kvartal av 1100-talet. Det er runer på alle tre sidene. Innskrifta på side a dekkjer mest heile flata. Ho sluttar likevel i god avstand frå kant. Det vil seia at innskrifta er 116 mm lang og runene frå 10 til 21 mm høge. På side b fyller innskrifta heile flata, det vil seia at ho er 106 mm lang og runene 12 mm høge i gjennomsnitt. Også på side c sluttar innskrifta i god avstand frå kant. På den sida er ho 117 mm lag og runene 10-14 mm høge.

På side a har r. 5 boge som går ut litt ned frå toppen og som så vidt tangerer staven i nedkant. Kvisten går ned frå bogen i god avstand frå staven. R. 11, **s**, har langkvistform (^l) og r. 13, **b**, har bogar som ikkje står i kontakt med kvarandre. Øvre boge står eit lite stykke ned frå toppen og er dregen litt over staven i nedkant. Det same gjeld nedre boge, som på det viset er dregen over staven litt ovanfor grunnlina. Forma på **b** her liknar såleis på den vi finn i N808 ovanfor. Kvistane både på r. 15, 17 og 20 har

svak bogeform og står også eit lite stykke ned frå toppen av staven. Teiknet må såleis oppfattast som **l** i alle tilfella. R. 16 har kvistar som bår står nokså høgt opp på staven, det vil seia ovanom midten. Etter r. 18 er det ein liten kross, som må oppfattast som orddele her. Den eine armen av krossen når bort i staven på neste rune, men synest sikkert ikkje å vera gjort som del av denne. R. 18 er rissa med dobbeltriss frå midten og ned. Det tykkjest mest rimeleg å lesa teiknet som **i**. R. 19 synest å vera ein palimpsest der ein påbyrja **u** utan full lengd på staven er retta ved at kvistene for **o** deretter er skorne inn i same del av flata.

På side b har r. 4 eit svakt merke som kan vera ei punktering, men det er så uvisst at teiknet er lese som **i** her. R. 5, **r**, har open boge. Det same gjeld tilsvarande r. 11, 13 og 19. Bogen i r. 13 og 19 står likevel bår eit lite stykke ned frå toppen av staven.

På side c synest r. 8, **s**, å ha punkt eit lite stykke opp frå nedre enden. Det same gjeld r. 17. R. 16 har sikker punktering, medan det er uvisst om r. 21 har punktering på same måte som r. 4 på side b har det. R. 19 har elles ein liten kvist ned til venstre og kunne kanskje lesast som binderune **af**. Snittet må likevel helst oppfatast slik at det er øverste kvist i **f**-runa som er dregen over staven. Kvisten på r. 25 kryssar ikkje staven i eit heilt samahangande drag. Det er ein ørliten avstand mellom utgangspunktet for kvisten opp til høgre og for kvisten ned til venstre. Dette kan komma av eigenskapar i treet, og teiknet må oppfattast som **æ**.

× ʃ þ ð ð R ʃ * ʃ | ʃ ʃ 1 B ʃ ʃ ʃ × ʃ | [ʃ < ð] ʃ ʃ
a) **x f þ u o r k h n i a s t b m l y x l i [o < u] l a**
þ ʃ ʃ | R ʃ ʃ ʃ ʃ þ R ð ʃ R ʃ ʃ ʃ þ R ʃ |
b) **þ a t i r m ø n ø þ r u o r m ø n ø þ r t i**
ʃ | ʃ ʃ : R ʃ | ' ʃ R ð ʃ ʃ R þ ʃ ' ʃ R : ʃ R | ʃ ʃ ʃ ʃ ʃ ʃ
c) **k i n a : r æ i s t r u n a r þ e s a r : f r i a k o æ l t**

a) *fpuorkhniastbmly x Leo lá.* b) *Pat er mánaðr, vár mánaðrti(ð)* c) **kina** *reist rúnar þessar frjákveld.*

Første del av side a er ei fuþork-innskrift med 16 teikn utan utviding. Rekkjefølgda mellom r. 2 og 3 i fuþork-en er bytte om. Fuþork-en er klårt avgrensa både før og etter av ein kross.

Sekvensen **l i [o<u] l a** etter fupork-innskrifta på side a verkar derimot meir problematisk. Det synest likevel mogleg å lesa han som *leó lá* - "leo = løva låg". Leo vil i så fall kunna visa til stjernebiletet leo, det femte teiknet i zodiacen. Stjernebiletet sett på himmelen frå Trøndelag vil godt kunna omtalast med ei vending som at det "låg". Ordet *leo* er elles kjent i norske runeinnskrifter på latin, der det har klår referanse til den latinske antiphonen *Ecce crucem* og gravferdsritualet (jf. N248 Madla, sjå òg N263 Bru II). Slike assosiasjonar synest ikkje å vera aktuelt for innskrifta her.

På side b er det eit spørsmål korleis teiknet **ǿ** (ø) skal tolkast fonologisk. Det er nytta fire gonger, to gonger innanfor same sekvens ser det ut til: **m ø n ø þ r**. Dette teiknet er kjent frå den historiske innskrifta i Vinje krk. (N170), datert til siste tiår av 1100-talet. Der finst det i sekvensen **b r ø þ r a** og blir altså transkribert ø og utan større tvil tolka fonologisk som lang /ø/. Nøyaktig same form av denne runa, dvs. at øvre kvist kryssar staven medan nedre parallelle kvist ikkje gjer det, er utanom Vinje krk. berre kjend frå Bryggen i Bergen og frå denne innskrifta i Trondheim. I materialet frå Bryggen i Bergen er det dokumentert tre belegg med det aktuelle teiknet (B 249, 462 og 535 - jf. Seim 1982: 59f). Med unnatak av B 462 som har sekvensen **øk**, tolkar Seim desse som kort eller lang /ø/: B 249 **l ø þ e** /lœþl/ og B 535 **r ø y n a** /røynA/. I B 462 (**øk**) ser ho r. 1 som ei mogleg binderune **ok** + **k** slik at sekvensen står for ein skrivemåte (*okk*) av konjunksjonen *ok* (Seim 1982: 56). B 249 er elles utgjeven av Liestøl (1962: 106ff). Også han transkriberer dette spesielle runeteiknet med ø: **løþe**. Jakob Benediktsson, Ásgeir Bl. Magnússon, Jón Helgason og Wolfgang Krause tolkar likeins teiknet som lang /ø/, jamvel om identifikasjonen av sekvensen med noko kjent ord er omdiskutert og uklår (jf. MM 1964: 93ff).

Teiknet **ǿ** er elles jamført og til dels sidestilt med **ǿ** i N10 (Bjørnstad II) (tvilsam evidens jf. Marstrander 1949:437), N276 (Strandebarm krk II). I N364 og 365 (Borgund krk XVII og XVIII) er det tolka som kvistrune 21 (= s).

Det melder seg såleis både eit spørsmål om transkripsjon og om fonologisk tolking i denne innskrifta. Samanhalde med det som har vore gjort i høve til anna kjent materiale frå Noreg vil den einast rimelege transkripsjonen vera ø for det aktuelle teiknet her. Det gir likevel lita eller inga meining å tolka dette runeteiknet fonologisk som /ø/ i samanhengen det står i her. Språkleg meining gir b-linesekvensane r. 6 - 11 og 14 - 19 einast om vi kan oppfatta dei som /mʰnʰðr/, og at det såleis kan dreia seg om subst. *mánaðr* m. Etymologisk sett vil det vera "korrekt" å markera både vokalen i trykksterk

Den nemnde språklege tolkinga gir også grammatisk rett form til pronomenet **uor** (*vr*) i fem. nom. sg. Men det reiser spørsmålet kvifor det her er nytta vanleg ås-rune for same lyd som det er nytta *ǫ* for i første staving av *mánaðr*. Noka løysing på det problemet er ikkje å finna internt i innskrifta, slik at uvissa om lydverdien av r. 7, 9, 15 og 17 på side b synest å måtta stå ved lag inntil eventuelle nyfunn kan kasta meir lys over spørsmålet.

Sekvensen r. 1-4 på side c, **k i n a**, må i den samanhengen det står, oppfattast som eit personnamn. Lina vil språkleg kunna tolkast slik: *(nn) reist rúnar þessar frjákveld - `(nn) rista desse runene kvelden før fredagen = torsdagskvelden'*, altså ein vanleg ristarformular. Det er likevel vanskeleg å sjå kva namn det her skulle dreia seg om. Det har form som eit kvinnenamn, og det kunne tenkjast å vera ei hypokorisme, dvs. at vi har å gjera med ei form *Kina* eller *Kinna* til *Kristina*, som i alle fall etter 1300 tek til å bli nokså vanleg i Noreg (jf. Lind 1905-15: 719f). Vi har likevel ikkje sikre belegg for slike namneformer frå mellomalderen. Den arkeologiske dateringa av gjenstanden med innskrifta høver heller ikkje godt med det kjeldene elles seier om bruk av namnet *Kristina*. Interessant ved sekvensen **k i n a** her er det i alle fall at det nokså tvillaust må identifiserast med eit personnamn. Same sekvensen finst både på Kolsundstenen i Södermanland og på steinen frå St. Paul's i London (DR 412), og det skulle vel kunna vera med å problematisera Roland Otterbjörks avvising av at det der kan dreia seg om eit

kvinnenamn, slik eldre forskarar har meint (Otterbjörk 1984: 215). Om det her er tale om eit ekte namn, eller om det er ei eller anna form for *heiti* som er brukt i nett denne, kanskje litt okkulte innskripta, lyt stå ope. Men samband med verbet *ginna* - "bedaare, bedrage eller lokke en paa en saadan Maade, at han deraf har Skam og Skade" (Fritzner) kunne vel tenkjast i denne innskripta (sjå også Williams 2004, 77–87 om denne tolkinga).

Elles har skrivemåten av siste ordet på side c **friakoælt** ein nær parallell i NIyR 178 frå Røindal i Telemark. Den innskripta er ikkje nøyaktig datert, men har skrivemåten **k o a l t** (2 gg.) for det som nokså sikkert må tolkast som subst. *kveldi* n.dat. sg. Til jamføring kan òg nemnast sekvensen **soerþ** (= *sverð* n) frå Greenmount, Irland (jf. Olsen 1954: 181). Sekvensen i innskripta her kan truleg lesast som tidsledd i akkusativ utan prep. *frjákveld* - eig. 'kvelden før fredag' = torsdagskvelden.

Med alle dei atterhald som her er tekne, kan innskriftene i side a-c gi ei samanhangande språkleg meining. Heile "bodskapen" blir innleidd med ein (litt deformert) fupork. Deretter tykkjest samanhengen å bli slik: *Leó lá. Þat er mánaðr, vár mánaðrtí(ð). Kinna(?) reist rúnar þessar frjákveld* - 'Leo låg. Det er ein månad, vår månadstid. Kinna(?) rista desse runene kvelden før fredag'. Heile innskripta synest såleis å kunna setjast inn i ein astronomisk/astrologisk samanhang. Først fupork som i ein slik kontekst godt kan ha vore nytta i ei eller anna magisk meining. Deretter er det vist til at *leó lá*. Det at "leo låg" kan kanskje vera meint slik at sola stod i leos teikn i eit visst høve, uvisst kva. Det ser ut til at det er ein tekstleg samheng mellom denne slutten av side a og side b. Eit utsegn i preteritum følgt av eit i presens opphevar ikkje den tekstlege samanhengen. Slik tempusveksling er vél kjent elles i norrøn prosa. Det vil likevel kunnas skjønast slik at referansen til at *leó lá* er spesifisk og er felles for dei personar som er omfatta av pronomenet *vór* i på side b. *Þat er mánaðr* vil då kunna skjønast som eit allmennutsegn der det vert presisert at det er eit tidsrom, ein (spesiell) månad det er vist til. I kalendarisk samanhang dekkjer *leó* nemleg tidrommet frå 23. juli til 22. august: ein månad. Denne **kina** som har rista runene, held så fram at dette er "vår" månadstid, om lese måten av det føregåande er rett. Ei mogleg tolking av det kan vera at "vi", kven no det måtte vera utanom **kina** sjølv, er fødde under dette stjerneteknet. Til avslutning er det så opplyst at innskripta er rista kvelden før fredag, altså torsdagskvelden. Frå seinare tidars folketru veit vi at nett torsdagskvelden og torsdagsnatta var tida for okkulte handlingar og hendingar av ymse slag.

Kva samanheng ei slik innskrift elles skal sjåast i, kan vi vel berre spekulera over. Ei eller anna form for kjærleiksmagi ligg det vel ikkje så langt unna å gissa på. Kunnskap om stjerneiteikna i kalendarisk og astrologisk samanheng kjenner vi til frå ymse skriftlege kjelder i nordisk mellomalder. Astrologiske utgreiingar i norrøn språkform (*Stjörnumörk*) er kjende i handskrifter frå det 13. hã. (jf. Santini 1987:198f. Sjø òg Beckman og Kålund 1914-16). Den eldste delen av det islandske handskriftet GkS 1812, 4to, eit komputistisk verk som òg inneheld kunnskap om stjernene, er tidfest så tidleg som til om lag 1200. Det er på lag samtidig med det som synest aktuelt for denne innskrifta, og vi kan vel rekna med at kunnskapen om stjernehimmlen har funnest også i vårt land før dei eldste bevarte norrøne kjeldene vitnar om det. Det er likevel slik at stjernetyding, eller stjernekunnskap nytta i astrologisk samanheng, er rekna for å ha vore nokså sjeldsynt i Vest-Europa heilt fram til byrjinga av 1100-talet. I seinmellomalderen vart fenomenet derimot svært vanleg og omfattande (Bauer 1937: 116). Med den arkeologiske konteksten dette funnet har, er det difor litt uvisst kor mykje astrologisk innhald vi kan leggja i innskrifta lesen på den måten som her er gjort.

[816] N-32836. (Tidlegare omtala: Hagland 1990b: 11, 13 ; Seim 1991a: 130; 1994: 289; 1994: 289;; 1999: 349, 224 f; Ertl 1994: 342; Knirk 1994b: 191f; Christophersen 1998: 28.) Innskriftene står på eit runekjevle av tre, 275 mm langt, 22 mm breitt og 10-15 mm tjukt. Gjenstanden vart funnen i 1975, felt FF, i hovudfase 6, som arkeologisk kan daterast til tredje kvartal av 1100-talet. Det er runer på tre av fire sider. Innskrifta byrjar og sluttar i god avstand frå endane på alle tre sidene. På side a er ho 242 mm lang og runene er ca. 20 mm høge. På side b er lengda 222 mm og runehøgda likeins gjennomsnittleg 20 mm. På side c er innskrifta 42 mm lang, og runene er 9 mm høge.

På side a er det ikkje kontakt mellom staven og møtepunktet for dei to bogane på r. 1. Bogane er nokså skarpt vinkla. R. 5, 11 og 34, **r**, har opne bogar. R. 8, **s**, har punkt i nedre enden liksom r. 19, medan det ikkje er råd å sjå at det same er tilfelle med r. 16, 23 og 30. Punkteringa på r. 10 kan vera litt uvisst, medan den på r. 15, 20 og 31 synest klårt. R. 28, **b**, er dårleg bevart, men bae endar av bogane synest å ha tangert staven. Bogane

står utan kontakt med kvarandre og nedste bogen når inn til staven eit lite stykke ovanom grunnlina.

På side b har r. 1, liksom r. 13, 20 og 29 (s) punkt i nedre enden. R. 3 er punktert, medan r. 28 er meir uviss i så måte. Det som synest å vera eit punkt der, *kan* vera ein skade i treet. Elles er øvre del av r. 2 og 3 på den sida skadde og borte. Nedre del av staven og heile kvisten av r. 3 er likevel bevart, og ut frå konturane kan sekvensen nokså trygt lesast **uæ**. Avstanden mellom r. 6 og r. 7 er større enn runene imellom elles på denne sida. R. 12 16, 17 22, 26 og 31 (r) har liksom på side a alle opne bogar. R. 23, **u** i **runar**, kan vera sett til som ei retting pressa inn mellom føregåande **r** og følgjande **n**.

På side c har r. 3 boge som står nokså høgt opp på staven. Nedre delen er skadd. Elles er nedre del av kvisten på r. 5 på den sida dregen ekstra langt ut slik at han nesten tangerer r. 6.

B 1 1 1 R . 1 N ' 1 1 R . 1 N 1 1 ' 1 1 ' 1 1 1 : ' 1 1 1 1 B

a) **b a t e r · n u s t e r · k u i e s i n s e l i : s a n t i b**

1 ' 1 1 N R

i s e t u r

' N(?) 1 1 . 1 N 1 N 1 1 R ' N 1 R : R 1 1 ' 1 : R N 1 1 R :

b) **s u(?) e n · o u þ u n a r s u n r : r æ i s t : r u n a r :**

þ 1 ' 1 R

þ e s a r

1 N 1 1 R 1 *

c) **f u þ o r k h**

a) *Pater noster, qui es in celis: Santificetur* - 'Fader vår du som er i himmelen: Lat (namnet ditt) helgast-'

b) *Sveinn Auðunarsunr reist rúnar þessar* 'Svein Audunsson rista desse runene'

c) *fuporkh* -

Side a inneheld innleiingsorda og første ordet i første bøn av fadervår på latin. R. 1 er ikkje punktert, slik at **b** her er nytta for /p/. Dette er ikkje eineståande for norske *Pater noster*-innskrifter frå norsk mellomalder og kan i seg sjølv tyda på ein alder som høver

godt overeins med ei arkeologisk datering til 1100-talet. I materialet frå Bryggen i Bergen er det i eitt tilfelle nytta tilsvarande skrivemåte. Det funnet er gjort under brannlaget som er datert til 1198 (NIyR VI: 28ff). Meir påfallande enn denne bruken av **b** er at same teikn kjem att som r. 28 i innskifta i posisjon for /f/. I innskrifter på norsk er dette eit drag som ville vera alderdommeleg (jf. NIyR VI: 25), men ettersom teiknet er nytta for å gi att eit latinsk ord, er det uvisst om det same gjeld her. Det kan tenkjast at det er nytta **b** for å gi att ein (tilnærma) bilabial uttale av konsonanten. Vidare skil denne innskifta seg frå alle andre kjende norske *Pater noster*-innskrifter ved at første vokal i *noster* er markert med **u**. Med unnatak av N616 er det elles alltid nytta **o** i dette ordet. I N616 er det nytta stav med to parallelt kryssande kvistar (|), og det gjer at Liestøl har stilt spørsmålet om lydverdi av dette teiknet ope i nett den innskifta (NIyR VI: 30f). Innskrifta på side b og c her skil båe mellom **u**- og **o**. At skrivemåten med *úr* der vi skulle venta *áss* då skulle visa til den noko eldre tradisjonen der *úr* representerte både /u/ og /o/, verkar lite sannsynleg, og dei spesielle problem som Liestøl har med å gjera greie for bruk av **u** i N614 (**ulab** = *Óláfr*) synest ikkje å vera relevante her (jf. Hagland 1989:93f). Meir sannsynleg er det at ristaren har vore uviss på korleis han skulle gi att vokalkvaliteten i dette latinske ordet og kanskje tolka han som /u/. Latinen er elles tolleg bra attgjeven i innskifta. Bortsett frå at ordet *celis* er skrive utan **s**, er det ikkje andre avvik eller problem enn denne spesielle bruken av **u** og bruken av **b** i r. 28. Bruk av **k** for latinsk *q* (r. 12) og **s** for *c* før fremre vokal (r. 19 og 31) er såleis i godt samsvar med det vi elles finn i norske runeinnskrifter på latin (jf. NIyR VI: 8 og 26). Skrivemåten utan **k** i **santibisetur** (*sanctificetur*) er òg ganske vanleg i norske runeinnskrifter og markerer vel både her og elles liksom i bøyingsformer av ordet *sanctus* uttale med assimilert /k/, jf. N345 Årdal kyrkje II, N404 Hopperstad XV, N614, 615 og 632 frå Bryggen i Bergen.

Innskifta på side b er heilt endefram og uproblematisk når det gjeld innhaldet, der vi finn ein vanleg ristarformular. Skrivemåten av mannsnamnet *Sveinn* med diftongmarkeringa **æe** er litt påfallande. Punkteringa av r. 4 er tydeleg nok, og det kan vera eit spørsmål om det er diftongen /ei/ skrivaren har vilja markera, eller om det dreiar seg om ein person med monoftongisert namneform. Diftongen /ei/ er elles tydeleg nok markert **æi** i innskifta, så det er godt mogleg at punkteringa av r. 4 her er eit reint mistak. Skrivemåten med **ou** i patronymikonet *Auðunarsunr* er elles ein vanleg måte å markera denne diftongen på i norske runeinnskrifter (NIyR VI: 29).

Innskifta i side c har berre med dei sju første runene av fupork-en, som såleis er ein av dei fem ufullstendige i materialet frå bygrunnen i Trondheim.

Tidlegare er det utgjeve 12 norske innskrifter med *Pater noster* (jf. NIyR VI: 41f). Liestøl set desse i samband med dei mange *Ave Maria*-innskriftene som også finst. Ein del av *Ave Maria*-innskriftene har også med fuþork-en, og somme av dei kan truleg oppfattast "som amulettar, innskrifter som skulle virke vernande mot ikkje nærare definerte farar og makter", slik Liestøl gjer (NIyR VI: 42).

Dei mange ufullførte bønner og fuþork-ar i desse innskriftene synest også å kunna oppfattast primært som øvingsrissing (jf. NIyR VI: 43). I denne innskrifta frå Trondheim kan vi heller ikkje sjå bort frå at dei sju første runene i fuþork-en på side c snarare representerer dei sju dagbokstavane i kalenderen enn ein ufullført fuþork (jf. Seim 1991a: 130).

Ingen av dei tidlegare kjende innskriftene med *Pater noster* står saman med fuþork-ar. Den påbyrja bøna og den ufullførte fuþork-en vil likevel godt kunna sjåast som resultat av ein kombinert religiøs og skriftleg læringssituasjon på same vis som Liestøl har gjort det i samband med *Ave Maria*-innskriftene. Vaklinga i skrivemåten av diftongen /ei/ i den norske teksten i side b synest å stø ei slik oppfatning. At ei slik innskrift også kan vera gjort med ein baktanke om nytte i meir okkult eller magisk samanhang, slik Liestøl ofte er inne på, er vel heller ikkje utenkjeleg.

Om vi ser innskriftene på dette kjevlet frå Trondheim som resultat av ein lære- eller øvingsituasjon, kan det vera at dei vanskanane som knyter seg til bruken av **u** for første vokal i *noster*, er eit pseudoproblem, i alle fall i kronologisk samanhang. Bruk av upunkttert **b** for /p/ skulle elles peika mot ei datering av innskriftene til 1100-talet, noko også dei arkeologiske dateringar av funnomstenda stø til fulle.

[817] N-56920. (Tidlegare omtala: Hagland 1990b: 11f ; Hagland og Lorentzen 1997: 65; Seim 1989: 343; 1999: 350 ff; Christophersen 1998: 28.) Innskriftene finst på eit lite tresverd med avbrote "blad". Den bevarte delen er 172 mm lang, 31 mm brei og 8 mm tjukk. Funnet vart gjort i 1978, felt FT, i hovudfase 8, som arkeologisk er datert til tida mellom første og fjerde kvartal av 1200-talet. Det er runer på baa sider av "sverdbladet". På side a, er det dessutan restar av ornamentikk. Innskrifta slik ho no visest på den sida, er 29 mm lang og runene 27 mm høge. På side b er innskrifta 47 mm lang og runene,

utanom r. 3 og 4 er i snitt 12 mm høge. På r. 3 og 4 er staven dregen ned under grunnlina for resten av innskrifta i meir enn dobbel lengd. Staven på dei to runene er 26 mm lang.

Den sida av sverdet der side a står, er avspikka slik at runene nesten ikkje synest lenger. Det vi kan lesa er svakt i risset og står att nærmast som ein slags palimpsest. R. 1 på den sida har tre kvistar. Av r. 5 er berre delar av staven og nedre del av kvisten synleg i dag. Med det palimpsest-preget denne sida har, kan det henda at fuþork-en her har vore fullstendig eller meir fullstendig enn det som no kan lesast.

På side b er r. 2, **u**, nokså sikkert punktert. Liknande punkt finst rett nok som skader i veden elles på gjenstanden, og det kan då reisa ein viss tvil om punktet inne i bogen av **u** er ein del av innskrifta. Med eit visst atterhald er likevel runa her lesen som punktert **u**. Vidare har r. 4 og 9 baa lukka bogar som skjer over staven i nedkant og kvist som går ut frå skjeringspunktet. Kvisten i r. 4 er elles berre rissa ned til det nivået grunnlina har for innskrifta når ein ser bort frå r. 3 og 4. R. 6 har full lengd og form som punktert **i**. Rimelegvis er punkteringa er retting av **i** til kortkvist-**s**, der repareringa er gjort fordi nedrisset er ført for langt. Tilsvarende døme på **s** med lina dregen ned i full lengd finst i materialet frå Bryggen i Bergen (jf. Seim 1982: 27 og 36). Ei liknande punktering som den vi har på r. 6, synest noko uvisst å vera til stades også midt på r. 8:

ʀ ʀ þ ʀ R(?)

a) **f u þ o r(?)**

ʀ ʀ(?) ʀ R ʀ ʀ ʀ ʀ(?) R þ

b) **i u(?) a r a [s<i>i</i>] u e(?) r þ**

a) *fuþor* – 'fuþor' b) *Ívarr á sverð* – 'Ivar eig sverdet'.

Den språklege tolkinga av side b er avhengig av kva lydverdi vi gir den nokså sikkert punkterte r. 2. På merkelappinnskriftene har vi sett at punktert **u** må markera lydverdien /o/ eller // (jf. også Hagland 1989). Om vi skulle overføra dette til innskrifta her, vil vi få manns- eller guttenamnet *Jóarr*. Tilsvarende skrivemåte som dette finst i innskrift N834 frå bygrunnen i Trondheim: **i** + punktert **u** + **a r**. Også den innskrifta er funnen i ein arkeologisk kontekst som kan daterast relativt seint, til slutten av 1200-talet/tidleg på 1300-talet. Etter Lind (1905-15: 644f) er *Jóarr* eit relativt ungt namn som ikkje er belagt i dei eldste kjeldene og ikkje frå Island. Kronologisk ville det såleis vera mogleg å lesa

båe desse namna som *Jóarr*. Men ettersom namnet synest ukjent i islandsk namnetradisjon, må det vera atskillig tvil om det er rett å tolka punktert **u** som /ó/ i alle desse tilfella, sidan vi *elles* ikkje har parallelle døme på nett den bruken av teiknet anna enn i "vesterhavsinnskrifter" som synest å vera noko eldre enn desse to med punktert **u** frå Trondheim (jf. Hagland 1989: 94f).

Den fonologiske tolkinga av r. 2 på side b her lyt difor heller ta omsyn til ein elles lite belagd tradisjon i nordiske mellomalderruneinnskrifter der punktert **u** står for /v/. Vi har nokre få døme på det i svenske og norske innskrifter frå 1100- og 1200-talet. NlyR N 128 (Sylling kyrkje ca. 1150) og SR 5, Vg 200 og 227 frå midten av 1200-talet har dette draget). Det synest difor mest sannsynleg at sekvensen **i** (punktert **u**) **a r** i innskrifta her helst er ein (litt sjeldan) skrivemåte av mannsnamnet *Ívarr*, som elles vanlegvis vil ha forma **iuar** eller **ifar** i norske runeinnskrifter (jf. òg Seim 1982; 107f).

Gjenstanden med innskriftene må vel helst oppfattast som ei leike, ei lita krigsleike frå mellomalderen synest det som. Sverdet er laga for ei så lita hand, at denne *Ívarr* som har ått det, ikkje kan ha vore så store karen då det vart laga. Gjenstanden og truleg også innskriftene, er då rimelegvis laga av ein vaksen person (bestefar?). Men den bortsmidde fuþork-en kan også vera ei skriveøving utført av den vesle krigaren som åtte sverdet. Det er såleis ikkje så sikkert korleis vi skal oppfatta fuþork-innskrifta i dette tilfellet.

[818] N-21447. (Tidlegare omtala: Hagland 1986: 15, 41 1990b: 11, [35]; Ertl 1994: 338; Knirk 1998: 504; Seim 1999: 149 ff, 349.) Innskrifta står på eit 108 mm langt runekjevle av tre med tverrsnitt 13 x 9 mm. Funnet vart gjort i 1974, felt FL, i delfase 12 dvs. hovudfase 10–12, som litt upresist må daterast til 1300-1400-talet. Det *kan* vera så ungt som siste kvartal av 1400-talet. Kjevlet har runer på ei side. Før innskrifta er det prikka inn ein krossliknande konfigurasjon. Innskrifta er 70 mm lang og runene frå 9 til 12 mm høge. R. 2 er skadd i nedre delen. Den nedre bogen blir borte idet han tek til å svinga inn mot staven. R. 3 er forma som høg **s**. Punkteringa av r. 4, 5, 7 og 14 let seg greitt lesa ved mikroskopering. Bogen på r. 16, **r**, er lukka, og kvisten går frå bogen eit stykke ut frå staven. R. 18 har ikkje punktering i nedre ende.

† B ʒ 1 † ʒ ʒ * | ʒ † ʒ † † B ʒ R ' 1 N
a b c d e f g h i k l m n o p k r s t u
abcdefghijklmnopqrstu

Vi har altså her å gjera med eit runealfabet i eigentleg forstand. Runeteikna er sette opp i samsvar med rekkjefølgda i det latinske alfabetet. Teikn for vokalane /y/, /æ/ og /ø/ vantar, og alfabetet har heller ikkje teikn for stemd og ustemd dental spirant /p/ og /ð/. Også teikn for <z> i det latinske alfabetet manglar. Det er elles ingen uregelmessige plasseringar av teikna i høve til den latinske måten å organisera bokstavane på.

Når det gjeld teiknbruken er det grunn til å merka seg at latinsk <c> og <s> er markerte med ulike runer, lang og kort s, medan <k> og <q> er representerte med same teikn. Punkterte runer er elles nytta for /d/, /g/ og /p/. Det høver godt saman med ei sein datering, slik dei arkeologiske funnomstenda tilseier.

Runerekkjer som er sette opp i samsvar med rekkjefølgda i det latinske alfabetet, er det ikkje så mange av i det norske funnmaterialet. Men frå Bryggen i Bergen er det i alle fall kjent eitt slikt alfabet, rett nok delvis defekt (Seim 1982: 182). Utanom det finst det to frå andre kantar av landet, N539 og N547. Den første av desse er utan sikker datering og truleg frå Helgeland, den andre er frå ukjend stad og truleg ikkje eldre enn frå 1400-talet. Også frå Bornholm (DR 396) og i seinare islandske handskrifter er det bevart runeinnskrifter med tilsvarene alfabet. Urnespinnen (N338) har fuþork-en side om side med det latinske minuskelalfabetet. Både N539 og 547 har med runeteikn for nordiske omlydsvokalar i sine alfabet. N539 har †, truleg for /ø/ og truleg ʒ for /y/ og dessutan runeteiknet for dental spirant: þ (þ). N547 har ʒ for /y/, † truleg for /ø/ og † for /æ/. Den danske innskrifta DR 396 har med teiknet þ på same måte son N539.

Innskrifta her vantar altså runeteikna for det spesifikt nordiske foneminventaret. Ho synest å vera så ung at behovet for eige teikn for stemd/ustemd dental spirant ikkje har vore til stades. Det forklarar likevel ikkje fråveret av runer for omlydsvokalane. Men denne alfabetinnskrifta med runer blir, med unnatak av teikn for <z>, komplett om vi ser det slik at ho er laga for innskrifter på latin. Latinske innskrifter har vi fleire av, både i trondheimsmaterialet og elles. Det synest difor meir rimeleg å sjå denne alfabetinnskrifta i ein slik samanheng enn å sjå henne som eit mangelfullt alfabet for skrift på norrønt mål.

IV. RELIGIØSE/MAGISKE FORMLAR

[819] N-20884. (Tidlegare omtala: Hagland 1986: 41; 1991b: [35]; Knirk 1998: 504 omtala som A124.) Innskrifta står på ein avbroten ende av eit flatspikka runespjeld, 39 mm langt, 20 mm breitt og 3 mm tjukt. Funnet vart gjort i 1974, i felt FE, hovudfase 7/8, som skulle tilseia ei datering til tida mellom ca. 1175 og 1275. Det er runer på baa sider av det bevarte trestykket, som truleg er delt i to langs med veden. Innskrifta på baa sider startar ved kanten i den brotne enden og er 33 mm lang på a-sida, 20 mm på b-sida. Runene er 18 mm høge på baa sider.

På a-sida, over runene, er det eit langsgåande snitt som tyder på at innskrifta har vore innråma. Det er elles bevart fem snitt under runene på denne sida og sameleis tre snitt over runene på b-sida. Dette synest å vera restar av runestavar frå ein tapt (halv)del av spjeldet.

Snittet av ein runestav visest i brotkanten på side a. Mellom r. 1 og 2 på same side er det eit tredobbelt sett med stipla liner. Etter r. 4, på slutten av lina, er det eit tilsvarande dobbelt sett. Ned til overkanten av r. 1 på side b går det eit snitt parallelt med staven. Det kan vera øvre eller nedre del av ein stav frå ei runerad på den tapte delen av spjeldet. R. 3 (**r**) har lukka boge. Kvisten er òg dregen i ein svak boge, som likevel er ført ned til grunnlina i god avstand frå staven, slik at runa kan lesast sikkert som **r**. Etter siste rune er det ein kross, 18 mm høg, armar 5 mm. Det er punkterte endar både på stomm og krossarmar.

Innskrifta er tydeleg og godt bevart slik at lesemåten av dei einskilde runene ikkje byr på problem av noko slag.

- .]? ŋ : : : √ 1 1 : : :
- a) --.]? **u** : : : : **f a o** : : :
- .]þ 1 R 1 | | †
- b) --.]þ **a r a i** +

A-sida inneheld ein kombinasjon av runeteikn som, delvis, også er kjend både frå Bryggen i Bergen (N633) og frå ei av innskriftene i Lom kyrkje (Liestøl 1978: 183f). Innskrifta frå Bergen er litt defekt på den aktuelle staden, men inneheld i alle fall følgjande kombinasjonar med **f** og to vokalteikn: **f, a** [-] **f a u f a o** (jf. NIyR VI: 239). Mellom desse trerunersgruppene står det eit teikn som elles også er kjent frå den

grønlandske Kingigtorsuaq-steinen (Stoklund 1982: 199). Teikna er utolka, men har vore oppfatta som magiske (NIyR VI: 64). Innskrifta frå Lom kyrkje finst på den eine sida av ein firesidig amulett der det også er runer på dei tre andre. Det einaste som gir meining i dag elles i innskrifta, er ei oppramsing av evangelistnamn (Liestøl 1978: 183). Den sida som det er aktuelt å samanhalda med her, inneheld følgjande trerunerskombinasjonar med **f** og vokalteikn: **faofaifauonima**. Liestøl viser til at elementet **fau** i desse tilfella truleg er ei attgjeving av det hebraiske bokstavnamnet *vav*, og at innskriftene frå Bryggen og Lom såleis er del av ein form for alfabetmagi, truleg mot sjukdom. Den viktigaste grunnen til det er at den aktuelle delen av N633 elles synest å innehalda ei bøn om læking frå augnesjukdom og at alfabetmagi av dette slaget også er kjend som rådebot mot slike lidingar frå andre kjelder (jf. NIyR VI: 65).

Side a av innskrifta frå Trondheim verkar å vera ein parallell til det vi finn i N633. Trerunerskombinasjonane ser ut til å danna slutten av ei line baa stader, og det finst baa stader teikn med uklår verdi og funksjon mellom gruppene og til slutt på lina. R. 1, **u**, på side a kan såleis svært godt vera siste teikn i ein tilsvarende kombinasjon som den vi kjenner frå N633, slik at det som har stått før brotkanten, då har vore **f a**. Ut over det vil denne innskrifta, eller dette fragmentet av ei innskrift, måtta bli ståande temmeleg open for tolking. Side b synest ikkje å kunna hjelpa stort lenger på veg i så måte. Sekvensen **--]parai** lyt etter alt å dømma bli ståande like open for tolking som dei moglege elementa av alfabetmagi på side a. Krossen til slutt kan likevel kanskje bera bod om at vi har å gjera med ei religiøs/magisk innskrift.

[820] N-26747. (Tidlegare omtala: Musset 1981: 224ff; Hagland 1986: 14 ff, 44; 1990b: 13, [38/39]; Ertl 1994: 338; Knirk 1998: 491, 504.) Innskrifta står på eit avbrote runekjevle av tre, bevart i to brotstykke som høver saman. Brotkanten mellom dei bevarte stykka følgjer staven på r. 12 i innskrifta. Dei to bevarte bitane er no til saman 119 mm lange, frå 11 til 15 mm breie og 3 mm tjukke. Funnet vart gjort i 1975, felt FE, hovudfase 7/8. Det tilseier ei arkeologisk datering av funnkonteksten til tida mellom ca. 1175 og 1275.

Det er runer på den eine av breisidene. Runene er svakt dobbeltskorne og frå 12 til 15 mm høge. Innskrifta er 88 mm lang frå brotkanten, der staven av ei rune visest. R.

1 og 8 har svak, men likevel sikkert påviseleg punktering. Mellom r. 6 og 7 er det eit lite punkt som kunne vera meint som eit ordskiljemerke, men som helst må oppfattast som ein pressmerke eller liknande i veden. Øvre del av r. 7 og r. 8 er skadde. Ein del av enden på øvre kvist i r. 7 er bevart og gir såleis sikker lese måte **o**. Såpass av den øvre bogen på r. 8 er også påviseleg, slik at runa utan problem kan lesast som punktert **b**. R. 10 og 12 (**r**) har opne bogar. Bortsett frå dei skadde delane av r. 7 og 8 er innskrifta elles så tydeleg og godt bevart at det ikkje er tvil om lese måten på noko punkt:

--.] B † 1 † † † B † R † R † 1 † 1 †
 --.] p o t n † t o p e r a r o t a s

Det dreiar seg her om ei innskrift med ein versjon av den velkjende palindromen (*sator - are)po - tenet - opera - rotas*. Denne er kjend over heile Europa og kan sporast attende heilt til byrjinga av vår tidsrekning og knyter seg truleg til kabalistisk tradisjon med utspring attende i jødedommen (jf. Musset 1981, note 11 og 12 for vidare tilvisingar). Palindromen kan gjerast firedimensjonal ved å setjast opp i den såkalla "Faens firkant":

S A T O R
 A R E P O
 T E N E T
 O P E R A
 R O T A S

Tre tilsvarande innskrifter er kjende også i materialet frå Bryggen i Bergen (N636, N640 og B583, jf. NIyR VI: 71, Marstrander 1980 og Dyvik 1988: 2f). På same måte som innskrifta her, er palindromen i bergensinnskriftene i beste fall to-dimensjonale, dvs. at dei kan lesast framlengs og baklengs, men utan den 'kvadratiske' effekten som firkanten gir. Feilskrifta av midtelement *tenet* i trondheimsinnskrifta, **tnpt**, synest eit stykke på veg å tilsvara det vi finn i N640 og B583 frå Bergen. I N640 er *tenet* retta til *tenep*, og i B583 er elementet skriva *tenep*. Det synest å vera semje om at dette reflekterer norsk uttale av latin i mellomalderen (NIyR: 82ff og Dyvik 1988: 2, sjå også G145, Dunekoppen frå Dalhems sokn, Gotland). Det er mogleg at dette også ligg attom feilskrifta i funnet frå Trondheim, der **e** er utegløynd to gonger og både **p** og **t** er sette til slutt i den sekvensen av formularet. Det siste kan vera eit slags kompromiss mellom eit kjent skriftbilette og gjengs uttale av dette elementet i palindromen. Feilskrifta kan i alle fall tyda på at ristaren ikkje heilt har kjent prinsippet i palindromen, slik tilfellet òg synest å vera med dei tre sator-innskriftene frå Bergen, og at det såleis dreiar seg om ein heller mekanisk

og uøvd freistnad på å driva med den slags svartekunst som vi her nokså sikkert har eit lite døme på. Det kan elles dokumenterast at sator-formelen har vore kjend i nordisk folketradisjon langt fram mot vår tid. Ei runeinnskrift, noko usikkert datert til 17.-18.hå., frå Bergþórshvol på Island har sator-formel på ei side og alfabetet (**a, b, c, d**, etc.) på den andre (jf. Bæksted 1942: 206). I folkemedisinsk samanheng finst det dokumentasjon på at formelen har vore tilrådd som middel både mot hovudverk og i samband med blodstemming. Det finst òg oppskrifter så seint som frå første halvdel av 1800-talet både frå norsk og dansk område på at sator-formelen dukkar opp i det vi kunne kalla svartbokssamanhengar (sjå Reichborn-Kjennerud 1933: 123 m/tilvisingar og Storaker 1932: 48f.).

Innskrifta her nyttar punktert **b** for /p/. N640 har upunktert **b** i tilsvarande posisjonar, N636 og B583 har bae ꝥ. Liestøl held N640 (Søre Søstergården) for å vera frå siste mannsalder av 1100-talet (NIyR VI: 83). N636 (Nordre Gullskoen) er funnen under brannlaget etter brannen frå 1332 (NIyR VI: 70) og B583 (Dreggsallmenningen) er funnen i lag som er daterte til tida mellom brannane i 1248 og 1332 (Marstrander 1980: 101). Forholdet mellom upunktert **b**, punktert **b** og ꝥ i desse innskriftene av same slag viser, i høve til dei arkeologiske dateringane av funnkonteksten, ei utvikling frå **b** via punktert **b** til ꝥ som teikn for /p/. Det er i seg sjølv interessant, men materialet er sjølv sagt for lite til at denne typologiske skilnaden så greitt kan koplast til ein kronologisk dimensjon i vidare samanheng.

[821] N-27122. (Tidlegare omtala: Hagland 1986: 14f, 45; 1990b: 11ff , [38/39]; 1995: 24f; NIyR VI: 241; Ertl 1994: 347; Seim 1994: 293; Knirk 1998: 504.) Innskrifta står på ein liten trekross, skoren ut i eitt stykke. Stommen er 50 mm lang og tverrtreet 23 mm. Krossen er 7 mm tjukk. Funnet vart gjort i 1975, felt FK, hovudfase 8. Den arkeologiske konteksten kan såleis daterast til tida mellom første og fjerde kvartal av 1200-talet. Det er runer på bae sider av gjenstanden. Innskrifta på side a er 42 mm lang, innråmande krossar irekna. Runene er tilpassa forma på den inskriberte gjenstanden og varierer såleis i høgde frå 9 mm (r. 3) til 21 mm (r. 4). På side b er innskrifta 39 mm lang, krossen til slutt irekna. Runene er frå 9 mm (r. 4) til 21 mm (r.1) høge. Side a har elles ein kross

med punkterte armar både før og etter innskrifta. Likeins er det tilsvarande krossar mellom kvar rune. Staven på r. 2 har også 'krossarmar' i nedre kant, og elles er det ein frittstående kross over den runa. Etter siste rune på side a, i høgd med nedre halvdel av staven, er det ein liten kross, der stomm og armar er siselerte og om lag like lange. I høgd med toppen av siste rune er det ein liknande kross, men utan siselerte armar og stomm. Side b har kross til slutt og elles berre ein mellom r. 1 og 2. Runene er godt bevarte og gir ingen problem med lese måte på noko punkt:

- † † † † † † † † † † † † † †
- a) † a † g † al † a †
- † † † † † † † † † † † † † †
- b) a † g l a l a g l a †

a) *agla* b) *agla agla*

Innskrifta både på a- og b-sida inneheld det magiske ordet *agla* (ein gong på a-sida og to gonger på b). Ordet er kjent frå mange andre samanhengar i mellomalderen. Det er eit såkalla akronym, danna på grunnlag av følgjande uttrykk frå hebraisk: *atta gibbor leolam adonai* - 'du er sterk i all æve, Herre'. Vi har elles fleire *agla*-innskrifter med runer frå norsk mellomalder. Utanom N822 og dei som er publiserte av Dyvik (1980), Gosling (1989: 178, 185) og NOR 1 (1986: 9), har vi N216, nokså sikkert N348, N636, N639, N642 og N643. I tillegg finst det fleire upubliserte *agla*-innskrifter, m. a. ei frå Hermannsverk i Sogn (jf. NIyR VI: 88). Formelen på side a her med r. 3 som binderune **al** har forma **agala**. Side b gir også eit litt avstikkande inntrykk med r. 5, **l**, mellom dei to *agla*-formlane. Det siste tilsvarar heilt nøyaktig det vi finn i N642, side a, frå Bryggen i Bergen. På krossen her lyt desse små avvika kanskje helst sjåast som uttrykk for at ristaren ikkje har vore så heilt viss på korleis formelen egentleg skulle vera. Med alle dei ispedde krossar vi har her, kan det også ha vore lett å gå surr i stavemåten.

[822] N-28109. (Tidlegare omtala: Hagland 1986: 15, 45; 1990b: 11ff, [38/39]; 1995: 24f; NlyR VI: 241 (omtala som A157); Ertl 1994: 368; Knirk 1998: 504.) Innskrifta stå på ein blykross med 58 mm lang stomm og samla armlengd 26 mm. Blyet er 1-2 mm tjukt. Det er runer på båe sider av gjenstanden, både på stommen og på krossarmane. I den nedre enden av stommen er det eit hol som er laga etter at runene er rissa. Innskrifta er såleis defekt på båe sider der holet er. Gjenstanden vart funnen i 1975, felt FF, hovudfase 8. Det vil seia ein arkeologisk kontekst som kan daterast til tida mellom første og fjerde kvartal av 1200-talet. Funnet synest såleis å skriva seg frå same periode som N821. Blyet er temmeleg oppsprukke, og det gjer lesinga svært usikker på fleire punkt her. Innskrifta på båe sider av stommen er 45-46 mm lang og runene 5-6 mm høge. Runene på krossarmane er 7-9 mm høge. Dei ulike delane av innskrifta er for det meste innråma av dobbeltarma krossar (sjå ill.). Side a1 (stommen) må lesast i to retningar, frå kvar av endane og opp til krossarmane. Runene på øvre og nedre del av stommen står opp-ned i høve til kvarandre. Runene på krossarmane må lesast i ei retning (frå venstre til høgre). R 2 på øvre del av side a1, r. 5 på nedre del, r. 1 og 4 på a2 og sameleis r. 1 og 4 på side b2 har punkteringar med eit så markert snitt at dei alle mest ser ut som **f**-runer. Grunnen til det er truleg det mjuke metallet. Før r. 1 og etter r. 4 på øvre del av side a1 er det dårleg bevarte krossar som råme for runene, berre sjølvve stommen er godt tydeleg båe stader. Nedre del av side a1 byrjar med ein dobbeltarma kross. Deretter følgjer restar av to stavar, truleg to runer som er øydelagde av holet gjennom stommen (r. 1 og 2). Staven på r. 3 er godt bevart. Runa har ein, kanskje to kvistar ned til venstre og kan vera anten **a** eller **o**. R. 4 har berre stav og må oppfattast som **i**. R. 5 er binderune **ag**. R. 6-8 er godt bevarte, og lesemåte som **ios** er sikker. Etter r. 8 er ein del av overflata forvittra, men det er ikkje teikn etter fleire runer i den leseretninga. Om vi ser bort frå den noko spesielle forma på **g**, er alle lesemåtar på side a2 sikre. Det same gjeld b2 som er nesten identisk utforma.

Side b1 ser ut til å vera rissa frå nedre del av stommen og heilt opp til toppen, altså ikkje rissa i to retningar slik som tilfelle er på side a1. Før første rune står ein dobbeltarma kross. R. 1 er øydelagd av holet gjennom stommen. R. 2 har bevart stav og ein sikker kvist frå midten og ned til høgre. Andre sida av staven er delvis borte på grunn av holet. Mogleg, men svært usikker **m**. R. 3 er binderune **ar**. Kvisten ned til venstre står så høgt over tangeringspunktet mellom kvist og stav i **r** på andre sida av staven, at det ikkje kan vera tale om å oppfatta dette som ein rest av kristusmonogrammet. R. 4 og 5 utvetydig **i** og **u**. R. 6 har stav og to parallelle kvister opp til høgre som i **f**. Mellom basis

av staven av r. 6 og toppen av r. 7 er drege eit rett snitt av ein litt annan karakter enn snitta elles i innskrifta. R. 7 har stav og kvist (boge?) frå toppen og eit stykke ned til høgre. Kan vera **I**, kanskje òg defekt **u**. Av r. 8 er berre staven tydeleg. Det er *kanskje* ein kvist ned til venstre, litt nedanom midten. R. 9 har stav og kvist ned til høgre eit lite stykke ned frå toppen av staven, truleg **I**. R. 10 har stav og uklår kvist frå midten og ned til venstre som i **a**. Eit vassrett snitt midt på kan vera meint å gjera dette (også?) til ein kross. Etter dette følgjer restar av ein stav (r. 11), så ein stav som kankje er punktert (r. 12) og endeleg sikker **I** (r. 13). Til slutt står ein dobbeltarma kross med lett bogeforma stomm:

$$\dagger \uparrow(?) \uparrow \uparrow \dagger \quad \ddagger ? ? \uparrow(?) \mid \uparrow \uparrow \mid \uparrow \uparrow$$

a1) [stomn, øvre del] $\dagger \mathbf{a} (?) \mathbf{g} \mathbf{l} \mathbf{a} \dagger$ [stomn, nedre del] $\ddagger ? ? \mathbf{a} (?) \mathbf{i} \mathbf{a} \mathbf{g} \mathbf{i} \mathbf{o} \mathbf{s}$

a2) [armar] $\ddagger \mathbf{a} \mathbf{g} \mathbf{l} \mathbf{a} \ddagger \mathbf{a} \mathbf{g} \mathbf{l} \mathbf{a} \dagger$
 $\ddagger ? ? \uparrow R (?) \mid \cap \uparrow (?) \uparrow \cap (?) \mathbf{a} (?) \uparrow \uparrow (?) \dagger \uparrow (?) \uparrow \ddagger$

b1) [stomn] $\ddagger ? ? \mathbf{a} r (?) \mathbf{i} \mathbf{u} \mathbf{f} (?) \mathbf{a} \mathbf{u} (?) \mathbf{a} (?) \mathbf{l} \mathbf{a} (?) \dagger \mathbf{e} (?) \mathbf{l} \ddagger$
 $\ddagger \uparrow \uparrow \uparrow \dagger \ddagger \uparrow \uparrow \dagger \ddagger$

b2) [armar] $\ddagger \mathbf{a} \mathbf{g} \mathbf{l} \mathbf{a} \ddagger \mathbf{a} \mathbf{g} \mathbf{l} \mathbf{a} \ddagger$

a1) *agla* ? *agios* a2) *agla agla* b1) ? b2) *agla agla*

Jamvel om denne gjenstanden er sterkt medteken, kan vi i alle fall med full visse konstatere at vi har å ei innskrift med det religiøst-magiske akronymet *agla* som det dominerande element. Side a2 og side b2 formelen oppatteken to gonger kvar, a1 (øvre del) ein gong. Nedre del av a1 inneheld det greske ordet *αγιος* tilsvarende det latinske *sanctus* (heilag) som høver godt i den samanhengen det her står. Kva som har stått i tillegg til dette ordet på denne del av sida, er uvisst. Sekvensen *agla agios* synest elles å vera belagd i den tapte innskrifta frå klokkehuset i Tonstad kyrkje i Vest-Agder (N 216) – i den samanhengen også saman med formelen *tetragrammaton*. Innhaldet på side b1, synest å måtta stå endå meir ope. I første del av lina er det kanskje tale om namnet *Maria* (i obl. form). Sekvensen **fau** som så følgjer, synest å måtta bli ståande open for tolking. I andre innskrifter er **fao** oppfatta som det hebraiske bokstavnamnet og som ei form for alfabetmagi (jf. NIyR VI: 65), men lesemåten er her såpass uviss at vi ikkje vil kunna

seia noko sikkert om det. Den siste sekvensen med eit mogleg **ala** kan sjølvsagt vera ein defekt eller korrump **agla**-formel, men heller ikkje det kan vi vera heilt visse på.

Spesielt med denne gjenstanden med *agla*-innskrifter i høve til dei vi elles kjenner, er krossane før og etter kvar einskild formel. Av dei 12 krossane som finst, er 8 heilt klårt dobbeltarma, ein har tilsynelatande tredobbelt armsett, men her kan den oppsprukne overflata gi feil inntrykk. Dobbeltarma krossar er ofte nytta som erkebispens kross (jf. Ursin 1975: 84f). Det er difor kanskje ikkje tilfelleleg at vi finn nett denne krossen representert på eit funn frå erkebispesetets Nidaros. Men i denne samanhengen bør vi vel heller ikkje sjå heilt bort frå det nokså sikre greske innslaget i innskrifta og at dobbeltkrossane her difor kan assosiera til patriark-krossen og aust-kyrkja på eitt eller anna vis. Moglege kontaktar til austkyrkja i Nidaros frå og med harald Hardrådes tid har vore drøfta som ein eventualitet i fleire samningar (jf. N806 ovanfor). Ei innskrift som tilsynelatande er såpass ung som den vi har her og utan annan bindande kontekst, står likevel svakt som kjeldemateriale til å stø ein slik tanke.

[823] N-27544. (Tidlegare omtala: Hagland 1986: 45; 1990b: [38/39]; Seim 1991a: 124ff; 1994: 291; 1999: 349; Ertl 1994: 349 og 380; Knirk 1994b: 193 og 195.) Innskrifta står på eit svinghjul av tre (truleg til handtein). Hjulet har ein ytre diameter på 48 mm og er 12,5 mm tjukt. Den eine sida er dekorert med ein innråma maltesarliknande kross ('pattee cross'), på den andre er det runer. Innskrifta dekkjer om lag halve omkrinsen av hjulet og runene er 12-13 mm høge. Funnet vart gjort i 1975, felt FK, hovudfase 8. Det tilseier arkeologisk datering av funnkonteksten til tida mellom ca. 1225 og 1275.

Felles for r. 1, 3, 5, 7, 9 og 11 (**f**) er at kvistane er dregne ganske langt ned på staven. Kvistane på r. 8 kan vera litt vanskelege å identifisera ettersom dei fell saman med den tverrgåande veden i denne runde gjenstanden. Det er likevel ingen tvil om lese måten her. R. 11 og 12 er svært nedslitne og vanskelege å lesa utan stereolupe. R. 12 kan ha vore punktert, men det spørsmålet er likevel vanskeleg å fastslå med visse i dag.

ƿ | ƿ 1 ƿ n ƿ 1 ƿ 1 ƿ l(?)

f i f a f u f o f y f i(?)

Det er uklårt korleis vi skal oppfatta denne innskrifta. Liestøl (KLN 14: 464) har generelt sett innskrifter av liknande slag i samband med *fupork*-innskrifter og alfabetmagi, der *fuporken* kan setjast opp i ulike kombinasjonar med teikn for konsonant og vokal, t. d. slik: **fufofifyufufu**[--. I denne innskrifta frå Trondheim har vi ein variasjon over **f** og seks vokalteikn. Om vi skal rekna innskrifta som eit stykke alfabetmagi, er det då kanskje mest naturleg å oppfatta r. 12 som **e**. Det ville i så fall gi variasjon mellom **f** og seks ulike runer for vokal. Sekvensen på vokalrunene her, **i a u o y e(?)** gir likevel ikkje nokon naturleg progresjon i høve til vokalrekkefølga i ein *fupork*. Spørsmålet om det her er alfabetmagi eller noko anna, må på det grunnlag stå nokså ope. I denne samanhengen kan kanskje ei innskrift frå Brørs i Namdalen gi ein parallell (A24 i Runearkivet, jf. elles Beverfjord 1987). Denne innskrifta er skoren inn på ei bordplate og inneheld forutan dei variasjonane med **f** og vokalruner som interesserer oss her, ein *fupork* med 19 runer (line b) og ein serie på åtte tre-runerskombinasjonar der første rune er substituert i omgjevnaden **-at: fatatratkatnatpatbatmat** (line c). Line a av innskrifta er lesen slik av Liestøl (jf. Beverfjord 1987: 101) *..nam ek þetta..fefufafø*. Parallellen med innskrifta frå Trondheim er her påfallande, og konteksten for desse kombinasjonane kan då tyda på at dette er remser eller regler som er innlærte av ein eller annan grunn. Innskrifta kan såleis vera av same slag som vi synest å ha i N824 nedanfor. Om vi les r. 12 her som **i**, kan vi likevel kanskje oppfatta innskrifta annleis og mindre 'magisk'. I tilfelle siste rune skal vera **i**, får vi ein 'sirkulær' variasjon over **f** og rune for vokal. Det vil seia at sekvensen opnar og sluttar med same kombinasjon. Det er då ikkje heilt utenkjeleg at innskrifta rett og slett er meint å vera ein onomatopoetisk leik der poenget er å freista gi att den svirrande lyden gjenstanden, svinghjulet for ein handtein, gjev frå seg under arbeid. Den første sekvensen [fi:] kjem att til slutt, og dermed kan det heile starta oppatt og gjentakast omatt og omatt på same måte som det svirrande hjulet. I så fall har innskrifta her kanskje òg ein parallell i N492 (Nidaros domkrk. XXIV). Der finn vi på likande vis ein sekvens med variasjon over **r** og ulike runer for vokal: **reririrrærøry**. Dersom det er så at den sekvensen er å sjå som ein variasjon over mellomalderens heksakord *ul re* osv., slik NIyR gjer framlegg om, vil det kanskje òg vera lettare å sjå innskrifta på svinghjulet som leik med lyd.

Det tilfelle at desse kombinasjonane med **f** og rune for vokal skal oppfattast som ei skriveøving, kan vel heller ikkje heilt utelukkast. Men gjenstanden innskrifta står på,

synest ikkje å vera det mest lettvinde å ta til for eit slikt føremål og kan såleis verka mindre rimeleg i dette tilfellet. Det må likevel nemnast her at Seim (1991: 124ff) har sett på denne innskrifta saman med innskrifta frå Brørs (rett nok utan å ta omsyn til Beverfjords lesing), N492 og tre frå Bryggen i Bergen (B100, B546 og B647) og drøfta spørsmålet om innskriftene har noko samband med dei syllabariar som elles er kjende frå mellomalderen. Hennar konklusjon er at same kva funksjon den einskilde innskrifta av dette slaget har hatt, synest det sannsynleg at sjølve idéen med slike stavingsrekkje stammar frå skoleopplæring og såleis har eit samband med syllabaria i den latinskspråklege skole. Ho meiner òg at skriveøving er eit "rimelig forslag til forklaring der ikke noe annet taler imot den" (Seim 1991: 134). Noka endeleg og utvitydig svar på kva det eigentleg er for innskrift vi har å gjera med her, synest det såleis ikkje råd å finna.

[824] N-93495. (Tidlegare omtala: Hagland 1986: 52; 1990b: [45]; 1994c: 260, 265; NOR 1986:7.) Innskrifta står på eit brotstykke av bein, truleg sidebein av storfe. Stykket er 90 mm langt, 25-28 mm breitt og har eit tjukkaste tverrsnitt på 8 mm. Beinet vart funne i 1985, felt FW, hovudfase 4/5. Det tilseier arkeologisk datering av funnkonteksten til tidsrommet mellom ca. 1050 og 1150. Det er runer på ei side av beinet. Innskrifta er 54 mm lang og runene er 20 mm høge. R. 1-10 er ganske godt bevarte, og lese måten synest sikker nok. Kvisten på r. 10 er litt defekt, men det kan ikkje vera tvil om at teiknet må oppfattast som **a**. Elles er det kvistliknande merke i beinet mellom r. 2 og 3 og mellom r. 6 og 7. Dette er likevel heilt klårt tilfelleleg påførte merke som ikkje har noko med innskrifta å gjera. Mellom r. 5 og 6 er det ordskilje med tre punkt.

Etter r. 10 og i god avstand frå denne er det elles to tydelege snitt. Det kan vera runeteikn, men kan òg sjåast som tilfelleleg krot. Overflata av beinet er avskala over det første snittet. Det andre ser ikkje ut til å ha vore drege lenger opp enn det som visest i dag. Beinet er godt nok bevart på denne delen av overflata til å visa at det ikkje kan ha vore kontakt mellom desse to snitta. Det er såleis sikkert at dei til saman ikkje utgjer restane av *eitt* frittstående runeteikn. Skal det siste av desse snitta då oppfattast som eit runeteikn rista i same skriveretning som r.1-10, må det oppfattast som **ı** (**R**). I norske

innskrifter er det svært sjeldan, berre i to tilfelle, N002 (Bjørneby) og N138 (Oseberg II) er slik **R** kjend (jf. Sannes Johnsen 1968:16). Jamvel om denne innskrifta frå Trondheim synest å vera relativt gammal, er samanhengen her likevel for uviss til at vi kan avgjera om det er dette spesielle runeteiknet vi har å gjera med.

| ' | ' | : | ' | ' | | |
i s i s a : i s i s a ? ?

Det er uvisst korleis vi skal skjønna innskrifter som denne. Dei to oppatt-tekne sekvensane på fem runer kvar kan nok delast opp på ulike måtar som isolert sett kunne gi språkleg meining. Eitt element som går att, er t. d. sekvensen **is**. Det kan i seg sjølv godt sjåast som runenamnet *íss* osb. I ein kontekstfri samanheng som denne vil slike framlegg likevel korkje kunna stadfestast eller avkreftast, og dei oppatt-tekne elementa kan like gjerne identifiserast som **isi** og **sa**.

At sekvensane i dette tilfellet kan ha noko å gjera med regla på side a av N825 nedanfor, verkar ikkje rimeleg. Innskrifta har likevel ingen direkte parallell som er kjend, men det synest naturleg å jamføra desse oppatt-tekne sekvensane med tre innskrifter frå Bryggen i Bergen (N628, B404 og B524) og ei frå Narssaq på Grønland (jf. Moltke 1961: 401ff). Dessutan har altså innskrift N825 nedanfor, mellom anna, sekvensen **(i)sasa** oppatt-teke fleire gonger på line a, men der er det all grunn til å sjå oppatt-takingane som del av ei elles kjend regle eller eit ordspel (sjå nedanfor). I dei tre innskriftene frå Bergen er sekvensen **si** oppatt-teken i N628 og B404, B524 har tilsvarande repetisjon av sekvensen **se**, medan innskrifta frå Narssaq har **sa** oppatt-teke tre gonger og **is** ein gong (jf. NIyR VI: 46). Helgi Guðmundsson (1975: 188ff) har, som Moltke (1961: 406), freista sjå sekvensen **sa** i Narssaq-innskrifta som ein skrivemåte for substantivet *sær* m ("sjø, hav") og oppfattar det som del av ei (uregelrett) strofe. Jamvel om argumenta for det kan vera gode, vil løysinga likevel vera nokså uviss. Liestøls oppfatning (NIyR VI: 44ff) om at slike remser helst må sjåast som magiske formlar med føremål som er ukjende for oss i dag, kan difor vera like rett, jamvel om det kan seiast å vera ein måte å vika unna tolkingsproblemet på.

V. INNSKRIFTER MED RISTARFORMEL

[825] N-29251. (Tidlegare omtala: Hagland 1986: 46; 1990b: [40]; Knirk 1994b: 196f.) Innskrifta står på eit flatt runekjevle av tre, 139 mm langt, 15 mm breitt og 5-6 mm tjukt. Det er runer på båe breisidene. Funnet vart gjort i 1975, felt FF, hovudfase 8. Det vil seia ei arkeologisk datering av funnkonteksten til tida mellom ca. 1225 og 1275.

Innskrifta på side a tek til i enden av kjevlet og er 105 mm lang, runene er 14-15 mm høge. Innskrifta på side b er 123 mm lang, runene 14-15 mm høge. Runene er til dels dårleg bevarte, og det er difor tvil om lesemåten fleire stader. På side a er kvisten ned til venstre på r. 1 noko uklår, men det synest likevel tvillaust at det er restar etter ein kvist som kryssar staven, og at vi såleis kan lesa æ her. R. 2 har restar av ein svært utydeleg open boge og moglege restar av kvist som ikkje har tangert staven. Slik teiknet er bevart, kan det lesast som **r**. Mot det talar likevel r. 9 der det er tydeleg kontakt mellom nedre del av boge/øvre del av kvist og stav. R. 23 er skadd og kan ikkje dragast inn til jamføring på dette punktet. Rettast her vil då vera å transkribera r. 2 med ?. R. 3 har berre stav og må least som **i**. R. 6 og 8 er punkterte, og r. 22 *kan* vera punktert, men spørsmålet er svært vanskeleg å avgjera sikkert slik innskrifta er bevart. R. 23 har form som **r** frå toppen av med eit tydeleg innsving på bogen midt på, men også her er så mykje av veden borte at det kan vera tvil om lesemåten. Restar av kvist nede ved grunnlina viser likevel at det må vera tale om ein defekt **r**.

På side b er det mellom r. 4 og 5 restar av eit svært forvitra ordskiljemerke. Merket mellom r. 15 og 16 er atskillig betre bevart. R. 4, 5 8 og 11 (**r**) har alle opne bogar. Samstundes har r. 9 (**u**) eit lite innsving på bogen som gir runa eit "r-aktig" preg. Runa har eit innsving midt på og kan såleis lesast som **r**, men samstundes gir r. 9 rom for lesemåte som **u**. Dette gjer også spørsmålet om lesemåte av r. 22 noko uvisst. Elles synest r. 8 å vera binderune **tr**, men kvisten frå toppen av staven rører også ved staven til føregåande r. 7. R. 16 har ein godt bevart kvist opp til høgre, den opp til venstre er svak og lesemåte som **m** må såleis takast med atterhald. På r. 18 den eine av dei kryssande kvistane svært nedsliten, men synest likevel sikker. Ingenting anna enn staven kan sjåast av r. 19 og 20. Etter r. 22 er det restar av fire stavar. Ingen er bevarte i full lengd, og dei er gjorde med ein annan og mindre skarp gjenstand enn den elselege innskrifta. Liknande strekar finst også føre r. 18, 19 og 22. Etter alt å dømma høyrer dette ikkje med til runeinnskrifta. Med dei atterhald som såleis må takast, kan innskrifta då lesast slik:

- † ? | ' † † † † R | ' † ' † ' | † ' † ' † l(?) R | ' † ' †
- a) **æ ? i s a e a e r i s a s a s i k s a s a i(?) r i s a s a**
- † † † † R : R †(?) | † R † † † R † l(?) ' † R : †(?) † * l(?) l(?) † R(?)
- b) **æ l æ t r : r æ(?) i t r u n a r þ i(?) s a r : m(?) a h i(?) i(?) t r(?)**
- a) *e?i sá sá er í sá sá sik sá sá er í sá sá = `(Kva) ság den som ság i karet? Seg ság den som ság i karet!*
- b) *E(r)lendr reit rúnar þessar, magistr(?) = `Magister(?) Erlend skreiv desse runene'.*

Innskrifta inneheld på side b ein ristarformular og er såleis teken med mellom dei innskriftene som inneheld slik formel. Interpolasjon av nasal konsonant gir på vanleg vis eit personnamn, *Erlendr*, i formularen. Assimilasjon /r/ > /ll/ i det namnet er kjend også frå andre runeinnskrifter (jf. Markali 1983: 24) og elles i brev frå den perioden som her synest vera aktuell (jf. Lind 1905-15: 237). Sekvensen **ræit** (r.5-8) tyder på at det er verbet *ríta* som er nytta i dette tilfellet snarare enn det meir frekvente *rista*. Verbet *ríta* er elles ikkje belagt i så mange norske innskrifter frå mellomalderen. I ei innskrift som truleg er frå 1100-talet (N151), frå Atrå kyrkje i Telemark, truleg òg i dei noko eldre innskriftene N160 (Skeisteinen frå Fyresdal) og N230 (runesøkket frå Reve på Jæren). I denne innskrifta som er såpass uviss på fleire punkt, kan vi likevel ikkje sjå bort frå at sekvensen **ræit** på ein eller annan måte er feil for **ræist**. Det vil såleis vera noko usikkert å bruka denne innskrifta som belegg for verbet *ríta* (sjå likevel Spurkland 1994: 4-7).

Sekvensen etter ordskiljemerket mellom r. 15 og 16 på side b er naturleg nok problematisk i denne ristarformularen, ettersom det er så stor uvisse om lesemåten på fleire punkt. Utanom dei atterhald som gjeld sjølve lesemåten av teikna, er r. 21 ovanfor tentativt oppfatta som **s**, snarare enn som **i** som stav i full lengd skulle tilseia. Det er likevel ikkje eineståande at (kortkvist) **s** er skoren i full lengd. Eit døme på det har vi t. d. i N817 ovanfor, jamvel om det der synest å vera gjort ei retting. Lesinga føreset òg at r. 18 (**h**) står for (spirantisk) /g/, slik vanleg er i stemd omgjevning i innlyd og utlyd. Om vi då kan tolka sekvensen som ordet *magistr*, vil det syntaktisk måtta sjåast som apposisjon til subjektet *Erlendr*. Apposisjon skild frå subjektet på det viset er ikkje eineståande i runeinnskrifter og synest såleis å vera syntaktisk godt mogleg. N210, Oddnessteinen, som rett nok må vera så gammal som frå det 10. hå., har på tilsvarende vis *Eyvindr gerði kirkju þessa, goðsonr Óláfs hins hala* (NIyR III: 80). Ordet *magistr* synest å vera ukjent frå norske runeinnskrifter elles. Men frå dansk område er ordet kjent også i slik

samanheng. DR nr. 172, 173, 176, 178 og 179 refererer alle til ein *magistær Jacobus ruffus* (Jacob Rød) i innskrifter som er arkeologisk daterte til perioden frå ca. 1200 til 1250. Skrivemåte med <h> i ordet *magister* finst elles på gravsteinen frå Ugglums kyrkogård i Västergötland (Vg 95) der signaturen er skriven med latinske bokstavar (**HARALDVS:ME:FECIT:MAHISTER**).

Etter den arkeologiske konteksten å dømme er også dette ei 1200-talsinnskrift. Frå diplommateriale har vi attestert ei rad geistlege med namnet *Erlendr* i Nidaros i den perioden som her er aktuell. Det er ikkje utenkjeleg at nokon av desse kan ha titulert seg som *magistr*, men belegg for det finst ikkje. Heller ikkje mellom dei nordmenn som meir eller mindre sikkert har studert utanlands, og dermed har kunna skaffa seg tittelen *magister*, finst det belegg for nokon *Erlendr* eller *Ællendr* (jf. Bagge 1981: 143ff). Vi har såleis ikkje på dét viset positiv støtte for å tolka sekvensen frå r. 16 til r. 22 som tittelen *magister* i apposisjonell stilling. Tolkinga av den delen av innskrifta, lyt såleis takast med alle atterhald ettersom r. 22 også kan lesast som **u**. Lese slik, vil sekvensen **mah(ii)tu** kunna tolkast som ei noko forvanska form av kvinnenamnet *Magnhilda*. I samanhengen her vil det i så fall måtta sjåast som dat. sg., og sida vil då kunna tyda 'Erlend skreiv desse runene for Magnhilda'.

Side a av innskrifta lyt etter alt å dømme tolkast i lys av to innskrifter frå Bergen med tilnerma lik utforming. Side a av B566 (BRM 85226) har følgjande: **huatsasaerisasasiksasaerisasa:sisi**. Svarande til dette har B617 (BRM 104/1752) **uat[sasairis]asiksasairisasa**. Båe desse vil kunna oppfatast som *Hvat sá sá er í sá sá? Sik sá sá er í sá sá*. Det heile kan altså lesast som ei gåte eller ei regle der poenget ligg i homonymet *sá* (= pret. av verbet *sjá*, 'såg' og dat. sg. av *sár* m = 'så, kar, døypefont'): 'Kva såg den i sået som såg i sået? Seg såg den som såg i sået!' (Tilvisinga til materialet frå Bergen og tolkinga av det er gjeven av James E. Knirk, Runarkivet Oslo pers. komm.) Genren er vél kjend også i moderne tid. Hos oss kanskje best frå den engelskspråklege regla om sjømannen som 'went to sea - and what did he see? He saw the sea!'

Det er all grunn til å oppfatta side a av innskrifta her som ein ufullstendig versjon av den same regla som vi har frå Bergen. Sekvensen r. 1-3 er uviss i innskrifta frå Trondheim, men det verkar rimeleg at han representerer ein korrumpert del av eit spørjeord, *hvat* eller kanskje *hvern*. Side a synest såleis heilt klårt å gi att ei regle eller gåte som lyt ha vore heller ålgjengd i norsk mellomalder.

[826] N-31495. (Tidlegare omtala: Hagland 1986: 47; 1990b: [41]; 1994c: 260, 265; NlyR VI: 176 (omtala som A169).) Innskrifta står på ei treflis som tydeleg er sprekt av eit større trestykke. Flisa er 192 mm lang, 6-13 mm brei og 6 mm tjukk. Den bevarte delen kan ha vore del av eit større runekjevle ettersom flisa er avbroten i eine enden. Innskrifta er gjort etterat flisa er sprekt av eit større trestykke, ettersom høgda på runene er avpassa etter den forma flisa no har. Funnet vart gjort i 1975, felt FK, hovudfase 5. Det tilseier ei datering av funnkonteksten til ein gong i første halvdel av 1100-talet. Det er runer på ei side av flisa, på den andre er det to tilfellelege snitt som ikkje kan oppfattast som runer. Innskrifta er 180 mm lang. Ho tek til i god avstand frå kanten i den breiaste enden og sluttar i brotkanten. Det er ikkje spor av fleire runer etter r. 46, men veden er avskala så det kan ikkje utelukkast at innskrifta opphavleg har halde fram etter brotkanten. Runene er 6-13 mm høge. Nedre del av r. 35-37 er borte på grunn av avskaling i veden, elles er runene godt bevarte, skarpe og finne i risset.

R. 2, 11 og 33 (**u**) er forma som stav med kvist nokså rett dregen ned frå toppen. R. 30 har derimot tydeleg dregen boge. R. 4, 5, 10, 19, 22, 24, 29, 32 og 40 (**r**) har alle opne bogar. Øvre del av bogen på r. 32 er elles tapt ved avflisinga i kanten av pinnen. R. 8, 17 og 42 (**s**) er alle punkterte i enden. Slik r. 31 er bevart i dag, er det vanskeleg å avgjera sikkert om det har vore punktering eller ei. Ved tidlegare lesingar (1984) syntest ikkje dette å vera problematisk, så teiknet er gjeve som **e** her. R. 36 har vël bevart kvist nær noverande toppunkt av staven. Ein liten rest av ein nedre parallell kvist er òg synleg inst ved staven. Runa er såleis utan atterhald lesen som **o**. R. 38 har bevart ein del av staven. Nedre del er utydeleg. Frå staven går eit svakare riss ned til høgre. Dette snittet er tydeleg nok ved gransking under stereolupe og må oppfattast som del av runa, som såleis må ha hatt form som **n**. Ordskilja mellom r. 4 og 5, 9 og 10, 14 og 15, 19 og 20, 22 og 23, 25 og 26, 29 og 30 har alle to punkt.

I N 1 R:R † I ' 1 :R N † 1 R:‡ † ' † R:* † R:† R † : ‡ †
i u a r:r æ i s t:r u n a r:‡ æ s a r:h e r:e r o:‡ a
 † R: N † R:N † R † Y †(?) ‡ † R ' 1 † I †[--
e r:u e r:u a r o m n(?) ‡ o r s t æ i n [--

Ívarr reist rúnar þessar (er) hér eru þá er vér várum á (?) Þorstein[--

`Ivar rista desse runene (som) her er, då vi var på(?) Torstein[--'

Den språklege samanhengen tyder på at innskrifta har hatt eit framhald som no er tapt. Vi har klårt og greitt å gjera med den vanlege ristarformularen, som i dette tilfellet har vore utvida med eitt eller anna i tilknytning til denne *Þorsteinn* som er nemnd. I den bevarte delen av innskrifta lyt sekvensen **her:ero** sjåast som ei asyndetisk relativsetning med **runar:þesar** som antesedent, om sekvensen skal gi syntaktisk og språkleg meining.

I den siste delen av innskrifta inneber r. 38 eit problem for språkleg tolking. Å oppfatta runa som **n** gir ikkje god meining. Og eit visst atterhald lyt naturlegvis takast mot den løysing det er gjort framlegg om ovanfor med å lesa teiknet som vanderune **a**, språkleg tolka som preposisjonen *á*. Det gir meining om vi då kan sjå sekvensen **þorstæin** som (ein ufullstendig bevart del av) eit genitivshypotagme: *á Þorsteins--*. Vi kan likevel ikkje sjå bort frå at r. 38 her er ei feilrissing, jamvel om innskrifta synest å vera rissa av ein øvd ristar. Ei feilrissing her kan i sin tur ha resultert i at det ikkje er rissa orddelingsteikn, slik denne ristaren elles gjer i 8 av 9 moglege tilfelle. I så fall vil den språklege samanhengen verta endå meir open og uviss.

Innskrifta er funnen i ein kontekst som tilseier relativt høg alder i dette trondheimsmaterialet. Det kan difor vera av interesse for spørsmålet om kronologi i utvikling av mellomalderruneskrifta å registrera at sekstenteiknsfuporken i alle fall er utvida med teikna **æ** og **e** i ei innskrift som dette. Diverre gir innskrifta oss ikkje høve til å sjå om ristaren også har nytta tilsvarende utvidingar med teikn for konsonant (jf. Hagland 1994c: 260f.).

Eit språkleg drag ved denne innskrifta synest å kunna vera med og knyta henne til Trøndelag. I formene **ero** og **uarom** er den trykklette vokalen markert med **o** og ikkje **u**. Det tyder på at ristaren her både i udekka og dekka stilling har følgd den distribusjonen av vokalar trykklett staving som vi ventar å finna i samband eit vokalharmonisystem. I dette tilfellet /o/ etter opphavleg kort /e/ og etter lang /a/.

[827] N-92238. (Tidlegare omtala Hagland 1986: 52; 1990b: [45]; NOR 1986: 7; NIyR VI: 144 (omtala som A273).) Innskrifta finst på ein bygningsstokk, funnen som del av gatebrulegging. Stokken er 960 x 190 x 160 mm og har runer på ei side. Det er likt til at stokken er nytta sekundært som materiale i brulegginga. Funnet vart gjort i 1985, i felt FW, hovudfase 6. Det tilseier ei arkeologisk datering av funn-nivået til tredje kvartal av 1100-talet. Innskrifta er 219 mm lang frå og med krysset før r. 1, og runene er i storleiken 32-104 mm. Runene er rissa med svært tynne snitt og er dårleg bevarte i visse delar av innskrifta. Før r. 1 er det eit kryss, som truleg er meint som råme om innskrifta. Kvisten på r. 1 kryssar tydeleg staven. Det same gjer r. 14, som av språklege grunnar må tolkast som **a**, medan r. 19 synest å vera enkeltsidig slik innskrifta er bevart. Med støtte i r. 14 er likevel r. 1 her tolka som **a** og ikkje som **æ**. R. 2 har eit innsving i bogen. Det kan såleis reisast tvil om runa skal lesast som **u** eller som **r**. Det er eit ekstra snitt inne i bogen. Snittet *kan* vera gjort for å tydeleggjera runa som **r**. Runa skil seg i form frå r. 12 (**u**), og samanhalde med r. 6, 11 og 15 (**r**), der boge og kvist utan å tangera staven gjer eit mykje meir markert innsving, vil valet mellom lesemåtane **u** og **r** måtta stå nokså ope. Det ekstra innsnittet innom bogen kan likevel vera eit argument for helst å velja lesemåten **r**. R. 8 er langkvist **s**. Før konservering av stokken kunne det etter r. 17 skimtast to snitt som mest såg ut som to påfølgjande kortkvista **s**-runer. Det eine snittet her *kan* ha vore eit tilfelleleg riss. Etter konservering er det i alle fall uråd å påvisa det. Det synest såleis rettast å rekna med at det etter r. 17 har vore rissa ein enkeltstående kort **s**. Slik treet er bevart, kan vi ikkje sjå bort frå at også dette er resten av ein defekt langkvist-**s**. Ei blanding mellom langkvist og kortkvist **s** i ei og same innskrift er ikkje einestående, heller ikkje i materialet frå Folkebibliotekstomta. Vi finn tilsvarende både i N815 ovanfor og i N833 nedanfor. Dobbeltskriving av runer for å markera konsonant er gjerne sett på som eit yngre drag (jf. NIyR V: 244). Det kan vera eit argument mot å oppfatta denne delen av innskrifta som ein slik sekvens av to runer for lang konsonant. Med alle atterhald er det etter r. 17 lese ein enkelt kortkvist **s**. Kvisten av r. 11 er dregen så langt at han kryssar staven på r. 12. Mellom r. 13 og 14 er det eit bogeforma snitt som ikkje synest å vera del av innskrifta. Bogen på r. 15 (**r**) ser ut å vera dregen eit godt stykke ned på staven og skil seg såleis frå dei tilsvarende r. 6 og 11. Felles for dei alle er likevel at dei har opne bogar. Av r. 20 er berre nedre del av staven og tilsvarende nedre del av kvisten bevarte. Jamvel om bogen såleis er borte, tilseier både form på den bevarte delen og den språklege konteksten at vi utan atterhald må kunna rekonstruera dette som ei sikker **r**-rune:

× 1 N/R Y I I R I 4 1 I R N 1 1 R Þ I '(?) '(?) 1 R(?)
x a u/r k i l r i s t i r u n a r þ i s(?) s(?) a r(?)

Ar(n)kell risti rúnar þessar - `Arnkell rista desse runene'.

Den språklege tolkinga av innskrifta frå r. 6 og ut synest å vera uproblematisk. Vi har å gjera med ein vanleg ristarformular: *X risti rúnar þessar* - `X rista desse runene'. Kven som rista, kan likevel vera litt uvisst i dette tilfellet. Som vist ovanfor, kan det vera tvil om sekvensen frå r. 1 til 5 skal tolkast som **arkil** eller som **aukil** evt. **ærkil** eller **æukil**. I det siste tilfellet kunne det tenkjast at sekvensen representerte skrivemåten *æygil*, slik vi kjenner det frå svært unge belegg med mannsnamnet *Egill* (jf. Lind 1905-15: 210). Dette rimar likevel dårleg med den kronologien vi synest å ha å gjera med her. For det første ville ei slik form av namnet *Egill* språkleg sett måtta vera svært ungt, og at sekvensen **æu** i så tilfelle skulle representera omlydsdiftongen verkar heilt urimeleg (jf. òg NIyR I: 68, note 3). Det minst sannsynlege her er vel at dei to første runene i innskrifta må representera diftongen /au/, anten r. 1 vert lesen som langkvist **a**, eller som ein 'feilrissa' kortkvist **a** der kvisten i farten er dregen for langt. I ei grafitti-liknande innskrift som dette kan også det vera tilfelle. I baa tilfelle bør vi kunna transkribera sekvensen som **aukil**. Men jamvel om vi oppfattar r. 1 som **æ**, finst det parallelt belegg for å lesa sekvensen **æu** som /au/ (N178 Røindal, jf. NIyR II: 337). I så fall vil sekvensen frå 1 til r. 5 her kunna tolkast som mannsnamnet *Auðkell*. Eit nokolunde parallelt døme frå norsk område har vi i ei innskrift frå Korsøygarden i Hedmark, truleg frå 1100-talet (N028). Der finst mannsnamnet *Auðmundr* belagt i forma **aumutær**. Tilsvarande belegg med umarkert /ð/ etter diftong før /k/ har vi rett nok ikkje frå norske kjelder. Når det gjeld bruk av dette namnet i Noreg og på vesterhavsoyane, har Lind (1905-15: 99 og 1277) berre seint daterte belegg, og frå eit relativt lite (sørvestlansk) område. Det utelukkar likevel ikkje at namnet kan ha vore i bruk i eldre tider enn det. Støtte for det finst i runeinnskrifter frå Bornholm, både i forma **eykil** og **aukil** (DR376 og 390). Gunnar Knudsen og Marius Kristensen opnar for at desse formene utan markert dental spirant kan sjåast som "et ellers ukendt **Eykell*" (DGP: 1620). Innskriftene frå Bornholm er så gamle at også sekvensen **au** ville kunna tolkast som omlydsdiftong. Som nemnt ovanfor er det mindre sannsynleg når det gjeld denne innskrifta frå Folkebibliotekstomta, jamvel

om datering i dette spesielle tilfellet kanskje er ekstra usikker, ettersom vi her må rekna med omattbruk av treverket som materiale i brulegginga. Normalt ville det vel kanskje vera vél så sannsynleg at innskrifta har vore gjort før planken havna i brulegginga som at nokon skal ha skore i sjølve gata. Men den ekstremt skøytelause forma på runene gjer også det spørsmålet mindre sikkert her. Det yngste belegget med **au** for omlydsdiftongen /ey/ som elles er kjent frå norsk område, synest å vera på Søgnesteinen (N211), tentativt datert til "tidlig i 11. århundre" (Sannes Johnsen 1968: 186). Dersom denne plankeinnskrifta frå Folkebibliotekstomta kan førast så langt attende i tid som til 1000-talet, kunne ho representera eit argument til støtte for Knudsen og Kristensens framlegg om **Eykell*. Med den usikre lese måten vi her har av r. 2, vil denne innskrifta likevel ikkje kunna gi uavhengig støtte til den tanken.

Den alternative lese måten **arkil**, evt. **ærkil**, synest mest rimeleg i dette tilfellet. Namnelekkjen *Arn-* vekslar med *Ar-* og *An-* i norrøne hss. Formene *Arkell*, *Arketill*, *Arkillus* er godt belagde i danske og svenske kjelder (DGP I: 60). Også forma **ærkil** synest mogleg (Lundgren-Brate 1915:309). Namnet *Arnkeill* er etter Lind (1905-15: 49) lite belagt i vestnordiske kjelder. Det er likevel kjent frå mynt-innskrifter frå York og Stamford (DGP I: 60), også i form utan *n*. Om runeinnskrifta her frå Trondheim i tilfelle representerer ei form *Arkell* eller om det er ein skrivemåte for *Arnkeill*, kan ikkje avgjerast. Pellijeff (1957: 122) hellar til den oppfatning at det er mest rimeleg å sjå former med *Ar-* som "ren felsskrivning, t. ex. ett uteglömt nasalstreck, en ingenlunda ovanlig företeelse i de medeltida handskrifterne". Det same kan vel i endå høgare grad seiast om runeinnskrifter.

Verbalforma her er det òg grunn til å festa seg ved. Det er tvillaust den svake forma *risti* snarare enn den sterke *reist* som er nytta i dette tilfellet. Magnus Olsen karakteriserer bruk av denne svake verbalforma som ein av fleire "avvikelser fra vanlig norsk runeskrift" i N439 (Borgund V, NIyR IV: 260), men viser likevel til parallellar i N107 (Knestang IV) og N428 (Hennøy IX). Alle desse synest å vera 1100-talsinnskrifter. Liestøl (1977: 220) viser til dei same tre døma i samband med publisering av eit av runefunna frå "Mindets tomt" i Oslo (G 5880) der det òg er nytta svak form av verbet. I motsetnad til Magnus Olsen (op. cit.) som synest å halla til ei oppfatning om eit dialektgeografisk samband vestover for den svake forma, meiner Liestøl at forma er ein innovasjon som har oppstått i svensk, ettersom ho først er å finna i svenske innskrifter frå 1000-talet. Den oppfatninga kan seiast å få støtte i dei data Petterson (1989: 44) gir frå det publiserte svenske runematerialet. Liestøl tenkjer seg vidare at den svake forma

rista har komme inn i norsk austfrå, og finn det såleis ikkje uventa at ho dukkar opp på ei Oslo-innskrift som han daterer til perioden frå ca. 1050 til ca. 1150. Jamvel om ei stuttruneinnskrift vestfrå, frå Beginish, C. Kerry i Irland synest å ha den svake forma *rista* (Sanness Johnsen 1968: 220, jf. òg Barnes, Hagland and Page 1997: 57), kan materialet frå Trondheim kanskje eit stykke på veg stø Liestøls oppfatning om korleis svak form av dette verbet har komme inn i norsk. I tillegg til dei tre formene Liestøl nemner utanom Oslo-innskrifta, finst òg ein yngre parallell i N506 (Nidaros domkrk. XXXVIII) og i B462 frå Bryggen i Bergen, funnen under brannlag frå 1198 (Spurkland 1991: 305, sjå òg Spurkland 1994b: 7 o. fl. t.d. A213 (Oslo), A324 (Tingvoll), NOR 1989: 8 og 1990: 20). Til desse kjem altså innskrifta her med arkeologisk datering til første halvdel av 1100-talet og svak form. Sameleis synest det å vera den svake forma som er nytta også i løyderuneinnskrifta N828 (sjå nedanfor) med arkeologisk datering til ein periode som strekkjer seg frå slutten av 900-talet til midten av 1000-talet. N831 med om lag same datering har òg tvillaust svak form. N776 frå Søndre gate i Trondheim, som også har ristarformular med løyndeskrift, må derimot ha hatt sterk form av verbet. Det same gjeld etter alt å dømma N830.

I høve til det materialet Liestøl (1977: 220) tek omsyn til i si vurdering av spreingsmønsteret for den svake verbforma *rista* versus sterk form *rista* i nordisk, utgjer trondheimstilfanget ein vesentleg auke. Det motseier ikkje tanken om ei spreing frå aust mot vest. Men med grunnlag i dateringa av dei eldste innskriftene frå Folkebibliotekstomta (sjå N828 og 831) må det i tilfelle vera grunn til å så tvil om den kronologien Liestøl går ut frå i denne innovasjonsprosessen, ettersom bruk av svak form *rista* synest å vera etablert i norsk allereie tidleg på 1000-talet, om ikkje før.

[828] N-94621. (Tidlegare omtala: Hagland 1986: 53; 1988b: 23; 1990b: [46]; NOR 1986: 9.) Innskrifta står på eit trestykke som er 316 mm langt, 32-44 mm breitt og 12 mm tjukt. Stykket er avskore i ein ende, avbrote i den andre. Det er (restar av) kvistruner på den eine breisida. Funnet vart gjort i 1985, felt FU, hovudfase 3. Det tilseier ei arkeologisk datering av funnkonteksten til perioden frå slutten av 900-talet til midt på 1000-talet.

Etter at runeinnskrifta er gjort, er trestykket avsprekt på langs, med veden, slik at nedre del av kvistrunene no er defekte. Berre kvistene opp til høgre i kvar rune kan såleis lesast sikkert. Innskrifta er 245 mm lang. Det som er att av runene, varierer i høgde frå 32 til 44 mm. Før første rune er det eit tydeleg kryss. Toppen av r. 5 og litt av r. 6 er avskala, men det har ingenting å seia for lese måten av teikna. R. 9 er litt avskala i

overkanten, slik at det kan vera tvil om det har vore to eller tre kvistar opp til høgre. Slik gjenstanden er bevart, ser det helst ut til å ha vore tre. Mellom r. 9 og 10 er det eit snitt som kan vera (øvre) del av eit ordskiljeteikn. Innskrifta sluttar i god avstand frå brotkanten i enden av trestykket.

Ettersom kvistane til venstre stort sett er borte på det som er att av trestykket, vil tolking av innskrifta vera uviss. Dei bevarte delane av desse kvistane kan likevel gi haldepunkt for ein rekonstruksjon. Den følgjande freistnaden på emendasjon må då ta utgangspunkt i dei bevarte kvistane til høgre. Desse markerer vanlegvis plass-siffer innom kvar ætt i fuporken. Om vi då set opp dette plass-sifferet for r. 1-11 her har vi udiskutabelt følgjande rekkje: (?)2, (?)4, (?)1, (?)5, (?)5, (?)3, (?)5, (?)1, (?), (?)1, (?)1. Parentes med spørjeteikn markerer ukjend talverdi for kvistar som markerer kva ætt som har vore markert i kvart tilfelle. Som kjent reknar ein oftast ættene attanfrå, slik at *Týs ætt* har talverdien 1, *Hagals ætt* 2 og *Fés ætt* 3 (jf. Liestøl 1963: 16). Den avgjerande identifikasjonen av kva ætt kvar kvistrune viser til, er såleis det vanskelege punktet her.

R. 1, 3, 4 og 5 har bevart restar av kvistrunene til venstre. Med utgangspunkt i desse kan vi kanskje rune for rune komma eit steg vidare. R. 1 har bevart øvre del av to kvistar. Desse står høgare enn den eine kvisten som er bevart på r. 3 og 4, og på same nivå som dei to bevarte på r. 5. Ut frå den delen av stavlengda som kvistrunene ned til venstre har dekkja, verkar det rimeleg å gå ut frå at r. 1 har hatt tre kvistar til venstre, og at sifferet for ætt her såleis skal vera 3. R. 1 kan då vera 32, altså andre rune i tredje ætt, som då vil seia **u**. R. 2 har ikkje bevart nokon kvist til venstre. Det er difor mest sannsynleg at det her skal vera første ætt, og at plassifra såleis vert 14 = **l**. R. 3 og 4 har baa ein bevart kvist på eit nivå lågare enn r.1 og 5. I høve til r. 1 og 2 vil det mest sannsynlege sifferet her vera 2, jamvel om vi ikkje kan utelukka at det har vore tre kvistar til venstre her. Sifra vil i så fall anten vera 21 eller 31. R. 4 må av same grunn anten teljast innom ætt 2 eller 3, dvs. anten 25 eller 35. R. 5 med sine to bevarte kvistar må liksom r. 1 rimelegvis teljast i ætt 3 og altså ha sifra 35 = **r**. R. 6 manglar alle spor av kvistar til venstre, og kan i høve til r.1-5 vera anten ætt 1 eller 2, og såleis anten ha sifra 13 eller 23 innom dette løyndeskriftsystemet. Av same grunn kan r. 7 anten ha sifra 15 eller 25. R. 8 har så stor del avsprekt at det både kan ha vore 1, 2 og 3 kvistar til venstre her. Det same gjeld resten av innskrifta. R. 8 kan altså både ha markert sifra 11, 21 og 31. R. 9, der det altså også er ein viss tvil om plasseringa innom ætta, kan ha vore markert med sifra 13, 23 eller 33 om vi reknar tre kvistar til høgre som det rette. R. 10 og 11 kan baa vera anten 11, 21 eller 31. Følgjande siffer for kvistar til venstre og høgre

synest då å vera moglege frå og med r. 1 til r. 11: [32] [14] [21/31] [25/35] [35] [13/23] [15/25] [11/21/31] [13/23] [11/21/31] [11/21/31].

Av desse moglege kombinasjonane er det *ei* rekkje som gir fullgod meining til og med r. 9, nemleg denne: [32=**u**] [14=**l**] [31=**f**] [35=**r**] [35=**r**] [23=**i**] [25=**s**] [11=**t**] [23=**i**] [?] [?]. Innskrifta er her lesen i samsvar med det:

									?	?
[3]:2	[1]:4	[3]:1	[3]:5	[3]:5	[2]:3	[2]:5	[1]:1	[2]:3(?)	?	?
u	l	f	r	r	i	s	t	i	?	?

Úlfr risti ?? = `Ulf rista ? ?'

Med dei atterhald som forholda kring lesemåten her set, har vi å gjera med ein ristarformular. Innskrifta synest uavslutta og kva framhald som eventuelt er tenkt, må stå ope. Det einaste som her elles skil seg litt ut, er verbalforma som er nytta. Det er den svake forma *risti* snarare enn den sterke *reist* som synest å vera formidla via løyndeskript i dette tilfellet, og den forma har elles støtte i N827 og 831 frå Folkebibliotekstomta.

Denne innskrifta, som såleis truleg gir namnet *Úlfr* i ein ristarformular, vart funnen i ein kontekst som elles kan opna for ein interessant gløtt inn i byens eldste historie. Innskrifta er altså funnen i ein av dei eldste fasane av utgravingsfeltet. Tidsgrense framover i tid for denne fasen er sett til midten av 1000-talet. I denne fasen av feltet FU-FA (sjå kart s. ?) er det funne ein Harald Hardrådemynt. Det er vidare funne restar av metallhandverk, og jamvel om det ikkje er klåre spor etter myntslaging, finst det fleire einskildfunn som kan setjast i samband med slik verksemd, ettersom myntslaging i seg sjølv ikkje nødvendigvis set så mange spor (Nordeide 1989: 54). Desse omkringliggjande forhold gir sjølv sagt ei innskrift med ein mogleg *Úlfr* i ristarformular spesiell interesse. Vi veit nemleg at det har vore prega mynt i Nidaros kring midten av 1000-talet. Ein penning (triquetra), prega i perioden ca. 1047-1055 under Harald Hardråde med myntmeisterformel *Vlf on Niarn[es]*, er kjend - i fire eksemplar (Skåre 1989: 8). Kronologien og dei konkrete funnomstenda kring denne kvistruneinnskrifta opnar då for den spennande tanken at "Ulf på Nidarnes" og Ulf som rista løynderuner, er same person. I så fall er det òg ein viss sjanse for at myntmeistaren har utøvd sitt handverk på tomta der innskrifta vart funnen. Bindande prov på ei slik kopling vil vi likevel neppe kunna finna (jf. Nordeide 1989: 53).

[829] N-25803. (Tidlegare omtala: Hagland 1986: 43; 1990b: [37]; 1994: 132; Knirk 1994: 411ff.) Innskrifta står på eit runekjevle av tre, 87 mm langt med eit tverrsnitt på 12 x 10 mm. Funnet vart gjort i 1975, felt FE, hovudfase 7/8. Det tilseier ei arkeologisk datering av funnkonteksten til perioden mellom ca. 1175 og 1275. Kjevlet har runer på tre sider. På den eine sida (side a) er treet skadd slik at berre toppen av runene er bevarte mot slutten av innskrifta på den sida. Innskrifta på side b dekkjer heile lengda av kjevlet. Runene på den sida er 8-10 mm høge. På side a er innskrifta no 64 mm lang, resten av treet er avskala, og berre toppen av fem stavar står att. Runene på den sida er 10-12 mm høge. På side c er det ei einskild rune (**o**) med eit snitt som parallelt med staven skjer gjennom øvre kvist. Det heile kan kanskje lesast som ein sekvens **so**.

På side a er r. 1 svak, men snittet som er synleg, synest å kunna oppfattast som kortkvist **s**. Mellom r. 4 og 5 er det eit skråsnitt på høgd med toppen av stavane på både sider. Det er rimeleg å gå ut frå at dette snittet høyrer til r. 5, og at teiknet må sjåast som **ʀ** og lesast som ein variant av **y**. Ein slik variant av **y** er elles kjend i ei innskrift frå Bryggen i Bergen (B625) der han synest å vera nytta som ein parallell til kapital <y> i skrift med latinske bokstavar (jf. Spurkland 1991: 69 og 81). Typologisk vil teiknet i så fall ikkje liggja så langt unna **ʀ** som er kjend frå islandske innskrifter (jf. Bæksted 1942: 46). Ordskiljemerket mellom r. 7 og 8 har tre punkt, det mellom r. 12 og 13 to. Mellom r. 17 og 18 er det øvste punktet i eit tilsvarande skilje bevart, resten er borte på grunn av avskaling. Frå og med r. 13 og vidare ut mot enden av kjevlet er veden avskala, i aukande grad ut mot enden av kjevlet. Etter r. 17 er toppen av tre runer synleg. Av den første visest berre staven, den andre viser toppen av ein stav og byrjinga av ein boge. Det kan såleis ha vore **b**, **u** eller **r**. Av den tredje (r. 20) er også toppen av stav og byrjinga av ein boge bevart. Her er likevel så lite av bogen synleg, at heller ikkje **l** kan utelukkast. Etter dette følgjer eit felt der heile breidda av kjevlet er avskala. Toppen av fire runer står att. Heilt mot enden er toppen av ein stav og kvist til høgre (**l**) bevart.

På side b er det først eit lite snitt med form som kortkvist **s**. Deretter følgjer eit nytt snitt frå grunnlina og opp på skrå mot det første snittet til eit nivå godt og vel over nedre ende av det første. Det er ikkje bevart noko synleg riss som bind dei snitta saman til eitt teikn. Kjevlet ser ikkje ut til å vera avbrote, slik at det heile eventuelt kunne

oppfattast som slutten av noko som no er tapt. Det vil likevel vera mogleg å lesa dette som restane av ein høg s, og i samsvar med det er dei to snitta rekna som r. 1 her. R. 10, 11 og 13 (r) har alle bogar som kryssar kvisten og er meir eller mindre dregne inn mot staven. Det same gjeld r. 8, 12 og 13 på side a. Ordskiljemerka mellom r. 5 og 6; 20 og 21 har to punkt, dei mellom 11 og 12, 16 og 17 synest å ha tre.

l(?) 1' Y A T | : R N t 1 R : R | ' 1 1 . l(?) R(?) ?????? T(?)
a) s(?) **a s k y l i : r u n a r : r i s t a · i(?) r(?) ?????? l(?)**
h(?) N t t | : p 1 1 N | R R : Y R Y N Y : Y t t | : 1 1
b) c(?) **u n n i : p a t u i r r : m o r k u m : m a n n i : a t**

l(?) 1
c) s(?) o

Sá skyli rúnar rísta, er (ráða ve)l/kunni; þat ver(ð)r m-þgum manni at/ (e)s o(f)---
= 'Den skulle runer rista som vél kan tyda, med mang ein mann går det som ---'

Karakteristisk for ristaren er at det konsekvent er nytta dobbeltrune for lang intervokalisk og postvokalisk konsonant. Det er eit drag som gjerne vert sett på som innslag frå skrift med latinske bokstavar (NIyR V: 244). Det må kunna oppfattast som eit yngre drag også i denne innskrifta. Jamvel om punkterte runer ikkje er nytta, kan denne bruken av dobbeltrune for lang konsonant vera eit argument for at vi her har å gjera med ei innskrift frå overgangstida mellom det 12. og det 13. hã., slik den arkeologiske dateringa av funnkonteksten også tilseier.

Den språklege tolkinga av innskrifta, med utfylling av dei skadde delane, er gjort med grunnlag i likskapen i teksten vi har her og ei halvstrofe i forenkla *dróttkvætt*-form frå *Egils saga Skalla-Grímssonar* (Sigurður Nordal ed. 1933, str. 48). Samanhengen mellom innskrifta her og strofa i *Egils saga* vart først åtgådd av James E. Knirk (Knirk 1994). I saga er opninga av strofa utforma som ein negert vilkårskonstruksjon og skil seg såleis frå uttrykksmåten utan nekting og med relativsetning og konjunktiv som vi har i innskrifta (jf. Iversen 1973 § 170.3). I saga er halvstrofa slik:

*Skalat maðr rúnar rísta,
nema ráða vel kunni,
þat verðr m-þgum manni,*

es of myrkva staf villisk.

‘Den skal ikkje runer rista som ikkje vel kan tyda. Mang ein mann kjem ut for det at han ved mørk (rune)stav fer vill’.

Det er all grunn til å sjå halvstrofa i *Egils saga* som ein parallell-tekst til det vi i litt ulik form har overlevert gjennom denne innskrifta. Det synest såleis å vera liten grunn til å tvila på at den skadde delen av side a f.o.m. r. 19 har hatt **i r r a þ a u i l = er ráða vel**. Spørsmålet om **i**-ane her har vore punkterte eller ei, kan ikkje avgjerast slik innskrifta er bevart. Den lese måten høver fullt ut med restane av stavar som enno kan sjåast i kanten på kjevlet.

I tillegg til særdraget med den spesielle **y**-en på side a utgjer r. 1 på side b eit uvanleg drag. Det er nytta kortkvist **s** for /s/ overalt på side a, som tvillaust er rissa av same hand (jf. forma på **r**). Bruk av høg **s** lyt såleis vera gjort medvite for å markera ein annan lydverdi enn /s/. Med eit visst atterhald er dette, i samsvar med Knirk (1994), tolka som ein måte å skriva /k/ på, og at det såleis er rimeleg å translitterera runa som **c**, slik at sekvensen r. 1-5 vert **cunni**, 3. pers. pres. sg. konj. av verbet *kunna*. Sameleis som bruk av dobbeltrune for lang konsonant (**nn**) kan dette tolkast som uttrykk for at vi her har å gjera med ein runeristar som òg har vore vél kunnig i skrift med latinske bokstavar. Skrivemåte med *c* heller enn *k* føre bakre vokalar samsvarar med ein distribusjon av *c* og *k* som vi finn i tidleg norrøn bokskrift, der desse konsonanteikna vart fordelte etter den såkalla palatalregelen. Det vil seia at *k* vart nytta føre fremre (palatale) vokalar - kort og lang /i/, /y/, /e/, /ø/ og /æ/ - *c* i andre stillingar. Dette var ein arv frå anglo-normannisk skrift der fordelinga opphavleg hadde eit språkleg grunnlag. I nordisk var ikkje dette tilfelle, og denne måten å skilja mellom *c* og *k* vart etterkvart oppgjeven (jf. Seip 1954b: 12). I skrift med latinske bokstavar må dette seiast å vera eit drag som peikar attover i tid. Det kan òg vera tilfelle for innskrifta her om vi tenkjer på nærare plassering innanfor den arkeologisk daterte perioden mellom ca. 1175 og 1225.

Skrivemåten **uirr** for 3. pers. pres. sg av *verða* er også avvikande. Å sjå dette som uttrykk for ein språkleg realitet med bortfall av /ð/ i ei trekonsonantgruppe mellom /r/ og /r/ synest problematisk. Om det her var tale om eit bortfall av /ð/ lyt lydverdien av det innskrifta gir ha vore /ver:/ ettersom dobbeltrune elles er nytta konsekvent for å gi att lang konsonant. Det ville i så fall vera ei presensform av verbet *verða* som det vanskeleg kan finnast støtte for i anna kjeldemateriale og i dei former som har levd vidare av dette verbet i norsk. Skrivemåten **uirr** lyt snarare oppfatast

slik at **þ** er utegløynd mellom dei to **r**-runene, som jo elles òg har stav med boge på same vis som **þ**, altså med boge som kryssar kvisten og til dels er dregen inn til staven sameleis som i **þ**.

I høve til halvstrofa i *Egils saga* er teksten i innskrifta uavslutta. Sekvensen **so** på side c kan vera eit mislukka framhald av same vers som dét i saga (*e*) *o(f)*--, men sikkert kan dette sjølvstgatt ikkje seiast. Knirk (1994: 416f) har tenkt seg at feilskrift her er grunnen til at rissaren har gjeve opp å fullføra halvstrofa, og det kan vél vera.

Det har vore reist tvil om denne halvstrofa i saga verkeleg er laga av Egill Skalla-Grímsson. Det faktum at ein variant av strofa har vore kjend og er attgjeven på eit tilfelleleg runekjevle som dette frå Trondheim, tyder helst på at det er eit vers eller ei regle som har vore allment kjend i miljø der runer vart nytta - truleg òg på Island. Alt tyder på at verset frå Trondheim er eldre enn saga. Det kan då vera med og stadfesta at den tvil som har eksistert om strofa er autentisk eller ei, har vore rettkommen (jf. Knirk 1994: 419). Slik runestrofa er overlevert, er det såleis vanskeleg å rekna med at ho er eit sitat frå *Egils saga*. Derimot kan innskrifta gi oss ein inetessant gløtt inn i ein type stoff som sagalitteraturen kan gjera nytte av, også når det gjeld strofer og vers i tekstene. For ein nærare diskusjon av forholdet mellom innskrifta og *Egils saga* jf. elles Knirk 1994.

Jamvel om side b her har ein sekvens om å "rista runer", dreiar det seg i dette tilfellet som vi ser ikkje om den vanlege ristarformularen *X reist rúnar þessar*. Ettersom spørsmålet om runeristing er så sentral ein del av denne innskrifta, høyrer ho likevel innhaldsmessig på eit vis saman med dei innskriftene som har meir eintydig formelpreg.

[830] N-40930. (Tidlegare omtala: Fuglesang 1981: 22, 27; Hagland 1986: 16f, 49; 1988b: 22; 1990b: 13, 15, [43]; 1990c: 108; 1991: 72ff; 1994c: 255f, 262f; NIyR VI: 205 (omtala som A187).) Innskrifta står på ein gjenstand av tre, utskoren med zoomorf form. Gjenstanden er 98 mm lang, 7-35 mm tjukk; breiaste mål er 53 mm. Det er runer på ei side og ornament på hi. Funnet vart gjort i 1976, felt FA, hovudfase

3. Det inneber ei arkeologisk datering av funnkonteksten til periode som strekkjer seg frå slutten av 900-talet til midten av 1000-talet.

Innskrifta er 46 mm lang, runene 15-29 mm høge. Runene er i dag svært vanskelege å lesa, men r. 1-7 er såpass godt bevarte at den delen av innskrifta synest lite problematisk. Bogen på r. 1 er relativ liten og sentrert kring midten av staven. Nedre del av r. 2 er så nedsliten at han i dag er utradert. R. 3 (**r**) har nokså stor open boge med kvist som går ned til grunnlina parallelt med staven. Same karakteristiske form har også r. 7. R. 5 (**a**) er enkeltsidig. Mellom r. 7 og r. 8 er det eit mogleg ordskiljeteikn. Svake spor av eit punkt noko over midten kan tyda på at det her har vore eit topunkts skilje.

Frå og med r. 8 er innskrifta så nedsliten at spørsmålet kva som står, vert meir ope. Av r. 8 er nedre delen bevart, det vil seia restane av to parallelle snitt som heilt tilsvarar nedre del av føregåande rune (**r**). Over desse to parallelle snitta er det falle ut eit stykke av treet, men det som er borte synest å følgja ein snittkant slik at ein nokså klår kontur av ein **r** med nøyaktig same form som r. 3 og 7 står att. Det synest difor rett å lesa dette som **r**. Neste rune har stav og (svakt synleg) kvist ned til venstre og må kunna oppfattast som **a**. Deretter følgjer eit snitt som står litt på skrå i høve til føregåande stav, men det er ingen kontakt mellom dei to. Det kan lesast som **i**, men det kan heller ikkje utelukkast at det er restar av bogen i ein **u** vi her har konturen av. I tilfelle vil det måtta ha vore binderune **au**. Deretter følgjer eit kort snitt i posisjon som kort **s**, men med eit markert snitt frå nedre enden og opp mot høgre. Det er ikkje kontakt mellom dette snittet og toppen av eit snitt som følgjer etter det frå grunnlina og opp om lag til det nivå der det føregåande snittet endar. Det kan vera at desse opphavleg har høyrte i hop og utgjort ein langkvist **s**. Med eit viss atterhald er det såleis lese høg **s** her. Treet er likevel så utslite at spørsmålet om lesemane nødvendigvis vil måtta stå nokså ope. Heilt til sist er det bevart restar eit eit snitt mellom topp og grunnlinenivået for føregåande teikn, og kanskje eit snitt ned til venstre frå toppnivået for nest siste rune. Det er mogleg at dette kan lesast som (enkeltsidig) **t**.

Þ Æ R ʀ ǫ ʁ R. R(?) ʀ l(?) h(?) ʀ(?)

þ u r k a i r · r(?) a i(?) s(?) t(?)

Þorgeirr reist - 'Torgeir skreiv' (?)

Første del av innskrifta inneheld altså mannsnamnet *Þorgeirr*. Skrivemåte med **u** for vokalen /o/ og **ai** for diftongen /ei/ peikar attover i tid og stør det inntrykket av alder som gir seg ut frå den arkeologiske datering av funnkonteksten. Desse runologiske draga gjer det mogleg å rekna med at innskrifta er så gammal som frå tida kring år 1000 (jf. Sanness Johnsen 1968: 46). Ei stilhistorisk klassifisering av ornamantikken som Mammen-stil var i si tid gjort av Signe Horn Fuglesang (1981: 22) som elles såg innskrifta som "nonsensical". Om ho framleis held på den stilhistoriske kategoriseringa, er likevel uklårt. I ei inventarisering av gjenstandar prydde i Mammen-stil (Fuglesang 1991: 85ff) er gjenstanden frå Trondheim ikkje teken med. Om det vil seia at han snarare er å sjå som eit uttrykk for den følgjande Ringeriks-stilen (jf. Fuglesang 1991: 86) synest såleis uklårt. I vår samanheng er dette likevel ikkje så avgjerande. Klassifisering både som Mammen-stil og Ringeriks-stil vil høva godt med dei haldepunkt for datering som elles finst i dette tilfellet.

Innskrifta frå r. 8 og ut er så uviss at det kan vera vél dristig å gjera framlegg om nokon lese måte i det heile. Men med alle atterhald synest altså verbforma **raist** å vera mogleg. Det gir i tilfelle skrivemåten **ai** for diftongen /ei/ på same vis som det føregåande mannsnamnet. Tilsvarande skrivemåte av det sterke verbet *rísta* i 3. pers. pret. sg. har vi i N191 Storhedder II og Conchan, Middle, Isle of Man som er datert til perioden 930-950 (Sanness Johnsen 1968: 233f). Det er såleis mogleg at det er ein ristarformel vi har å gjera med her, men heilt sikre kan vi ikkje vera.

Eit bestemt aspekt ved funnomstenda for gjenstanden bør her ha interesse, i tillegg til dei meir allmenne dateringskriterium. Gjenstanden vart funnen inne i ein moldbenk, av det slaget som vart bygde langs golvet kring veggene inne i hus for isolasjon (jf. Hagland 1991: 72ff). Veden i bygningsfundamentet på eit tilgrensande hus på nøyaktig same nivå er dendrokronologisk datert, og tømmeret som er nytta, er sagt å vera felt i året 1011. Dette går godt saman med C14 datering (Stuiver-kalibrert) der tidfesting til perioden 990-1040 er gjort (I. Reed pers. komm.). Gjenstanden med runer stammar då rimelegvis frå eit bygg som er sett opp ein gong i tida 1020-1030 eller derikring. Men ettersom han er funnen inne i moldbenken, må han vera brukt og kassert på det tidspunktet då bygget vart reist. Ei datering av gjenstanden til tida kring tusenårsskiftet synest difor rimeleg, og det vil som vi ser høva godt med dei andre dateringane vi har vist til.

Å få grave fram ei innskrift frå tida kring år 1000 med namnet *Þorgeirr* i nett denne samanhengen er påfallande og har kanskje meir enn kuriøs interesse. I prologen til den såkalla store saga om Heilag-Olav nemner nemleg Snorri Sturluson ein informant til historia om dei norske kongane, Torgeir Avråðskoll, som med dette får spesiell interesse. Snorri seier det slik: *hann (=Ari fróði) ritaði sva sem hann sialf segir _fi Noregs kononga eptir sogo Odz Cols sonar Hallz sonar af Siðu. En Oddr nam at Þorgeiri afrazkoll þeim manne er vitr var oc sva gamall at hann bio þa i Niðarnesi. er Hacon iarll enn rici var drepinn* (Johnsen og Helgason (ed.) 1941: 2). Dette er den einaste referansen vi har til nokon Torgeir på Nidarnes frå den tida då Håkon jarl vart drepen. Det er vanleg konsensus om at det skjedde i 995. Det har vore diskutert ein del kva som ligg attom preposisjonsbruken *í Niðarnesi* i dette og likande tilfelle (jf. Hallan 1976: 26). Er det eit gardsnamn for området før byanlegget tok til å vaksa eller kva? Svaret på det er vel ikkje avgjerande for at vi relativt trygt kan gå ut frå at så særleg mange med namnet *Þorgeirr* kan det ikkje ha vore ved utløpet av Nidelva kring år 1000. Vi har sjølvsagt ikkje bindande evidens for å kopla den Torgeir i Nidarnes som Snorre refererer til, saman med Torgeir på denne innskrifta frå Folkebibliotekstomta jamvel om samsvaret i tid høver forbausande godt. Sjansane for at vi har å gjera med ein importert gjenstand kan vi til dømes ikkje sjå bort frå. På den andre sida fortel innskrifta oss om ein *Þorgeirr* på ein gjenstand som er graven fram or grunnen på Nidarnes og som truleg har tilhøyrt ein person som levde der kring år 1000. Ein slik samantreff kan ikkje utan vidare avvisast som evidens for at det verkeleg var ein *Þorgeirr* som budde der på den tida Snorre nemner. Jamvel om så er tilfelle, lyt vi framleis ta Snorri på ordet når det gjeld denne personens rolle som informant til historia om dei norske kongane.

[831] N-96784. (Tidlegare omtala: Hagland 1986: 53; 1990b: [46]; 1994c:255f; NOR 1986:8.) Innskrifta står på eit bein av storfe, avbrote i bae endar. Det er bevart i to stykke som høver i kvarandre og til saman er 174 mm lange. Breidda er 30 mm, og beinet er 7 mm tjukt på det tjukkaste. Det er runer på dei to breisidene. Funnet vart

gjort i 1985, i felt FW, hovudfase 2. Funnkonteksten er såleis datert til ein periode som strekkjer seg frå slutten av 900-talet til midten av 1000-talet.

Innskrifta på side a er 145 mm lang, og runene er 26-28 mm høge. På side b er innskrifta 46 mm lang og runene ca. 28 mm høge. Beinet er brote av på skrå i den eine enden. Toppen av r. 1-3 på side a har kryssa brotkanten og er no borte, mest av r. 1, minst av r. 3, jamvel om innskrifta tek til i god avstand frå ytste enden av beinet slik det er bevart. Alt dette viser at innskrifta er gjord før beinet har vorte brote opp til den form det har no. Innskrifta på side b går motsett veg og står i motsett ende av beinet, r. 1 står i god avstand frå brotkanten der.

På side a er altså toppen av r. 1 borte. Det som står att, er ein stav dregen litt lenger ned enn halvparten av full høgd på runene som følgjer rett etter. Det som er bevart tyder såleis på at det er resten av ein kortkvist *s* vi har å gjera med. Også r. 2 er defekt i øvre enden, i slik grad at lese måten her er meir uviss. Resten av ein stav er bevart med ein kraftig skoren kvist ned til venstre. Kvisten kryssar staven med eit mykje grunnare riss opp til høgre. Teiknet kan vera † (anten langkvist **a** eller **æ**). Det kan òg vera ei binderune **ak** eller noko anna, ettersom toppen ikkje er bevart. R. 3 har og mist toppen, men berre så lite at det aldri er tvil om at første rune etter ordskiljet er **r**. Liksom r. 16 og 26 har r. 3 open boge. R. 5 er kortkvist *s* utan noka form for punktering. Slik *s* er gjennomført i innskrifta (r. 8, 12 på side a og r. 3 på side b). Eit særmerkt drag ved denne innskrifta er difor at ho samstundes gjennomfører tosidig **t** (r. 6, 11, 22 på side a og r. 8 på side b). R. 8 er dregen i litt mindre rett line ned til om lag halv høgd av føregåande rune og litt på skrå. Det er eit tydeleg snitt og må oppfattast som kortkvist *s* slik det står. Følgjande rune, r. 9 er har stav i same lengd frå toppen og ned som r. 8 og kvist einsidig ned til venstre. Frå det punkt der staven på denne runa sluttar og eit stykke ned mot grunnlina er det likevel avskava eit lite felt av beinet. Nedom det avskava feltet visest eit tynt riss som *kan* tyda på at r. 9 opphavleg har vore dregen heilt ned til grunnlina for resten av innskrifta. I dette avskava feltet er det òg moglege restar av ein kvist ned til venstre, parallelt med den som er fullt bevart. R. 9 har på det viset form av **a** slik innskrifta er bevart i dag, men det er ting som tyder på at det opphavleg kan ha vore **o**, eventuelt stuttrune **b** (i Hagland 1994c: 255 er runa lesen som **a**). R. 10 er enkeltsidig **a**, liksom r. 15, 18, 20 og 23 på side a er det og likeins r. 5 og 9 på side b. Det kan vera eit argument mot å lesa r. 2 som **a**. Øvre del av staven til r. 15 følgjer brotkanten mellom del to bevarte

stykka av beinet. Det er likevel ingen problem med å lesa runa sikkert som **a**. Likeins følgjer nedre del av staven til r. 16 same brotkant. Heller ikkje det fører til noka uvisse når det gjeld lese måte. Nedre del av bogen og kvisten på denne runa er rissa i fleire snitt, truleg oppattrissing for å gjera teiknet tydelegare. Frå bogen og ned er det såleis drege tre ulike snitt for å markera kvisten. R. 21 (**n**) er enkeltsidig. R. 26 (**r**) skil seg litt i form frå r. 3 og 16 i og med at bogen er skarpare vinkla og at kvisten går nesten parallelt med staven ned til grunnlina. Av r. 27 på side a er berre staven fullt bevart. Elles er det berre bevart eit snitt ned frå toppen og til brotkanten. Det har form som nokså sikkert kan oppfattast som øvre del av bogen i ein **u**.

På side b er det altså liksom på side a ei blanding mellom kortkvist **s** (r. 3) og langkvist **t** (r. 8). Forma på runene er elles slik at det ikkje er grunn for anna enn å gå ut frå at bae sider era rissa av same hand. Spesielt ved side b er at r. 11 er tydeleg punktert (jf. Hagland 1994c: 255):

'(?) 1(?) : R | ' ↑ | ' 1(?) 1 ↑ ' N Y 1 R ↑ 1 Y 1 1 ↑ 1 Y * R N(?)[-
 a) s(?) a(?) : **r i s t i s o(?) a t s u m a r l a k a n t a k h r u**(?)[-

N Y ' | 1 N | ↑ 1 Y †
 b) **u k s i a u i t a m e**

a) *Sá(?) risti svá at sumarlangan dag hr*-- 'Den rista såleis at sommaren igjennom ??'

b) *Uksi á vit ame(n) (??)* - 'Okse er ved medvit amen!'

Det hefter fleire problem ved dei tolkingframlegg som er gjevne ovanfor. Den grunnleggjande uvisse knyter seg til tvilen om lese måte av r. 2 og 9 på side a. Som vi har sett, kan r. 2 truleg lesast i alle fall på to andre måtar enn den som er vald ovanfor. Korkje **sæ** eller **sak** synest å kunna gi språkleg meining. Det treng i seg sjølv ikkje vera grunn god nok til å meina at lese måten **sa** er den rette, så den lese måten er lagd til grunn for tolkinga med alle atterhald .

Lesemåten av r. 9 som **o** er også svært uviss, som vi har sett. Men lese måten **soa** = *svá* har støtte i tilsvarande skrivemåtear som **soerþ** = *sverð* og **koalt** = *kveld* som vi elles har belegg for (jf. N815 ovanfor). Alternativet med å lesa runa som **a** vil kunna gi ein språkleg mogleg konstruksjon: *Sá risti, sá at sumarlangan dag hr--*

=`Den (han) rissa, den som sommaren i gjennom ??'. Det vil seia ei relativsetning innleidd med *at*, slik det elles er godt med døme på i norrønt, også etter eit demonstrativ slik som her (Jf. Nygaard 1905: §267b). Ein kunne evt., slik Vésteinn Ólason har gjort framlegg om (NOR 1 1986:8), også lesa: *Sá risti, sá át (?)*, *sumarlangan dag, hru---* ('Den rissa som át(?) [kjøtet på beinet] ein sommarlang dag, hru--'). Det bør i den samanheng kanskje understrekast at beinet med innskrifta ikkje er av vêt (*hrutr*).

Det å lesa r. 9 som stuttrune **b** i ei så gammal innskrift som vi synest å ha å gjera med her, kunne underbyggjast med parallellar frå same periode eller før. Det må likevel understrekast at alle desse er frå austnordisk (svensk) område. Sm 27 Rottnekvarn skal ha hatt langkvist **a**, **t** og stuttrune **b** med tosidig kvistsett (Sanness Johnsen 1968: 25). Sk 29 Elleköpinge har kort **s**, langkvist **t** og stuttrune **b** (høgrevendt kvistsett). Same variantar finst også, om ikkje einerådande, på Ög 22 Rök og Vg 25 Sparlösa (Sanness Johnsen 1968: 23). Med alle atterhald kunne altså tolkinga *Sá risti spá at* - også veljast som framlegg her. Det ville gi innskrifta eit innhald som peikar i retning av religion eller magi, og jamvel om verbet *rista* (sv.v.) er nytta, har vi ikkje å gjera med nokon ristarformular på line med dei innskriftene i tilfanget frå Folkebibliotekstomta der vi elles finn verbet i sterk eller svak form. Uttrykket *rista spá* synest likevel ikkje å vera belagt i andre kjelder. Men språkleg og innhaldsmessig ville det i tilfelle stå nær uttrykket og talehandlinga *segja spá* som vi har belagt både frå lovtekster og elles. Alt i dei eldste lovene er det sett strenge straffer både for å *segja spá* og for å høyra på den slags (jf. KLN 16: sp 541ff). Korleis denne innskrifta, som truleg ikkje er yngre enn midten av 1000-talet, ville ha falle ut juridisk i så måte, er vel ikkje så sikkert. Tiltaka mot spådom, spåkarar og kjerringar i dei eldste lovene var truleg åtgjerder mot heidendom og den slags. Kor tidleg utøvarar av slik aktivitet vart sett på line med drapsmenn og ubotamenn vil difor vera uvisst. Det å *rista spá* har i alle fall vore alvorleg nok. Björketorp steinen frå andre halvdel av 7.hå. har på side a **uþArAbAsbA**, av Krause (1971: 140f) tolka som *óþarf-spá!* = "Schadenprophezeiung" i ein kontekst (side b) der det både er nemnt *heiðrúna(r)* og *ginn-rúnar*.

Kva ristinga eigentleg har gått ut på her, får vi ikkje vita ettersom beinet er avbrote før utsegnen er avslutta. At-setninga inneheld etter alt å dømme eit tidsadverbial **sumarlakantak**. Den mest rimelege tolkinga av dette må vera å sjå det som eit nominalhypotagme med adj. *sumarlangr* og subst. *dagr* i akkusativ, brukt på

vanleg måte som tidsledd: *sumarlangan dag* - 'sommaren igjennom'. Samansett adjektiv *sumarlangr* er berre belagt i neutrum som adverbial i standard oppslagsverk som Fritzner. Blöndal gir forma *sumarlangur* frå nyare islandsk. Han har også med uttrykket *sumarlangan daginn* - "hele den udslagne Sommerdag", nokså nøyaktig same uttrykket som vi har i innskrifta. Det er ingen grunn til å tru at den islandske uttrykksmåten her er av ny dato.

Sekvensen **hru**(?)[-- til slutt på side a lyt sjølvsgagt stå open. I setningssamanhengen ser det ut til å vera tale om eit verb. Dersom siste rune r **u**, kan vokalen i denne innskrifta truleg vera både /u/, /o/ og kanskje /y/. Det avgrensar sjølvsgagt noko, men konteksten her tillet ikkje anna enn rein gissing i noko tilfelle så spørsmålet om kva verb det kan ha vore, skal få stå ope her. Interessant er det likevel at vi her har **h** før **r**. I norske innskrifter elles er dette fenomenet berre kjent i N061 Alstad I og N213 Skollevoll. I Skollevoll-innskrifta har skrivemåte med **hr** i kombinasjon med bruk av **u** for lydverdien /o/ vore tolka som eit tidleg 1000-tals fenomen (NIyR III: 109). Dei arkeologiske omstenda kring funnet av denne innskrifta frå Folkebibliotekstomta er slik at ei tilsvarende datering synest mogleg, og at vi såleis her har å gjera med eit norsk belegg der /h/ er bevart før /r/. Vi kan sjølvsgagt ikkje sjå heilt bort frå at denne skrivemåten representerer islandsk eller eit anna utbygdsmål der slik /h/ endå var halden ved lag tidleg på 1000-talet.

Heller ikkje side b kan seiast å gi klår språkleg meining. Sekvensen **uksi** er her tolka som mannsnamnet *Uxi*, evt. *Oxi*. Det kan forsvarast med belegg frå islandske sagatekster, det finst referanse til personar som skal ha levd på Island frå 900-talet og fram til 1200-talet (Lind 1905-15: 1062f.). Ein *Uxi at Heiðarhúsum* er såleis nemnd i *Finnboga saga ramma* (Guðni Jónsson ed. 1947: 320), ein *Oxi Hialtason* i *Jóns saga helga* (Guðni Jónsson ed. 1962: 34, 93). Den sistnemnde er omtala som kyrkjebyggjar på Island i tida før Jón vart biskop på Holar (1106). Jamvel om det ikkje er så mange belegg, synest tradisjonen om at namnet *Oxi/Uxi* har vore nytta å vera slik at vi må kunna sjå det som eit reelt personnamn. I dette tilfellet der det språklege kriteriet med **hr** synest tvitydig i heimfestingssamanheng, vil det faktum at alle kjende belegg med namnet elles er islandske, ikkje kunna vega så tungt.

Resten av innskrifta, **auitame**, kan sjåast som verbet *eiga* i 3. pers. pres. sg., slik subjektet *Uksi* krev det, med subst. *vit* n som objekt i akkusativ. Meininga vil då kunna bli den som er gjeven ovanfor: 'ha medvit', 'vera ved medvit', kanskje òg 'vera

fornuftig', `ha vett'. Det nærliggjande uttrykket *hafa vit* er ordboksbelagt (Fritzner), men ikkje *eiga vit*. Alternativt vil sekvensen **auit** kunna sjåast som prep. *á* og subst. *vit* n (akk.) = `på vitjing'. Heile side b ville då måtta oppfattast som ein nominalfrase: `Okse på vitjing, ame(n)' (jf. Nygaard 1905: 30). Ei slik tolking vil kunna gi rom for mange moglege kontekstar som ikkje skal utdjupast her.

Endeleg lyt det også takast eit visst atterhald om sekvensen **ame** til slutt på side b kan oppfattast som det kristelege *amen* eller ei. Noko språkleg alternativ synest ikkje rimeleg. Men ettersom innskrifta elles, trass det tilfellelege ved skriveunderlaget, verkar ganske godt forseggjort, er det kanskje litt påfallande at ho er ufullført på det viset. Var *Uksi* der kanskje før ristaren vart ferdig? I så fall gir den alternative lesinga god meining! Slike kontekstar kan vi sjølvsagt laga i det uendelege, og alle 'løysingar' på dei problem innskrifta stiller oss for, vert sirkulære. Noka definitiv tolking av ei innskrift som dette kan altså neppe gjevast. Det vi kan understreka her, er at side b ser ut til å vera bevart slik ho vart rissa. Det er ingen spor av runer ut mot brotkanten før r. 1.

[832] N-94416. (Tidlegare omtala: Hagland 1986: 53; 1990b: [46]; 1994c: 255f, 264; NOR 1986: 8.) Innskrifta står på eit sidebein av naut, 156 mm langt, 23-27 mm breitt, 8 mm tjukt på det tjukkaste. Det er runer på den eine sida av beinet. Funnet vart gjort i 1985, felt FU, hovudfase 3. Det vil seia ei arkeologisk datering av funnkonteksten til ein periode som strekkjer seg frå slutten av 900-talet til midten av 1000-talet.

Innskrifta er 96 mm lang, og runene er 13-16 mm høge. Ho byrjar og sluttar i god avstand endane og må såleis vera bevart i si opphavlege, fulle form. Bogen på r. 1 (**r**) er open og nokså skarpt vinkla. Han når ikkje heilt opp til toppen av staven. Nedre delen går over i kvist utan å tangera staven. Bortsett frå draget med bogen som ikkje når heilt opp til topps på staven, tilsvarar den litt vinkla **r**-forma med små variasjonar utforminga av **r** elles i innskrifta (r. 4, 11 og 15). Nedre kvist på r. 3 (**f**) er ikkje dregen heilt opp til same nivå som toppen på staven og kvisten over. R. 5 (**a**) er enkeltsidig, sameleis som **a**-ane elles (r. 10, 12 og 24) er det. Nedre delen av bogen i r. 6 (**b**) er dregen over staven, slik at det kunne sjå ut som om det her var tale om binderune **ab**. Det synest likevel mest rimeleg å sjå dette berre som **b**, og at den ekstra

"kvisten" ned til venstre er resultat av litt raskt og skøytelaust arbeid med kniven. Etter r. 6 er det truleg to snitt, eitt på nivå med topplina for føregående og følgjande rune og eit ganske svakt ved bogen på **p**. Dette må truleg oppfattast som eit ordskilje. Det er elles ikkje ordskilje i innskrifta, så det må stå litt ope kva det er vi her har å gjera med. Snittet er i utgangspunktet plassert så nær staven på r. 6 at det vel ville ha kryssa eller tangert bogen på den runa om det var drege lenger ned. Det kan såleis også vera at ristaren har starta på den følgjande runa (**i**) litt for tett innpå r. 6 og så avslutta snittet då tabben vart oppdaga. Den følgjande **i** er i samsvar med den oppfatninga rekna som r. 7 her. Kvisten på r. 8 forlet staven eit lite stykke nedom toppen. I høve til r. 19 synest høgdeskilnaden i plasseringa av kvisten (ned til høgre) distinktiv, slik at r. 8 er lesen som **l** og r. 19 som **n**. Kvistane på r. 22 (**h**) kryssar kvarandre litt til venstre for staven. Det gir liksom snittet mellom r. 6 og 7 inntrykk av at innskrifta gjort litt i ein fei. Elles går bogen på r. 23 (**u**) ut frå staven eit stykke ned for toppen, i motsetnad til føregående r. 13. Etter r. 24 er det eit snitt ned frå topplinivå for innskrifta og ned mot midten. Det skjer over kvisten som går ned til venstre frå toppen av staven som står til slutt i innskrifta. Til saman kan dette gi inntrykk av å vera ein langkvist **s**. Ettersom vi elles har stutt **s** (r. 17) er dette lese som ein sekvens av stutt **s** + (enkeltsidig) **t** snarare enn som eitt teikn:

R | F R | P : (?) | T F | R | N Y R | ' 1 T | Y * N | ' 1

r i f r a p : (?) i l f a r a u k r i s t n o k h u a s t

Rif ráð í l[ʔg] far auk rist nóg hvast!

˘Tyd beinet, far i elva (til havs) og rist kvast nok!

Jamvel om verbet *rista* (*rísta*?) er med, er det heller ikkje her tale om nokon ristarfomular i den forstand som (N825-830) er det. Innskrifta synest snarare å vera forma som ei slags gåte, med oppmoding om å tyda det som står (*ráð*), slik vi har fleire døme på elles (jf. NIyR III: 198, IV: 151 m/tilvisingar). I slike tilfelle er det oftast eksplisitt oppmoding om å tyda runer: *ráð rúnar* (jf. òg Hagland 1993c: 168). I dette tilfellet må objektet til imperativforma av verbet *ráða* vera *rif*, som her må visa til beinet med innskrifta, *rif* n = sidebein. ˘Tyd sidebeinet' må såleis kunna skjønast som "innskrifta på sidebeinet". Om dette utgangspunktet for tolking er rett, synest sekvensane **far** (r. 9-11) og **rist** (r. 15-18) også å kunna oppfattast som imperativar:

ráð, far auk ríst (rist?). Eit argument for å sjå det slik finst kanskje i ei truleg mykje yngre innskrift frå Bryggen i Bergen med ein liknande serie av imperativar i tilknytning til det å 'råda runer', der det heiter: **sæst : niþr : ok : rat : runar : ris : upokfsuit** - *sezt niðr ok ráð rúnar, rís úpp og fíis við!* (B 584, jf. Spurkland 1991: 312). Også N160 Skeisteinen synest å ha denne formularen. Tilsvarande i ei sidebeinsinnskrift har vi truleg frå Skara i Sverige (Kv. Rådhuset nr. 30, funn 4, jf. Fv87:172) arkeologisk datert til første halvdel av 1200-talet: - **stu-niþir-ok-raft-runur-si**. Ein parallell som sannsynlegvis er noko eldre finst på ei sidebeinsinnskrift frå Sigtuna i Sverige (Kv. Trädgårdsmästaren, funn nr. 17736, jf. Fv87: 164): **raftnuenþu** (*ráð nú, en þú* - tyd no, og du-'). Apellativet *rif* i slike innskrifter på sidebein finst det òg gode parallellar til i svenske mellomalderfunn (Sigtuna, kv. Trädgårdsmästaren, funn 22145; Sigtuna, kv. Ödåker, funn 1, jf. Fv87: 166 og 168; også bunden form **refen** i Ög 173 Skärkind kunne nemnast i denne samanhengen). Kva den sosiale konteksten har vore for innskrifter av dette slaget kan vi vel berre gissa oss til, men ei eller anna form for tidtrøyte i godt lag kan nok tenkjast. At slik underhaldning stundevís kunne verta litt grovkorna, slik tilfellet er med bergensinnskrifta, viser kanskje at vi ikkje nødvendigvis treng ta innskrifter av dette slaget så alt for alvorleg, men like gjerne sjå dei først og fremst som leik.

Også innom ei slik tolkingsramme som den det er gjort framlegg om her, er det fleire opne spørsmål. Ein hovudvanske ligg i problemet korleis vi skal skjønna sekvensen **ilfar** (r. 7-11). Om vi skal oppfatta r. 8 som **I**, og sjå bort for snittet mellom r. 6 og 7 som eige runeteikn, er det ikkje så mange høve for å få språkleg meining ut av det heile. Ettersom det i alle fall synest å vera spørsmål om å kunna *ráða rif*, her oppfatta som *rúnar á rif*, må vi òg kunna tenkja oss at det ligg ei lita gåte gøymd i innskrifta, ei gåte som føreset visse kunnskapar til prinsippa attom fuþorken. I det framlegg til tolking som her er gjort, er sekvensen **il** sedd som prep. *í* + namnet på runeteiknet **I** = *ligr*. Å knekkja denne koden kunne såleis vera ein del av oppgåva med det å "tyda sidebeinet" som innskrifta ber om i imperativ. Kva uttrykket *fara í ligr* i så fall refererer til, lyt sjølv sagt stå nokså ope i ein samheng som denne. Det vil m. a. vera avhengig av om subst. *ligr* m har vore brukt som vanleg appellativ på den tida innskrifta vart til, eller om det t.d. har vore eit poetisk, metaforisk, ord slik vi finn det i poesien. Lex. poet gir t. d. "hav, sø" og gir elles belegg der det er brukt "om

elve". Det siste har støtte i det såkalla norske runediktet, der det heiter om runa \uparrow (jf. Finnur Jónsson 1915: 249):

\uparrow [=l \uparrow gr] er, er fællr or fjalle `Elv er det som fell frå fjell
foss, en gull ero nosser i foss, men gull er pryd'

Tolkinga av denne innskrifta som ei gåte der løysinga byggjer på ein viss kunnskap til systematikken i runeskrifta, har sjølvstund ein del føresetnader som vanskeleg let seg etterprøva. Det gjer at framlegget ovanfor må takast med alle atterhald. Det viktige punktet som kviler på lesinga av \uparrow som l \uparrow g(r), representerer likevel "en fremgansmåte som er godt bevidnet i runeskrift" (NIyR IV: 124, jf. òg II: 88f). Tolking av N191, Storhedder II, der sekvensen **ra** er lesen som *reið + ár = Reiðar*, N339, Urnes XXII, der **t** er lesen som *týr* (vb.), N450, Strand, med **n** = *nauð*, skulle vera gode parallellar til støtte for den lesinga som er vald her.

Den språklege løysinga som såleis synest mogleg, seier oss likevel ikkje noko om meining og føremål med ei slik innskrift. Kva det skulle innebera å *fara í l \uparrow g*, anten det no skal skjønast som `hav' eller `elv', eller berre `vatn', lyt i alle fall stå ope. Likeins vert vi svar skuldige på spørsmålet kvifor det skulle ristast `kvast nok'. Med den ovannemnde innskrifta frå Bergen og den frå Skara som parallellar kan ei eller anna form (verbal) mannjamning tenkjast, kanskje med oppgåver som skulle løysast i lystig lag. Men bindande argument for det kan ikkje gjevast.

VI. INNSKRIFTER ELLES MED SETNINGSFORM

[833] N-25959. (Tidlegare omtala: Hagland 1986: 43; 1988b: 22; 1990b: [37]; 1991: 66.) Innskrifta står på eit flatt runekjevle, avbrote i eine enden. Det er 68 mm langt, 23 mm breitt og 4,5 mm tjukt slik det er no. Kjevlet har runer på båe breisidene. Funnet vart gjort i 1975, felt FE, hovudfase 7/8. Det vi seia i funnlag som er arkeologisk daterte til tida mellom ca. 1175 og ca. 1275.

Innskrifta på side a er 66 mm lang, staven i brotkanten på kjevlet medrekna. Runene er 22 mm høge. På side b er innskrifta 19 mm lang og runene også der 22 mm høge.

R. 1 på side a er rissa med to parallelle skarpe snitt, men det kan neppe vera tvil om at teiknet skal lesast som stutt **s**. Nedre del av r. 2-4 er avskala, utan at det skaper tvil om lese måten. Dei to bogane på r.2 står fritt utan kontakt med kvarandre. Den øvste av bogane har udiskutabelt punktering, den nedste meir uvisst slik gjenstanden er bevart, men det er likevel liten tvil om at runa er rissa som punktert **b**. Jamvel om nedre del av r. 3 er skadd, er øvste delen av kvistane bevarte og runa kan lesast sikkert som **y**. R. 4 (**r**) har lukka boge med kvist frå staven og ned til høgre i klår avstand frå nedre del av bogen. Nøyaktig same form har r. 8. R. 6 er, ulikt r. 1, **s** med langkvists form. Etter r. 12 (**h**) er det tydeleg spor etter ein stav som følgjer kanten der kjevlet er avbrote. Det er ingen spor av kvistar til venstre.

På side b er det først, i god avstand frå r. 1, tre snitt. Det første er berre synleg ned mot grunnlinenivået, dei to andre dekkjer breidda på kjevlet. Det siste av desse snitta har noko som kan sjå ut som ein kvist ned frå midten og ned til høgre, og kan såleis kanskje oppfattast som **n**. Denne kvisten kan i så fall ikkje vera rissa med same reiskap. Han er mykje meir avrunda i snittet og ser såleis helst ut til å vera eit pressmerke i veden. Alle desse tre stavliknande rissa er elles overstreka med skarpe skråsnitt, slik at det synest å ha vore gjort ei medveten utradering på eit eller anna tidspunkt. Om dette er ei retting gjort av den som elles har rissa innskrifta, kan neppe avgjerast med visse. Snitta er ikkje rekna som del av innskrifta her. R. 2 på side b er også langkvist **s**, speglvend i høve til **s**-forma på side a. R. 3 står elles så langt frå brotkanten at det ikkje synest å ha vore noko direkte framhald av den sekvensen på den sida. Det er heller ikkje merke etter ordskilje som i tilfelle ville gi eit sikkert teikn på at det har vore eit framhald også på den sida:

' B ʌ R ʌ ʀ ʌ R ʌ ʀ ʌ * [.--

a) **s p y r a s t r i þ i h** [.--

? ? ? ʌ ʀ ʌ [.--

b) ? ? ? **a s t** [.--

a) *Spyr Ástriði h* [.-- 'Spør Astrid om/kven ---' eller 'Oppspor Astrid kvar---'

b) *Ást* 'Kjærleik' eller *Ást(riðr)* 'Ast(rid)'

Ettersom det ikkje er spor av kvistar til venstre på den bevarte staven etter r. 12, er **u** ein av dei få moglege runene som her kan stå etter **h**. Eit naturleg framhald vil i dette tilfellet vera spørjepronomenet *h(várt)*- som innleiing til ei avhengig spørjesetning. Ei mogleg tolking av denne imperativssetninga vil då vera å sjå verbet *spyrja* som tilsvarende moderne norsk 'spørja' med akkusativ (*Ástriði*), følgt av ein avhengig spørjesetning: 'Spør Astrid om--'. Men det språklege innhaldet av side a kan vera fleirtydig slik innskrifta er bevart. Setninga *Spyr Ástriði--* vil også kunna følgjast av spørjepronomenet *hverr* - 'Spør Astrid kven--'. Verbet *spyrja* med akkusativ på norrønt kan dessutan tyda å oppspora nokon - "Opspore, ved Forfølgelse av ens Spor finde ham, faa grebet ham" (Fritzner). Om det er dét innhaldet av verbet som her ligg til grunn, vil framhaldet kunna ha vore *h(vert)*, *h(vernig)*, *h(versu)* e.l.: 'Oppspor Astrid kvar/kva veg/korleis ---'. Språkleg er alle desse løysingane moglege. Diverre har vi ingen kontekst som kan hjelpa oss til å velja den eine eller den andre. For side b fører neppe så mykje lenger i så måte. Til saman dannar sekvensen **ast** problemfritt ordet *ást* f = 'kjærleik'. Det kunne tenkjast at dette opphavleg har vore ei oppatt-taking av namnet *Ástriðr*. Men ettersom det ikkje ser ut til å vera noko direkte framhald av innskrifta på den sida, står vi truleg att med ordet *ást* som det einaste moglege her. Det kan kanskje gi tilfang til ein kontekst der ein kjærleikssjuk eller sjalu kjærast på dette vis vil ha hatt nokon til å fotfølgja denne Astrid, men det gir sjølv sagt ikkje mykje ut over det reint spekulative. Det fleirtydige ved innskrifta lyt difor stå ved lag, same kor gjerne vi i dette spesielle tilfellet skulle ha hatt heile samanhengen.

Eit særmerke ved denne innskrifta er at både 'ʌ, ʀ og ʀ er nytta med lydverdien /s/. Ei liknande blanding av kort og lang **s** i same innskrift er også dokumentert i eit par

tilfelle frå Bryggen i Bergen (jf. Seim 1982: 37 og N735 der lang s kan vera meint å stå for stor førebokstav. Sjå elles Knirk 1987: 200).

At vi elles finn punktert **b** med lydverdien /p/ i ei innskrift med slik arkeologisk datering som vi har i dette tilfellet, høver svært godt med det vi veit frå før om kronologien i utviklinga av punkterte runer (jf. NIyR V: 244).

[834] N-26365. (Tidlegare omtala: Hagland 1986: 26 f, 44; 1988b: 23; 1990b: 24, [37]; NIyR VI: 176, 206 (omtala som A150).) Innskrifta står på eit flatt kjevle av tre, avbrote i den eine enden. Den bevarte delen av kjevlet er 105 mm lang og har eit største tverrsnitt på 14 x 6 mm. Det er runer på båe breisidene, men ut mot bakre brotkant er veden på båe sider så defekt at runene er borte. Funnet vart gjort i 1975, felt FF, hovudfase 9. Det vil seia i ein arkeologisk kontekst som er datert til perioden mellom ca. 1275 og ca. 1325.

Side a er 108 mm lang frå r. 1 til restane av den runa som kan skimtast i bakre brotkant, og runene er 8-12 mm høge. Side b av innskrifta er også 108 mm lang, frå r. 1 til og med den defekte runa som står heilt i bakre brotkant av kjevlet også der. Runene er som på side a frå 8 til 12 mm høge.

På side a har r. 5 kanskje punktering, men det er svært vanskeleg å fastslå det sikkert, jamvel med stereolupe. Punkteringane på r. 8 (**e**), 13 (**ü**) og 16 (**g**) er det derimot ingen tvil om. Det er gjennomført **r** med lukka boge (r. 6, 9, 15). R. 11 og 13, **u**, har boge eit stykke ned frå toppen av staven. På r. 21 derimot synest bogen å gå frå toppen av staven, men det kan ikkje seiast heilt sikkert, ettersom noko av toppen der kan vera borte. Denne runa er elles opphavleg rissa som **p**, men sidan retta til **u**, truleg er den følgjande r. 22 føregripen under litt rask rissing. Same form av **b** (r. 23) er også nytta på båe sider. Elles er veden kring toppen av r. 23 og 24 heilt avskala, utan at det dermed vert problem med lesemåten. Etter r. 24, derimot, er også denne sida av kjevlet så medteken at det er uråd å lesa kva som har stått. Nedre del av to stavar kan skimtast, så eit mogleg ordskilje. Etter det kan nedre del av endå tre, kanskje fire, stavar lesast og så endeleg konturen av ein mogleg **r**

R. 1 på side b er tydeleg punktert. Mellom r. 2 og 3 er det eit eittpunkts ordskilje. Det same gjeld mellom r. 8 og 9, 13 og 14, 20 og 21 og mellom 22 og 23. Avvik frå

denne praksisen finst ein gong, mellom r. 6 og 7 der det er dobbeltpunkt. Bogen på r. 4 (**u**) står eit stykke ned på staven. R. 5 har udiskutabel punktering, likeins som r. 15 og 19 i det følgjande har det. R. 11 og 13 (**r**) har lukka bogar sameleis som på side a. R. 21 er binderune av **o** og punktert **b**. Bogane i **b** er dregne i eitt utan kontakt med staven på midten. Det same gjeld r. 23, der skiljet mellom dei to bogane berre så vidt er markert med eit svakt innsving midt på. Runa ser ikkje ut til å vera defekt, og ettersom nedre del av nedste boge berre svingar inn i retning mot staven, kunne denne forma også sjåast som ein variant av **r**. Jamført med **r**-formene elles (r. 11 og 13) synest det likevel mest nærliggjande å lesa runa som **b**. Av r. 24 er staven og dei to kvistane ned til venstre godt bevarte. På høgre side av staven er veden så avskala at det ikkje kan avgjerast sikkert kva som følgjer etter. Restane av to stavar er bevarte før eit langt avskala stykke av veden der ingen riss står att. Heilt mot enden kan atter skimtast eit lite snitt i topphøgde med runene elles og ein mogleg punktert **t**. Dei litt særmerkte draga som er felles for baa sider, viser temmeleg sikkert at det må vera same hand som har skore heile innskrifta:

l l l t e r m e r n u · i ü a r · g o þ a · k u[<þ] þ: b ø

a) **i l l t e r m e r n u · i ü a r · g o þ a · k u[<þ] þ: b ø**

?? . ? ? ? R(?)[---

?? . ? ? ? r(?)[---

l l l t e r m e r n u · i ü a r · g o þ a · k u[<þ] þ: b ø

b) **e k · h u g i : a t f i r i r · s e k o m e t · o p t · b o(?) ? ? [...] s(?)**

l(?)[...]

d(?)[...]

a) *Illt er mér nú, Ívarr, góða, Guð bø[---* `Det står ille til for meg no, Ivar, med venskap/ med avkastning. Gud bø(n)---

b) *Ek hugi at fyrir sé komit opt bo ?????* `Eg trur at (???) ofte er komme i vegen for ---'

Ettersom det må vera same hand som har rissa baa sider, er det rimeleg å gå ut frå at det har vore ein tekstleg samanheng dei to sidene imellom. Det er ikkje heilt opplagt kva som har representert byrjinga og kva som har vore framhaldet i den fragmentariske

bodskaperen vi har overlevert. Den rekkjefølgd mellom side a og b som her er vald, gir høve til å sjå side b som ei grunngeving for ein vanskeleg situasjon som synest å ha vore meddelt på side a. Noko strekt argument for val av rekkjefølgd mellom dei to sidene kan teksten i si noverande ufullstendige form ikkje gi. Både side a og b kan tenkjast å ha stått først (jf. Hagland 1990b:[37]).

Bruken av punktert **u** (translitterert **ü**) representerer eit litt uvanleg runologisk drag ved denne innskrifta. I materialet frå Folkebibliotekstomta har vi elles slik punktert **u** i N794 der teiknet utan tvil står for /o/ og /ɔ/, og i N817 der det synest mest nærliggjande å sjå det som del av ein tradisjon vi elles kan finna i Noreg og Sverige med markering av [v]. Eit argument mot å sjå bruk av punktert **u** som /o/ her, er at den bevarte delen av innskrifta elles alltid nyttar **ʀ** for /o/ (r. 17 på side a, r. 17 og 21, kanskje r. 24 på side b), jamvel om det også finst tilsvarende vakling i ei grønlandsk innskrift der punktert **u** er nytta med lydverdien /o/ (Herjolfsnes III, jf Stoklund 1981: 143). Etersom lydverdien /y/ av punktert **u** her må vera uaktuell, vil den utskilde sekvensen r. 12-15 på side a mest sannsynleg måtta tolkast som *Ívarr*, ikkje som *Jóarr*.

Sekvensen **gopa**, r. 16-19 på side a, er tolka som gen. sg. av subst. *góði* m. Det har både tydinga 'velvilje, vennskap' og 'eit gode, avkastning' ("Udbytte som man faar af noget" Fritzner). Uttrykket *e-m er illt (til) e-s* er elles litterært belagt ("[have] Vanskelighed ved at faa" Fritzner). Båe tydingsinnhald av *góði* kan godt tenkjast i den samanhengen dei står her. Det med avkastning vil ikkje minst høva godt i det miljø som synest å ha hatt tilhald her ved dei tider då innskrifta synest å ha vorte til. Nordeide (1989: 107) konkluderer i sin funksjonsanalyse av hovudfase 9 med at "feltene FE, FF og FGV har opprettholdt en status som utleieområde for visse håndverksgrupper, særlig skomakere og beinhåndtverkere. På FF har de i tillegg drevet med fiske, og kanskje med litt smiing og handel (vektlodd)".

Slutten av side a: **kup bø(?)**[--- vil diverre nødvendigvis måtta bli ståande open. *Guð bæ(nheyri)*--- synest nærliggjande, men kan sjølvsagt aldri verta anna enn gissing.

Sekvensen **hugi** (r. 3-6) på side b kan neppe skjønast annleis enn verbet *huga*. Det er vanlegvis ordboksført som -verb, og i så fall skulle vi ha venta forma **huga**. Forma *hugi* i 1. pers. pres sg ind. vil her kunna vera eit godt argument til støtte for heller å sjå dette verbet som -verb, kanskje analogisk danna etter *duga*, slik Jóhannesson (1956: 205) er inne på.

Skrivaren synest å ha hatt til rådvelde ein fullt utvikla mellomalder-fuþork. Eit drag som dobbelt I for lang /l/ viser truleg "litterær skrivevane" (NIyR V: 244). Den meir fintmerkjande skrivemåten som såleis er nytta, ber tydeleg bod om vokalharmoni hos skrivaren (*hugi, firir* men *komet*). Det er eit språkdrag vi ville venta å finna i litterært skriftspråk frå Nidaros i den perioden som her er aktuell, og som såleis kan knyta innskrifta til Trøndelag også reint språkleg. Til saman er dette runologiske drag som stør opp under den relativt seine dateringa som kan utleiast på arkeologisk grunnlag.

[835] N-33434. (Tidlegare omtala: Hagland 1986: 48; 1990b: [41]; 1994c: 258 ff, 264.) Innskrifta står på ein gjenstand som ser ut til å vera ein slå av tre. Gjenstanden er 385 mm lang og har eit ovalt tverrsnitt, 49 x 21 mm på det tjukkaste. Det er runer på den eine breisida. Dei er rissa frå kvar sin ende og står opp-ned i høve til kvarandre. Funnet vart gjort i 1975, felt FL, hovudfase 4. Det vil seia arkeologisk datering av funnkonteksten til andre halvdel av 1000-talet.

Dei to delane av innskrifta er i det følgjande kalla side a og b. Side a er 157 mm lang (frå innråmande kryss til kryss), og runene er 28-33 mm høge. Side b er 70 mm lang og runene ca. 30 mm høge. Båe sider tek til i god avstand frå kvar sin kant. Runene er elles tynne i risset og relativt vanskelege å lesa slik treet er bevart.

Side a er innråma av eit kryss før første rune og eit etter siste. Bogen på r. 1 og r. 6 (**u**) går frå toppen av staven. Det same gjeld r. 1 og 5 på side b. Kvisten på r. 3 (**n**) har svak bogeform og skil seg med det frå r. 4 (**t**) og tilsvarende kvistar elles i innskrifta som alltid er rissa som rette liner. R. 7 kan sjå ut til å ha hatt punktering, men veden er slik at alle atterhald må takast. Det faktum at punktering elles ikkje kan sporast i innskrifta, gir grunn til aktsemd i så måte (jf. Hagland 1994c: 260). Ordskiljet mellom r. 8 og 9 har tre punkt. Mellom, delvis over r. 10 og 11 går det to tynne parallelle snitt på skrått. Dei ser ut til å ha komme der på eit anna tidspunkt enn då runene vart rissa og kan ikkje sjåast som del av innskrifta.

På side b har runene nokså nøyaktig same form som på side a. Ordskiljet mellom r. 7 og 8 har berre eitt punkt. Etter r. 11 går det to snitt frå grunnlinenivå og opp til høgre. Dei skil seg ut og høyrer truleg ikkje til innskrifta. I ein avstand på ca. 20 mm frå siste

stav (r. 11) står det fire tynne snitt på ca. 10 mm etter kvarandre i høgd med toppen av runene framom:

× ᚱ | ᚠ | ᚠ | ᚠ | ᚱ | ᚱ (?) | ᚠ : ᚠ | ᚠ | ᚱ | ᚠ | ᚠ | ᚠ | ᚠ | ᚠ | ᚠ ×

a) × **u i n t a u k (?) a : a l o k a ᚱ s ᚱ i t a** ×

ᚱ | ᚠ | ᚠ | ᚠ | ᚱ | ᚱ | . | ᚠ | ᚠ | ᚱ | ᚱ ?

b) **u i t a u k i · l o k a ?**

a) *Vindauga álokað[?]* (*e*)s þetta - 'Eit opplate vindaug er dette'

b) *Vindauga loka(ð)[?]* - 'Eit lukka vindaug'

Tolkinga som er gjort ovanfor, har fleire usikre punkt. Sekvensen **alokaᚱ** (r. 9-13 på side a) vil kunna gi verbalforma *álokað*. Noko verb *áloka* er likevel ikkje ordboksført. Derimot er eit *afloka* kjent i tydinga 'lata opp' ("opplukke" - Fritzner). I samansetjingar er elles partikkelen *af-* stundom samanblanda med *á-* (Heggstad, s. 18). Med eit viss atterhald kan det såleis vera råd å sjå forma **alokaᚱ** her som ein variant av det elles belagde verbet *afloka*.

Grammatikalsk skulle vi elles ha venta oss forma **alokat** i innskrifta ettersom partisippet her lyt stå attributivt til nøytrumsordet *vindauga*. Bruk av **ᚱ** i staden for **t** i tilsvarande posisjon er likevel ikkje eineståande i runeskrift. Det finst som **suap**, for *svá at*, allereie på Rökstenen (Peterson 1989: 68). Frå norsk område har vi **nap** for partisipp *nát* i N107 (Knestang IV). Denne er rett nok truleg noko yngre enn denne innskrifta frå Folkebibliotekstomta. Frå det litterære handskriftsmaterialet er fenomenet også godt belagt (Seip 1955: 182). Forma **alokaᚱ** bør difor kunna sjåast som ei ikkje alt for uvanleg partisippform i nøytr. sing.

Om då r. 14, **s**, her kan oppfattast som kopulaverb utan markert vokal, vil vi få ei fullstendig og velforma setning som den vi har gjeve ovanfor. Form med **s** i pres. sg. av verbet *vesa* er i seg sjølv det vi skulle venta i ei innskrift som er arkeologisk datert så tidleg som til andre halvdel av 1000-talet (jf. Seip 1955: 54). Det å sjå **s** utan markert vokal som kopulaverbet *es*, er likevel ikkje heilt uproblematisk. Magnus Olsen (NIyR IV: 145) held fram at slik markering berre kan skje når føregåande ord har utgang på vokal. Men det finst døme på at slik utelating av vokalteikn også er gjort etter konsonant

(Marstrander 1954: 508f, sjå likevel NOR 1988: 8-9). Dette gjeld innskrifta på Sparlösaastenen, og med ei såpass gammal innskrift som vi synest å ha å gjera med her, kan det kanskje vera relevant å ta omsyn til den parallellen. I nett denne innskrifta frå Trondheim kan vi heller ikkje sjå bort frå utegløyning. Skilnaden på skrivemåten av *vindauga* på dei to sidene kan vera eit argument for at så er tilfelle.

Side b er likeins som side a innleidd med ordet *vindauga*. På side b er likevel nasalen før **t** utelaten og r. 7 har berre stav og ingen kvist. Utelaten nasal i denne posisjonen er i og for seg ikkje utenkjeleg i ei såpass gammal innskrift. Men noka form *vi(n)daugi* kan vanskeleg tenkjast, så inntrykket av (rask og) ufullstendig rissing synest her å kunna forsvarast. I ein slik samanheng synest forma **loka?** spesielt uviss. Det ser ut til at det er freista å rissa noko etter r. 11, men det synest svært tvilsamt om det dreiar seg om runer. Om vi aksepterer sekvensen **uitauki** som ein (ufullstendig) skrivemåte av *vindauga* (*vindaugu?*), er det vel mogleg at den følgjande sekvensen **loka?** skal vera *loka* f, 'loke, skote, stengsel'. Gjenstanden har utvilsamt både form og storleik som kan forsvare ei slik nemning.

Ei alternativ tolking her vil vera å sjå side b som ein mislukka freistnad på å skriva det som har fått si fulle form på side a. "Feila" i høve til ei slik forklaring er likevel slik at det ville vera problemfritt å retta dei utan å endra noko som alt står der. Om vi då held fast ved det som synest karakteristisk ved denne sida av innskrifta, nemleg utegløyningar, vil kanskje kunna sjå sekvensen **loka?** som pret. pts. av verbet *loka* med mislukka eller utegløynd **t** eller **þ**: *vindauga lokað*. I så fall vil vi få ein motsetnad mellom eit vindaug som på side a er *álokað* og på side b *lokað* (ope og lukka). Det ville i så fall kunna forklara kvifor dei to delane av innskrifta står på same side og er skrivne frå kvar sin kant og opp-ned i høve til kvarandre. Dersom denne gjenstanden då verkeleg har vore ei vindaugsskote, må vi kunna tenkja oss at ho har vore laga for å halda på plass ei vindaugsluke i ein glugge av den storleik vi har å gjera med her. Ei slik skote kan ha vore nytta både for å halda luka på plass i open og lukka stilling. For å gå frå lukka til open stilling ville skota måtta snuast og retninga på runene ville stå i rett leseretning også i den nye posisjonen.

I mellomalderen kunne loftsbygningar, bur og andre hus ha lysopningar. Dei gamle lovtekstene omtalar desse som *vindaugu* (NgL V: 716 m/tilvisingar). Slike lysopningar kunne i nokre tilfelle vera utstyrte med ei hengsla luke på innsida (KLN 11: 34f). Både form og storleik på den gjenstanden vi har å gjera med her, er slik at det gjerne kan vera tale om ei skote for ei ikkje så alt for stor luke. Om ho i så fall har vore i

bruk på ein bygning, eller om det er ein modell e.l. frå ein verkstad, kan ikkje seiast for sikkert på det grunnlag vi har her. Ei viss handverksverksemd, også trehandverk, synest det i alle fall å ha vore på dette nivået av felt FL (Nordeide 1989: 63). Gitt at den tolkinga som her er presentert, er rett, synest det likevel ikkje i noko tilfelle opplagt kvifor det har vore naudsynt å markera med runer kva som skulle vera open og lukka stilling på ei slik slå.

[836] N-52709. (Tidlegare omtala: Hagland 1986: 15, 49; 1990b: 13, [43]; Ertl 1994: 343; Knirk 1998: 489, 505.) Innskrifta står på eit kjevle av tre, 125 mm langt, 24 mm breitt på det breiaste og 10 mm tjukt. Kjevlet er skore til slik at det kan minna om eit krossforma eigarmerke. Funnet vart gjort i 1978, felt FT, hovudfase 8. Det tilseier arkeologisk datering av funnkonteksten til perioden mellom ca. 1225 og 1275.

Det er runer på den eine breisida. Runene er rissa etter at gjenstanden har fått si noverande form. Det gjer at dei varierer i høgd frå 6 mm (r. 6) til 24 mm (r. 21-30). Innskrifta er 87 mm lang.

Bogen på r. 2 (binderune **au**) går frå toppen av staven. Det same gjeld for r. 4 (**u**), medan r. 23 (truleg binderune **tu**) og r. 29 (truleg binderune **um**) har boge som går ut frå staven eit godt stykke ned frå toppen. Ein liknande skilnad er det mellom r. 3 og r. 19 (**r**), der lukka boge og kvist møtest i same punkt om lag midt på staven, og r. 23 (**r**) og r. 27 (binderune **or**) som har lukka boge og kvist uavhengig av boge i god avstand eit stykke ned på staven. Det er såleis to heilt ulike typar **u** og **r** i byrjinga og på slutten av innskrifta.

R. 8 har tilsynelatande merke etter punktering, men spørsmålet kan ikkje avgjerast heilt sikkert. Det same gjeld r. 11 og 14. Dei er alle transkriberte som **i**, men med tvilen om punktering markert. Også staven i r. 30 kan vera punktert, slik at binderuna i så fall har markert kvar einskild rune i sekvensen **amen**.

Toppen av r. 18 - 20 er skadde på grunn av at eit stykke av veden er brote av i utskjeringa der. Det skaper likevel ikkje problem med lesemåten, anna enn at spørsmålet om r. 18 har hatt punktering eller ei, lyt stå ope. R. 19 har to riss ned til høgre frå det punktet der nedre del av bogen møter staven. R. 21 har temmeleg sikkert punkt i feltet

mellom kvist og stav og må såleis kunna lesast som **d**. Mellom r. 22 og r. 23 er det drege ein kvist om lag frå toppen av r. 23 og ned til venstre. Kvisten har ikkje kontakt med toppen av r. 23 og når heller ikkje heilt inn til staven av r. 22. Det er såleis råd å sjå sekvensen frå r. 22 til r. 23 anten som **k u** eller som **i tu**. Av innhaldsmessige grunnar er den sist nemnde av desse leseåtane vald her.

Over toppen på bogen i r. 29 (**um**), litt over midten på staven i binderuna, kan det synast å vera drege eit snitt. Det er likevel ikkje så skarpt i risset som runene elles og må venteleg oppfattast heller som eit pressmerke i veden enn som del av runeteiknet:

l 1N(?) R N ' 1 1 l(?) Y 1 l(?) Y 1 l(?) Y 1 1 Y(?) R l 1 l 1N(?) R l 1 1R(?) l
i au (?) r u s a l i(?) m n i(?) k o i(?) k o n k(?) r i d i tu(?) r i n or(?) i

NY (?) 1Y11(?)

um(?) amen(?)

Jaurusalem, neque concreditur/congreditur in (h)orreum, amen!

Sekvensen **iaurusalim** må rimelegvis identifiserast som hovudstaden i *Jórsalaland*. I norrøn språkform vil namnet på byen anten vera *Jerusalem* eller *Jórsalaborg*. I skrifter på latin er det forma *Jerusalem* eller *Hierusalem* vi ville venta å finna. Forma *Jaurusalem* gir såleis grunn til å setja spørjeteikn også ved det som med nokon tvil kan sjå ut som eit språkleg meiningsfullt uttrykk på latin i resten av innskrifta. Sekvensen **n.,i ko.,ikonkrid.,iturinorium** kan nemleg med alle atterhald segmenterast som nektingspartikkelen *neque* [= 'og ikkje, ikkje eingong'] + presens passiv 3. pers sg. anten av verbet *concredere* [= 'vedgå skuld', 'erkjenna plikt' e.l] eller av *congredere* [= 'gå til åtak', 'ta til, byrja'] + preposisjonsuttrykket *in (h)orreum* (neutr. akk. sg. [(h)orreum = låve, lager, loft e.l., eit ikkje ukjent ord t.d. i kontinental juridisk litteratur frå mellomalderen, jf. Schmidt-Wiegand 1991: 196.]). Innskrifta vil med atskilleg uvisse såleis anten kunna tyda noko slikt som: 'Jerusalem! Ikkje ein gong inn på låven/fram til loftet vert det vedgått, amen!' eller 'Jerusalem! Ikkje eingong i låven (etc.) vart det gjort åtak/byrja etc. amen'. Ingen av dei moglege leseåtane kan seiast å føra oss særleg langt i retning av å skjønna kva meininga har vore med det som står. Ei innskrift som er råma inn av ei tilvising til Jerusalem og eit amen, kan i alle fall tyda på ein religiøs eller kyrkjeleg kontekst, men i eit tilfelle som dette kan vel også dreia seg om noko som ofte

vert omtala som "skulegutlatin". Den eventuelle meininga med innskrifta synest difor å måtta bli ståande temmeleg open.

[837] N-57185. (Tidlegare omtala: Hagland 1986: 50; 1990b: [43]; 1994c: 255, 263.) Innskrifta står på eit flatt kjevle av tre, tilspissa i den eine enden. Kjevlet er 155 mm langt, 23-41 mm breitt og 8 mm tjukt. Funnet vart gjort i 1978, felt FP, hovudfase 3. Det tilseier arkeologisk datering av funnkonteksten seinast til første halvdel av 1000-talet. Som vi skal sjå nedanfor kan det vera problematisk å rekna med at innskrifta her er så gammal. Det er runer på dei to breisidene av kjevlet. Innskrifta på side a er 131 mm lang, runene frå 12 (r. 21) til 24 mm høge (r. 4). På side b er innskrifta berre 7 mm lang og den høgaste av runene (r. 1) er 15 mm høg.

Innskrifta er skarp i risset og byr ikkje på større problem med lese måten anna enn når det gjeld spørsmålet om punktering av **i** på side a, der det er vanskeleg å seia sikkert om desse runene har punkt eller ei. R. 3 har eit merke, men ser ikkje ut til å vera punktert med same kvasse reiskap som r. 6, 12, 15 og 19. R. 3 er såleis med eit visst atterhald oppfatta som **i**, dei andre som **e**. Vidare er bogen på r. 4 (**r**) noko skarpare vinkla enn dei tilsvarende r. 9, 14 og 16. Alle desse **r**-formene har open boge. Ordskilje med to punkt er gjennomført der det er nytta, dvs. mellom r. 4 og 5, r. 7 og 8, r. 10 og 11, r. 14 og 5 og mellom r. 17 og 18. Øvste kvist på r. 10 (**o**) går frå toppen av staven, same form har r. 1 på side b. Sameleis er bogen på r. 11 (**p**) plassert høgt oppe på staven. Etter r. 21, heilt opp mot kanten på den tilspissa delen av kjevlet, er det eit lite riss som kunne tenkjast å vera rest av ein kvist på ei rune. I tilfelle må kjevlet ha vorte skore til i si noverande form etter at innskrifta vart gjort. Ved sida av r. 3-7 er det i alt 4-5 svært tynne riss (5-6 mm høge). Risset ved basen av r. 5 har også eit svakt omriss som kan minna om konturane av ein open **r**. Liestøl har tolka dette som restar av ein bortskava runetekst (palimpsest), men dette kan i dag ikkje avgjerast sikkert.

| | R : Y | | : | R | : | | R : | R | : Y | | |
| ' |
a) **i l i r : m e n : æ r o : p e i r : e r a : m e l a** b) **o s**

a) *Illir menn eru þeir er ámæla* b) *óss*

'Låke menn er dei som talar ille om oss'.

Eit avgjerande spørsmål for tolkinga av denne innskrifta er om side a og b skal lesast saman eller kvar for seg. R. 10 på side a og r. 1 på side b (**o**) har same litt spesielle form med øvste kvist heilt opp til topps på staven. Det kan i alle fall vera eit argument for at vi har å gjera med same hand på dei to sidene. Spørsmålet om det vesle snittet i kanten av den tilspissa delen er del av ei rune eller ei, og om innskrifta såleis opphavleg har vore lengre, kan vi vanskeleg ta stilling til no. Grunnen til det er at innskrifta slik ho no står, gir god språkleg meining om vi les side b som eit direkte framhald av side a. Den meininga kviler i høg grad på tolkinga av sekvensen frå r. 17 til r. 21 på side a. Trass ordskiljet etter r. 17 er denne sekvensen her oppfatta som verbet *ámæla*. Ein ville helst ha venta **æ** i staden for **e** til å markera den sentrale vokalen i dette verbet. Tolkinga kan likevel støttast med tilsvarande skrivemåtar for lang /æ/ i det eldste handskriftmaterialet, spesielt det islandske der vakling mellom <e> og <æ> er vanleg i slik posisjon (jf. Benediktsson 1965: 58). I innskrifta her ser vi elles vakling mellom **æ** og **e** også for opphavleg kort /e/ i pres. 3. p. pl. av verbet *vera* og relativpartikkelen *er*. Dette korresponderer med den praksis vi kan finna i markering av lang /e/ i dei eldste handskriftene, spesielt dei islandske som Benediktsson viser til (loc. cit.). Den tilsynelatande vokalharmoniske fordeling av endingsvokalane /i/ og /o/ som går fram av formene **æro** og **ilir**, høver elles godt saman med det vi ville venta å finna i eldre trønsk. Uvissa kring punktering av r. 3 gjer likevel at vi på det punktet ikkje kan sjå heilt bort frå parallellen med språket i islandske handskrifter fram til om lag 1200 (Benediktsson 1962: 18). Det ville i tilfelle høva saman med skrivemåten **mela** for *mæla*, og ville vera eit språkleg argument for å søkja opphavet til rissaren av desse runene annanstads enn der funnet vart gjort.

Verbet *ámæla* tek dativobjekt i dei belegg vi elles har (Fritzner), og det gir eit naturleg argument for å lesa side a og b i samanheng her: *ámæla óss*. Med den tolkinga av denne delen får innskrifta nærmast ordspråks form. Litterære parallellar til dette uttrykket finst i alle fall, såleis t. d. følgjande frå *Mágus saga: Þótti hverjum gótt að heyra, ef öðrum væri ámælt* (Bjarni Vilhjálmsson (ed.) 1953: 252).

Det kan elles vera grunn til å reisa tvil om alderen på denne innskrifta er så høg som den arkeologiske dateringa av funnkonteksten tilseier (jf. Hagland 1994c: 263). Er den tolkinga av innskrifta som er gjort ovanfor rett, tyder markering med **r** og ikkje **s** i relativpartikkelen tyda på atskillig yngre dato enn første halvdel av 1000-talet (jf. også Seip 1955: 80 og Noreen 1923 §473, Anm 1). Ettersom feltet der gjenstanden med

innskriфта vart oppdaga, er nokså funnfattig (I. Reed, Riksantikvarens utgravingskontor, Trondheim, pers. komm.), kan det i dette tilfellet vera grunn til å leggja like mykje vekt på språklege som på arkeologisk kriterium ved vurdering av aldersspørsmålet. Dei språklege draga tyder i så fall på at innskriфта ikkje er særleg eldre enn frå andre halvdel av 1100-talet.

[838] N-76075. (Tidlegare omtala: Hagland 1986: 50; 1990b [44].) Innskriфта står på eit runekjevle av tre, avbrote i den eine enden. Den bevarte delen er 109 mm lang, 9-14 mm brei og 6-9 mm tjukk. Funnet vart gjort i 1981, felt FG, hovudfase 8. Det vil seia arkeologisk datering av funnkonteksten til tida mellom første og fjerde kvartal av 1200-talet.

Det er runer på den eine breisida. Innskriфта er 98 mm lang og runene 9-14 mm høge. Ein liten del av toppen på r. 1 er no borte, slik at det ikkje lenger er kontakt mellom stav og kvist. Det er likevel ingen tvil om at lesemåten her skal vera **l**. Kvisten på r. 3 (**t**) går ut eit lite stykke ned frå toppen av staven. Same utforming har r. 14 (**d**). Lesemåten av r. 8 er uviss. Treet er noko nedslite på det punktet av kjevlet, men det er likevel spor av to kvistar til venstre, jamvel om dei (1993) er svært svake. Med eit lite atterhald må runa lesast som **o**. Nedre del av r. 13 og 14 borte på grunn av avskaling i veden. Det skaper likevel ingen problem for lesemåten av desse to runene. R. 14 er punktert - bruk av stereolupe viser utvetydig punktering tett inne ved staven i nivå litt under nedre ende av kvisten. Det er difor ingen tvil om at runa må lesast som **d**. Av r. 16 er berre den midtre delen av staven bevart. Nedre del er borte på grunn av avskaling i veden, og øvre del er borte fordi kjevlet er brote av på skrått over den runa. Nedre del av ein kvist som ser ut til å ha gått opp mot toppen av staven, er likevel bevart. Det kan difor vera rimeleg å rekna med at det er restane av ein **t** vi har å gjera med her. Det er eitpunkts ordskilje mellom r. 3 og 4, r. 6 og 7, r. 10 og 11, r. 14 og 15:

↑ ↓ 1. ʏ | ʏ . ' ʌ(?) ʃ ↓ . | † ↓ 1 . ↓ 1(?) [---

l a t • m i k • s o(?) f a • i n a d • a t(?) [---

Lát mik sofa í náð at [---`Lat meg sova i miskunn, slik at---

Innskripta synest å gi god språkleg meining så langt ho rekk. Skiljeteikn mellom grafiske ord er gjennomført med unnatak av prep. *í* (r. 11) som ikkje er utskild for seg. Slik samanskriving i preposisjonsuttrykk er vanleg også i handskrift med latinske bokstavar. Spørsmålet om r. 8 er **o** eller om det i røynda berre er ein stav vi har der og såleis må lesa teiknet som **i**, rokkar ikkje ved den sida av saka. I det siste tilfellet vil vi måtta gå ut frå at sekvensen **sifa** står for verbet *sefa*, som tyder "lindre, mildne, berolige" (Blöndal) eller "berolige en saaledes, at Sindets Heftighed stilles" (Fritzner). Pronomenet *mik* vil i tilfelle stå som direkte objekt i ei slik setning. Eit argument til støtte for den litt usikre lese måten av r. 8 som **o**, er at dette verbet "især" vert brukt i refleksiv form: *sefask*, slik at vi helst ville venta å finna den forma om det var dette verbet vi har å gjera med spesielt i ein konstruksjon som den vi har her.

Med r. 8 lesen som **o** får den bevarte delen av innskripta helst form av å vera del av eit fromt ønske eller ei lita (kvelds)bøn. Det siste **a.,t** kan nemleg godt sjåast som innleiing til ein final konstruksjon: `slik at', `så' e.l.

Lese slik ser vi at innskripta nyttar **d** for å markera /ð/ i **nad** - *náð* f. - "nåde, miskunn". Det vil i så fall vera eit relativt seint drag, men som vi har parallellar til i innskrifter som tentativt har vore tidfeste til ca. 1300. Øye krk I (N079) har på tilsvarande vis **moder** for *móðir*, Hamre I (N297) **bidir** og **nidri** for *biðit* (pres. 2. p. pl.) og *niðri*. Årdal II (N345) har **gutrit** for *Guðrið* f. Å finna dette draget i ei innskrift som arkeologisk er datert til tida mellom ca. 1225 og 1275, må vi såleis kunna venta oss. Draget kan òg vera eit argument for at innskripta er noko yngre enn den arkeologiske dateringa. På den andre sida har vi heller ikkje så nøyaktige opplysningar om kva tid ein først tok til å bruka **d** for stemd dental spirant, at det finst sterke argument mot å tidfesta innskripta innom det nemnde tidsrommet. Den fritt framsagde bøna synest ikkje å ha vore så uvanleg, i alle fall ikkje mot slutten av mellomalderen (jf. KLNII: 502ff). Om denne innskripta skal oppfattast som ei religiøs bøn, må ho helst sjåast som ei slik fri bøn, i motsetnad til eit fast inventar av ferdigformulerte påkallingar slik som *Pater noster* og *Ave Maria*. Vi har visse opplysningar om forholdet mellom bøn på latin og bøn på folkespråket i det svenske seinmellomalderlege verket *Själens tröst* (Henning ed. 1954-56). Det forholdet kan ha relevans for teksten i denne innskripta. Lesaren av *Själens tröst* vert rådd til å be på det språk han eller ho best forstår, altså på sitt eige mål. Ein kan òg be på latin vert det sagt, og også det er godt - ein skal be bøner til Guds heider på det språk ein tykkjer er best, heiter det. I ei fri bøn vil ein lett forstå at valet av

språk såleis ville gi seg sjølv (jf. Gustavson 1991: 557f, sjå òg Stefán Karlsson 1990: 146f).

Med den avgrensa konteksten vi har for innskrifta, og den relativt seine dateringa, er det likevel grunn til å peika på ein spesiell bruk av verbet *náða* i litt yngre islandsk, der det òg kan nyttast om å utøva "realistisk elskov", som det har vore uttrykt. Også uttrykket *sofa í náð* vil vel kunna oppfattast som synonymt med nett det tydingsinnhaldet, om ein ønskjer å la tolkinga gå i den lei (jf. Knirk 1981: 54f). I så fall vil det her vera tale om ein bøn med eit noko meir konkret og fysisk innhald enn ei religiøs kveldsbøn!

[839] N-94415. (Tidlegare omtala: *Adresseavisen* 27.08.1986; Hagland 1986: 53; 1988b: 22; 1990b:[46]; 1994c: 255 ff, 264; NOR 1986: 8; Morset 1987: 8f; Beverfjord 1988; Stoklund 1996: 280-82; 1997: 9.) Innskrifta står på ei nål av bein, 77 mm lang, 18 mm i breiaste enden og 5-6 mm tjukk. Nåla er dekorert med utskjeringar på den eine sida og har runer på den andre. Ho har eit hol om lag midt på `bladet'. Dette holet er gjort før innskrifta, ettersom runerissaren har teke omsyn til den plassen som går vekk på det viset. Funnet vart gjort i 1985, felt FU, hovudfase 3. Det tilseier ei arkeologisk datering av funnkonteksten til eit tidsrom som strekkjer seg frå slutten av 900-talet til midten av 1000-talet.

Innskrifta er 48 mm lang og står i ei råme som er skarpt og tydeleg skoren før runene. Råma er open i den smale enden (etter r. 21). Runene er frå 12 (r. 1) til 3 mm høge (r. 21). Beinet kring midten av r. 1 er litt skadd. Det er difor litt uvisst om det har vore kvist ned til venstre frå midten av staven eller ei. Slike beinet er bevart ser det ut til å ha vore ein kvist. Avstanden mellom snittet som dannar framkanten av råma kring innskrifta, tilseier òg at det har vore kvist i det feltet som no er skadd. R. 1 skal såleis etter alt å døma oppfattast som enkeltsidig **a**. R. 3 (**r**) er forma med overkanten av bogen som ein rett strek. Nedre delen og kvisten er dregne i eit samanhengande riss utan nokon markert overgang mellom den opne bogen og kvisten. Dette gir runa ei form som skil seg litt frå dei tilsvarende utformingane av **r** som finst i r. 6 og 9. Mellom r. 6 og 7 er det eit eitpunkts ordskilje. R. 8 har eit svakt, men utvitydig punkt midt på staven og må lesast som **e**. R. 10 (**p**) er skoren så nær kanten av holet at ein del av bogen vert borte. På same måte forsvinn nesten midten av staven på r. 11 på andre sida av dette holet. R. 12

(kort **s**) har eit svakt, men tydeleg nok punkt i nedre enden. R. 15 (**t**) har dobbeltsidig eller langkvists form. Mellom r. 16 og 17 er det eit trepunkts ordskilje. R. 17 har venstrevendt, enkeltsidig kvistsett, og bør her følgjeleg transkriberast **o**. Mellom r. 17 og 18 er det topunkts ordskilje. Staven på r. 20 (**f**) er så stutt at nedste kvist går nesten ned til basen av staven. Råma kring innskrifta er dregen 5 mm etter siste rune, r. 21. Det understrekar inntrykket av at råma er skoren før innskrifta:

ʌ(?) | R | ʃ R . ʃ † R þ | ' B | † ñ : † : * † ʃ |

a(?) i r i k r · k e r þ i s b i t u : o : h a f i

Eiríkr gerði spítu á hafí. 'Eirik gjorde spøta på havet'

Tolkinga av r. 17 - 21 som *á hafí*, 'på havet' inneber at r. 15, ʌ, må tolkast som ã, dvs. at ås-runa framleis er nytta for å representera nasal vokal (/ã (:)/). I høve til den arkeologiske dateringa av innskrifta er synest dette mogleg. N283 (Trå II) som er datert til ca. 900 (NIyR V: 240) har enkeltsidig ås-rune med venstrevendt kvistsett for lydverdien /ã/ (**ãuarkar**, kanskje *áverkar* m. pl). Den no tapte innskrifta N186 (Bygland) skal vidare ha hatt tilsvarende ås-rune både med lydverdien /o/ og /ã/. Elles synest det ikkje å vera parallelle belegg der preposisjonen *á* er markert ås-rune som har einsidig venstrevendt kvistsett slik som her. I heile det svenske materialet som er kartlagt av Peterson (1981: 1) finst det t. d. ingen tilsvarende døme. Ein alternativ lese måte der sekvensen frå r. 17-21 vert lesen som ei avstyting av eit personnamn følgt av verbet *hafá* i 3. pers. pres. konjunktiv, kan difor ikkje heilt avvisast: *O. hafí* - 'måtte O. ha henne (= spøta)'. Etersom det ikkje finst overtydande parallellar til slik avstyttta skrivemåte for ein så vesentleg del av innhaldet som eit mottakarnamn, er denne løysinga likevel mindre sannsynleg.

Vesentleg, og uavhengig av innhaldet i sekvensen frå r. 17 til 21, er spørsmålet om kva funksjon gjenstanden har hatt. Objektet i setninga *Eiríkr gerði spítu* gir etter alt å døma den nemning samtida har nytta om denne forma for nål. *Spýta* f. med lang runda rotvokal er ordboksført som "Pind, Stikke, Nagle, hvorved man fæster (spýtir) noget" (Fritzner). Johannesson 1956: 889 og 891) gir både form med høg fremre lang urunda og runda rotvokal (*spíta* f., 'Pflock' og *spýta* f., 'Pflock zu befestigen' – om vokalkvantiteten, sjå nedanfor). Så opne definisjonar gir ikkje grunnlag for å festa gjenstanden til noko bestemt bruksområde. Den samanheng Morset (1987: 8f) ser

mellom denne nåla og eldre tiders reiskapar til å hekla eller strikka med, er difor interessant. Ho viser til fleire teknikkar, den vestnordiske pjonning (Vno *pjona* v, isl. *prjóna* v), påting (på engelsk 'ring knitting') og nålbinding. Pjonning vart utført med kroknål, påting kunne utførast med nål både med og utan hake. Nålbinding synest å vera den eldste av desse teknikkane, seier Morset (loc. cit.). Arbeidsmåten ser ut til å vera eldre enn veving, og han tillet skøyting av usamanhangande tråd undervegs. Nåla måtte difor ha eit romsleg hol slik at flest mogleg buktningar kunne få plass. Dette holet kunne samstundes ha ein funksjon ved oppheng. Morset har i samband med sin artikkel også eksperimentert ved å bruka ein kopi av nåla til binding av vottar. Resultatet av testen vart like bra som ved bruk av pjonekrok.

Eit vidare argument til støtte for å sjå nåla som ein arbeidsreiskap til hekking eller strikking er, som Morset òg peikar på, dei såkalla vantenåler. Frå dansk språkområde er desse også å finna med runeinnskrifter. Moltke (1985: 468ff) omtalar dei fem såkalla 'vantenålene' ein kjenner til no (fire frå Lund og ei frå Ålborg). Dei er for det meste noko lengre enn nåla frå Folkebibliotekstomta, men elles er dei, og då særleg nåla frå Ålborg, nokså like (Morset 1987: 9). Det kan her også vera eit moment å ta med at nåla frå Trondheim opphavleg synest å ha vore noko lengre enn ho er no, ettersom spissen er tilsmidd på nytt på eit visst tidspunkt. Det innber også at vi ikkje kan sjå bort frå at ho opphavleg og kan ha hatt krok.

Lund vantenål 1 og Ålborg vantenål nemner seg sjølv **skefnig** (Lund) og **skefnikr** (Ålborg), uttydd som *skefningr* m = "blankpoleret nål, af *skafa*, skrabe, glatte" (Moltke 1976: 375). Om funksjonen skulle vera den same for desse nålene, er det såleis ikkje noko språkleg samband med nåla frå Trondheim som altså omtalar seg sjølv som **spita**. Men det er grunn til å minna om at nemninga *spøta* f og v enno i dag er gjengs i sørvestnorske målføre om reiskapen 'strikkepinne' og verbet 'strikke'. Den språkbruken kan såleis vera grunna på ei svært gammal særtyding av gno *spita* f og v, og at innskrifta på denne nåla frå Folkebibliotekstomta kan stadfesta slik usus i norrønt attende til 1000-talet. Vokalkvantiteten til rotvokalen i moderne norsk skulle helst tilseia at den urunda vokalen har vore kort i motsetnad til det Johannesson 1956 meiner (sjå ovanfor). I same kategori kan eit funn frå "Mindets tomt" i Oslo vera, der det eine ordet **sbita** (*spita*) også er rissa med runer på eit beinfragment som lyt ha vore del av ein liknande gjenstand som denne nåla frå Trondheim (Liestøl 1977: 218 og 222, A44 i Runearkivet). Også i København er det funne ei (avbroten) nål av liknande slag som dei ovannemnde. Funnet vart gjort ved gravningar i gammal strandkant på noverande Højbro Plads i 1995

(Københavns Bymuseum, KBM 1213, jf. Stoklund 1996: 280ff) og innskrifta har forma **spyta** (kort **s**, **t**, **a** og etter alt å dømma punktert **u**). Saman med innskriftene frå Oslo og Trondheim med **i** gir funnet frå København belegg for at språkleg form både med runda og urunda vokal i rotstavinga har vore nytta om slike gjenstandar. Om denne variasjonen har vore dialektal, eller om han har gjeve tydingsdifferensiering, gir desse belegga ikkje svar på. Ein metodisk vanske i vurderinga om variasjonen er dialektal, er at både funnet frå Trondheim og København har runologiske drag som er atypiske for materialet elles på funnstaden (dobbeltsidig **t** og kortkvistruner elles).

Spørsmålet om tolking av siste del av innskrifta (r. 17-21) kan òg aktualisera spørsmålet om denne nemningsbruken har vore eit ordgeografisk avgrensa fenomen allereie på den tid. Om vi les slutten som *á hafí*, vil det truleg innebera at nála er laga på veg til Nidaros, og den språklege bakgrunnen for den som har gjort innskrifta synest i så fall svært open. I prinsippet opnar det for at nemningsbruken kan ha vore geografisk avgrensa på den tid som her er aktuell. Les vi derimot slutten som *O. hafí*, gir innhaldet i innskrifta mindre grunn til å stilla spørsmålet slik.

Eit særmerkt drag ved denne innskrifta er den blanding av runetypar ho inneheld. Ho har enkeltsidig **a** og **ã** (**o?**), kortkvist **s**, men tosidig **t** og **b** av "dansk" eller "(eldre) norsk" type etter Magnus Olsens klassifisering - jf. NIyR V: 238ff). I tillegg til dette er runeinventaret auka i og med at innskrifta skil mellom /e/ og /i/ ved bruk av punktert versus upunktert **i** - **kerþi** : **sbitu** (jf. Hagland 1994c: 257). Det siste er eit runologisk drag som peikar framover i tid, medan skrivemåten **i** for diftongen /ei/ i tilfelle vil vera eit arkaiserande drag ved innskrifta.

Innskrifta har såleis drag som typologisk peikar i ulike retningar både. Det mangetydige ved innskrifta kan då i seg sjølv sjåast som eit argument til støtte for å prioritera lesemåten *Eiríkr gerði spitu á hafí*. Innskrifta opnar dermed sjølv for at den runekunnige farmann som har gjort henne på 1000-talet, kan ha vore utsett for ymse slags skriftspråkleg påverknad. Det stiller spørsmålet om kvar denne Eirik eigentleg var frå nokså ope, og det synleggjer eit metodisk atterhald som generelt lyt takast ved vurdering av innskriftsmateriale frå eit maritimt miljø som det i hamnekaupangen i Nidaros.

[840] N-95829. (Tidlegare omtala: Hagland 1986: 53; 1990b: [46]; 1994c: 255 ff, 263; NOR 1986: 8.) Innskrifta står på eit (side)bein, truleg av storfe, 106 mm langt, 9-19 mm breitt og 6 mm tjukt. Det er runer på den konkave breisida. Funnet vart gjort i 1985, felt FW, hovudfase 3. Det vil seia ei arkeologisk datering av funnkonteksten til perioden frå slutten av 900-talet til midten av 1000-talet.

Innskrifta er 48 mm lang og runene er frå 18 mm (r. 1) til 11 mm høge (det som er att av siste stav). Ein del av beinet er sprekt av etter at innskrifta er laga. Av den grunn er ein større og større del av toppen av runene borte frå og med r. 4. Innskrifta tek til i god avstand frå fremre brotkant og sluttar på same vis langt frå brotkanten i motsett ende. R. 1 er tydeleg punktert og må lesast som **e**, jamvel om punktet ikkje ligg heilt i same risset som staven, men eit aldri så lite stykke ved sida av. Det same gjeld r. 7. Mellom r. 2 og 3 er det eit klårt ordskilje, markert med eit relativt langt riss. Tilsvarende ordskilje er det mellom r. 4 og 5 og mellom r. 8 og 9. Jamvel om toppen i aukande grad vantar frå og med r. 4, er det neppe tvil om lese måten av kvar einskild rune før etter det siste ordskiljet, etter r. 8. Jamvel om ein ganske stor del av toppen på denne runa er tapt, ser vi klårt resten av ein stav, og av den måten det følgjande snittet hallar inn mot denne staven, synest det å vera liten grunn til å tru anna enn at det er **u** det er tale om. Dei to snitta som følgjer etter det siste ordskiljet, står i tilsvarende posisjon i høve til kvarandre og må sameleis temmeleg sikkert tolkast som ein defekt **u**. Mellom resten av staven og resten av bogen på denne **u**-runa kan det synast som om det er eit snitt. I tilfelle ville det måtta sjåast som punktering. Nøye gransking viser likevel at dette må oppfattast som ei skrape eller eit pressmerke. Etter denne r. 9 er det berre bevart godt og vél nedre halvpart av to stavar:

† † . † † . † † † † . †(?) †(?) ?

e k · a n · i k e u · u(?) i(?) ?

Ek ann ekkju v[el]. `Eg elsker ekkja [kvinna] vél'.

Tolkinga av slutten (r. 10 og 11) her er gjort ut frå samanhengen og må naturlegvis takast med eit visst atterhald. Elles kviler den språklege meininga av innskrifta på sekvensen frå r. 5-8, **ikeu**. Sekvensen er skild ut med orddelingsteikn på same vis som dei føregåande orda i setninga er det. Det er difor rimeleg å oppfatta sekvensen som eit

ord i samanhengen her. Den einaste tolkinga som synest å gi språkleg mening, er å lesa sekvensen som *ekkju* (f. akk. sg.). I så fall let punkteringa av **i** til å vera litt tilfelleleg eller jamvel snudd på hovudet. Systemet med konsekvent markering av /e/ synest såleis ikkje å vera så fast innarbeidd på det tidspunkt innskrifta vart til, utan at det likevel kan leggjast for stor vekt på eit slik drag i eit isolert tilfelle som dette. Manglande punktering av **i** for /e/ er ikkje noko særst i runeinnskrift med langt yngre arkeologisk datering enn det er tale om her. Skrivemåten <eu> for diftongen /iú/, altså med langt siste-element, er kjend frå handskrifter med latinsk skrift (jf. Seip 1955: 146 og Hægstad 1935: 103). Direkte parallellar med den same skrivemåten for diftong med kort siste-element i trykklett stilling som det vi har i obl. kas. av *ekkja* f, synest å mangla. Men i N613 har vi likevel skrivemåten **olæa** = *olja* f. Det kan kanskje stø den tolkinga av sekvensen **ikeu** som her er gjort, jamvel om N613 ser ut til å vera ei noko yngre innskrift, frå 1100-talet (jf. òg Hagland 1994c: 255). Elles er skrivemåtar med <ea> for /ja/ i tilsvarande posisjon vanleg i hss. frå 1300-talet, t.d. *vilea* for *vilja*, *fremea* for *fremja* osv. (jf. Stefán Karlsson 1983: 41 og 50). Ordet *ekkja* f har tydinga 'ekkje'. I poesien har ordet også tydinga 'kvinne' meir allment (Fritzner). Kva for ei tyding vi skal velja her, må truleg stå nokså ope. Jamvel om setninga her ikkje utan vidare treng vera metrisk, kan vel innhaldet vera poetisk nok, slik at det også kan vera den usus som elles synest å vera avgrensa til poetisk språkbruk vi har å gjera med her.

Restane av runene etter siste ordskiljet er altså med det nødvendige atterhald emendert til **uil**, som i tilfelle må kunna tolkast som adv. *vel*. Det er så mykje att av r. 10 at det ikkje er grunn til å rekna med at denne runa har vore punktert. Det kan i så fall vera med og stø det inntrykket av ein vaklande eller usikker praksis med omsyn til punktering som forholdet mellom r. 5 og 7 synest å gi uttrykk for.

[841] N-114423. (Tidlegare omtala: NOR 1993: 11.) Innskrifta står på ein tilspissa, dekorert trepinne. Gjenstanden er 175 mm lang, 32 mm på det breiaste og 5-7 mm tjukk. Funnet vart gjort i 1991, felt 91/2, i funnkontekst som synest å vera omkasta 1200-talsmasse. Ei nærare arkeologisk datering enn '1200 eller før' synest såleis ikkje mogleg

(Ian Reed, Riksantikvarens utgravingskontor, Trondheim, pers. komm.). Pinnen har ei roseliknande utskjering på den eine breisida og eit enkelt rettvingla mønster på den andre. Runene står også på den sida, etter mønsteret, i den enden som ikkje er tilspissa. Innskrifta er 49 mm lang og runene 27-30 mm høge. Siste rune står i god avstand frå enden av pinnen.

R. 3 og r. 6 (**r**) har bae opne bogar. R. 5 har ein sikker, men svært dårleg bevart kvist frå toppen av staven og ned til venstre, og må følgjeleg lesast som kortkvist **t**. På r. 8 er det same stad eit kvistliknade merke. Ved gransking i stereolupe synest det likevel klårt at det ikkje er eit snitt, men helst eit pressmerke i veden. Øvste kvist på r. 9 er også dårleg bevart og ikkje så godt synleg. Kvist ned til venstre frå toppen av staven kan likevel påvisast sikkert. R. 9 er såleis tvillaus **o**:

ʀ | R ' 1 R * | ʀ

k i r s t r h i o

Gestr (?) hjó `Gjest (?) hogg'.

Tolkinga av sekvensen **kistr** synest i dette tilfellet nokså open og uviss. Formelt synest det i alle fall å vera eit nominalt ledd med nominativs *-r*. Det skulle då tala for at sekvensen **hio** må kunna tolkast som pret. 3. pers. sg. av verbet *hoggva*. Kva det verbet i tilfelle skulle referera til, er heller ikkje så opplagt. Om det var innskrifta eller runene det er tale om, slik vi kjenner til i ein del tilfelle med innskrifter på stein (jf. Peterson 1989: 21), ville vi på ein gjenstand av tre helst venta verbet *rísta* eller *rista* (*reist/risti*). I N237 (Sele II) er likevel truleg dette verbet (***iu**) nytta på same vis som her utan språkleg uttrykt objekt. I det tilfellet er gjenstanden (ein steinkross) snarare enn sjølve innskrifta tolka som underforstått objekt (NIyR III: 197). Det kan såleis gi eit visst grunnlag for å sjå sjølve den utskorne pinnen som tilsvarande underforstått objekt i denne innskrifta frå Folkebibliotekstomta.

Det einaste nominalet som rett fram synest å kunna utleiast av sekvensen **kistr**, er ei nominalisering av adjektivet *gerstr* - "bitter" (Fritzner). Det er likevel ingen kontekst korkje til å stadfesta eller avkrefta ein slik tanke. Ettersom eit personnamn godt vil kunna tenkjast i ein posisjon som den vi her har, er den mest nærliggjande løysinga i dette tilfellet trass alt kanskje å sjå sekvensen frå r. 1 til 6 som ein litt avvikande

skrivemåte for mannsnamnet *Gestr*. Denne skrivemåten av nett dette namnet synest rett nok ikkje å vera belagd, og det gjer naturlegvis løysinga uviss. Men slik innsetjing av *r* før konsonantsambandet *st* i andre samanhengar finst det godt med belegg for i manuskript med latinsk skrift frå 1200-talet og utetter - *forstr* for *fostr*, *hærsta* for *hæsta*, *avarcorstom* for *avarcostom* ofl. (jf. Seip 1955: 175, Hægstad 1899: 38). Seip tolkar dette som hyperkorrekt skrivemåte i tilfelle det /rs/ allment er assimilert til /ss/. Det finst såleis moglege parallellar i bokskrift til å tolka sekvensane **kistr** som personnamnet *Gestr*. Sekvensen **kistr** vil elles naturlegvis òg kunna lesast som ein metatetisk skrivemåte for *Kristr*, utan at det synest å gi meir presis meining til innskrifta her.

[842] N-114410. (Tidlegare omtala: Hagland 1994a: 132 ; NOR 1992: 10f.) Innskrifta står på ein pinne av tre, 100 mm lang, 16-17 mm brei og 3 mm tjukk. Funnet vart gjort i 1991, felt 91/2, i same arkeologiske kontekst som 068 ovanfor. Det er runer på dei to breisidene. Pinnen er nokså medfaren og veden er heilt avskala på båe sider mot den eine enden. Det vil seia at slutten innskrifta på side a er borte og byrjinga av side b. Pinnen er elles i det heile så dårleg bevart og runene så svakt rissa at innskrifta generelt sett er vanskeleg å lesa.

Den bevarte delen av innskrifta på side a er 66 mm lang, runene er 16-17 mm høge. Den resterande delen av side b er 52 mm lang, runene der er ca. 12 mm høge. Treet på side a er skadd midt på r. 1. Teiknet kan likevel utvitydig lesast som **k**. Kvisten både på r. 2 og r. 3 er dregen nesten heilt ned til grunnlina. Mellom r. 4 og 5 er det eit topunkts ordskilje. R. 6 (**r**) har open boge. Det gjeld også for r. 12 på same sida. Frå toppen av staven på r. 7 er det råd å skimta eit syltynt riss. Det når ikkje heilt ihop med stavtoppen, men må likevel rimelegvis oppfattast som **a**. R. 8 har to opne kvistar opp og ned til høgge frå eit felles kontaktpunkt midt på staven. Den øvste bøyer svakt inn mot staven i øvre kant, den nedre går nokså rett ned til grunnlina. Det må helst oppfattast som runeteiknet **k** (**p**), men kan òg med nokon tvil oppfattast som defekt **b**. Mellom r. 9 og 10 er det eit temmeleg sikkert punkt. Mellom r. 10 og 11 er det vidare eit snitt ned til venstre frå midten av staven om lag. Snittet har ikkje kontakt med staven i r. 11. Det kan vera eit ordskilje, men må helst sjåast som ein defekt del av kvisten i ei **a**-rune. Frå og

med r. 12 er treet avskala slik at nedre del av runene er borte. R. 12 kan likevel lesast som utvitydig **r** og r. 13 som utvitydig **h**. Etter r. 13 er delar av staven i ei r. 14 bevart.

På side b er r.1-3 svært dårleg bevarte. Av r. 1 er ein boge i posisjon som på **p** godt intakt, restar av stav kan skimtast ved topp- og grunnline. Nedste del av r. 2 er ganske godt synleg med stav og kvist ned til venstre. Resten er svært svakt, men det kan vera tale om ein kvist til ned til same sida litt høgare opp på ein stav som ikkje lenger synest. Med alle atterhald er det her kanskje råd å lesa **o**. Av r. 3 er det punktvis restar av stav og kanskje ein kvist opp til venstre og ein til høgre og såleis mogleg **m**. Etter r. 3 synest det å vera eit topunkts ordskilje. R. 4-8 er derimot tydelege og ganske godt bevarte. Kvisten ned til venstre frå midten av staven på r. 5 når ikkje heilt ihop med denne, men må likevel kunna oppfattast som **a**, liksom r. 11 på side a truleg kan det:

Υ † † Υ : * R †(?) K(?) † . † †(?) R * [.——

a) **k a n k : h r a(?) p(?) n • n a(?) r h** [— — —

---] †(?) †(?) Υ(?) : Υ † † † † †

b) ---] **p(?) o(?) m(?): m a t i t**

a) *Kann ek hrafn nár(?) h--* `Eg kan ramn lik (?) h--' b) ---] *ðum mátit*

Slik innskrifta er bevart gir ho som vi ser berre fragmentarisk meining. Sekvensen **kank** på side a med 1. person sg. av det personlege pronomenet enklitisk lagt til verbet slik vi ofte finn i bunden form, tyder på at vi kan ha å gjera med byrjinga av ei verseline. Tolkinga av den resterande delen av side a er problematisk. Med eit sannsynleg ordskilje mellom r. 9 og 10 vil sekvensen frå r. 5 - 13 truleg best kunna segmenterast som **hrapn nar h-**. Sekvensen **hrapn** må likevel kunna tolkast som appellativet *hrafn* m, eventuelt personnamnet *Hrafn*. Det vil kunna falla vél inn i ei line med metrisk form godt belagt som det er i norrøn poesi (jf. Lex. poet.). Elles gir skrivemåten **hr** bod om eit islandsk språkbakgrunn for den som har gjort innskrifta. Skrivemåten **hrapn**, altså med konsonantgruppa etter rotvokalen markert som **pn** er belagt også i islandske handskrifter. Ein parallell kan vera mannsnamnet som er skrive *Rapnns* (gen.) i handskriftet AM 122a fol. frå ca 1350-70 (jf. Hægstad 1942: 60). Den språklege tolkinga av side a i samanheng er uviss. Sekvensane **hrapn** og **nar** bør likevel kunna sjåast som to poetisk ladde ord (*hrafn* m = `ramn' og *nár* m = `lik', jf. Lex. poet.). Saman med

sekvensen **kank**, som må kunna sjåast som kontraksjon av *kann ek* slik vi finndet i poesien, synest det å vera teikn på at vi har å gjera med eit fragment av ein poetisk tekst her.

Side b er så defekt og fragmentarisk at ho neppe gir grunnlag for noka språkleg tolking i det heile. Den uvisse sekvensen **-pom** har form som ein dativ plural av eit nominal, eller som første pers. plural av eit verb. Den meir sikkert leselege sekvensen **matit** kan vera bunden form sg. av *mát n*, "Vurdering, Taxering" (Fritzner), jf. *meta* vb., men det fører oss heller ikkje stort vidare.

[843] N-93816. (Tidlegare omtala: Hagland 1986: 53; 1990b:[46]; NOR 1986: 8.) Innskrifta står på ein bygningsstokk brukt omatt som materiale til brulegging av gate. Stokken er 1320 mm lang, 135-235 mm brei og 70–115 mm tjukk på det tjukkaste. Funnet vart gjort i 1985, felt FW, hovudfase 6. Det tilseier ei arkeologisk datering av funnkonteksten til tredje kvartal av 1100-talet. Innskrifta står på den breisida av stokken som har vendt ned i gatebrulegginga. Det tyder på at innskrifta er skoren inn i bygningsstokken før han vart nytta omatt i brulegginga av gata. Det vil seia at innskrifta her kan vera ein god del eldre enn dei arkeologiske omstenda elles skulle tilseia.

Innskrifta er ca. 260 mm lang frå og med krysset før r. 1, og runene er 52 - 60 mm høge. Før r. 1 er det eit lite kryss av det slaget som ofte råmar inn runeinnskrifter. Etter krysset følgjer tre stavar. Toppen er heilt borte på dei to første fordi eit stykke av treet er brote av på den sida av stokken. Den tredje er bevart, men veden på venstre side av stokken er borte, slik at det no ikkje kan avgjerast om det har vore kvist på den sida. I forlenginga av stav nr. 1 går det ein sprekk som ikkje kan ha noko med innskrifta å gjera. Stav nr. 2 har ei svak halling inn mot stav nr. 1, slik at det kunne tenkjast at dei to representerer nedre del av ein opphavleg **u**. Heile innskrifta er likevel svakt skrådd i same retning, så spørsmålet om kva dei to stavrestane her står for, synest ganske ope. Tredje stav (her rekna som r. 3) kan opphavleg ha vore **i**, men også **t** er mogleg. Etter denne staven er det eit mogleg topunkts ordskilje, slik det er mellom r. 6 og 7. R. 9 og 11 har baa pressmerke i veden ganske høgt oppe på venstre side av staven. I baa tilfelle gir desse merka konturar som kan forvekslast med kvister ned til venstre. R. 11 har eit stort hol midt på som ikkje kan vera del av innskrifta. Det ser ut til å vera ein skade på er

påført treverket på eit seinare tidspunkt enn innskrifta er gjord. R. 12 (**r**) har open boge, same form har r. 14. Der er likevel treet skadd slik at delar av bogen no er borte. Litt ned for midten av staven på r. 13 er det på venstre side utpressa ei grop i veden, stor nok til å romma ein kvist. Det ser likevel også her helst ut til å vera ein påført skade som såleis er uavhengig av innskrifta. R. 13 er difor oppfatta som **i** her. Innskrifta kan ha gått vidare etter r. 14. Overflata på stokken synest å ha vore hogd til eller utjamna med øks i forlenginga av siste rune. Det er i alle fall ikkje noko avgrensingsmerke til slutt av det slaget vi har før r. 1. Det tyder på at innskrifta slik ho er i dag, må sjåast som avbroten eller uavslutta:

× ??? (:) Y(?) n ' : Y | Y Y | R l(?) R(?)

× ??? (:) **k(?) u s : m i k m i r i(?) r(?)**

× ??? *kyss (?) mik. Mér er -- `?? kyss meg. For meg er ---'*

Slik innskrifta er bevart, lyt såleis spørsmålet om språkleg meining verta ståande nokså ope. Sekvensen frå r. 4 til r. 6 er her viktig både for språkleg tolking og for spørsmålet om tidfesting av innskrifta. Om sekvensen skal oppfattast som imperativ av verbet *kyssa*, vil upunkttert **u** med lydverdien /y/ isolert sett måtta sjåast som eit svært arkaisk drag. Innskrifta nyttar elles punktering av **i** for /é/, så ho kan truleg med ein viss rett sjåast som parallell til G 6097 frå "Mindets tomt" i Oslo (Liestøl 1978: 220). Denne innskrifta har nemleg også imperativssetninga **kysmik**, men med **y** markert som punkttert **u**. Liestøl vurderer dette som eit 1000-tals drag ved innskrifta frå Oslo. Med den gjenbruk stokken frå brulegginga synest å ha vore utsett for, er det i seg sjølv ikkje noko i vegen for at innskrifta her kan vera like gammal. Ho vil likevel ikkje verta eldre enn fleire av dei eldste innskriftene frå Folkebibliotekstomta. Dersom ein med alle atterhald held fast på at vi har å gjera med ei imperativssetning ? *kyss mik*, vil eit framhald med det pers. pron. i 1. pers. sg. dativ syntaktisk sett vera velforma: `For meg er---'. Kva denne oppmodinga om å kyssa dette "meg" i så fall har hatt for språklege konsekvensar vidare i denne innskrifta, må likevel overlatast til fantasien og skal ikkje forfølgjast her.

Alternative tolkingar av innskrifta kunne vera dei det er gjort framlegg om i NOR (1986: 8) med lesing av sekvensen **kus** som (til)namnet *Gúss* og **merir** anten som 3. pers. sg. pres. av verbet *mæra* ("--- Gúss pryder meg") eller som tilsvarande for av verbet *merja* plus partikkel *er* ("---Gúss slår meg som"). Desse har likevel bae språklege (**e** for

lang /æ/) eller tekstlege (uavslutta setning) vanskar ved seg som gjer dei like opne og usikre som tolkinga *kyss mik*.

[844] N-33456. (Tidlegare omtala: Hagland 1986: 48; 1990b:[41]; 1994c: 258f, 264.) Innskrifta står på eit trespjeld som er avbrote i båe endar. Den bevarte delen er 61 mm lang, 35 mm brei og 4 mm tjukk. Det er runer på den eine breisida. I samband med registrering av nyfunn midt på 1970-talet rapporterer Liestøl om ein palimpsest på den andre breisida (Runearkivet tilvekstnummer A 175). Slik gjenstanden har kunna studerast etter konservering, har det ikkje vore råd å sjå anna enn restar av tre tynne strekar og nokre knivstikk på denne sida. Det er mogleg at dette er restar av ei utradert runeinnskrift, og at det inntrykket var sterkare rett etter at gjenstanden vart funnen. I dag kan vi såleis berre ta Liestøls informasjon om dette til etterretning.

Gjenstanden vart funnen i 1975, felt FH, hovudfase 4. Det inneber arkeologisk datering av funnkonteksten til andre halvdel av 1000-talet. Innskrifta er 46 mm lang, og runene 34 mm høge. I brotkanten, før første leselege rune (r. 2 (ǫ)), er det tydelege restar av ein runestav. Mellom r. 3 og 4 er det eit eittpunkts ordskilje. R. 4 har udiskutabel punktering, og r. 5 (kortkvist s) har likeins tydeleg punkt i nedre enden. Mellom r. 5 og 6 er det også eittpunkts ordskilje, og sameleis etter r. 8, rett før brotkanten i enden av den bevarte delen av innskrifta. R. 7 har òg tydeleg og godt bevart punktering. Bogen på r. 8 (**r**) er open.

--]ǫ 1 . ǫ ' . ǫ ǫ R .

--] l t · e s · u e r ·

--] *lt es vér.* --]? som vi'.

Det som er att av denne innskrifta, gir oss ikkje anna enn ein defekt slutt på ei setning og innleiinga til ei adverbial eller adjektivisk leddsetning. Konjunksjonen eller partikkelen har den form vi ville venta å finna i ei innskrift med slik arkeologisk datering som det vi har i dette tilfellet. I norsk fekk denne partikkelen overgang frå /s/ til /r/ i løpet av 1100 talet. Former med *r* dukkar opp kring midten av 1100-talet, men spreidde belegg på former med *s* er å finna også i andre halvdel av hundreåret (jf. Seip 1955: 80).

[845] N-37975. (Tidlegare omtala: Hagland 1986: 49; 1990b: [42]; 1994c: 258 ff, 265.) Gjenstanden innskifta står på, er ein del av eit sponskift av tre. Den bevarte biten er 60 mm lang, 19 mm brei og 7 mm tjukk. Det er utskore ornamentikk i Urnes-stil på oversida og runer på undersida av skaftet. Funnet vart gjort i 1976, felt FL, hovudfase 4. Det vil seia at funnkonteksten arkeologisk kan daterast til andre halvdel av 1000-talet.

Innskifta startar i brotkanten av skaftet og har såleis berre bevart ein del av slutten. Den delen som er att, er 27 mm lang, og runene er frå 17 til 19 mm høge. Av r. 1, som står i sjølve brotkanten, er berre staven att. Om det har vore kvistar til venstre eller ei, kan såleis ikkje avgjerast slik innskifta er bevart. Bogen på r. 2 (**r**) er open. R. 4 har eit merke i veden som kan vera punktering. Det er likevel vanskeleg å avgjera sikkert om merket er gjort med reiskap eller ei. Resten av innskifta er godt bevart og utan problem med omsyn til lese måte:

--.] R þ t(?) n t t t t

--.] **r þ e(?) u n a n a**

---ge]rði unan á `---] gjorde glede, nyting på'

Sekvensen frå r. 1-4, **-irþe**, må med eit visst atterhald kunna oppfattast som 3. pers. sg. pret. indikativ av verbet *gera*. Tolkinga av den vidare samanhengen synest likevel nokså open. Sekvensen **unana** gjer det mogleg å segmentera i **unan** og **a**, der det første vil kunna stå for *unan* f = "Behagelighed, Glæde, Lyst, Nydelse" (Blöndal). Ordet er ordboksført som nyislandsk (jf. også Torp 1919: 836), helst i forma *unun* f, men Torp (1974: 21) held på at det må vera ei avleiing med "(samgermansk) grunnform *-ôni* (g.norsk *-un, -an*)". Desse var primært danna på grunnlag av *_*-verb, men også *_*-verb kunne vera utgangspunkt, nokre rett nok "jamlaga etter *_*-verbi". Torp ser substantiv som *agan* f (fare, ufred), *hugan* f (omtanke), *skopan* f (fliring, spott) som avleiingar parallelle med *unun/unan*. Dette ordet har han rett nok berre belegg for i samansetjinga *ununarsamr* adj. Seip (1955: 124) viser til at substantiv danna på denne måten har form med *-an* alt i dei eldste norske hss., medan dei eldste islandske har *-on*. Dette gir til

saman eit visst grunnlag for å sjå sekvensen **unan** som substantivet *unan* f. I tilfelle må det her vera akkusativ sg. ettersom det tykkjest vera objekt til verbet *gera*. Den arkeologiske datering av funnkonteksten tyder på at vi har å gjera med ei relativt gammal innskrift. Er tolkinga då rett, kan forma her tyda på at den utjamninga av endinga *-on* > *-an* i desse feminine i-stammene har skjedd i god tid før overgangen er attestert i dei eldste norske handskriftene.

Setningsslutten *-(g)erði unan á* gir ein vanleg norrøn setningskonstruksjon med preposisjon i absolutt eller diskontinuerleg stilling slik vi har det i N774 ovanfor. Meininga vil her kunna vera at nokon eller noko legg nyting til (maten?). Det vil vera rimeleg å gissa på at subjektet til *(g)erði* her har vore eit personnamn. På eit skeiskaft vil vel eit slikt ønske om god appetitt ikkje vera så heilt utenkjeleg, spesielt ikkje på ei skei som i tillegg er prydd aldri så lite med utskjeringar til frygd også for auga.

VII. EITT- OG TO-ORDSINNSKIFTER UTAN SETNINGSFORM

[846] N-29151. (Tidlegare omtala: Hagland 1986: 46; 1990b: [40]; Hagland og Lorentzen 1997: 64f.) Innskrifta finst på ein pilodd av tre, utforma med hals og blad med markerte, skarpe mothakar. Gjenstanden er 125 mm lang, 19 mm på det breiaste, og har 6 mm som tjukkaste mål. Funnet vart gjort i 1975, felt FA, hovudfase 6, det vil seia i ein arkeologisk kontekst som er tidfest til tredje kvartal av 1100-talet. Innskrifta er 40 mm lang og runene frå 12 til 17 mm høge. Bogen på r. 4 (r) er open. Straks etter at gjenstanden vart funnen i 1975 las Aslak Liestøl r. 6 alternativt som e. Slik innskrifta er i dag (1992), er det ikkje råd å sjå spor etter punktering korkje på r. 6 eller r. 2. Runene er elles skarpe i risset og byr ikkje på problem med lese måten på noko punkt.

ʀ | ʀ R ʀ | ʀ

s i k r m i n

Sigr minn `Min siger'

Mest nærliggjande her må vera å skjønna innskrifta som *sigr minn* - 'min siger'. Sigeren det såleis er referert til, må visa direkte til bruken av ein slik gjenstand som innskrifta står på. Ettersom pilodden er av tre, har han sjølv sagt ikkje vore brukt som våpen. Det kan tenkjast at vi har å gjera med ein amulett med ein funksjon som vi i tilfelle ikkje kan anna enn gissa om. Det kan kanskje òg vera tale om ei lita (krigs)leike. Det faktum at gjenstanden ber ei runeinnskrift, kan vera eit argument for funksjonen som amulett. Kor alvorleg det magiske elementet i ein slik amulett med runer frå slutten av 1100-talet i så fall har vore meint, har vi ikkje grunnlag for å seia noko sikkert om.

Ein alternativ måte å oppfatta innskrifta på ville her vera å tolka **sikr** som *sekk*, og at ho såleis kunne tydst som `sekken min'. Det ville i tilfelle innebera at vi hadde å gjera med eit slags eigarmerke. Ein slik måte å skjønna innskrifta på synest likevel ikkje å høva så godt korkje med omsyn til det som er å finna av språklege utformingar elles på slike merke, eller med omsyn til forma på sjølve gjenstanden innskrifta står på.

Anten gjenstanden har vore ein amulett av noko slag eller ei leike, er det rimeleg å tru at det har vore lagt vinn på å gi han ei form som likna mest mogleg på ein `verkeleg' pilodd i samtida. Det største bearbeidde funnet av piloddar frå det område og

det tidsrom som er aktuelt i dette tilfellet, skriv seg frå Oppdal i Sør-Trøndelag. Her er det eit relativt stort tilfang av piloddar både frå hundreåra før og etter år 1000. Men ingen av funna derifrå tilsvarar heilt forma på denne etterlikninga av tre frå Folkebibliotekstomta (jf. Farbregd 1972: 21ff m/plansjar). Generelt sett synest likevel piloddar med mothakar å vera vél kjende frå mellomalderen, men hakane er ofte lengre og meir markerte enn det vi ser på denne gjenstanden med runeinnskrift (jf. KLN 13, sp. 276–80).

[847] N-31496. (Tidlegare omtala: Hagland 1986: 47; 1990b: [41].) Innskrifta står på ein kort sylindrisk tapp av tre, 17 mm lang og 15-16 mm i diameter. Kantane er fasetterte. Funnet vart gjort i 1975, felt FA, hovudfase 6. Det vil seia ein arkeologisk kontekst som er datert til tredje kvartal av 1100-talet. Det er tydelege dobbeltskorne runer på sida i lengderetninga av tappen. Innskrifta er 12 mm lang og runene 11 mm høge. Siste rune, r. 4, har ingen tydeleg overgang mellom boge og kvist. Bogen gjer eit markert innsving om lag ved midten av staven og skil seg ved det klårt frå r. 2, der det er drege jamn boge frå toppen av staven og ned til grunnlina. Det er såleis ingen tvil om at r. 2 må lesast som **u** og r. 4 som **r**. Tilsvarande **r**-former som dette finst også elles. I materialet frå Folkebibliotekstomta finst dei i N814, og forma er også kjend i innskriftsmaterialet frå Bryggen i Bergen (jf. Seim 1982: 11f).

↑ ∩ 1 R

l u t r

Hlutr `Lut'

Det er såleis etter alt å dømma ordet *hlutr* m med vanleg norsk bortfall av /h/ før /l/ som er skore inn på denne gjenstanden. Ordet kan rett og slett tyda del eller part av noko. Men det vart òg nytta i meir spesialisert tyding om ein `lut' til bruk ved lutkasting eller *hlutfall* som det heitte. Ordet kunne også vera brukt om små gjenstandar med

undersmakt - amulettar (jf. Heggstad: 192). Både dei to sist nemnde tydingane kan vera moglege her. Det kan henda at vi har å gjera med ein *hlutr* som har vore nytta eller er laga til lutkasting. I mellomalderen var slik lutkasting nytta for å skaffa greie på løynding, t. d. om slikt som låg løynt i framtida. Lutkasting vart også nytta til å avgjera vanskelege saker og som hjelperåd i ymse slags tvistemål. Framgangsmåten er skildra i dei gamle lovtekstene (jf. NgL V: 412 under *lutr*, jf. òg Þingskapa-þáttur i *Grágás*, Ia, kap. 29 *vm hlvt föll* og kap. 46 *at bioða til lutfalla* (Finsen [ed.] 1852: 53 og 79)). Like store pinnar e. l. vart skorne til for kvar av partane i saka som skulle avgjerast. Deltakarane skulle ha merke på kvar sin pinne. Desse vart så lagde i *skaut*, dvs. i snippen på eit klede, og ein person vart utpeika til å dra ut lutane, syna dei fram og kunngjera kva kvar av dei galdt (jf. òg KLN 11, sp. 11f).

Forma på gjenstanden her høver godt til bruk ved lutkasting slik skildringa av det er overlevert frå mellomalderen. Det kan likevel synast litt påfallande at det allmenne ordet for ein slik gjenstand skal ha vore skore inn med runer som særmerke for attkjenning. Vi kan vel difor ikkje sjå heilt bort frå at det er det magiske innhaldet av ordet som gjeld her, og at gjenstanden har vore nytta som amulett av eit eller anna slag. Eller kanskje er det tale om ein kombinasjon av desse to funksjonane - magi til hjelp ved lutkasting. Spørsmålet kan ikkje avgjerast på det grunnlag vi har her og lyt såleis stå ope.

Eit tenkjeleg alternativ til tolkinga av **lutr** som appellativet *hlutr* m kunne vera å sjå det som eit mannsnamn *Lútr* m - 'den som er bøygd, lut' (jf. Lind 1905-15: 749). Frå nordisk område er namnet einast belagt som mytisk namn: *Lútr* son av *Þræll* i *Rígsþula* 12. Belegg frå stadnamn i England gjer det likevel mogleg at namnet innom det norrøne språkområdet også har vore nytta som personnamn, jamvel om kjeldegrunnlaget for ei slik oppfatning er svært spinkelt (jf. Fellows-Jensen 1968: 191 og 1994: 77). Om det såleis skulle vera dette mannsnamnet vi har å gjera med, ville jamvel det høva svært godt med det å sjå gjenstanden med innskrifta som ein del av handlinga å *bioða til lutfalla*. Om enn lite sannsynleg ville vi i så fall måtta her ha å gjera med ein av 'lutene' som er merkt for lutkasting.

[848] N-87523. (Tidlegare omtala: *Adresseavisen* 20.5. 1985; Hagland 1986: 52; 1987; 1990b: [45]; Aksdal og Hagland 1987; NOR 1986: 7: Ledang 1995: 52 ff.) Innskrifta står på ein tregjenstand med form som stolen i eit strengeinstrument. Gjenstanden er 53 mm lang, 27-38 mm brei og 6-10 mm tjukk. Funnet vart gjort i 1985, felt FU, hovudfase 7. Det tilseier ein arkeologisk kontekst som kan daterast til perioden frå ca. 1175 til ca. 1225. Det er runer på den eine breisida av gjenstanden. Innskrifta er 24 mm lang og på grunn av den form gjenstanden har, varierer høgda på runene frå 14 mm (r. 2) til 20 mm (r. 5). Bogen på r. 1 (**r**) er open. Også kvisten er svakt bogeforma, men utan innsving inn mot staven, slik at lese måten **r** her er tvillaus. Treet er litt skadd nett i den overgangen, så runa er ikkje bevart heilt intakt, men det er ingen tvil om at ho skal lesast som **r**. R. 5 har ein kort nesten vassrett kvist til venstre. Også den er litt dårleg bevart, men det er heller ikkje her tvil om lese måten (**a**).

R ᚱ * 1 ᚠ

r u h t a

Rotta 'Rotta' (musikkinstrument)

Utforminga av gjenstanden gjer det rimeleg å tolka innskrifta som namnet på det strengeinstrumentet han på ein eller annan måte har høyrte til, og at instrumentnamnet som er rissa inn med runer, då er *rotta* eller *rotte*. Dette instrumentnamnet, *rotta* eller *ruhta* som skrivemåten er her, er ikkje belagt i norsk eller andre nordiske språk frå mellomalderen, men er vél kjent frå kontinentaleuropeiske kjelder. Fråværet av belegg har jamvel vore gjort til eit poeng i diskusjonen om historia til strengeinstrument av lyretype i Norden (jf. Panum 1915: 110). Namnet *rotta* i ulike variantformer er kjent og har mange belegg alt frå tidleg mellomalder både i germanske og romanske språk (glht., mht., gallo-rom. og glprov.). I tyske belegg er former med utlydande <e> vanlegast (Steger 1971: 100 m/tilvisingar). I belegg med latinifiserte former, både av mht. og glfr., kan ordet ha skrivemåte med utlydande <a> og likeins med <h> i konsonantgruppa (*rotha*, jf. Niemeyer 1954-76: 929). Latinifiserte former av mht. har dessutan ofte skrivemåte med <u> i rotstavinga (*rutta*, *rutte*, *rutt*, *rute*, jf. Lexer 1876: 509). Det vil såleis vera mest nærliggjande å sjå innskrifta her som ei latinifisert form av ordet, og at

skrivaren har vore kjend med eit latinifisert skriftbilete for dette kontinentaleuropeiske instrumentnamnet. Bruk av runer til å skriva latin er elles ikkje ukjent, heller ikkje i materialet frå Folkebibliotekstomta. Om skrivemåten med **u** her er grunna i ein uttale med /u/ eller om det er eit tillært skriftspråkleg drag, er det uråd å avgjera ut frå eit isolert tilfelle som dette. Vi har i alle fall ikkje noko grunnlag for å rekna med at ordet har vore uttala med rotvokal /o/ av den som har rissa innskrifta. Ein slik føresetnad ville i så fall gjera skrivemåten med **u** til eit kronologisk problem ut frå den arkeologiske konteksten gjenstanden vart funnen i. Skrivemåten **ht** i staden for <th> i bellegg frå mht. og glfr. er også eit problem. Vi kunne kanskje sjå skrivemåten med **ht** her i samband med skrivemåten **ht** i ei innskrift frå Bryggen i Bergen: **penedihta** (*Benedikt á* eller *Benedikta*, B525, jf. NIyR VI, s. 145). Det er kanskje mogleg å sjå slike skrivemåtar som uttrykk for ein preaspirert uttale, men parallelle døme er for få til at sikre slutningar om slik uttale i samanhengar som dette kan dragast (Gunnar Ólafur Hansson, Reykjavík, pers. komm.).

Spørsmålet om kva slags musikkinstrument denne vesle gjenstanden har vore del av eller viser til på ein eller annan måte, synest ikkje å vera så heilt klart. Dei musikkhistoriske problem, både språklege og reale, kring det eller dei instrument som i europeisk mellomalder har vorte kalla *rotta*, *rutta*, *rotte*, *rutte* etc. synest ikkje å vera heilt avklara. Namnet ser ut til å ha vore nytta både om lyreliknande instrument av varierende utforming, om ulike psalterinstrument og seinare også om spissarpa (jf. Sachs 1930: 162ff og Bruce-Mitford 1980: 261ff). Eit mogleg språkleg opphav i keltisk, med utgangspunkt i ei form **krott_*, har vore drøfta. Eit strengeinstrument med namn som kan avleiast av ei slik form, er kjent i nyare tid både frå irsk og walisisk språkområde (*cruit* f og *crwth* m). Språkleg mogleg, og kanskje vel så sannsynleg, er opphav i ei gl. frankisk form **hr_ta* som kan vera utgangspunkt for dei belegg som er kjende frå tysk språkområde (for utførlegare diskusjon, sjå Steger 1971: 100ff). Sjølve tydinga av ordet *rotta* kan kanskje førast attende til eit eldre namn på lyra. Gr. *χελύς* [*chelys*] (skilpadde) var nytta ikkje berre i Hellas, men også av romarane. Eit framlegg til etymologi for ordet *rotta* er at det greske ordet for skilpadde har vore omsett til glht som **chro(t)á* eller **hró(t)ta* (jf. mod. ty. *Kröte* f - padde). Denne utviklinga kan godt ha skjedd via det frankiske språkområdet (jf. Marcuse 1975: 373f).

Funnet frå Folkebibliotekstomta synest etter alt å dømma å ha ei viss interesse, både språkhistorisk og musikkhistorisk. Gjenstanden har tvillaust vore (tenkt som) del av eit instrument der strengene har gått frå eit nokolunde samla punkt i ein ende og ut i vifteform i motsett ende. Utforminga av sjølve stolen tyder på at han må ha vore (tenkt) montert nærast utgangspunktet for vifteforma. Det samsvarar fullt ut med konstruksjonen av mellomalderlyra (for nærare diskusjon, sjå Hagland 1987, Aksdal og Hagland 1987: 100ff). Saman med innskrifta på denne strengestolen gir dette eit nokså sikkert grunnlag for å rekna med at gjenstanden har samanheng med eit lyreinstrument kjent som *rotta/rutta* i det miljøet han har høyrte til.

Med grunnlag i den arkeologiske dateringa til tida kring 1200 er det sannsynleg at det instrumentet vi her har å gjera med, har vore eit strykeinstrument. Det finst ikkje sikre belegg for at knipselyrer har vore nytta på nordisk område i den perioden som her er aktuell (jf. Aksdal og Hagland 1987: 103). Eit moment som gjer det vanskeleg å ta stode til kva slags instrumenttype vi har å gjera med, er at det ikkje finst synlege merke etter strenger på stolen. Det er påfallande, ettersom stolen ikkje er laga av noko hardt treslag. Strengetalet kan såleis ikkje seia oss noko om kva slag form for lyre det dreiar seg om. Medan vi på dei fleste moderne strenginstrument finn ein konveks avrunding av strengesetet på stolen, har denne konkav avrunding. Det kan tyda på at strengene her har gått relativt samla over stolen, og det kunne i sin tur peika i retning av ei knipsa form for lyre. Men ei gransking av det overleverte ikonografiske materialet viser at stolen på dei første strykelyrene ofte var plassert svært nær strengefestet. Slik sett vart plasseringa heller ikkje avgjerande for den vidare spreiding av strengen fram til åket. Strengene kunne altså både gå ut temmeleg parallelt og i vifteform utan at det gav seg spesielle utslag for utforminga av stolen. Dessutan finst det ikonografiske belegg på strykelyrer der strengene går ut frå stolen i vifteform (Bachmann 1969: ill. 89-97). Utforminga av stolen vil såleis ikkje vera noko avgjerande argument mot at han skal sjåast som del av eit strykeinstrument.

Spesielt ved gjenstanden er at han synest svært lite forseggjord. Det kan difor vera grunn til å stilla spørsmål ved om han i det heile har vore i bruk på eit musikkinstrument. Det kan til dømes vera tale om ein modell eller liknande. Det kan i så fall forklara mangelen på merke etter strenger. Men anten stolen har vore i bruk eller ei, verkar han nokså 'heimelaga' og amatøraktig. Det er påfallande at dette

instrumentnamnet som elles ikkje er belagt i Norden, er å finna på ein slik litt useriøst utsjåande gjenstand. Det kan gi inntrykk av at ordet har vore i meir allmenn og daglegdags bruk enn dei andre orda vi kjenner for strengeinstrument frå norsk mellomalder. Vi har ein del belegg på instrumentnamn frå litterære kjelder, og dei er utan unnatak å finna i skildringar av eksotiske, kongelege eller fyrstelege miljø. Det er stort sett dei same instrumentnamna vi får lista opp i dei skildringane vi har overlevd, slik at det kan vera grunn til å sjå bruk av slike namn som litterær konvensjon. Typisk for slike skildringar er dei belegg vi har i det omsette verket *Strengleikar* og i saga om Sigurd Jorsalfar i *Morkinskinna*. Fortalen i *Strengleikar* fortel såleis at den etterfølgjande teksten er omset frå fransk etter - *liodsonga. þa er gærazc i horpom gigiom. Simphanom. Organom. Timpanom. Sallterium. ok corom. ok allzkonar oðrum strænglæikum er menn gera ser ok oðrum til skemtunar* (= "ljodsongar som vert framførte med harper, gigjer, simfaner, lyrer, symbaler, psalter, coron og alle slags andre strengeinstrument som folk lagar til gaman for seg og andre" jf. Cook og Tveitane 1979: 4ff m/tilvisingar). I saga om Sigurd Jorsalfar fortel *Morkinskinna* om hoffet til den greske kongen at det var *allz conar songføri. psalterium oc organ. horpor. gigior oc fiþlor. oc allz konar strengleicr*. (= "alle slags musikkinstrument; psalter og lyrer, harper, gigjer og feler og alle slags strengeinstrument", jf. Finnur Jónsson (ed.) 1932: 350).

Handskriftene med desse tekstene er frå slutten av 1200-talet, og vi må rekna med at opphavstekstene skriv seg frå første halvdel av 1200-talet i baa tilfelle. Vi må såleis kunna sjå dei som nokolunde samtidige med runeinnskrifta med instrumentnamnet frå Nidaros. Det litt framandvorne ved den latinifiserte forma ordet har i innskrifta, kan høva godt med den konteksten vi elles finn kring dei strengeinstrumentnamn vi har belegg for i kjeldene. Men den tilsynelatande kontrasten til det trivielle og litt småklønete ved gjenstanden med innskrifta står då fram som eit problem. Kva dette grunnar seg i, kan vi ikkje seia noko meningsfylt om i dag. Det vil heller ikkje føra vidare å gi seg ut på speulasjonar om det. Det vi kan konstatere, er at vi har ein stol som har høyrte til eit strengeinstrument, eventuelt ein modell e. l., og at dette instrumentet etter alt å dømma har vore kjent i Nidaros under namnet *rotta/rutta*. Dateringa til tida kring 1200 høver godt med det europeiske kjeldematerialet vi elles kjenner. Funnet gir oss såleis kanskje fliken av ein norsk rottatradisjon, ein tradisjon som vi i tilfelle elles ikkje har språkleg evidens for på annan måte.

[849] N-29570. (Tidlegare omtala: Hagland 1990b: [47]; 1994b: 90; NOR 1989: 7.) Innskrifta står på ein trepinne, tilspissa i eine enden, firkanta i tverrsnittet med brotne hjørne. Gjenstanden er 110 mm lang og tverrsnittet er 7 x 9 mm . Funnet vart gjort i 1975, felt FF, hovudfase 8. Det vil seia ein arkeologisk kontekst som kan daterast til perioden mellom første og siste kvartal av 1200-talet. Innskrifta vart ikkje oppdaga før i 1988 i samband med at lausfunnsmateriale vart bearbeidd i magasin. Det er runer på ei side av pinnen. Innskrifta er 20 mm lang og runene 6 mm høge.

R. 1 er binderune der kvisten frå eit stykke ovanom midten av staven og ned til venstre er utydeleg, men kan sjåast sikkert nok i stereolupe. Mellom staven og kvisten opp til høgre er det vidare tvillaust punktering. Runa må såleis lesast som binderune **ag**. R. 2 har kvist som kan synast å vera dregen ned til venstre og opp til høgre i to snitt. Det er i alle fall ikkje heilt jamn samanheng mellom dei to kvistdelene, og kvisten på høgre sida av staven og opp til toppnivået gjer ein tydeleg boge. Runa vil såleis kunna lesast som binderune **ak** og som **æ**. Berre den siste lese måten kan gi språkleg mening. Nedre del av bogen og toppen av kvisten rører så vidt ved staven på r. 5 og dannar såleis ein r med lukka boge.

𐌹 𐌿 1 | R

ag æ t i r

Ágætir 'Ypparlege; framifrå'

Språkleg sett gir innskrifta grei nok mening. Adjektivet *ágætr* i mask. pl. som vi i tilfelle må ha å gjera med her, vert likevel nokså innhaldstomt i ein isolert samanheng som denne. Om vi kunne vera visse på kva funksjon denne bearbeidde pinnen har hatt, ville det truleg vera råd å skjønna litt betre kva det er som har vore så 'framifrå'. Den arkeologiske konteksten gjenstanden vart funnen i, viser særleg markerte spor etter lærhandverk. Spor etter dette handverket hadde i perioden og på staden som her er

aktuell "fått en eksplosjonsartet økning" (Nordeide 1989: 100). Det er difor tenkjeleg at denne pinnen har hatt ein funksjon i samband med tilverking av skinn eller bearbeiding av lær. Innskrifta kunne såleis tenkjast å gi uttrykk for ei eller anna kvalitetssortering i ein slik handverksprosess. Men bindande prov i så måte kan gjenstanden knapt gi. Å søkja andre moglege kontekstar vil ikkje gi stort meir enn rein spekulasjon og skal såleis få liggja her. Den eigentlege meininga med denne innskrifta lyt dermed bli ståande nokså open.

[850] N-30690. (Tidlegare omtala: Hagland 1986: 46; 1990b: [40]; 1994c: 260.) Gjenstanden står på ein tilverka gjenstand av tre, 205 mm lang med ovalt tverrsnitt på 15 x 11 mm. Funnet vart gjort i 1975, felt FL, hovudfase 5. Det vil seia i ein arkeologisk kontekst som kan daterast til første halvdel av 1100-talet. Det er runer på to sider ut mot den eine enden av gjenstanden. Innskrifta på side a er 31 mm lang og runene 11 mm høge, på side b er høgda likeins 11 mm. Innskrifta her er ca. 5 mm lang.

R. 1 på side a er defekt ved foten av staven på grunn av skade i treverket. Det er likevel ingen tvil om at runa må lesast som **l**. R. 2 har kanskje punktering. Punktet står fram som tydeleg fargeskilnad i veden, men det er uråd å avgjera heilt sikkert om merket er gjort med reiskap som ein medviten del av runa. Med eit visst atterhald er runa oppfatta som **u**. Også r. 4 synest å kunna ha punktering, men her kan ein ved stereolupe sikrare avgjera at så ikkje er tilfelle og at det nokså sikkert berre er tale om rein stav: **i**. R. 6 er dregen nokså langt ned i høve til høgda på føregåande stav, men kan nokså sikkert lesast som kort **s**. R. 7 har tydeleg bevart stav. Ved nærare gransking i stereolupe kan kvist frå om lag midten av staven og opp til høgre konstaterast, slik at runa må lesast som sikker **k**. R. 1 på side b er eit relativt kort snitt på nivå med toppen av r. 2. I den grad dette er meint som runeteikn, må det oppfatast som kort **s**. Også ved r. 2 kan spørsmålet om dette er meint som runeteikn eller ei stillast. I tilfelle kan det lesast som ein defekt **k** der toppen av staven, frå det punktet kvisten går ut, er avskala eller sliten bort.

- | | | | |
|----|-----------------------------|----|----------------|
| | ↑ ʌ(?) ʏ ↑ ' ʏ | | ' ʏ(?) |
| a) | l u(?) k i l s k | b) | s k(?) |
| a) | <i>Lykill sk</i> `Lykel sk' | b) | <i>sk</i> `sk' |

Side a kan såleis utan større vanskar lesast som *lykill* m og skjønast som ordet for `lykel' eller `nøkkel' på norrønt anten vi les r. 2 som punktert **u** eller ei. I båe tilfelle vil vi her måtta rekna med at runa markerer lydverdien /y/ om vi tek det for gitt at innskrifta har ei språkleg meining. Upunkttert **u** som /y/ i ei innskrift som kanskje ikkje er eldre enn tidleg 1100-tal er kanskje litt seint (jf. likevel NIyR III: 80). Punkttert **u** med lydverdi /y/ er kjend frå dansk område alt før år 1000, jamvel om beleggsmaterialet er lite (DR: 999, Stoklund 1983:428). Frå norsk område er bruk av slik **u** også lite belagt. Nokolunde sikker i så måte er berre N159 Snarteland, N192 Storhedder III og N460 Selbu krk. Av desse er berre Storhedder III datert så tidleg som til 1100-talet³. Med ei slik datering kan det såleis seiast å vera evidens, om enn svak, til å stø lesemåten med punktert **u** i innskrifta her - også frå norsk innskriftsmateriale.

I alle fall synest det rimeleg å tolka innskrifta språkleg som *lykill* m. Det høver godt med forma på gjenstanden som mykje vél kan seiast å ha form som ein lykel av eitt eller anna slag, og innskrifter som namngir gjenstanden dei står på, har vi mange parallellar til (jf. t.d. N847 ovanfor). Kva sekvensen **sk** står for, synest derimot heilt uvisst her. Ettersom det er sannsynleg at det er same sekvensen vi har også på side b, synest det å vera medvite gjort. Kva meininga med det kan vera er det likevel ikkje råd anna enn å gissa om i dag.

³ "yngre enn 12te årh. er Storhedder-runene neppe,-kanskje fra tidlig i dette århundre" (NIyR III: 53).

[851] N-38298. (Tidlegare omtala: Hagland 1986: 48; 1988b: 23; 1990b: [42]; 1994c: 255.) Innskrifta står på ei sverdslire av lær, 373 mm lang og 53 mm på det breiaste. Funnet vart gjort i 1976, felt FH, hovudfase 2. Det tilseier arkeologisk datering av funnkonteksten til ein periode som strekkjer seg frå slutten av 900-talet til midten av 1000-talet. Det synest såleis å vera ei av dei eldste innskriftene vi har i tilfanget frå Folkebibliotekstomta. Denne sverdslira er ei av i alt 38 slirefragment av lær frå Folkebibliotekstomta (Marstein 1989: 97-102 og 171). Ingen av slirene er heile. To av dei største fragmenta er funne i hovudfase 2, den eine er altså denne med runeinnskrift. Jamvel om sikre argument vantar, har det faktum at slirene berre er funne som fragment, tentativt vore tolka som teikn på omattbruk av læret. Desse omstenda ved dette spesielle funnmaterialet gjer at atterhald må takast for at gjenstandane gjennomgåande kan vera monaleg eldre enn dateringa av fasane dei er funne i. Innskrifta på denne slira frå fase 2 står eit godt stykke inn på breisida av slira i god avstand frå kant (ca. 65 mm). Ho er 35 mm lang og runene ca. 22 mm høge. Ettersom runene er rissa inn på lær, er dei ikkje så lett synlege, men risset er likevel så godt bevart at det ikkje er problem med lesemåten. Innskrifta er plassert mellom to langsgåande saumar i god avstand frå både endar av det bevarte slirefragmentet (jf. ill.). R. 1 er kortkvist s med eit mogleg, men nokså uvisst punkt i nedre enden. Bogen på r. 3 (**r**) er open. Kvisten går nesten parallelt med staven frå enden av bogen og ned til grunnlina. R. 4 har enkeltsidig kvist ned til venstre. Parallelt med det opphavlege risset er det 4-5 mm ned frå toppen av r. 6 gjort eit kraftigare (ekstra) riss kloss i staven. Det ser helst ut til å vera meint som freistnad på dobbeltskjering for å tydeleggjera toppen av staven som i utgangspunktet synest å vera svakt rissa.

' Y R 1 þ |

s k r a þ i

Skaráði [?] `Den som sårar, skjer opp'[?]

Innskrifta slik ho står, kan innhaldsmessig ikkje lett identifiserast med tidlegare belagt ordtilfang i norrønt. Ein mogleg emendasjon kunne vera å sjå r. 3 og 4 som omstokka, og at innskrifta såleis kunne gi mannsnamnet *Skaráði*. Namnet er belagt på to runesteinar frå Jæren (N244 - Helland II og N247 Skadberg). Det er elles kjent frå vokstavlene frå

Hopperstad kyrkje i Sogn (DN XIII: 2) og i svenske innskrifter (jf. t. SÖ 133, U 769). Runeinnskriftene frå Jæren er daterte til tida kring 1100 (N244) og "minst en mannsalder eldre" enn det (N247, jf. NIyR III: 226). Vokstavlene frå Sogn er daterte til slutten av 1200-talet. Lind (1921: 316) reknar med at namnet har sitt opphav i eit tilnamn med tydinga "den haremynte". Om det er dette namnet som ligg attom innskrifta her, vil ho måtta sjåast som ei eigarinnnskrift, og ei slik oppfatning vil ha støtte i mange parallelle døme.

Ein emendasjon som dette vil likevel alltid vera uviss. Lesen slik ho står, kan innskrifta formelt sjåast som ei verbalform i 3. pers. sg. pret. (*skrá* - *skráði*). Dette verbet er berre ordboksbelagt i norrønt med tydinga 'skriva opp, fastsetja (skriftleg), bokføra'. Det gir ikkje særleg god meining i denne samanhengen. Ivar Aasen (1873: 685) gir verbet *skraa* med tydinga "1) kløve, spalte; især Jærn. Ork. 2) opskjære i Stumper, især Tobak til Tygning. Visstnok nyere Ord, maaske for skraada, jf. skræda". Det er vel ikkje heilt klårt kva Aasen her meiner med at ordet er av nyare dato. Det finst i alle fall i dansk med same tyding (jf. ODS X *skraa*). Der er det liksom *skræda* i norsk sett i samband med mnt. *schrâden* og nt. *schra(d)en*, 'skjera' (jf. òg Torp 1919: 626f). Mnt. har elles subst. *schrót/schrát* av same rot og tyding "afgesneden stuk" (de Vries 1971: 665), mht. har desse subst. ordboksført med tyding "hieb, schnitt, wund" (Lexer 1876: 803). I ags. finst verbet *scréadian*, "Shred, cut up, pare, to prune" og subst. *scréad(e)* f, "a piece cut off, a shred, a screed, paring" (Bosworth and Toller 1976: 840). Ingen av desse belegga frå eldre tysk og ags. med grunnlag i ei rot **(s)qreu-* vil problemfritt gi eit norrønt verb *skrá* med tyding 'skjera, snitta' etc. Sett mot den bakgrunnen har Aasen truleg rett i at den tydinga av verbet i norske målføre må vera eit nyare ord, truleg lånt via dansk eller direkte frå mnt. Å sjå sekvensen **skrap**i på denne sverdslira som ei verbalform i 3. pers. sg. pret. vil i seg sjølv vera tvilsamt og vanskeleg å finna parallellar til i innskriftsmaterialet elles. Det vil derimot kunna gi meining om innskrifta kan sjåast som ei nominaldanning til den ovannemnde rota. Men i høve til dei belegg vi har frå andre eldre germanske språk, er heller ikkje det heilt endefram. Torp (1919: 627) reiser i samband med drøfting av etymologien til verbet *skræda* spørsmålet "om ikke der foreligger et germ. **skréd-* skjære (udvidelse av roten **sker*)". I så fall vil det måtta vera ein parallell til t.d. utgangspunktet for dei ovannemnde belegga frå ags. Desse føreset vel helst ei vestgermansk form med *au*. Torps tanke vil i alle fall greitt kunna gi ei

nordgermansk form med *_*. Belegget vi har overlevert gjennom denne innskrifta, har ytre form som ei *an*-stamme i norrønt. Spørsmålet er då om vi her kan ha å gjera med ei *n*-stammeavleiing med utgangspunkt i ei germansk rotutviding slik som Torp gjer framlegg om. Slike avleiingar vil kunna gi nomina agentis eller actionis (jf. Torp 1974: 13f). Vi har såleis kanskje å gjera med eit elles ubelagt ord *skráði* m som kunne tyda noko slikt som 'den som snittar, lagar sår'. Eitt ord utan språkleg kontekst slik vi har her, gjer sjølvstyk tanken uviss. Gjenstanden innskrifta står på, lagar likevel ein kontekst som kan stø ei slik tolking. Tilsvarende innskrifter på våpen er ikkje ukjende jf. t.d. vél kjende spydspissen frå Øvre Stabu med innskrifta **raunijaR** - 'den som røyner, prøver'.

Eit mogleg ord *skráði* m vil i tilfelle også kunna sjåast som ei parallell orddanning til ordet *skrjóðr* eller *skrjáðr* m, som let til å vera av same rot. Ordet er kjent frå Snorre Edda som heiti for 'mann' med eit innhald som har vore sett på som dunkelt (Strömback 1935: 110, Jóhannesson 1956: 842). Eit mannsheiti med grunntydning 'den som utfører snitt/sår e.l.' vil i tilfelle kunna gi god meining innom råmene for norrøn poetisk språkbruk.

Med alle dei atterhald som nødvendigvis må takast i eit tilfelle som dette, kan det likevel vera at vi i denne innskrifta har å gjera med eit norrønt hapax legomenon.

[852] N-78383. (Tidlegare omtala: Hagland 1986: 51; 1990b: [44].) Innskrifta står på eit avbrote skaft av tre, etter alt å dømma eit fragment av ei skei eller ei ause(?). Gjenstanden slik han er bevart, er 99 mm lang, 18 mm på dei breiaste og 6 mm på det tjukkaste. Funnet vart gjort i 1981, felt FG, hovudfase 6. Det tilseier ein arkeologisk kontekst som kan daterast til tredje kvartal av 1100-talet.

Innskrifta går frå enden av skaftet og innover og er 15 mm lang. Runene er frå 9 til 13 mm høge. Første rune står i god avstand frå skaftenden (12 mm). Øvre del av r. 1 har stått på den avbrotne delen av skaftet, slik at den runa no er defekt. I 3-4 mm avstand frå enden av gjenstanden er det 3 svake riss som ikkje går heilt ned til basen for r. 1-3. Dei er lett avrunda i forma og har meir karakter av å vera del av ornamentikk enn rester

av runer. Kvisten på r. 1 er dregen relativt langt ned og ut frå staven. Runa er no defekt, og det er tvillaust nedre del av **n** som står att. Staven på r. 3, under bogen, er skoren dobbelt med ein liten splitt nedst. Det let til å vera ei omattring for å gjera staven tydelegare, slik at runa sikkert nok må lesast som **p** og ikkje som **r**. Ettersom ein del av gjenstanden med innskrift er tapt, kan vi ikkje sjå heilt bort frå at noko meir enn øvre del av staven i r. 1 også er borte. Slik brotkanten går i høve til innskrifta, er det einast ein kortstava **s** som i så fall vil kunna vera tapt.

[ʰ] | þ

[n] i þ

[n]ið `nid, hån, skam'.

Reint språkleg kan det her då vera tale om subst. *nið* n som kan tyda `nid, hån, skam'. Om gjenstanden har vore ei skei, vil ei slik lesing kunna gi oss grunn til å spekulera over kvaliteten på kosthald og smak på det som har vore servert, men meir enn spekulasjon har vi ikkje grunnlag for. Reint språkleg kan vi heller ikkje sjå heilt bort frå at det er ordet **snip** n (*snið* n) = `sniding, avsnidd stykke' som eigentleg har stått på dette skaftet, men bindande prov på det finst ikkje.

[853] N-32000. (Tidlegare omtala: Hagland 1986: 47; 1987: 60; 1990b: [41]; 1994c: 258f, 264.) Innskrifta står på eit beslag av bein, 75 mm langt, 22 mm breitt og 1 mm tjukt. Beslaget har to hol. Det er festa til oversida av eit lite halvlok av tre, lokket ser ut til å ha vore del av eit skrin. Lokket er 350 mm langt, 100 mm breitt og 5-7 mm tjukt. Det har bevart to hengsler på den eine sida og ser ut til å ha vore eine halvparten av eit todelt lok, der kvar del må ha vore hengsla til ytterlangsidene av skrinet. Den bevarte delen av denne lokk-konstruksjonen har eit langt beinbeslag som går langs ytterkanten der hengslene er. I tillegg finst det 15 bevarte beinbeslag som ligg på tvers av halvloket og to er sprekt av. Beslaga er dekorerte med utskjeringar, og eitt av dei har runer. Funnet vart gjort i 1975, felt FL, hovudfase 4. Det vil seia at funnkonteksten arkeologisk kan

daterast til siste halvdel av 1000-talet. Runeinnskrifta har etter alt å dømme teke til på eit motsvarande beslag på den tapte halvdelen av lokket. Den bevarte delen av innskrifta er 33 mm lang og runene 22 mm høge. Runene er rissa med ein skarp reiskap. Dei er vél bevarte og byr ikkje på problem for lesinga. R. 1 står i klår avstand frå kanten av beslaget. R. 4 har ein heller skarpt vinkla open boge. Etter r. 4 står det eit lite kryss som ei avsluttande innråming av innskrifta.

--] † ʁ ƚ R ×

--] æ z u r ×

[tr] ezur `skatt' etv. `smykkeskrin'

Den bevarte runesekvensen vil kunna transkriberast både som **-asur**, **-æsur** og **-æzur**. Vi har ingen kontekst som gir grunnlag for noko eintydig val her. Den første varianten vil føresetja at vi har å gjera med ei innskrift i langkvistruner. Gjenstanden som ber innskrifta, er vél forseggjort og kan i seg sjølv godt vera ein importert `dyrgrip' med slike runer. Om vi skal gå ut frå at det ikkje er tale om ei innskrift som har vore gjennomført med langkvistruner, vil valet mellom transkripsjonen **-æsur** og **-æzur** likevel ikkje vera opplagt. Vi har døme frå den eldste delen av materialet frå Folkebibliotekstomta på innskrifter som blandar langkvist og kortkvistruner (jf. t.d. N839 ovanfor). Transkripsjonen **-æzur** føreset at vi har å gjera med ein skrivar som både differensierer mellom **a/æ** og **s/z**. I ei så tidleg innskrift som dette synest å vera, har vi ingen sikre haldepunkt for å vita kor etablert ei slik utviding av runerekkja på 16-teikn var (jf. likevel Hagland 1994c: 259).

Same kva transkripsjon vi her vel, vil denne sekvensen på fire runer godt kunna representera siste del av eit (lån)ord *tres(s)ur* m. Ordet er kjent i mnt som *trêsor* eller *tritsôr* m, ags. *tresor*, fr. *tresor* 'skattkammer', også `samling av gull eller sølvstykke, verdigjenstandar som er lagde til side, gøymde e.l.' Ein reknar med at opphavet til ordet er lat. *thessaurus* m, men ut over det er etymologien dunkel (jf. Godefroy 1982). I norrønt er det ordboksført som *tressur* m (Heggstad) og *tresur* m (Fritz IV) og med spørjeteikn oppført med tydinga "skrin til å gøyma prydsaker i" (Heggstad). Ordet er elles berre kjent i norrønt frå eitt (nokså seint) belegg i eit diplom utferda i Bergen 14. august 1328 (DN II: 165). Teksten det står i der, gjeld taksering av lausøyre som "fru

Margrete hadde hatt med heimanfrå og i garden til Torstein Mita". I opprekninga av lausøyret er det nemnt ein *træzsur* til *sæx merkr* og i direkte samband med det *æit gulnæsti æin gul sylghia ok æit gull garland* ('ei festenål av gull, ei gullsølje og eit gullgarland'). Den konteksten vil saman med inskripsjonen på dette skrinet måtta kunna sjåast som eit fullgodt prov på at ordet har vore brukt i norrønt om skrin til å ha smykke i. Dersom skrinet frå Folkebibliotekstomta er så gammalt som frå siste halvdel av 1000-talet, må vi ha å gjera med eit tidleg innlån. Kor det er innlånt frå, og om det har vore lånt inn i forma /tretsor/, /tresor/, /tretsor/ eller /tresur/, vil det ut frå belegget i innskrifta vera uråd å avgjera med visse. Belegget frå Bergen 1328 med *u* i siste staving kan likevel vera eit argument for at r. 3 **u** her også representerer /u/ og ikkje /o/. Skrivemåten *træzsur* kan vera eit argument for at ordet i norrønt har vore innlånt og har vorte etablert med konsonantsamband /ts/, jamvel om lydverdien av teikna <zs> og <z> i 1300-tals skrift kan vera noko uviss. Om ordet skal normaliserast til norrønt *tresur*, *tressur* eller snarast som *trezur* m, kan innskrifta her heller ikkje hjelpe til å gi noko eintydig svar på. Det leksikalske innhaldet synest ho derimot å kunna støtta og såleis gi eit argument for å fjerna spørjeteiknet som ordbøkene har sett etter framlegget til tyding. Om ordet har vore innlånt så tidleg som på slutten av 1000-talet, vil også samanhengen det har vore brukt i, vera eit interessant spørsmål. Gjenstanden slik han er bevart, kan vel heller ikkje gi sikkert svar på det. Men ein eller annan samanheng med kyrkjelege verdisaker vil det truleg vera mest rimeleg å tenkja på i ein periode då det elles kom inn ein god del nytt ordfang i samband med den nye trua og alt det seremonielle kring den. Ut frå tydingsinnhaldet i andre mellomalderspråk kan vi med grunnlag i runeinnskrifte heller ikkje avgjera sikkert om ordet i den samanheng det er nytta, viser til sjølve gjenstanden med runene, eller til det som har vore *i* gjenstanden. Det opnar for at tydinga i den samanhengen vi har her, ikkje nødvendigvis har vore plent den same som i belegget frå Bergen i 1320-åra. Svaret på spørsmålet om den vidare brukssamanhengen lyt likevel måtta stå nokså ope. Sameleis tydingsutviklinga i norsk av dette etter alt å dømma nokså tidleg innlånte ordet.

[854] N-26357. (Tidlegare omtala: Hagland 1986: 44; 1990b: [37].) Innskrifta står på eit avbrote trestykke, 92 mm langt og med eit elliptisk tverrsnitt på 25 x 4-5 mm. Funnet vart gjort i 1975, felt FA, hovudfase 8. Det tilseier arkeologisk datering av funnkonteksten til perioden mellom første og siste kvartal av 1200-talet. Det er runer på ei side. Innskrifta er 50 mm lang og runene 22 mm høge. Siste rune står i god avstand frå den avbrotne kanten av pinnen. Etter siste rune, frå ei line som kan dragast nokolunde parallelt med denne og ut til brotkanten, er overflata avskala. Det er ikkje spor etter noka rune i sjølve brotkanten. Runene lutar framover slik at heile innskrifta ligg litt på skrå. R. 2 har vesentleg lengre kvist enn r. 3. R. 4 er svakt i risset og litt uklår. Med eit visst atterhald synest det likevel å måtta oppfattast som kort **s**. Nedre del av staven på r. 5 er skadd eller nedsliten. Det synest likevel sikkert å lesa teiknet som **o**.

ʃ ʃ ʃ '(?) ʃ [---

k l a s(?) o [---

Klas O[-- (?)

Slik innskrifta er bevart, er det tvilsamt om ho kan gi språkleg meining. Lind (1920-21:202 og 1905-15: 691) gir eit (til)namn *Klasi* med belegg både frå Island og Noreg i den perioden som kan vera aktuell for dette funnet. Sekvensen **klaso**[-- vil likevel vanskeleg kunna identifiserast med det namnet. I materialet frå Bryggen i Bergen finst sekvensen **klasa** på ei side i ei innskrift (N640). Liestøl har med atterhald gjort framlegg om at sekvensen skal lesast som *Klas á* ('Klas eig'), der *Klas* er sett som kortform av mannsnamnet *Niklas* (*Nikulaus*) som elles ikkje er noko uvanleg namn i mellomalderen. R. 1-4 i innskrifta her vil isolert sett kunna tolkast på same måte og såleis stø Liestøls tanke. I tilfelle kunne r. 5 vere første rune i eit tilnamn, eit patronymikon e.l. Slik innskrifta er bevart, har vi likevel ikkje bindande argument for ei slik tolking. Det lyt såleis bli ståande ope kva meininga med denne innskrifta har vore.

[855] N-30844. (Tidlegare omtala: Hagland 1986: 47; 1990b: [40].) Innskrifta står på eit firkanta stykke av (kval)bein, 68 mm langt, 32 mm breitt og 13 mm tjukt. Gjenstanden er skoren til med avrunding i kvar ende, men har elles ingen merke eller spor som kan avsløra noko om bruk eller funksjon. Funnet vart gjort i 1975, felt FL, hovudfase 5. Det vil seia at funnkonteksten kan daterast arkeologisk til første halvdel av 1100-talet.

Det er runer på ei av dei smale langsidene. Innskrifta har berre to runer og er 6 mm lang. Runene er ca. 10 mm høge og er rissa med skarp reiskap. Lesemåten av innskrifta er sikker. R. 1 står i god avstand frå enden. Bogen dekkjer så godt som heile staven og må såleis sjåast som ein (ikkje uvanleg) variant av **p**.

þ †

p o

Innskrifta gir såleis ikkje særleg god meining. Om vi reknar med at det heile er noko som er påbyrja og har vorte kasta til sides utan å verta fullført, kan sjølvsagt sekvensen **þo** sjåast som konjunksjonen *þó*. Men å postulera ei leddsetning innleidd på denne måten vil sjølvsagt aldri kunna bli anna enn spekulasjon. Sekvensen **þo** representerer elles rune 3 og 4 i fuþorken, men med den plasseringa runene har på gjenstanden, er det heller ikkje god grunn til å sjå innskrifta som ein ufullført fuþork. Det kan elles vera grunn til å minna om at det finst bevart tre eigarmerke med den same sekvensen, to frå Bergen (N740 og 741) og eitt frå Trondheim (N800). Vi kan såleis ikkje sjå heilt bort frå ein mogleg samanheng her. Denne gjenstanden er likevel ikkje utforma på ein slik måte at han kan identifiserast som eigarmerke av det slaget vi elles har så mange av i materialet. Spørsmålet om tyding og funksjon synest difor å måtta bli ståande ganske ope i dette tilfellet. Sekvensen **þo** finst også i N597 Myklebostad i Romsdal. Innskrifta der står på ei kiste, ei såkalla kornbøre, og er der tolka som initialar (personnamn plus patronymikon).

[856] N-25735. (Tidlegare omtala: Hagland 1986: 43; 1990b: [37].) Innskrifta står på ein avrunda ende av eit flatskore trestykke. Stykket er forma som eit blad e.l. og har restar etter eit slags skaft, men det er no avbrote. Tverrsnittet av dette bladet utgjer ei smal elliptisk form med 8 mm som breiaste mål. Dimensjonen elles er 41 x 47 mm. Funnet vart gjort i 1975, felt FE, hovudfase 7/8. Det tilseier arkeologisk datering av funnkonteksten til perioden mellom ca. 1175 og 1275.

Det er runer på den eine breisida av gjenstanden, ved byrjinga til det som synest å ha vore eit skaft. Berre r. 1 står på bladet og er såleis einaste rune som er bevart intakt. Frå staven i r. 1 til resten av staven i r. 2. er såleis den bevarte delen av innskrifta berre 8 mm lang. Runene er 15 mm høge. R. 1 er dobbeltskoren med avsluttande 'punkteringar' i stav og kvistendar. I kanten av det avbrotne 'skaftet' er det bevart ein rest av stav med utvilsame restar av to parallelle kvistar ned til venstre. Det synest såleis å vera liten tvil om at r. 2 har vore **o**, jamvel om også **ø** er mogleg.

Υ 4(?)[---

m o(?)[---

Ei slik byrjing på ei innskrift vil sjølvsagt gi rom for mange spekulasjonar om kva den vidare samanhengen her har vore. Slik gjenstanden er bevart no, vil vi likevel ikkje kunna nå lenger enn til rein gissing om kva innhaldet i innskrifta opphavleg har vore.

[857] N-17930. (Tidlegare omtala: Hagland 1986: 41; 1990b: [35].) Innskrifta står på eit avbrote trestykke med ei flatspikka side og ei avrunda ryggsida. Den bevarte delen er 57 mm lang, og tverrsnittet er på det tjukkaste 15 x 7 mm. Trestykket er forma som ein kile e.l. og skrår ned til nulls i den ubrotne enden. Funnet vart gjort i 1974, felt FA, hovudfase 8/9. Det vil seia ein funnkontekst som kan daterast arkeologisk til tida mellom ca. 1225 og 1325. Det er runer på den flate sida av trestykket. Den bevarte delen av innskrifta er 13 mm lang og runene 12-13 mm høge. Dei er godt bevarte og byr ikkje på problem med lesemåten.

--] * 1

--] **h a**

--] *ga*

I ein slik posisjon som dette er det all grunn til å gå ut frå at **h** representerer spirantisk /g/. Vi har såleis etter alt å dømma å gjera med slutten av eit ord eller ei setning der tredje siste lydsegment har vore stemt, t.d. som i kvinnenamnet **helha** (*Helga*). Kva som eigentleg har stått på denne gjenstanden kan vi likevel berre gissa om no.

[858] N-28957. (Tidlegare omtala: Hagland 1986: 45; 1990b:[38/39].) Innskrifta står på ei beinnål, 118 mm lang med 16 mm breitt blad og elles diameter på 7 mm. Funnet vart gjort i 1975, felt FE, hovudfase 6. Det tilseier arkeologisk datering av funnkonteksten til tredje kvartal av 1100-talet. Det er runer på den eine sida av bladet, mellom enden og eit hol ved overgang mellom blad og skaft på nåla. Innskrifta er berre 7 mm lang og runene 14 mm høge. R. 1 er forma som eit djupt snitt med to tynne parallellsnitt. Dei står i såpass avstand frå hovudsnittet at dei vanskeleg kan oppfattast som omattringar for å gjera runa tydelegare. Med eit visst atterhald er teiknet oppfatta som **i** her. Også r. 2 har eit lite ekstra snitt nedst på staven, som elles synest å vera dobbeltskoren. Her er det likevel ingen tvil om at teiknet må lesast som **k**.

l(?) ʃ ' 1

i(?) k s

Innskrifta kan vera ei avstyting, kanskje eit monogram, men det synest i alle fall uklårt kva referansen i så fall skulle vera.

Innskrift og gjenstand kan samanstillast med dei følgjande N859, 860, 861 og N534 (Mære kyrkje) som alle er innskrifter på tilsvarande nåler frå Trøndelag, jamvel om dei tre første av desse alle er av tre og berre N534 av bein som denne her. Einast

N534 synest å gi sikkert grunnlag for språkleg tolking. Interessante parallellar til denne beinnåal frå trondheim er å finna i to liknande beinnåler frå utgravingane av mellomalderbyen i Schleswig (SL 2 56.05/125. 30/8 og Q14/T20) Den første av desse er 175 mm lang, bladet 17 mm og diameter 5 mm, med innskrifta **i u b u t þ r** (to-sidig t). Den andre er 165 mm lang, blad 20 mm og diameter 5-8 mm med innskrift **an þ**, baa innskrifter ogsaa her utan noka klår språkleg meining.

VIII. INNSKRIFTER UTAN SPRÅKLEG MEINING.

a. Lengre innskrifter

[859] N-78941. (Tidlegare omtala: Hagland 1986: 51; 1990b: [45].) Innskrifta står på ei nål av tre med flatspikka 'blad' og hol i overgangen mellom 'blad' og 'skaft'. Nåla er 164 mm lang, diameteren er 5 mm og 'bladet' er 17 mm på det breiaste. Funnet vart gjort i 1982, felt FGv, og noko uvisst rekna til hovudfase 4 (jf. Nordeide 1989: 61). Tilsvarande uvisst vil då funnkonteksten kunna tidfestast så tidleg som til andre halvdel av 1000-talet. Generelt sett kan det kanskje seiast at veden i så fall er godt bevart og runene har halde seg svært skarpe i risset. Det er runer på baa sider av bladet. På side a går innskrifta lenger enn holet i nåla og tek omsyn til den plassen som på det viset går bort av overflata. Det viser at innskrifta er rissa etter at gjenstanden elles er gjort ferdig. Innskrifta på side a er 42 mm lang og runene 17 - 5 mm høge. På side b er ho 22 mm lang, og runene der er 17 - 11 mm høge. R. 2 og 10 på side a (**r**) har baa opne bogar. Bortsett frå høgda kan dei seiast å vera nokså likt utforma. Dei skil seg noko frå r. 4 på side b som har mykje skarpare vinkla boge enn dei to på side a. R. 1 på side a og side b (**u**) er derimot utforma temmeleg likt med boge som i baa tilfelle vender svakt inn mot staven nede ved grunnlina. Mellom r. 4 og 5 på side a er det eit to punktts ordskilje, mellom r. 3 og 4 på side b eit tilsvarande med tre punkt. Slik runene er bevarte, byr dei ikkje på problem med lesemåten på noko punkt.

ᚱ ᚱ ᚱ ᚱ : ᚱ ᚱ ᚱ ᚱ ᚱ ᚱ ᚱ

a) **u r n a : p o i s a r**

ᚱ ᚱ ᚱ ᚱ : ᚱ ᚱ ᚱ ᚱ

b) **u n t : r i s t**

Det synest tvilsamt om nokon del av denne innskrifta kan gi språkleg meining. Nåla vart funnen saman med dei to følgjande (N860 og 861). Same stad vart det òg funne ei fjerde nål av same type, men utan runer (N-78944). Den fjerde nåla har ornamentikk på bladet i staden for runer. Det har kanskje òg noko å seia for korleis vi skal sjå på runeinnskriftene på dei tre andre. Skilnaden i utforming av **r** på dei to sidene er knapt stor nok til at vi må rekna med to ulike rissarhender på denne innskrifta som elles er så lik dei følgjande N860 og 861 at det godt kan vera tale om same rissar for alle tre nålene.

Innskrifta på side a inneheld kanskje namnet på i alle fall tre av runene i fupork: r. 1-2 **ur** (=úr), r. 7-8 **is** (íss) og r. 9-10 **ar** (ár). Det er likevel uvisst om dette er tilsikta. Dei mellomliggjande runene går ikkje så opplagt inn i ei slikt lett 'kryptograferande' form for innskrift. Det er også her element som isolert sett kan gi ei språkleg meining, men samanhengen synest ikkje å gjera det. Vi kan såleis ikkje utelukka at det er ei form for løyndeskrift vi har å gjera med, men i form liknar elles innskrifta mest på ein litt forvirra eigarformel (**urna**). Spørsmålet om språkleg meining synest såleis å måtta stå ope her.

Side b er kan synast å ha ristarformel slik det elles er tallause parallellar til. Forma **rist** må i tilfelle sjåast som *reist* (3. pres. sg. pret av *rísta*). Det ville i så fall vera ein parallell til N271 (Gjerde krk I) og såleis eit drag som kunne peika attover i tid. Sekvensen **unt** før ordskiljet gjer likevel spørsmålet om vi verkeleg har å gjera med ein ristarformel uvisst. Også her synest det då vanskeleg å få fram ei språkleg tolking av innskrifta.

[860] N-78942. (Tidlegare omtala: Hagland 1986: 52; 1990b: [45].) Innskrifta står på ei nål av tre, maken til N859 ovanfor og 861 i det følgjande. Denne nåla er 194 mm lang med diameter på 6 mm og 15 mm som breiaste mål på `bladet'. Gjenstanden vart funnen samstundes og saman med føregåande N859 og etterfølgjande N861 med tilsvarande uvisse plassering i høve til faseinndelinga av funnmaterialet (sjå N859 ovanfor). Det er runer eller runeliknande teikn på ei side av `bladet'. Innskrifta er 19 mm lang og teikna nokså jamt 11 mm høge. Nåla ser ut til å vera vendt midt i innskrifta, men spørsmålet om skriveretning i kva av dei to delane av innskrifta vert problematisk også om ein oppfattar det slik. Noko liknande er kjent i ei innskrift frå Lund (Lund bein 22, jf. Moltke 1985: 463), men der byr likevel vendinga ikkje på problem med lese måten. I tilfelle dette skal lesast som ei innskrift og ikkje berre som krot, må r. 1-3 lesast 'opp-ned' og i motsett retning i høve til r. 4-7. R. 6 må i så fall sjåast som ei slags stuprune. R. 1 og 7 synest båe å ha punkt på staven. Når det gjeld r. 7 ville det kunna tolkast som **d** eller **ð** (jf. NIyR I, 11 og 209, Bæksted 1942: 38). Det ville i tilfelle måtta oppfattast som eit ungt drag ved innskrifta, men ettersom det er så mykje ved denne innskrifta som er tvilsamt, kan det ikkje leggjast særleg vekt på dette som argument for datering. Når det gjeld r. 1 derimot, er det uvisst kva konsekvens punkteringa skal ha for lese måten., ettersom det er fleire skadar eller moglege tilfellelege knivstikk rundt runeteikna, odesse tilsynelatande punkteringane òg kan vera skadar. Inne i bogen på r. 4 er det, litt ovanom midten på runa, ein svakt rissa kvist ned til venstre. Alternativt kan såleis r. 4 lesast som binderune **aua**. Båe kvistane på **a** i denne eventuelle binderuna har ulik høgd i høve til kvisten på r. 5 (**a**).

n i ua · au a f t [?]

Om vi kan godta alt det som elles er ekstraordinært her, vil sekvensen frå r. 4 til r. 7 kunna minna om siste del av ei eigarinnskrift (*nn*) *á veft* - '(nn) eig vevnaden'. I så fall ville r. 5 **a** vera eit drag som peika attover i tid (jf. Sanness Johnsen 1968: 41f). Men heller ikkje det kan det leggjast vekt på her etter som første del av innskrifta i alle fall ser ut til å vera fullstendig utan språkleg meining. I dette tilfelle ville det såleis kanskje vera rettast å karakterisera det heile som runeliknande teikn.

. † † B[<Y] † † B[<R] R

b) · e n b[<m] e þ[<r] r

a) *Unna ek meyju [?] enn betr* 'Eg elska møyja enn betre!' b) *Enn betr* 'Enn betre!'

Det største problemet om vi skal søkja å finna ei språkleg meining her, er r. 7 på side a. Slik runa er bevart, må ho slik vi har sett lesast som utvetydig **h**. Sett på bakgrunn av dei tydelege rettingane på side b, kan det vera at vi også her har å gjera med ei retting, det vil seia at kvisten i **æ** først har vore skoren feil veg og deretter retta, slik at dei to snitta til saman kjem til å danna kvistsettet i **h**. R. 6-9 på side a vil i så fall verta **mæiu**. Frå litterære kjelder finst det fleire døme på at diftong *øy* og *j* har falle saman (jf. Seip 1955: 144 og 163). Om vi då svært uvisst kan rekna med at det er eit liknande tilfelle vi har å gjera med her, vil sekvensen **mæ[?]iu** kanskje kunna tolkast som dat. sg. *meyju* av *mær* f ('møy'). Om vi kan tolka sekvensen **una** som *unna*, vil det i så fall gi grammatikalsk rett form i høve til verbet i setninga. Forma **una** vil då måtta sjåast som pret. 1. pers. sg. av verbet *unna* som tek objekt i dativ.

Dei siste fire runene på side a, **beþr**, med tydeleg **e** kan vanskeleg tolkast som ei ny verbalform. det einaste moglege verbet ville her ha lang eller kort /i/. Med den tydelege punkteringa synest det mest nærliggjande å tolka sekvensen som komparativforma *betr*. Seip (1955: 176) viser til ein overgang frå klusil til spirant med *þ* markert før *r*. Det dømet han hentar frå runemateriale er rett nok ikkje relevant⁴, men forma *peþri* for *petri* i ei blandingsinnskrift på Nidarosdomen frå ca. 1300 kan vera ein relevant parallell. Sekvensen **enbeþr** vil såleis med ein viss rett kunna lesast som forsterkande adv. *enn* (*en*) + komparativforma *betr*. Med alle dei atterhald som her gjeld, vil då side a kunna lesast med ei språkleg meining.

Side b vil på bakgrunn av side a sjåast som ei oppatt-taking, eventuelt som ein ufullført parallell til det som står på side a: *en(n) betr*. Dersom det er slik at side b opphavleg har hatt ei *anna* form, at **b** er retta frå **m** og **þ** frå **r**, ville det gi forma *enn mér*.

⁴ Det dreiar seg om namnet *Þórgautr* som Seip med grunnlag i Hægstad (1935: 34) meiner er skrive **þurguþr**. Den oppfatninga byggjer på ein forelda lesemane av innskrifta N245 (Helland III). Det synest i dag å vera semje om å lesa dette namnet som **þurmuþr** - *Þórmóðr*, og det gjer Seips poeng om til inkjes.

Det kunne gi ein språkleg samanheng med side a *Unna ek meyju enn betr en mér!* `Eg elska møyja endå høgare enn meg (sjølv)'. Det usikre ved innskrifta gjer likevel at vi ikkje kan festa alt for mykje lit til tolkinga som slik byr seg fram.

Spørsmålet om språkleg meining vil også for denne innskrifta måtta stå nokså ope. Det er likevel nærliggjande å samanlikna side a av denne innskrifta med N461 (Trondheim I). Også den innskrifta har hatt ulike lesemåtar og synest noko uviss på fleire punkt, men byrjinga **unakmæyiu...** er i alle fall påfallande lik det vi synest å ha på denne trenåla. Trondheim I er funnen i ei tomt på hjørnet av Kjøpmannsgata og Frue Stræte, ikkje svært langt frå Folkebibliotekstomta. Ho har tidlegare vore datert til å vera "fra omkring Aar 1100 eller fra anden Halvdel af det 11te Aarhundrede" (jf. NIyR V: 26). Om denne datering enno held, er uklårt. Ei så tidleg datering gjer likevel den moglege parallellen med innskrifta på nåla her interessant -også i høve til den tentative plasseringa til hovudfase 4 som vi har sett ovanfor.

[862] N-79145. (Tidlegare omtala: Hagland 1990b: [47]; NOR 1989: 7.) Innskrifta står på eit fragment av ein tilverka beingjenstand. Fragmentet 30 mm langt, 23 mm breitt på det breiaste og 3,5 mm tjukt. Det kan sjå ut som enden på eit skaft av eit eller anna slag, utan at spørsmålet om funksjon kan fastsetjast sikkert. Funnet vart gjort i 1984 i felt FN i laus fyllmasse som vanskeleg kan daterast arkeologisk. Det er runer på den ein flatsida av gjenstanden som elles er utstyrt med to parallelle snitt langs kvar av kantane på båe sider. Innskrifta er gjort med eit heilt anna og mykje tynnare riss enn desse snitta som ser ut til å vera gjorde som ei eller anna form for dekorasjon. Snitta tener likevel som øvre og nedre råde for innskrifta som såleis ser ut til å vera laga etter at gjenstanden er gjort ferdig. I brotkanten er det restar av eit snitt av same slag som resten av innskrifta. Det kan tyda på at gjenstanden opphavleg har vore lengre i båe retningar enn det vi har bevart. Frå og med dette risset som vi her vil kalla r. 1, er innskrifta 34 mm lang. Runene er 11-12 mm høge. Av r. 1 er det altså eventuelt berre bevart nedre del av staven. Frå eit punkt i forlenginga av stavresten og opp mot høgre ligg eit mykje djupare snitt enn det

i to, slik at det er runer på to av brotstykkene. Samla lengd på innskrifta no er ca. 50 mm, og runene er ca. 13 mm høge. Kvisten i r. 1 (**k**) er skoren slik at han så vidt kryssar staven. Det er eit topunkts ordskilje mellom r. 3 og 4. R. 4 har godt bevart stav i full lengd i høve til dei føregåande runene. Eit svakare riss ned til høgre frå midten av staven er truleg kvist i **n**. Etter 4 er det restar av to runer som no ikkje kan lesast, deretter er eit stykke av overflata i veden borte kring brotkanten. Dei to brotkantane passar ikkje heilt saman, så det er vanskeleg å fastslå nøyaktig kor mange runer som er borte i brotet. Det ser likevel ikkje ut til å ha vore plass til meir enn ei rune. Etter brotkanten er det bevart ein tydeleg stav med kvist ned til høgre frå toppen. Det er også mogleg at tilsvarande kvist har gått frå toppen og ned til venstre. Det kan sjå slik ut i brotet når dei to delane vert stilte saman, men treet er ikkje så godt bevart at det kan fastslåast med visse. Staven og kvistan(e) går ikkje heil saman. Det kan vera at dette skal lesast som **l** her. Med alle moglege atterhald kan det òg tenkjast at runa skal lesast som tosidig **t**. Til slutt er det nokså tydeleg stav utan synlege merke etter kvistar eller bogar.

ʀ ᚱ ᚠ : ᚠ(?) [. . -] ᚠ(?) ᚠ

k u i : n(?) [. . -] **l**(?) **i**

Innskrifta er så fragmentarisk at ho ikkje utan vidare kan gi språkleg meining slik ho er bevart. Ei mogleg løysing, som slett ikkje er sikker, kunne vera at det er eit lett forvanska fragment av fadervår på latin: *qui (es in) (coe)li(s)* [?] 'som er i himmelen' (?). Sekvensen **kui** vil i tilfelle kunna vera relativpronomenet *qui* på latin slik vi finn det elles i runeinnskrifter på latin (jf. N816 her). Om dette skal kunna sjåast som eit fadervårfragment, vil dei to siste runene måtta lesast som **li** og ikkje som **ti**. Kvifor nett denne delen av Fadervår i tilfelle skulle vera skriven på nett denne gjenstanden, vil vi vel heller ikkje kunna anna enn spekulera over i dag. Ei samla vurdering av ufullstendig bevarte innskrifta tilseier difor at ho vert rekna saman med dei som ikkje kan gi sikker språkleg meining.

[864] N-32395. (Tidlegare omtala: Hagland 1986: 47; 1990b: [41]; 1994c: 258, 264.) Innskrifta står på eit slags beslag av tre, 253 mm langt, 35 mm breitt og 7 mm tjukt. Gjenstanden har hol for feste i både endar og ser såleis ut til å ha vore, eller meint å ha vore, festa til eit underlag. Han har såleis det vi kan kalla ei framside og ei bakside. I den eine enden av framsida er treet dekorert med utskjeringar, og kanten heile vegen rundt er avrunda med ei nedskjering. Funnet vart gjort i 1975, felt FL, hovudfase 4. Det skulle tilseia ein arkeologisk kontekst som kan daterast til andre halvdel av 1000-talet. Innskrifta synest såleis å høyra med mellom dei eldste i materialet. Ho er 120 mm lang og runene 25-31 mm høge. Runene er godt bevarte slik at det ikkje er tvil om lese måten på noko punkt. Mellom r. 3 og 4, 6 og 7, 9 og 10 er det eit noko større mellomrom enn elles runene imellom. Det er merke i veden i desse litt større mellomromma, to i dei to første og eitt i det siste. Det kan vera ordskiljemerke, men ettersom liknande merke finst i veden også ved sida av innskrifta, er dette høgst uvisst. R. 3 og 6 (**r**) har både opne bogar. Kvisten på både er elles dregen nokså parallelt med staven. R. 5 (**u**) har markert mykje vidare boge enn tilsvarande r. 2, 7, 13 og 17. R. 10, 14 og 16 er enkeltsidige. Framom r. 15, i nedre kant, går det eit riss parallelt med staven.

I N R T N R N Y I T I Y N T I I N
i u r l u r u k i a i k u a i t u

Det er sekvensar i innskrifta som isolert sett ville kunna gi språkleg meining, t. d. sekvensen **urukia** (r.5-10) som ut frå den dateringa av funnkonteksten ville kunna lesast om mannsnamnet eller tilnamnet *Úrækja*. Men elles og samla sett synest innskrifta ikkje å gi oss språkleg meining utan at vi må ty til emendasjonar og spekulative særløysingar. Om sekvensen **ai** (r.14-15) er meint å representera diftongen /ei/, kunne det vera eit argument i tillegg til det arkeologiske for at innskrifta er så gammal som frå 1000-talet (jf. Hagland 1994c: 258). Men så lenge ei språkleg tolking ikkje synest mogleg, vil slike argument vera lite bindande. Vi har såleis å gjera med ei innskrift av det slaget som Moltke (1985: 462) karakteriserer som "irritating" fordi ho ikkje let seg tolka jamvel om ho er svært godt leseleg.

[865] N-37974. (Tidlegare omtala: Hagland 1986: 48; 1990b: [42]; 1994c: 258, 265; Hagland og Lorentzen 1997: 72.) Innskrifta står på eit flatt runekjevle av tre, bevart i to brotstykke som er noko skadde i brotkantane. Dei to stykka har no samla lengd på 209 mm. Kjevlet er elles 26 mm breitt og 6 mm tjukt. Funnet vart gjort i 1976, felt FF, hovudfase 4. Det vil seia at funnkonteksten kan daterast til andre halvdel av 1000-talet. Det er (spor av) runer på båe breisidene av kjevlet. Innskrifta på side a er 145 mm lang og runene jamt over ca. 25 mm høge. Side a er elles svært defekt og lese måten tilsvarande uviss på svært mange punkt. Før innskrifta på den sida er det ein mogleg liten kross (×). Deretter kjem ein mogleg **r**, så spor av ein stav og resten av noko som ser ut til å vera bogen av **u**. Mellom denne runa (r. 3) og r. 4 (**i**) synest det å vera eit topunkts ordskiljemerke følgt av mogleg **r** (r. 5) og så ein mogleg **n**, evt. **r**. Kort tid etter at funnet vart gjort har Aslak Liestøl her lese **??rn** (Runearkivet, Universitetet i Oslo A180). Inne i den **u** (r.6) som følgjer etter den nemnde sekvensen, er det to tynne strekliknande merke, truleg er det her tale om pressmerke i veden. Etter r. 6 kjem sikker **h** og **i**, deretter fram til brotkanten restar av ein stav og så nedre del av av endå fem stavar. Etter brotet restar av sannsynleg **r**, deretter **u**, **a** og **r** og så to stavar, der den første kan ha hatt kvist (boge?) frå midten ned til høgre og moglegvis vera ein **n**. Slik gjenstanden er bevart, er dette likevel svært vanskeleg å avgjera sikkert. Til slutt på side a synest det å vera ein nokså sikker kortkvist **s** og ein **r** med open boge.

Side b er betre bevart. Innskrifta på den sida er råma inn med eit innleiande og avsluttande lite kryss. Frå kryss til kryss er ho 146 mm lang og runene jamt over ca. 25 mm høge. R. 2 og r. 19 (**r**) har opne bogar. R. 5 har enkeltsidig kvist ned til venstre. Nedre del av staven på r. 14 er avskala, men må etter alt å dømma lesast som **k**. Det er kontakt med resten av staven og kvisten opp til venstre mot toppen av neste stav. Mellom desse to synest det ikkje å vera kontakt slik at det moglege alternativet med å lesa **it** her må utelukkast. Også på r. 16 er nedre del borte. Det ser likevel nokså sikkert ut til å ha vore langkvist eller høg **s**. R. 21, etter brotet, har kvist frå toppen av staven og

ned både til venstre og høgre. På bakgrunn av sannsynleg lang s i r. 16, vil r. 21 då kunna lesast som tosidig eller langkvist **t**. Det kan òg vera eit argument for å lesa sekvensen frå r.14-15 som **ki** snarare enn som **it**. Denne tilsynelatande blandinga mellom langkvist og kortkvistruner (jf. òg kort s som nest siste rune på side a) treng ikkje i seg sjølv innebera at vi har å gjera med to hender, ettersom tilsvarande blanding finst også elles i materialet (jf. N839). Av r. 22 er berre risset staven bevart. Treet omkring midten er morkna bort på baa sider. Kva rune som eigentleg har stått her, vert såleis nokså ope. I dag kan heller ikkje dei orddelingsmerke Liestøl såg mellom r. 6 og 7 og mellom r. 9 og 10, påvisast heilt sikkert (jf. Runearkivet A180).

× R(?) ? h(?) : | R(?) t(?) N * | ? ? ? ? ? R(?) N † R t(?) l(?) ' R
 a) × r(?) ? u(?) : i r(?) n(?) u h i ? ? ? ? ? r(?) u a r n(?) i(?) s r

× | R | Y : † Y : | N | : Y N Y N Y | ' ? | R † 1(?) l(?) † ×
 b) × i r i k : a k : i u i : k u m u k i s ? i r l t(?) i(?) l ×

Ingen av dei to sidene gir samanhengande språkleg meining. På side a kan sekvensen **ruar** etter brotet kanskje innehalda mannsnamnet *Hróarr*. Tilsvarande skrivemåte av namnet finst i tilfelle på N059 (Fåberg). Innskrifta frå Fåberg er av andre grunnar enn bortfall av **h** før **r** tidfest til byrjinga av 1000-talet (Sanness Johnsen 1968: 183). Det kunne i så fall stø den tilsvarande namnebruken her, om det er det vi har å gjera med. Vi kan heller ikkje sjå bort frå at det er slutten av (ein lett forvanska) ristarformular vi har å gjera med: **ru(n)ar þis(a)r**. Men også det er for uvisst til at det kan stå som anna enn ein tanke.

Sekvensen frå r. 1 til 4 på side b vil i ei såpass gammal innskrift som vi synest å ha her, kunna gi mannsnamnet *Eiríkr*, i tilfelle i ein annan kasus enn nominativ. I konteksten her gir ei slik mogleg løysing likevel ikkje grunnlag for vidare tolking av innskrifta.

[866] N-38509. (Tidlegare omtala: Hagland 1990b: [42]; 1994: 259, 265; Hagland og Lorentzen 1997: 63, 71.) Innskrifta står på eit flatt runekjevle, 159 mm langt, jamt over 22 mm breitt og 6 mm tjukt. Funnet vart gjort i 1976, felt FE, hovudfase 4. Det vil seia at funnkonteksten arkeologisk kan daterast til andre halvdel av 1000-talet. Det er runer på båe flatsidene av kjevlet. Innskrifta på side a er 115 mm lang (frå og med krysset før r. 1) og runene 18-20 mm høge. På side b er innskrifta 145 mm lang (til og med avsluttande kryss) og runene 18-20 mm også der.

Side a vert innleia med eit kryss som står i god avstand frå r. 1. R. 2 (**r**) har ganske skarpt vinkla open boge. Tilsvarande form har også r. 8, jamvel om den runa er rissa noko breiare. I ei innskrift som kan vera såpass gammal, kan det vera grunn til å påpeika særskilt at r. 3, kanskje r. 5, r. 6, 7, 10 11 og 12 er enkeltsidige. R. 5 har godt bevart stav og mogleg, men noko uviss kvist ned til venstre frå toppen. Mellom r. 5 og 6 og mellom r. 8 og 9 er det større avstand enn mellom runene elles på denne sida. Det kan likevel ikkje påvisast noko sikkert orddelingsmerke på denne sida, slik vi har det på side b. Nedre del av staven på r. 6 splittar seg opp, truleg på grunn av omattring. Bogen på r. 9 (**b**) er nokså nedsliten, men er likevel tydeleg nok.

På side b er r. 2 og 7 enkeltsidige. Frå og med r. 3 til og med r. 6 er det borte eit stykke av veden slik at toppen av runene er skadd. Det kan likevel ikkje vera tvil om lesemåten av nokon av dei. Mellom r. 4 og 5 er det bevart ordskilje med eitt punkt. Det er plassert slik at det kan tenkjast at eitt har vorte borte på grunn av den nemnde skaden på kjevlet der. Jamvel om toppen av r. 6 er borte, er det altså liten tvil om at det er ein (nokså skarpt vinkla og open) **r**. Frå midten av staven og ned til venstre er mogleg at det har vore ein kvist. Slik gjenstanden er bevart, er dette likevel heller uvisst. Det kan såleis vera tale om binderune **ar** her. Mellom r. 8 og 9 er det eit topunkts ordskilje. Det kan vera eit argument for at ordskilje lenger framme opphavleg også har hatt to punkt. Toppen av r. 10 er også skadd og borte. Det er også nedre del av runa der skaden særleg går ut over det som ser ut til å vera ein kvist. Teiknet ser ut til å ha hatt ein øvre boge. Nedre del av bogen går heilt innåt staven frå same punkt går det ut ein kvist ned til høgre. Ettersom denne er skadd i nedre kanten, kan det ikkje sikkert avgjerast om det opphavleg har vore ein kvist eller om dette har vore ein nedre boge. Slik teiknet ser ut

usamanhangande brot. Gjenstanden har opphavleg vore om lag 25 mm brei og 4-5 mm tjukk. Lengda på kvart av dei tre største brotstykkja er 98, 39 og 29 mm. Den siste biten er 16 x 10 x 5 mm. Gjenstanden er bevart med fire hol langs midten. desse ser ut til å vera gjorde før teikna er rissa inn. Funnet vart gjort i 1974, felt FL, hovudfase 9. Det vil seia at funnkonteksten kan daterast til ein periode som dekkjer siste kvartal av 1200-talet og første kvartal av 1300-talet.

Det er runer (eller runeliknande teikn?) på to sider av det største brotstykket og på ei side av det nest største - det som med ein noko skadd brotkant høver saman med det største. Samla lengd på det som her er kalla side a, er ca 120 mm, Teikna er 24-25 mm høge. Dei to teikna på side b er 22 mm høge og dekkjer ei lengd på 20 mm. Liestøl har ved ein gjennomgang kort etter at funnet var gjort, karakterisert innskrifta som "runeliknande teikn". Det er mogleg at det er rettast i dette tilfellet. Likevel er det slik at r. 1 på side udiskutabelt har form som **r** med øvre del av staven skadd i brotkant og ein heller skarpt vinkla open boge som har starta eit stykke nede på staven. R. 2 har likeins umiskjenneleg form som **m** med kvisten på venstre side plassert eit lite stykke lenger ned på staven enn den på høgre side. Deretter følgjer eit hol i treet, og så kjem ein stav med kvist ned til høgre relativt langt nede og heilt ned til grunnlina. Med god vilje, men med alle atterhald vil dette kunna oppfattast som **n**. Så følgjer stav med heilt tilsvarande kvist ned til høgre og kvist ned til venstre eit lite stykke ned frå toppen. Det synest å vera all grunn til seia seg samd i at dei to sist nemnde helst må sjåast som 'runeliknande teikn', men skal av praktiske grunnar likevel refererast til som r. 3 og 4 her. Etter desse to teikna er det nytt hol og så stav med tydeleg bevart kvist opp til høgre eit lite stykke nedom midten av staven. Ovanom denne kvisten er treet skadd så det kan her ha vore tale om ein skarpt vinka **þ**. Deretter følgjer ein stav utan teikn på kvistar til noka side og så eit teikn med tydeleg form som **y**. Kvisten på venstre side rekk ikkje heilt ned til grunnlina. Så følgjer i brotkanten restar etter ein stav. På grunn av brotet vil her eventuelle kvistar til venstre nedanom midten vera borte. Etter brotet følgjer stav og kvist ned til venstre frå midten, eit teikn som såleis har **n**-form. Til slutt på denne sida følgjer ei oppatt-taking av r. 4.

R. 1 på side b er det først eit runeliknande teikn, så ein stav med kvist frå midten og ned både på venstre og høgre side, deretter rein stav.

R Y ? ? | ʀ ? ʀ ?

a) **r m * * i y ? n *** (* = runeliknande teikn i translittereringa)

? ʀ |

b) *** a n i**

Jamvel om det er nokre teikn her som kan identifiserast som runer, er det sjølvsagt uråd å finna språkleg meining. På side b kunne sjølvsagt sekvensen **ani** takast som eit mannsnamn *Áni*. Det har moglege parallellar i N036 Lom VII, N078 Hegge og A227 TU739 (Gosling 1989: 187) som også må vera relativt seine innskrifter. Men den tilsynelatande tilfellelege samanhengen dei står i her, vil ei slik løysing i beste fall måtta kallast usikker.

[868] N-25366. (Tidlegare omtala: Hagland 1986: 43; 1990b: [36]; Knirk 1994b: 202.) Innskrifta stå på eit firkanta trestykke, 20 x 7 mm i tverrsnitt og 61 mm langt. Det eine hjørnet av gjenstanden er skadd. Funnet vart gjort i 1975, felt FA, hovudfase 7/8. Det vil seia at funnkonteksten kan daterast til ein periode som strekkjer seg frå ca. 1175 til like langt ut på 1200-talet. Det er runer på båe breisidene av gjenstanden. Innskrifta på side a er ca. 50 mm lang og runene 18-20 mm høge. R. 1-8 er fire seriar med oppatt-tekne teikn. Deretter følgjer stav med to parallelle kvistar ned til høgre. Heilt til sist på denne sida står ein stav med rutemønster midt på. Same rutemønsteret går att på side b. Om dette er å oppfatta som ei overskriven rune eller som eit tilfelleleg riss, synest uklårt.

Innskrifta på side b er ca. 45 mm lang og runene også der 18-20 mm høge. R. 2 (**r**) har open boge. Trestykket er f. o.m. r. 5 på denne sida dekkja av skarpe riss i eit rutemønster. Fem stavar kan skiljast ut, men på grunn av dette innrissa rutemønsteret kan dei med unnatak av r. 7 ikkje skiljast ut som anna enn stavar. På r. 7 er der derimot mogleg å skilja ut boge midt på staven, så denne kan identifiserast sikkert som **p**.

ʅ ʅ þ þ R R ʅ ʅ ʅ ʅ

a) **k k þ þ r r a a a nm**[?]

ʅ R ʅ ʅ ? ? þ ? ?

b) **k r o al * * þ * ***

Ingenting av dette kan gi språkleg meining. Seriane med oppattekte **k**, **þ** og **a** på side a kan gi innrykk av å vera ei lita skriveøving. I så fall vil restane av teikna også kunna vera resultat av ein uøvd ristars læringsforsøk. Vi vil likevel ikkje kunna anna enn gissa om det.

[869] N-38150. (Tidlegare omtala: Hagland 1990b: [42]; 1994c: 259 og 265; Hagland og Lorentzen 1997: 72.) Innskrifta står på eit kjevle av tre, avbrote i bae endar. Den bevarte delen er 145 mm lang, 14-16 mm brei og 9 mm tjukk. Funnet vart gjort i 1976, felt FL, hovudfase 4. Det vil seia at funnkonteksten kan daterast til andre halvdel av 1000-talet. Det er runer på to sider av gjenstanden. Innskrifta på side a er 131 mm lang og runene 14-11 mm høge. På side b er ho 127 mm lang og runene også der 14-11 mm høge.

I fremre brotkant på side a ser toppen av ein stav ut til å vera bevart før første sikre rune (r. 2, **i**). R. 4 (**r**) har open boge. I så måte skil runa seg frå tilsvarande r. 14 og 16 og r. 5 på side b, der lukka boge står for seg sjølv på staven med eit mellomrom ned til kvisten som også står heilt inn til staven. Mellom r. 4 og 5 er det eit topunkts ordskilje, sameleis mellom r. 8 og 9, 15 og 16, og mellom r. 1 og 8 og 9 på side b. R. 6 har to parallelle kvistar ned til høgre om lag midt på staven. Teiknet er av den grunn transkribert som _ heller enn som **o**. Det same gjeld då r. 4, 10 og 15 på side b. R. 12 på side a har ein liten sidestrek frå bogen og innover ned til venstre til grunnlina. Det er uvisst om dette er gjort som ein medviten del av innskrifta. R. 14 (**þ**) har nokså skarpt vinkla boge. R. 16 har boge frå toppen med tangering av staven i nedkanten. Kvist går ned til høgre frå same

punkt som bogen når inn til staven. Nedre del av denne kvisten bøyer tydeleg inn mot staven, men tangerer ikkje. Runa skil seg såleis tydeleg ut frå r. 17 som utvetydig må oppfattast som **r**. Det vil såleis vera mest rimeleg å sjå r. 16 her som **b**.

På side b er det berre bevart stav av r. 1. Runa står nesten i brotkanten og overflata på treet mellom stav og brotkant er skadd slik at eventuelle kvistar til venstre vil vera borte. Etter r. 15, heilt til slutt på denne sida, er det bevart restar av ein stav.

---]? | ʃ R : ʃ ʃ 1 ʃ : ʃ * 1 ʃ ʃ R : B R ʃ ʃ ʃ [---

a) ---]? **i f r : l ã t a : a h t u a þ r : b r y þ n** [---

---]i(?) : ʃ | ʃ R 1 | ʃ : ʃ * ʃ ʃ ʃ ? [---

b) ---]i(?) : **f i ã r t i f : i ã h a n k ã** ? [---

R. 6 på side a og r. 4, 10 og 15 på side b kunne alternativt transkriberast som binderune **nn**. Heller ikkje det ville her gi grunnlag for språkleg meining. Den budskapet som eventuelt måtte ha vore rissa inn på dette viset, synest såleis løynd for oss i dag.

[870] N-39592. (Tidlegare omtala: Hagland 1986: 49; 1990b:[43]; 1994c: 255.) Innskrifta står på ein pinne som er avbroten i baa endar og tilskoren (som teljepinne?) med 7 hakk. Den bevarte delen er 106 mm lang, 13 mm brei og 9-10 mm tjukk. Funnet vart gjort i 1976, felt FA, hovudfase 3. Det vil seia at funnkonteksten kan daterast heilt attende til ein periode som strekkjer seg frå siste del av 900-talet til midten av 1000-talet.

Det er runer på ei side av gjenstanden. Pinnen må vera skoren til med hakk etter at runene er rissa. Toppen av alle runene er såleis spikka av og innskrifta tilsvarande problematisk å lesa. Ho er 72 mm lang, og dei bevarte delane av runene er gjennomgåande 10 mm høge. Av r. 1 er det berre att stav, kan henda med punkt; r.2 har stav og kvist ned til venstre og må utan særleg tvil kunna lesast som **n**. Den bevarte delen av r. 3 viser stav og nedre del av boge med kvist ned til venstre. Overgangen

boge/kvist tangerer ikkje staven. Det synest såleis som om det her er tale om binderune **ar**, men ettersom runa berre er delvis bevart, kan det òg tenkjast at første del av binderuna har vore **o**. Etter det følgjer nedre del av tre snitt som kan vera stavar, men også stav + nedre del av boge som i **u**, her likevel talde som r. 4-6. Deretter følgjer storparten av ein temmeleg sikker **r** (r. 7) og så eit snitt som ikkje når heilt ned til grunnlina, kanskje ein **i**. Deretter, i botnen av eit av dei innskorne hakka i pinnen, følgjer eit snitt med eit tydeleg punkt. Slik det er plassert, kan det ikkje no avgjerast om det har vore eit ordskilje eller nedre del av ein punktert kortkvist **s**, her likevel rekna som r. 9. Etter det følgjer nedre del av to snitt/stavar (r. 10-11). Ingen av dei er dregne heilt ned til grunnlina for føregåande og etterfølgjande rune. Så, som r. 12, følgjer nedre del av ein stav med kvist frå grunnlina og nesten inn til staven på høgre side. Det kan vera ein **n**, men i høve til den forma **n** har elles i innskrifta, vil det vera avstikkande ettersom kvisten ikkje er dregen så langt ned i dei andre moglege tilfella av **n** her. Sidan kvisten ikkje heilt tangerer staven, kan det vera tale om ein defekt **r**. Det er likevel ikkje merke etter boge slik innskrifta er bevart, så også den lesemåten må verta ståande som svært uviss. Etter denne moglege **r**-runa følgjer nedre del nedre del av to stavar (r. 13-14). Alternativt kan dette vera stav + boge i same rune. Nest siste rune (r. 15) har bevart (nedre del av) stav og kvist frå toppen av den bevarte delen og ned til høgre. Det er rimeleg å rekna med at staven her har gått høgare, og at dette såleis er restane av **n**. Siste rune (r. 16) har tilsvarande del av staven bevart i sjølve brotkanten og kvist ned til venstre i same høgdd som på føregåande rune. Det er her truleg tale om restane av (enkelttidig) **a**.

l(?) t(?) dR(?) ? ? ? R(?) l(?) h(?) ? ? R(?) ? ? t(?) d(?) [---

i(?) n(?) ar(?) ? ? ? r(?) i(?) s(?) ? ? r(?) ? ? n(?) a(?) [---

Som det går fram av det føregåande, er innskrifta så defekt at det vanskeleg kan gjevast sikker lesemåte på mestedelen av det som er bevart. Det vil såleis vera svært nær rein gissing å freista sjå etter språkleg meining her. Sekvensen frå r. 1 - 3 + dei tre stavrestane kunne tenkjast å vera ein namn. Siste del av innskrifta kunne kanskje rekonstruerast som *risti rúna(r)*. Det kan her leggjast til at Aslak Liestøl i eit notat frå 1979 har gjort eit emendasjonsframlegg til denne runeinnskrifta (A 186 i Runearkivet). Liestøls rekonstruksjon gir følgjande lesing: **e n t r i þ i r i s t i r u n a**[- (sjå ill. [*Aslaks teikning*

inn her!). Det ville i så fall gi ristarformularen *Eindriði risti rúna[r]*. Men endå om ei slik lesing ikkje er utenkjeleg, er, som det går fram av beskrivinga ovanfor, ikkje grunnlaget godt nok for å sjå innskrifta som sikker del av ein ristarformular. Det språklege innhaldet bør såleis bli ståande ope også i denne innskrifta.

[871] N-58743. (Tidlegare omtala: Hagland 1986: 50; 1990b: [43].) Innskrifta stå på eit lite skeiforma trefragment, 62 mm langt, 6-17 mm breitt og 3-6 mm tjukt. Funnet vart gjort i 1978, felt FT, hovudfase 8. Det vil seia at funnkonteksten kan daterast til ein periode som ligg mellom første og fjerde kvartal av 1200-talet.

Det er runer på ei side av 'bladet' på denne skeilignande gjenstanden. Innskrifta er berre 7 mm lang og største runehøgde 18 mm. Gjenstanden er godt bevart og det er ingen problem med å lesa dei to runene:

ʀ ʁ

s n

Om dette er ei avstyting, merking eller noko anna, kan ikkje avgjerast. Det er ikkje særleg rom for fleire runer av same storleik, så innskrifta kan òg vanskeleg seiast å vera noko påbyrja som ikkje er fullført.

[872] N-58258. (Tidlegare omtala: Hagland 1986: 50; 1990b: [43].) Innskrifta eller inskripsjonen står på ei vevskei av (kval)bein. Skeia er bevart i tre brotstykke med ei samla lengd på 394 mm. Ho er 34 mm på det breiaste og 7 mm tjukk. Funnet vart gjort i 1978, felt FU, hovudfase 8. Det tilseier arkeologisk datering av funnkonteksten til perioden mellom første og fjerde kvartal av 1200-talet.

På sjølve bladet av vevskeia er det på ei side og på eitt av dei to brotstykkka runeteikn som er inn mellom to kryss. På det andre brot er det eit mogleg runeteikn -stav med to bogar utanpå kvarandre som dannar form som **p**. Skaftet på skeia utgjer det tredje brotstykket. På dette skaftet er det to parallelle snitt tett på kvarandre med eit tredje på skrått inn til toppen av desse to og rakt ned til grunnlina. Med atskillig tvil kunne dette oppfattast som **u**.

Den delen av innskrifta som står mellom dei to nemnde kryssa, er 90 mm lang, og største høgd på runene er 29 mm. Denne delen av innskrifta tek til med eit snitt som ligg på skrå heilt inn mot det første krysset. Det synest tvilsamt om dette er rissa som runeteikn. Deretter følgjer tydeleg rissa og udiskutabel **p**. Etter denne følgjer ein stav som er noko stuttare enn den i føregåande rune og nokså rett dregen boge heilt ned til basen av staven. Det må kunna oppfattast som **u**. Med markert større av stand enn til runa føre er det etter denne moglege **u**-runa endå ein mogleg **u**, men opp-ned i høve til den føregåande. I god avstand frå dette teiknet kjem så det avsluttande krysset. Det heile gir eit tilfelleleg inntrykk, og det er sjølv sagt eit spørsmål om dette verkeleg er meint å vera runer. Med alle atterhald vil ein likevel kunna lesa følgjande:

? × ? þ ∩ ∩(?) × þ(?)

? × ? **p u u**(?) × **p**(?)

Jamvel om vi går ut frå som sikkert at det her er tale om ei verkeleg runeinnskrift, er det sjølv sagt ikkje råd å finna språkleg meining i det som står.

[873] N-25804. (Tidlegare omtala: Hagland 1986: 43; 1990b: [37].) Innskrifta her står på ein klovna islegg av bein, 279 x 21 x 28 mm. Leggen er klovna på langs slik at berre halve gliflata er att. Funnet vart gjort i 1975, felt FE, hovudfase 7/8. Funnkonteksten kan såleis daterast arkeologisk til perioden mellom ca. 1175 og 1275. På den bevarte delen av gliflata er det restar av teikn som kan vera runer. Avstanden frå første til siste riss er

30 mm og det som er bevart, og høgda på teikna er i gjennomsnitt 12 mm. Det er først to parallelle riss som kan vera nedre del av to stavar. Kloss i riss nr. 2 her er det eit tynnare snitt som kan vera del av denne (omattrissing?). Deretter kjem nedre del av ein stav med boge. Bogen når opp i brotkanten. Ettersom staven etter alt å dømma har vore lengre enn det som no er bevart, synest det temmeleg sannsynleg at vi her har resten av ein **p**. Etter denne runa er det i litt avstand endå eit snitt som òg kan vera nedre del av ein runestav.

? ? þ ?

? ? **p** ?

Ettersom r. 3 her ser ut til å vera ei sikker rune, kan snitta før og etter også godt ha vore runer. Vi må då truleg rekna dette som ei intendert runeinnskrift, jamvel om det ikkje er råd å finna noka språkleg meining i det som er bevart.

[874] N-21142. (Tidlegare omtala: Hagland 1986: 41: 1990b: [35].) Innskrifta står på ein bit av ein dekorert kleberstein. Opphavleg synest biten å ha vore rombeforma med eit hol i midten. Steinstykket er brote av i holet som har vore ca. ein tomme i diameter. Stykket er også kløyvt langsetter på flatsida. På den bevarte biten er såleis berre den eine sida dekorert. Dekorasjonen er ei bladrosettliknande utskjering. Slik gjenstanden no er, er største ytre mål 65 x 59 mm. Han er 16 mm tjukk. Funnet vart gjort i 1974, felt FE, hovudfase 7/8. Det tilseier arkeologisk datering av funnkonteksten til tida mellom ca. 1175 og 1275.

På ei side er toppen av tre runer bevart. Av r. 1 er berre toppen av ein stav att. R. 2 har toppen av stav med tilsvarende del av boge ned til høgre, og r. 3 toppen av stav med kvist eit stykke ned frå staven og opp til toppnivå på høgre side. R. 3 må såleis nokså sikkert kunna lesast som **k**. R. 1 kan i alle fall ha vore **a**, **n**, **i**, **e**, **æ** og **y**, r. 2 **u**, **r** og **b**.

? ? ʃ(?)

? ? k(?)

Med alle dei variasjonar som her er moglege for r. 1 og 2, vil ei eventuell språkleg meining her vera heilt open.

[875] N-58120. (Tidlegare omtala: Hagland 1984; 1986; 1990b: 7ff; 1996: 106ff ; Knirk 1994b: 207f ; Roesdal (ed.) 1992: 359.) Innskrifta på denne gjenstanden må sjåast i samanheng med funn nr. *N-23657*, *N-25217*, *N-59338* og *N-114411*. Berre *N-58120* har ein leseleg sekvens med runer, *N-59338* har einast bevart spor av runeskrift, *N-23657*, *N-25217* og *N-114411* ingen klåre merke etter skrift i det heile. Alle desse gjenstandane må likevel kunna seiast å høyra med i ein runeskriftskontekst. Det dreiar seg om fem skrivetavler av tre, såkalla diptykon eller delar av slike. Det er tretavler utskorne slik at det vert ei nedfelt flate som har kunna fyllast med voks for å skriva i. *N-58120* og *N-59338* er forma som to halvdelar av eitt og same diptykon, der det er tre hol langs kanten på kvar av delane for ryggfeste, truleg med reim, laga for at dei to delane skulle kunna faldast saman, med voksflatene mot kvarandre, som ei tosidig bok. Baksida på kvar av dei to delane er dekorert med utskjeringar (jf. ill.) Saman med desse to delane av eit diptykon vart det også funne ein stylus av jarn (*N-62831*). Dei to tavlene er 298 og 299 mm lange, 115 mm breie og 5-9 (7-10) mm tjukke. Dei vart funne i 1978, felt FM, hovudfase 7. Det vil seia at funnkonteksten kan daterast til siste kvartal av 1100-talet eller første kvartal av 1200-talet.

N-114411 vart funnen i 1991, felt 91/2, og funnkonteksten er tentativt datert til slutten av 1100-talet. Tavla er 136 mm lang og 50 mm brei. *N-23657* har vore 265 mm lang, og ein 54 mm brei del av tavla er bevart i full lengd. Tavla har truleg vore om lag dobbelt så brei. Tavla er utforma slik at skriveflata for voksen har vore 175 mm lang. Funnet vart gjort i 1974. *N-25217* vart funnen i 1975 og har vore om lag 285 mm lang. Ein 35 mm brei del er bevart i full lengd. Tavla har truleg vore om lag tre gonger så brei. Både desse to tavlefragmenta vart funne i felt FA, hovudfase 8. Det vil seia funnkontekst som er arkeologisk datert til tida mellom første og fjerde kvartal av 1200-talet.

På b   dei to tavlene som h  rer i hop (N-58120 og N-59338) ligg det restar att av voks og mengdevis av snitt er bevarte etter skrivereiskap i treet under voksflatene. Her vil vi s  leis kunna tala om palimpsest i eigentleg forstand. Einskildruner og delar av runer kan lesast her og der, men det er ur  d    finna samanhengande sekvensar ut over det. Dei runeteikna som synest    kunna lesast her og der, kan i prinsippet vera gjennomskjeringar ned i treet fr   mange ulike rissingar. Det vil difor vera problematisk    dra fram desse rissa og freista stilla dei opp som restar av samanhengande innskrifter. Vesentleg sett fr   runologisk synsstad er likevel at det synest sikkert at det har vore nytta runeskrift p   desse vokstavlene.

P   baksida av *N-58120*, nede i det eine hj  rnet, kan likevel ein samanhengande sekvens runer identifiserast. Innskrifta p   dette punktet er ca. 31 mm lang og runene ca. 11 mm h  ge. R. 1 er ein tydeleg **u**. Eit merke mellom staven og bogen kan i f  rste omgang synast som ei punktering, men merket kan ikkje vera gjort med same reiskap som innskrifta elles – det ser helst ut til    vera ein skade i veden. Staven i r. 4 er dregen lenger ned enn grunnlina for dei f  reg  ande runene. R. 5 har to bogar for **u** dregne utanp   kvarandre. Fr   eit stykke ned for midten p   staven og opp til h  gre ut til den yttarste bogen er det drege eit snitt, om dette skulle oppfatast som del av runa, ville det i tilfelle m  tta vera som binderune **uku**, **ku** eller **uk**. Helst h  yrer snittet med mellom fleire (lettare) m  nsterriss som ogs   elles kryssar runene. R. 6 (**r**) har open boge. R. 7 g  r fr   toppen av f  reg  ande rune og eit stykke lenger ned enn r. 3. Med den markerte h  gdeskilnaden til f  reg  ande rune vil dette mest rimeleg m  tta oppfatast som kort **s**.

∩ | ' † ∩(?) R '

u i s a u(?) r s

Korleis vi enn snur og vender p   dette, synest det ikkje    gi spr  kleg meining.

Desse vokstavlene med runeskrift og tydelege spor etter runeskrift m   sj  ast i samanheng med funn av liknande tavler fr   gravingar elles i Norden, fr   Bryggen i Bergen (Liest  l 1963: 12 og NOR 1993: 21), fr   "Mindets tomt" i Oslo (Liest  l 1977:221), fr   Storaborg p   Island (  r  ur T  masson 1982: 103-07), L  d  se i Sverige (Sv  rdstr  m 1982: 31), med visse atterhald n  r det gjeld bruk av runer i slik samanheng ogs   i det norr  ne Dublin (Lang 1988; DW25 og DW140). Den eine av dei to tavlene fr  

Bergen er spesiell i og med at ho har bevart eit rune­brev som er skore inn i sjølve treet i uthol­inga for voksen (Liestøl loc. cit.). Brevet synest å vera frå ca. 1200 og fell såleis i tid godt saman med den arkeologiske datering­a av funn­konteksten for tavlene frå Trondheim. Liestøl meiner, truleg med rette, at denne innskrifta frå Bergen er eit spesielt tilfelle, og at ho er gjort for å løynast med voks. I så fall vil det òg vera eit argument for at slike tavler har vore relativt vanlege, og at ein altså har venta å finna bodskapen rissa inn i voks i slike tilfelle. I tillegg til den tavla Liestøl omtalar, er det endå ei tavle med runer frå Bergen, funnen i 1992 (B 669). Dei tre tavlene frå Trondheim saman med dei frå Bergen, Oslo, Island, Lödöse og kanskje også Dublin er med og underbyggjer eit inntrykk av at slike tavler har vore ein vesentleg del av mellomalderens skriftkultur i Norden. Desse gjenstandane er med og gir substans til forteljinga frå *Sturlunga saga* om Ingimundr Þorgeirssons forlis med skipet "Stangarfoli" i 1189 på ein ubygd del av austkysten på Grønland. Ingen visste kva som hadde hendt før 14 år etter ulukka, fortel sagaen, då folk fann lika av sju menn saman med "voks og runer som fortalde om hendinga og korleis dei hadde late livet (jf. Hagland 1990b: 8 og 1996: 101ff). Denne litterære tilvisinga har vore nytta som evidens for at ein i alle fall i det 12. hå. nytta vokstavler til runeskrift, liksom ein elles i Vest-Europa lenge hadde brukt tavler av liknande slag til å skriva på (jf. Musset 1965:298). Vokstavlene frå Trondheim, Bergen, Oslo, Island og Lödöse er med og stadfester dette på ein heilt konkret måte. Dette funnmaterialet er med og viser ei side ved nordisk skriftkultur som har røter attende i antikken. Frå britisk romartid er det funne ei rad skrivetavler av liknande slag, funn som truleg er å sjå som eit stadium i spreininga av denne skriveskikken nord- og vestover i Europa. Funn frå Blytheberg og York i England (Parsons 1994: 208ff.) kan kanskje sjåast som steg på vegen nordover i bruken av dette i skriftspråkssamanheng. Det britiske materialet inneheld to slags tavler, dei såkalla 'leaf tablets' (flate treplater til å skriva med blekk på) og dei såkalla 'stylus tablet' (uthola treplater til å ha voks i og til å skriva i med stylus, jf. Bowman & al. 1984: 36). Det er denne siste typen som via funn er dokumentert brukt i Norden. Vokstavler av litt ulik utforming er også funne med latinsk skrift; tavlene frå Hopperstad i Sogn (jf. Seip 1955: 94 og DN XIII: 2) og Viðey på Island (jf. Margrét Hallgrímsdóttir 1990: 102ff.) er gode døme på det. Vi kan såleis ikkje sjå bruk av vokstavler utelukkande som dokumentasjon for bruk av runeskrift. Eit døme på at vokstavler må ha vore ganske vanlege, truleg uavhengig av kva skrift som vart

nytta, finn vi òg i sagalitteraturen. I *Laurentius saga byskups* er det såleis fortalt at biskopen som del av sine daglege rutinar gjorde arbeidsnotat på slike tavler: *for hann þa j sitt studium og studerade hann j bokum. skrifade hann vpp aa vax spialld. n',oteranndi þad sem hann villde hafa serliga vr bokum. og þar epter skrifade Einar djakne vpp j kuaterne edur bok so a[d] byskupinum var til tæk nær hann villde aa lita og þad framme hafa* (Árni Björnsson (ed.) 1969: 101).

[876] N-33833. Runene står på eit avbrekt, flatt handtak til eit lite tresverd, nokså sikkert ei barneleike. Den bevarte delen er 82 mm lang og 5-7 mm tjukk; endestykket er rundt med største diameter 24 mm, "gripedelen" av handtaket er 9-10 mm brei. Funnet vart gjort i 1975, felt FK, hovudfase 4. Det vil seia at funnkonteksten kan daterast arkeologisk til andre halvdel av 1000-talet. Runene vart åtgådde ved arbeid i magasin mars 1995 av hovudfagsstudent Lena Fahre. Det er runer og ulike riss på både sider av handtaket. Det runda endestykket har på side a tre rette liner og eit meir skråstilt snitt følgt av eit kryss der gripedelen av handtaket byrjar. I den brotne delen av handtaket er det først (r. 1) rissa ein stav med to rette kvistar, ein opp til og ein ned til høgre frå eit punkt litt nedanom midten av staven. Den neste kryssar staven så vidt. Slik teiknet er bevart, har det form som latinsk bokstav *k* eller runisk **p**. Etersom toppen av teinet er skadd og borte, kan det også vera take om restane av ein heller rettvinkla **r**. R. 2 er berre stav. På side b er det tilsvarande tre rette liner og eit skråstilt snitt med etterfølgjande kryss sameleis som på side a. Mellom andre og tredje line er det tre nokså tynne stavliknande riss og i tillegg til dess er det to som også kryssar tredje line. I den brotne enden og i same posisjon som på side a står først (r. 1) stav med trang boge som ikkje når inn til staven i øvre kant og bøygd kvist ned til grunnlina. Overgangen melom bogen og kvisten tangerer staven om lag midt på. Også her er øvre del av runa defekt, så det er rimeleg å sjå teiknet som defekt **r**. R. 2 har berre stav. Det kan såleis vera argument for at vi har å gjera med sekvensen **ri** på både sider av handtaket – med eit visst atterhald slik:

R(?) l[---	R(?) l[---
a) r(?) i[---	b) r(?) i[---

Ettersom gjenstanden er avbroten må vi gå ut frå at det er tale om fragment av lengre sekvensar på b e sider. Om det har vore noka spr kleg meining, lyt sj lvsagt st  heilt ope her. Saman med rissa p  enden av skaftet, irekna dei to kryssa som liknar p  det vi elles kan finna i runeinnskrifter, kan desse runeteikna ogs  oppfattast som barns freistnad p    etterlikna skrift. I s  fall representerer teikna i den brotne enden st rre innsikt i kva skrift er. Dette avbrotne sverdet kan s leis b de som gjenstand og innskrift ha ein viss likskap med N817 i materialet fr  Folkebibliotekstomta – tresverdet med **fupork**-fragment og eigarinnskrift.

Same teikn oppatt-teke

[877] N-58119. (Tidlegare omtala: Hagland 1986: 50; 1990b: [43]; Knirk 1994b: 202.) Innskrifta st r p  ein tilspissa, flat trepinne, 89 mm lang, 15 mm brei p  det breiaste og 6 mm tjukk. Ei tynn flis langs eine kanten er laus. Funnnet vart gjort i 1978, felt FT, hovudfase 8. Det vil seia at funnkonteksten kan daterast til tida mellom ca. 1225 og 1275. Det er runer p  den eine breisida. Innskrifta er ca. 70 mm lang og runene fr  8 til 10 mm h ge. Det  vre delen av staven p  dei to f rste runene er defekt, men synest sikkert   kunna lesast som **k**, liksom resten av innskrifta. Mellom r. 3 og 4, 5 og 6, 9 og 10 er det eittpunkts ordskilje.

ʝ ʝ ʝ . ʝ ʝ . ʝ ʝ ʝ ʝ . ʝ
k k k · k k · k k k k · k

Forma p  gjenstanden kan neppe identifiserast med nokon spesiell funksjon som kunne gi oss grunnlag for   skj na kva ei slik rekkje med same runeteikn kan vera meint som.

[879] N-22767b. (Tidlegare omtala: Hagland 1986: 42; 1990b:[36].) Gjenstanden med innskrift er ein stutt trepinne, tilsmidd i eine enden, 64 mm lang med største tverrsnitt 22 x 17 mm. Funnet vart gjort i 1974, felt FE, hovudfase 7/8. det vil seia ei arkeologisk datering av funnkonteksten til tida mellom ca. 1175 og 1275. Det er eit enkelt runeteikn ut mot enden av den eine breisida. Runa er 17 mm høg.

ƿ

k

Den måten gjenstanden her er smidd til på, gir inntrykk av noko uferdig eller uavslutta. Det kan med alle atterhald tenkjast å vera eit eigarmerke som ikkje er gjort ferdig og såleis vera ein parallell til eit par eigarmerke frå Bryggen i Bergen, der det òg berre er rista ein einskild **k** (N767 og 772). Forma på gjenstanden gjer likevel spørsmålet om funksjon for uvisst til at dette funnet frå Trondheim kan reknast med til korpuset av eigarmerke.

[880] N-23249. (Tidlegare omtala: Hagland 1986: 42; 1990b:[36].) På ein kort firkanta pinne, 54 mm lang og med eit tverrsnitt på 17 x 11 mm, er det òg ei einrunes innskrift. Funnet vart gjort i 1974, felt FE, hovudfase 7/8. Funnkonteksten kan liksom den føregåande (106) altså daterast til perioden frå ca. 1175 til 1275. Runa står ute mot enden på den eine breisida av gjenstanden og er 12 mm høg.

ƿ

k

Det er uråd å seia noko om eventuell funksjon av dette jamt firkanta trestykket og såleis òg om denne eine runa her er anna enn eit tilfelleleg riss.

[881] N-32965. (Tidlegare omtala: Hagland 1986: 48; 1990b: [41]; 1994c: 255, 263.) Innskrifta står på eit knivbladliknade trestykke, 159 mm langt, 24 mm breitt og 5 mm tjukt. Funnet vart gjort i 1975, felt FK, hovudfase 3/4. Det vil seia at funnkonteksten kan daterast til ein periode som strekkjer seg heilt attende frå slutten av 900-talet og fram til ca. 1100. På den eine sida av gjenstanden er det ein del riss som kan vera der av dekorative grunnar, men runer er det ikkje. På hi sida eit teikn som nokså sikkert må oppfattast som rune, 22 mm høg med boge som dekkjer mesteparten av staven.

þ

þ

Dei merkelappar vi elles kjenner med ei einskild rune, har i tillegg bumerkeliknade symbol (N739, 767). Om det her er eigarmerking på same måte som vi har det på merkelappar, eller om det er noko anna, kan såleis ikkje avgjerast.

[882] N-33552. Innskrifta står på oversida av ein svært godt bevart islegg, 218 mm lang, 47 mm brei i fremre ende, 43 i bakre. Funnet vart gjort i 1975, felt FL, hovudfase 4 – det vil seia i funnkontekst som er arkeologisk datert til andre halvdel av 1000-talet. Innskrifta vart først åtgådd i mars 1995 av hovudfagsstudent i arkeologi, Lena Fahre. I ein avstand av 70 mm frå framenden står ei einskild rune, 5 mm høg. Staven er skarpt og tydeleg rissa, og bogen – ein trong, nesten perfekt halvsirkel – er sentrert litt nedanfor midten av staven. Beinmassen inne i bogen er fallen ut.

þ

þ

Det er eit heller ope spørsmål kva funksjon ei slik einskild rune har hatt på ein gjenstand som denne. Isleggen er såpass stor at han rimelegvis har tilhøyrt ein vaksen person. På den flata der ho står, er runa så lita at ho ikkje utan vidare er lett å oppdaga. Det synest å tala mot at vi har å gjera med eigarmerking av noko slag. Gjenstanden kan elles godt ha

vore nytta til sport og kappleik. Det gjer alfabetmagi mogleg, men det kan neppe provast.

[883] N-93775. På eit brotstykkje av ein uthola gjenstand av tre, 120 x 10-33 x 8 mm, er det mellom to rader med utskoren ornamentikk ei mogleg rune (12 mm høg). Funnet vart gjort 1985 i felt FU, hovudfase 3. Det vil seia i ein funnkontekst som kan daterast til ein perioden som strekkjer seg frå slutten av 900-talet til midten av 1000-talet. Den moglege runa har tydeleg dobbeltskoren stav og elles mange tynne riss frå og kring toppen. I dette kan det med atskillig tvil sjåast ein boge som i tilfelle må ha dekkja storparten av staven, liksom i føregåande N880.

þ(?)

þ(?)

Tvilen om det her verkeleg er tale om ei intendert rune eller ei, gjer det nokså nyttelaust å spekulera på ei eventuell meining med rissinga.

IX. RUNEMYNT

[884] N-33909. (Tidlegare omtala: Archibald 1980: 118 [no 401]; Christophersen og Nordeide 1994: 251 [fig. 210]; Reed 1978 [omslagsbilete]; Skaare 1976 [funn nr. 148a]; 1989: 26; Hagland 1998: 623.) Innskrifta står på ein sølvpenning prega i perioden ca. 1065-1080. Mynten tilhøyrer Stenersens klasse R (om klassifiseringa - sjå NIyR V: 214f). Funnet vart gjort i 1975, felt FF, hovudfase 4. Det vil seia i ein funnkontekst som er arkeologisk datert til siste halvdel av 1000-talet. Mynten er i numismatisk samanheng beskriven såleis: "Penning: brystbilde t.v., forvirret omskrift/dobbeltkors i feltet, runelignende forvirret omskrift (...) 0,76 g." (Skaare 1989: 26, jf. òg Archibald 1980: 118 "Rev.: illiterate runic legend").

Det kan vera eit spørsmål teikna i omskrifta på revers side her skal oppfattst som runer eller om dei heller skal sjåast på som runeliknande teikn. Lesne i medsols retning vil første teikn (her kalla r. 1) og r. 7, baa utforma som omsnudde v-ar (\wedge), kunna sjåast som runiske u-ar. R. 2, 4 og 6 har alle skrått ståande snitt, eller stavar, og kan sjåast som runiske i-ar. R. 3 og 5 har baa stav og kvist ned til høgre og såleis form som runiske, enkeltsidige n-ar. Etter r. 7 ser det ut til å vera prega tre teikn. Av desse kan r. 8 og 10 med alle atterhald seiast å ha form som høgrevende ås-runer. Mellom desse ser det helst ut til å vera eit stavliknade teikn og ingenting anna. I rommet mellom r. 1 og r. 10 er det to krossar, ei litt uviss gresk krossform og ein tydeleg andreaskross. Om vi startar med andreaskrossen og les i retning med sola, vil mynten då kunna ha følgjande runesekvens:

× \wedge | \uparrow | \uparrow | \wedge \uparrow (?) \uparrow (?) +
 × u i n i n i u \tilde{a} (?) i(?) \tilde{a} (?) +

Oppfatning som er uttrykt frå numismatisk hald om at omskrifta på revers side er forvirra, synest såleis velgrunna nok. Men heller enn å kalla teikna i innskrifta for 'runeliknande', bør vi vel sjå det som ei runisk innskrift av same slag som dei andre vi har utan påvisleg språkleg meining. Det kan vera grunn til å festa seg ved det forhold at det i Folkebibliotekstomta i alt er funn ca. 50 myntar prega i Noreg i andre halvdel av 1000-talet (jf. Skaare 1989: 12), og at det berre er ein av dei med omskrift som kan assosierast med runer.

X. MOGLEGE INNSKRIFTER

a. Runeliknande teikn

Frå gravingane i Folkebibliotekstomta og i Kjøpmannsgata har det i tillegg til gjenstandane med runeinnskrifter vorte registret fleire gjenstandar med rissingar som må klassifiserast som runeliknande teikn snarare enn som tilfelleleg krot. Det er i alt 8 slike innskrifter i materialet frå Folkebibliotekstomta. For alle gjeld det at dei har

einskildteikn, ofte oppatttekne fleire gonger, som vil kunna identifiserast med runer, men innskriftene som heilskap verkar å vera gjorde av rissarar som ikkje kan skriva med runer. To av innskriftene (N-26379 og N-39374) finst på tilverka bruksgjenstander av tre, den første på eit avbrote (sverd)handtak (leike?), den andre på ein høvel. Dei resterande 6 er å finna på meir eller mindre bearbeidde trekjevle og tilfellelege trefliser. Ordna kronologisk etter arkeologisk datering av funnkonteksten dreiar det seg om følgjande ni funn (tidlegare omtala: Hagland og Lorentzen 1997:62-76):

[1] *N-26379*. Avbrote handtak til tresverd, 120 mm langt, 14-43 mm breitt og 11 mm tjukt. Det er teikn på ei side:

[Foto og teikning]

Gjenstanden vart funnen i 1975, felt FA, hovudfase 8, som er arkeologisk datert til perioden mellom første og siste kvartal av 1200-talet.

[2] *N-39374*. Avbroten høvel, 187 mm lang, 35 mm brei og 34 mm høg. Det er teikn på ei side:

[Foto og teikning - ingen transkripsjon]

Gjenstanden vart funnen i 1976, felt FF, hovudfase 3, som er arkeologisk datert til tida frå slutten av 900-talet til midten av 1000-talet.

[3] *N-64300*. Fragment av snorlebein, 51 mm langt, 10-14 mm breitt i eine enden, 8-9 i andre. Det er svake, skarpt rissa, jamne stavliknande tein på ei side.

[Foto og teikning]

Gjenstanden vart funnen i 1979, felt FX, hovudfase 6, som er datert arkeologisk til tredje kvartal av 1100-talet.

[4] *N-77113*. Ubearbeidd treflis, 120 mm lang og 19 mm brei på det breiaste. Det er teikn på ei side:

[Foto og teikning]

Gjensatnden vart funnen i 1981, felt FG, hovudfase 7, som er arkeologisk datert til første halvdel av 1200-talet.

[5] *N-77338*. Pinne el. kjevle, tilskore i ein ende og avbrote i den andre. Lengd 187 mm, tverrsnitt 14 x 6-8 mm. Det er teikn på ei side:

[Foto og teikning]

Gjenstanden vart funnen i 1981, felt FG, hovudfase 7.

[6] *N-77614*. Firkanta kjevle, tilspissa i den eine enden, 112 mm langt, tverrsnitt 13 x 14-15 mm. Det er teikn på ei side:

[Foto og teikning]

Kjevlet vart funne i 1981, felt FG, hovudfase 6, som er arkeologisk datert til tredje kvartal av 1100-talet.

[7] *N-93231*. Tilsmidd kjevle av tre, 183m langt med tverrsnitt 17-35 x 17 mm.

Det er teikn på ei side:

[Foto og teikning]

Kjevlet vart funne i 1985, felt FU, hovudfase 3.

[8] *N-93649*. Treflis, 109 x 31 x 7 mmm. Det er teikn på ei side:

[Foto og teikning]

Gjenstanden vart funnen i 1985, felt FU, hovudfase 3.

[9] *N-93773*. Trebit, 401 mm lang, tverrsnitt 43 x 12 mm. Det er teikn på ei side:

[Foto og teikning]

Gjenstanden vart funnen i 1985, felt FU, hovudfase 3.

b. Innskrifter med latinske bokstavar

I tillegg til det som ovanfor er kalla runeliknande teikn, finst det ei innskrift som tidlegare (Hagland 1986 og 1990 APPENDIX nr. N-59093) har vore identifisert som mogleg runeinnskrift i blanding med latinske bokstavar. Det må likevel sjåast som ugrunna å rekna denne som anna enn ei rein bokstavinnskrift på line med fire andre innskrifter frå bygrunnen i Trondheim (Folkebibliotekstomta og Kjøpmannsgata, sjå Hagland 1998). Dei fire andre innskriftene her er N-29302 (funnen 1975), N-87322

(funnen 1985), N-201931 og 205398 (funne 1993). Desse vil alle bli utgjevne for seg i ei utgåve med ikkje-runiske innskrifter frå mellomalderens Nidaros.

E. KJØPMANNSGATA

[885] N-201149. (Tidlegare omtala: Hagland 1993; 1994b: 90; NOR 1994: 21f.) Runene står på ein rund kjepp, tilsmidd med to flater, om lag vinkelrett på kvarandre, til å rissa på og bevart i fire bitar som høver godt i kvarandre. Samla lengd på dei bevarte bitane er 480 mm. Kjeppen har eit breiaste tverrmål på 20 mm om lag midt på, og han smalnar noko av ut mot både endar. Funnet vart gjort i 1993, i felt K 93/2, lag 351. Funnkonteksten er arkeologisk datert til tida mellom ca. 1175 og 1225. Det er mogleg at denne fasen kan gå så langt opp i tid som til 1250, men ikkje seinare enn det (utgravingsleiar, pers. komm.). Det er godt bevarte runer rissa på ei av det tiljamna flatene på kjeppen (side a). På ei anna er det restar av tre runer (side b), og det ser ut til at ei innskrift her er fjerna, dvs. smidd bort. Innskrifta på side a er 103 mm lang og runene 15-18 mm høge. Spesielt ved innskrifta er at r. 1-5 er rissa opp-ned i høve til resten av innskrifta (r. 6-22). R. 1-5 og r. 6-22 må dermed lesast i kvar si retning. Runene i både sekvensane er lagde litt på skrå framover i kvar sin skriveretning. R. 1-5 er litt større og har elles drag som gjer at spørsmålet om det er ei eller to hender som har skrive i kvar sin retning, kan kanskje reisast. Likskapane er likevel større enn skilnadene og samanhangen gjer det mest naturleg å sjå det heile som ei samanhengande innskrift. Det vil seia at innskrifta må lesast som følgjer: r. 5-1 + r. 6-22. R. 2 (**b**) har lukka bogar sameleis som tilsvarande r. 6 og 15. Staven av r. 3 er borte i brotet mellom to av bitane. Eit lite snitt eit stykke ned frå kanten av den tilspikka flata og mot enden av kvisten i føregåande **l** i leseretninga (r. 4 i innskrifta) ser ut som kvist. I tilfelle må det vera øvre kvist av **o** ettersom kvisten i r. 1 (**a**) er plassert heilt annleis. I så fall vil tilsvarande rest av nedre kvist vera borte ettersom veden der denne kan ha vore, er morkna bort. Om vi samanheld med r. 11 er det ikkje umogleg at r. 3 kan ha vore **o**-rune. Også r. 11 har relativt korte venstrevende kvistar, og ei slik form av **o** vil det ha vore plass til i dette brotområdet, som altså er delvis skadd. Den fritt-ståande resten av ein kvist er her likevel eit for uvisst grunnlag for å postulera lesemåten **o**, like lite som lesemåten **e** eller **i** kan

fastleggjast sikkert. Det må her difor vera rettast å la spørsmålet om lese måte stå ope, slik det òg er gjort i translitterasjonen. Sams for dei følgjande r. 6, 7, 8, 10, 11, 12, 15 og 22 er at dei alle er dregne ut over kanten på den tilspikka skriveflata og ned på den runde delen av pinnen. Staven på r. 6 (**b**) går også litt lenger ned enn nedkanten på nedste boge. R. 7 (**r**) har òg lukka boge og kvist som går ut frå staven i nedre tangeringspunkt for bogen. Tilsvarende form har **r** også elles i innskrifta (r. 14, 19 og 22). Nedre del av staven i r. 7 er dregen i ein lett boge framover mot leseretninga. Det same gjeld staven i r. 8, 10, 11, 13, 14, 16 og 22. R. 11 har stav og ein tydeleg kvist ned til venstre om lag midt på staven. Parallelt med denne går det litt høgare på staven ein tilsvarende kvist, svært dårleg bevart, men likevel sikker nok til at runa kan lesast som **o**. Parallelt med nedre del av staven på venstre side av r. 13 er det eit lite snitt, truleg tilfelleleg. Staven har elles ingen merke etter punktering. Staven på r. 16 er dregen heile 4 mm lenger ned enn grunnlina for resten av innskrifta. Over r. 16 og 17 er det fleire lette riss som ikkje har med runeinnskrifta å gjera. R. 21 har stav og eit ganske djupt punkt om lag midt på. Det kan vera eit intendert punkt, men det er så avrunda i forma at spørsmålet er noko usikkert (). Ved sida av kvisten på r. 22 ligg det eit snitt som er gjort med heilt annan reiskap enn den som er nytta i runeinnskrifta. Snittet tangerer ikkje staven og har nok ingenting med runene å gjera.

Innskrifta på side b ser ut til å vera restar av noko som er smidd bort frå flata. Restane er tynne i risset og r. 1 har berre bevart øvre del av ein stav med kvist opp til høgare som så vidt kryssar staven. På venstre side og i mogleg forlenging av kvisen der er det ein skade i veden. Resten kan litt uvisst sjåast som resar av **æ**. R. 2 har bevart øvre del av stav og del av boge eit stykke ned frå toppen av staven. Det er nokså sannsynleg restar av ein **þ**. Av r. 3 er det berre bevart stav i full høgde, men med ein skade i nedre halvdel, slik at staven ikkje er heilt intakt. Det er ikkje restar av kvist til nokon kant og runa må her såleis oppfattast som usikker **i**.

† B ? † † B R † ' 1 † 1 | R B † † † R † †(?) R

a) **a b ? l k b r æ s t o t i r b y l a r þ e(?) r**

⇐ ⇒

†(?) †(?) l(?)

b) **æ(?) þ(?) i(?)**

a) *Kleppa/Glibba/Glópa Prestdóttir byrlar þér* `Kleppa/Glibba/Glopa prestedotter skjenkjer deg!' b) ???

Den mest uvisse delen reint språkleg ved side a av innskrifta er sekvensen r. 1-5 som altså må lesast baklengs og opp-ned i høve til resten av teksten. Sekvensen **kl[i]ba** må, både ut frå språkleg form og ut frå den språklege samanhengen oppfattast som eit kvinnenamn, ei _n-st. i nominativ sg. Om r. 3 skal oppfattst som **i** eller **e**, ville det språkleg sett kunna vera både *Glibba* f. og *Kleppa* f. Ingen av desse har overtydande belegg i kjeldene elles, utan at dét treng vera eit avgjerande argument mot å tolka sekvensen som eit kvinnemnamn. *Glibba* synest einast å vera belagt indirekte som namn gjennom eit gardsnamn *Glibburud* i Båhuslän. Lind tolkar dette som eit personbinamn med tyding i tilknytnad til nyn. *glibb* "spefågel, närig, glupsk person" (jf. Lind 1920-21: 111). Så lite belagt som dét namnet er, synest det ikkje å stå særleg sterkare enn eit namn *Kleppa*, altså ei fem. parallell-form til det elles kjende mannsnamnet *Kleppr* med svak sideform *Kleppi* = `klump, klumput person' (Lind 1920-21: 203). *Kleppr* er òg kjent som døypenamn, i islandske kjelder (jf. Lind 1905-15: 695). Om r. 3 skal oppfattast som **o**, vil det kunna gi (til)namnet *Glópa* f, eit tilnamn som elles berre er belagt i maskulin form *Glópr* "ohyfsad person, utan levnadsvett" (jf. Lind 1920-21: 112). Mogleg, men mindre sannsynleg er vel òg ei elles ubelagd feminin form av tilnamnet *Klápr* "dum ock okunnig person, klåpare" (Lind 1920-21: 202). Bruk av tilnamn i den konteksten vi her har å gjera synest ikkje urimeleg.

Sekvensen **bræstotir** må tvillaust tolkast som *prestdóttir*, eit patronymikon som i motsetnad til *Prest(s)sonr* er lite belagt i kjeldene. Ei *Magga prestdotte[r]*, eigar av jordegods i Hallingdal er kjend frå eit brev utan dato og heimfesting. Brevet er tentativt datert til tida kring 1310 (jf. DN V: 55 og RN III: 695). At det også har vore personar offentleg kjende som `prestedøtrer' i det 12. hã, slik tilfellet synest å vera her, er vél tenkjeleg, ettersom kravet om sølibat for prestar var mindre strengt handheva frå kyrkja si side den gong enn det var i første halvdel av 1300-talet (jf. KLNII II, sp. 546f). At r. 10, **t**, her har dobbeltfunksjon som /t/ i *prest* og /d/ i *dóttir* er vél kjent frå andre runeinnskrifter (jf. Hagland 1993b: 372).

Sekvensen **bylarþr** kan einast tolkast som 3. pers. sg. pres. ind. av verbet *byrla*, som kan ta personobjekt i dativ: *þér*. Forman **bylar** tyder på at rissaren har hatt assimilasjon av /r/ til /l/ i slik stilling. Det er ein assimilasjon som ut frå belegg i andre skriftlege kjelder synest å kunna dokumenterast i norsk før 1200 (jf. Seip 1955: 173). Verbet *byrla* med dativ (*byrla e-m*) er av Fritzner gjeve tydinga "at give en noget at drikke" eller "frembære det fyldte Bæger til en". Det siste tilsvarar godt den tyding Blöndal (1920-24: 77) oppgir frå seinare islandsk: "skænke for og række en en Drik". Dei fleste belegga hos Fritzner (I, s. 222) er henta frå religiøse tekster. Det kan sjølvstakt vera tilfelleleg. Men det kan òg vera at det er via religiøs språkbruk at ordet har komme inn i norsk i samband med innføringa av kristendommen. Jóhannesson (1956: 964) gjer framlegg om at ordet kanskje er lånt frå ae. *byrelian* el. *byrlian* (= "to pour out, give to drink, serve", Bosworth and Toller 1976: 138 og 140). Også i ae. er ordet ofte belagt frå religiøs språkbruk, og det kan stø Jóhannessons ordhistoriske framlegg. Kor allment ordet har vore i norsk på 1100-talet er det vanskeleg å fastsetja med visse. Ettersom samanhengane det elles er nytta i, synest å ha hatt kristne/religiøse konnotasjonar, kan dét ha sitt å seia for freistnader på vidare forståing av innskrifta på dette kjevlet frå Kjøpmannsgata. Det må likevel ikkje gløymast at verbet *byrla* også er nytta i heilt 'verdsleg' tyding i norrøn prosa., t.d. i fornaldarsoger. I *Ragnars saga loðbrókar* heiter det såleis om Ragnars vitjing hos kong Eysteinn i Uppsala: *Ok þá er þeir drekka inn fyrsta aftan, lætr konungr dóttur sína byrla sér ok Ragnari* (Guðni Jónsson (ed.) 1959: 243). Tilsvarande i *Hrólfs saga kraka* (op. cit.: 10).

Den etter måten tidlege arkeologiske dateringa av funnkonteksten gjer det mindre sannsynleg at innskrifta skal setjast i samband med rettsreglar for utskjenking av sterk drykk slik vi kjenner dei frå slutten av 1200-talet og slik det er gjort framlegg om på grunnlag av ei anna arkeologisk datering av Hagland (1993: 34f). Kva form for skjenk denne prestedottera frå ein 1100-tals samanheng har hatt å by på, synest såleis å måtta bli ståande som eit ope og eggjande spørsmål.

Innskrifta på side b er så defekt at det å freista gi henne ei mogleg språkleg form, ikkje kan føra ut over det reint spekulative.

[886] N-202419. (Tidlegare omtala: NOR 1994: 22.) Innskrifta står på eit kamfragment av reinsdyrhorn. Fragmentet er del av den eine skinna som har halde tannplatene i kammen saman. Det er 71 mm langt og 10-14 mm breitt med ei plan og ei konveks side, tverrsnittet er 3 mm på det tjukkaste. Skinne-fragmentet har fire hol for naglar og er avbrote i det femte. Delen utgjer den eine enden av skinna, slik at det berre har ein brotkant. Funnet vart gjort i 1993 (september), felt 93/2 1070, men runene vart først åtgådde i jan. 1994 i samband med reingjering og konservering av gjenstanden. Funnkonteksten er arkeologisk tidfest til ein periode som moglegvis kan tøyast litt i båe endar, men som i hovudsak er sett til andre halvdel av 12. hå/første kvartal av 13. hå. (utgravingsleiar, pers. med.). Runene står på den plane sida av skinna, altså den som har vendt innover og vore usynleg når kammen var ferdig montert. Innskrifta er 43 mm lang og runene 11-12 mm høge. På den plane sida av skinna visest hakk både i overkant og nedkant av skinna sett i høve til runeinnskrifta. Desse hakka er endepunkt på dekor-snitt på den konkave yttersida. Runene er rissa med ein tynn skarp reiskap og rissaren har tydelega teke omsyn til at hakka har vore der då han gjorde innskrifta. Runeinnskrifta startar i god avstand frå den intakte enden av skinna. Det kan såleis ikkje vera noko som er tapt før r. 1. R. 1 har stav og to lukka bogar, dvs. at båe bogane i **b** går inntil staven både i overkant og nedkant. R. 2 har stav og kryssande kvist opp mot høgre eit stykke ovanom midten av staven. Første naglehol gjennomborar runa om lagt midt på. Runa må oppfattast som **æ**, eventuelt som langkvist **a**. R. 3 har ein nokså flat boge midt på staven: **þ**. R. 4 er ein nokså tynt rissa stav utan merke etter kvist på nokon kant: **i**. Deretter følgjer eit mykje tjukkare og meir avrunnda snitt som er gjennombora av hol nummer to. På motsett side av skinna er det òg merke etter brest i materialet her, så det er heller tvilsamt om dette kan sjåast som del av innskrifta. Snittet/brotet er likevel markert som r. 5 med spørjeteikn i translitterasjonen. R. 6 er ein litt skråstilt tynt rissa stav i full høgd. Etter r. 6 følgjer tre svært lett rissa snitt frå øvre kant og ned til godt og vel halve stavhøgda sett i høve til dei føregåande runene. Første risset er gjennombora av tredje nagleholet på skinna. Det er lite truleg at desse rissa er del av runeinnskrifta. Heilt til slutt og i god avstand (11 mm) frå det siste av dei tre rissa, mellom tredje og fjerde

naglehol, er det drege eit snorbeint snitt tvers over flata. Det skil seg heilt ut frå måten runene er rissa på og har heilt sikkert ingenting med desse å gjera.

Kamfragmentet er vanskeleg å klassifisera typologisk. Spørsmålet om denne gjenstanden er om lag samtidig med eller vesentleg eldre enn sjølve funnkonteksten, synest såleis å måtta stå nokså ope. Anten vi oppfattar fragmentet som ein 1100-tals gjenstand eller som del av ein 1000-tals gjenstand, synest det vera mest rimeleg å oppfatta runene i innskrifta som kortkvist-rune av "den eldre norske" typen etter Magnus Olsens klassifisering. Den mest sannsynlege translitterasjon og normalisering vil då måtta verta såleis:

B † þ | ? | ???

b æ þ i ? i ? ? ? *Bæði ???*

`Bæe' ???

Dette framlegget til tolking inneber at **bæþi** vert oppfatta som n. pl. av pron. *báðir*. Resten av innskrifta synest ikkje å gi språkleg meining. I beste fall er det ein påbyrja eller uavslutta del av ei innskrift. Les vi r. 1-4 som **bæþi**, vil innskrifta eit stykke på veg kunna gi ei språkleg meining, der pronomenet t. d. kunne referera til eit (ukjent) ord for den delen av kammen innskrifta står på, ein del som jo må ha hatt eit motstykke som til saman har vore omtala som `bæe'. Ein språkleg konstruksjon som dette med pron. i neutr. pl. vil òg kunna ha referert til to personar av ulikt kjønn, utan at det heller fører oss så mykje lengre i ei tolking av innskrifta.

På denne gjenstanden, som i prinsippet kan vera gammal i høve til funnkonteksten og som også kan vera importert utanfrå, kan vi vel ikkje sjå heilt bort frå at r. 2 og dermed heile innskrifta skal lesast som langkvist-runer. I så fall måtte vi translitterera innskrifta **bæþi?i? ? ?** - eit uttrykk med eit uavslutta tillegg, kanskje eit personnamn + ei form av verbet *eiga*, slik vi kjenner frå så mange andre innskrifter. Det einaste namnet som i så tilfelle byd seg fram, er mannsnamnet *Baði*, einast kjent elles som namn på ein trollkonge frå eventyrtradisjon vi kan skimta spor av i *rvar-Odds saga: Baði risakonungr* (jf. Boer (ed.) 1892: 22). Innskrifta ville i så fall kunna lesast som *Baði* -- "Bade eig?". Men same korleis vi snur og vender på lesemåten, vil dei moglege

språklege tolkingane, som vi ser, måtta byggja på heller fantasifulle føresetnader. Dei lyt difor takast med dei atterhald som alltid vil måtta gjelda i slike høve som dette.

Denne innskrifta har eit særdrag som det er grunn til å understreka spesielt: Ho ser ut til å vera rissa for å vera usynleg for omverda etter at kammen ho står på, var ferdig montert. Det peikar i retning av ein bruk av runer som vi har vitnemål om frå langt tidlegare tider enn 1100-talet. Innskrifta på Eggja-steinen frå Sogn er ein nærliggjande parallell å tenkja på i så måte. Heilt sikre på at desse runene er rissa for å vera ei løynd innskrift, kan vi vel ikkje vera. Men at det skulle vera nytta skrift til å markera ein eller annan praktisk instruks eller ei melding med relevans for sjølve tilverkinga av kammen, verkar usannsynleg i eit tilfellet som dette. Det vil i så fall vera høgst uklårt kva føremålet med innskrifta skulle ha vore. Både framlegga til lese måte som her er framlagde, gir vel rom for å knyta runene på denne kammen til truer om hår og bruk av hår til trolldom av ymse slag, både til vondt og til godt (jf. KLN 7, sp. 220ff). Slik innskrifta er overlevert oss med fleire tilsynelatande umarkerte riss til slutt, kan vi naturlegvis ikkje sjå bort frå at ho er ein uavslutta del av noko heilt anna enn det vi her har søkt å lesa. Men i alle tilfelle vil vi måtta sjå det slik som at runerissaren har oppfatta runeskrift som effektiv i seg sjølv, altså uavhengig av om ho kunne lesast av dei som såg eller bruka kammen. Det synest i alle fall å vera eit arkaisk drag ved denne innskrifta.

[887] N-205499. (Tidlegare omtala i NOR 1995: 15.) Innskrifta står på eit spinnehjul av bly. Største diameter er 21 mm, minste diameter (identisk med storleiken på holet gjennom gjenstanden) er 7 mm. Funnet vart gjort 1994, felt 93/2 6388 med metalldetektor i avfallslag og er såleis vanskeleg å datera arkeologisk. Det er runer langs den koniske sida av hjulet. Innskrifta er ca. 19 mm lang og runene er ca. 10 mm høge. R. 1 er gjord med eit breitt, relativt grunt riss, men runa har tydeleg form som **I**. Deretter følgjer eit litt lengre tynt riss, litt framoverbøygde i nedre del. Jamvel om risset er talt som r. 2 her, er det grunn til å ta alle atterhald i spørsmålet om dette er del av innskrifta eller ei. Overflata i metallet er litt forvittra i øvre kant av staven på r. 3. Elles er denne godt

bevart. Kvistar ned til grunnlina på b e sider gjer at vi sikkert m  lesa dette som **y**. R. 3 har stav og tydeleg boge som p  ein speglvend **þ**. P  motsett side av staven er det svakare spor av tilsvarande boge litt l gare p  staven. P  b e sider finst fleire svake riss fr  boge og ned til grunnlina, slik at svake omriss ogs  av **r** kan skimtast p  b e sider av staven. Teiknet er vanskeleg   tolka. Den delen som har prominens, er likevel den speglvende **þ**-en. Resten av strekane har ein karakter som kan tyda p  at dei helst er sekund re eller tilfellelege. R. 5 har delvis bevart stav med kvist fr  midten og ned til venstre.  vre del av staven har eit svakt parallellsnitt. truleg **a**. R. 6 har stav med to nesten parallelle kvistar fr  om lag midten og ned til venstre. Sikker form som **o**. R. 7 har litt skr stilt stav og kvist fr  midten og ned til venstre. Kvisten p  r. 7 er lengre enn den p  r. 5. Runa har sikker form som **a**.

↑ ? ʌ ɔ ʌ ʌ

l ? y ɔ a o a

???

Denne sekvensen med runer p  eit spinnehjul synest ikkje   kunna gi spr kleg meining anten vi les **l(?)yþaoa** eller **l(?)yraoa** eller eventuelt set inn andre verdiar for r. 2. Om bruken av runer p  denne m ten har hatt nokon funksjon eller f rem l, kan vi berre gissa om i dag. Slik innskrifta st r, ber ho helst preg av   vera tilfelleleg krot av nokon som har vore kjend med runeformer men som ikkje eigentleg har vore skriftkunnig.

Runeliknande teikn

[10] *N-205581*. Trepinne, tilskoren i b e endar, 77 mm lang, 14-16 mm brei og 5 mm tjuk. Det er teikn p  den eine breisida.

[Foto og teikning]

Gjenstanden vart funnen i 1994, felt 93/2, lag 6461, arkeologisk tidfest til tida mellom ca. 1150 og 1250.

F. Erkebispegarden

[888] *ERKEBISPEGARDEN I, UNIT, Vitenskapsmuseet T-21950*. Innskrifta står på ein avbrotten kleberstein, tilskoren som eit åttekanta stykke og kanskje del av ein skulptur. Brotstykket er 52-57 mm langt og har eit største tverrmål på 23 mm i den heile enden. I den avbrotne enden er største tverrmål 24 mm. Det er runer på fem av dei åtte sidene av åttekanten. Dei tre sidene som ikkje har runer, er upolerte i motsetnad til dei andre fem. I den ubrotne enden av steinen er det skore ein likearma kross med siselerte krossarmar. Funnomstenda kring gjenstanden er ikkje heilt klåre. Han skal vera innlevert til Runearkivet av professor Erling Gjone, Trondheim, med opplysing om at funnet vart gjort ein gong midt på 1960-talet. I Runearkivet har gjenstanden tilvekstnr. A 223; han er no plassert i Vitenskapsmuseet, Trondheim. Eit handskrive notat frå Gjone fortel at gjenstanden vart funnen "i forrådshusets nordøstre hjørne i grusmassene under gulvet ved den nye døråpn. til hvelvrommene. Resten av stenen ikke funnet." Eit anna notat som også følgjer gjenstanden, opplyser at Gjone skal ha "tatt vare på den" etter at ein arbeidar hadde funne steinen og ville ha han som souvenir.

Runene er 9-10 mm høge og kvar line varierer i lengd, frå 33 mm (line b, f.om. r. 2) til 47 mm (line e f.o.m. rest av boge i r. 1). Mellom r. 1 og r. 2 i line a, r. 4 og r. 5 i line b, r. 4 og r. 5 i line c, r. 4 og r. 5 i line d, r. 1 og r. 2 og r. 5 og r. 6 i line e er det store og tydeleg markerte skiljemerke. Runene er dobbeltskorne og godt bevarte og treng ikkje kommentar anna enn til følgjande punkt: R. 2 på line a (**l**) har ei tydeleg punktering nokså høgt oppe på staven. Punktet er av nokså nøyaktig same storleik som skiljemerka elles i innskrifta og skil seg markert ut frå punkteringane i r. 4 og r. 5 på side a og r. 6 på side e. Om då dette skal lesast som binderune **el** eller **le** er såleis uklårt. I samanhengen ser det helst ut til at punkteringa ikkje har hatt nokon grafematisk funksjon, slik tilfellet kan vera med punktering også i andre innskrifter (jf. Hagland 1993b: 371). Det er usikkert merke etter ein høgrevend kvist frå toppen av ei mogleg rune i brotkanten av

line b. Med alle atterhald kan dette sjåast som kvist av **l**. R. 1 på line c er ein litt defekt enkeltsidig, venstrevend **o**. Nedste del av staven og mestedelen av nedre kvist er borte. Eit bevart snitt i brotkanten viser likevel tydele spor etter kvist der. I brotkanten har Liestøl i vedlagt notat sett uviss **h**, men dette kan i tilfelle ikkje lenger stadfestast. Eit *mogleg* slutt punkt av eit opgåande snitt om lag midt på flata kunne kanskje oppfattast som del av ein kvist. I tilfelle dette skulle ha vore del av **h**, ville krysskvistane måtta ha stått unaturleg langt neden på staven. Spørsmålet om vi her verkeleg har rest av ei rune synest såleis å måtta stå ope. R. 1 i denne line er det difor markert med spørjeteikn. Som første rune i line d har Liestøl sett uviss **t**. Staven er bevart i brotkanten og litt defekt øverst. Øvre del av noko som *kanskje* kan vera rest av ein kvist ned til venstre, er også bevart. Slik runa er bevart synest det rettast å la spørsmålet om lese måte stå ope ettersom brotkanten her er slik at andre moglege kvistar vil vera tapte. I brotkanten av line e er restar av ein mogleg boge og svært uviss kvist ned til høgre bevarte, som i **r**. Det synest difor rimeleg å sjå r. 1 her som uviss **r**. R. 3 er kortkvist **s** og r. 4 høg eller langkvist **s**. I ein samanheng som denne synest det rimeleg å representera r. 3 og 4 ulikt i transkripsjonen. R. 4 vil her kunna oppfattast både som **z** og som **c**. I transkripsjonen er det valt **z** (sjå nedanfor om dette).

- | | | | |
|----|----------------------------------|----|-----------------------------|
| | ---] ǀ . ǀ ǀ ǀ ǀ ǀ ǀ | | --- ?] . ǀ ǀ ǀ . ǀ ǀ |
| a) | ---] a · l æ g g i a | b) | --- ?] · m a n · o k |
| | --- ?] ǀ ǀ ǀ . ǀ ǀ ǀ ǀ | | --- ?] B ǀ ǀ . ǀ ǀ |
| c) | --- ?] o t a · g l æ þ | d) | --- ?] b u a · u i |
| | ---] R(?) . ǀ ' ǀ ǀ . ǀ ǀ | | |
| e) | ---] r(?) · a s z k · g a | | |

- a) ---] *a leggja* `leggja'
 b) ---] ? *man ok`vil/må og'*
 c) ---] *ota glæð* ? ?
 d) ---] *búa vi[ð?]* `bu, leve med?', evt. `finne seg i?'
 e) ---] *rask ga* `-rast ?'

Det er tydeleg at den bevarte delen av innskrifta berre utgjer eit fragment av ein større heilskap. Ettersom berre fem av åtte sider på gjenstanden har runer og den mest rimeleg lese måten synest å vera frå a til e som her, kan det sjå ut til at innskrifta har vore uavslutta. Innskrifta har godt bevarte **g**-runer og jamvel dobbeltskriving av **g** for det som rimelegvis er meint å markera lang konsonant i *leggja* (r. 4 og r i line a). Det er ingenting ved runeformene som tilseier anna enn at det er same ristar som har rissa heile innskrifta. Etter alt å dømma har vi då å gjera med ein ristar som òg har hatt ei viss øving i å skriva med latinske bokstavar. Sett i ein slik samanheng vil jamvel sekvensen frå r. 2 til r. 5 i line e kunna gi ei viss meining. Ettersom skiljemerke mellom stavingar på ordnivå er vél kjent (jf NIyR VI: 278 m/tilvis.) vil merket mellom r. 1 og 2 på den lina ikkje vera argument godt nok til å avvisa sekvensen **asz****k** som uttrykk for reflektiv form av eit verb med utlydande *r* i stamma: *-rask*. Sekvensen **asz****k** evt. **asck** kan truleg jamførast med den variasjon vi elles finn for reflektiv verbalending i handskriftsmateriale frå 1200-talet: *-zc*, *-zk*, *-zsk*, *-sk*, *-sc* (jf. t.d. Tveitane 1973: 21). I diplommateriale frå 1300-talet finst både *-zst* og *-szt* (jf. Rindal 1981: 91). Endinga med **k** til slutt i runeinnskrifta saman med punkttert **k** for /g/ kan vera runologisk/språklege argument for å tidfesta innskrifta til tida kring midten av 1200-talet.

Ut over dei enkeltståande verbalformene *leggja*, *man* (Pres. sg. av *munu*?), *búa* *vi[ð?]* og konjunksjonen *ok* gir ikkje dette fragmentet oss haldepunkt nok til å nå tak i noka samanhengande språkleg meining. Det som er bevart, viser oss likevel ein ristar som etter alt å dømma har hatt det vi kunne kalla digrafisk skriftkompetanse – han har nok både kunne rissa runer og skriva med latinske bokstavar. Det bør difor nemnast her at restane av eit stort marmorkors (*Vitenskapsmuseet, Trondheim, T-16844*) kjent som erkebiskop Jørund andaktskors og omtala av Undset (1888: 39-44) og frå om lag same miljø har tilsvarande åttekanta form som dette fragmentet med runer. Målestokken dei to imellom er ca. 1:10. Andaktskorset har innskrift med latinske majusklar – også på fem av sidene. Det er likevel ikkje nokon påvisleg tekstleg samanheng dei to innskriftene imellom, slik at det ikkje er haldepunkt for å sjå klebersteinsfragmentet som ein eventuell miniatyr eller modell av det større og truleg vél kjende monumentet frå nærområdet til erkebispegarden. Det talar også den språklege forma på reflektivendinga mot.

[889] *ERKEBISPEGARDEN II*. (Tidlegare omtala: NOR 1995: 14; Seim 1999: 352.) Innskrifta vart oppdaga i 1994 på sjette stein over terskelen på høgre side i austre portal under utvendig trapp inn mot gardsplass. Innskrifta står om lag 10 cm over nedre kant på steinen og ca. 20 cm inn frå den profilerte kanten. Runene er laga med skarp reiskap og er svært tynne i risset. Av den grunn er dei ikkje lett synlege. Innskrifta er 44 mm lang (stav til stav) og skrår svakt nedover i leseretninga. Runene er 28 - 33 mm høge. R. 1 har godt bevart stav og to ikkje heilt parallelle kvistar opp mot høgre. R. 2 har godt bevart stav og svake restar av ein nokså rakt dregen boge ned til grunnlina. Slik runa er bevart, er det ikkje lenger synleg kontakt mellom topp av stav og boge. Etter r. 2 er det drege eit riss av same tjukkeleik med tilsvarande reiskap som den runene er rissa med. Streken går over heile steinen og har heilt klart ingenting med innskrifta å gjera. R. 3 har vél bevart stav med boge litt ovanom midten. Frå det punktet der nedredelen av bogen når inn til staven, går det eit lite snitt ned til høgre som om rissaren har byrja på ein **r**, men så ombestemt seg. Slik runa står lyt ho lesast som **p**. R. 4 har stav som er litt skadd midt på. To parallelle kvistar ned mot venstre er godt bevarte, den eine nokså høgt oppe, den andre ganske langt nede mot grunnlina for innskrifta. Det kan såleis sjå ut som om den uklåre delen av staven skuldast eit hardt felt i overflata av steinen, og at kvistane er sette i høve til det. Runa må lesast som sikker **o**. Etter r. 4 er øvre og nedre del av ein stav bevart, sameleis delar av ein boge på nivå med den bevarte øvre delen av staven. Runa må kunna oppfattast sikkert som ein skadd **r**.

ƿ ᵿ þ ᵿ [R]

f u p o [r]

Det lette og tynne risset tyder på at dette **fupork**-fragmentet er fort og tilfelleleg gjort. Slike ufullførte **fupork**-innskrifter finst det mange parallelle døme på i ulike

samanhengar. Måten det er gjort på her, tyder vel mest av alt på at også **fupork-**innskrifter kunne skriblast ned som tidtrøyte eller liknande.

[890] *ERKEBISPEGARDEN III*. (Tidlegare omtala: NOR 1995: 15.) Innskrifta vart registrert i 1994 og står på 8. stein over treskel på høgre side i austre portal inn mot kvelvrom, dvs. i forhallen under utvendig trapp som vender inn mot gardsplass. Ho står 2 cm over nedkanten av steinen og 3 cm inn frå profilert kant. Innskrifta er 13 mm lag, runene er 40-60 mm høge. Dei er dobbeltskorne og godt bevarte. R. 1 har stav med litt bøygd kvist opp til høgre. Staven på r. 2 startar 20 mm over toppnivået på r. 1.

ƿ 1

k o

Innskrifta står på ein del av portalen som med visse er frå mellomalderen. Det er ingen ting ved innskrifta som tyder på at ho er frå seinare tider enn det, jamvel om det ikkje finst dateringskriterium i eit tilfelle som dette. Innskrifta gir inga opplagt språkleg meining. Moglege, men svært uvisse parallellar finst i N715 (**k[.]**) og N771 (**ku[?]**). Både desse står på eigarmerke og skil seg såleis frå denne innskrifta på stein i ein bygning. Det kan her vera tale om i avstyting, kanskje og ei uavslutta innskrift.

[891] *ERKEBISPEGARDEN IV*. (Tidlegare omtala: NOR 1995: 15.) Innskrifta står på (mellomalder)kapitel, innsett i midtpillaren i bogegangen under den utvendige trappa inn mot gardsplassen. Kapitelet er innsett der det står i samband med nyare restaureringsarbeid. Etter opplysingar frå Fischer vart kapitelet funne ved utgraving i

fyllmasse sør for vesthuset i erkebispergarden (Fischer 1977: 17 m/illustrasjon). Runene står i øvre kant av første felt til høgre for frontfeltet inn mot gardsplassen av det åttekanta kapitelet, 13 cm over nedre kant, om lag midt i. Innskrifta er 19 mm lang og runene 18-19 mm høge. Dei er rissa med svært skarp, tynn reiskap og er godt synlege. R. 1 har stav med kvist om lag frå midten og ned til venstre. På høgre side står ein liten, trang boge midt på. R. 2 har stav med avrunda boge som dekkjer markert større del av staven enn tilfellet er med den på r. 1. R. 3 har stav med skarpt vinkla boge litt over midten. det er ingen spor av kvist i samband med bogen. R. 4 har stav med litt krum kvist ned til venstre:

þ þ þ þ

ap þ þ a

Sekvensen med desse fire runene gir inga innlysande språkleg meining. Det kan sjølvsagt vera at tre *þurs*-runer innråma av to *ár*-runer inneber noko meir enn tilfelleleg krot. Men koden synest i så fall likevel lukka for oss i dag. Påfallande og litt mistenkeleg er det at dei tre *þurs*-runene har så ulik form. dei er så ulikt rissa at det mest kunne tyda på ulike hender - utan at det fører oss nærare noka løysing. Innskrifta står slik til at ho har vore godt verna for vêr og vind, same kvar kapitelet opphavleg har stått. Det er ingen grunn til å tru anna enn at ho er frå mellomalderen, jamvel om grunnlag for nærare tidfesting enn det ikkje ligg føre.

Addenda

Nidaros domkyrkje

[892] *NIDAROS DOMKRK XLI* (Tidlegare omtala NOR 1992: 11). Innskrifta vart oppdaga i 1991 på vestfronten av kyrkja, 7 cm opp og til venstre frå N487 (Nidaros domkrk XIX). Ho er 96 mm lang og runene er 28-32 mm høge. Runene er lett rissa med skarp reiskap og er såleis så tynne i risset at dei er vanskelege å oppdaga. Det er likevel ikkje tvil om lese måten på noko punkt. R. 1 har tydeleg stav og øvre del av øvste boge. Den nedre bogen er nokså skarpt vinkla. R. 2 er ein svært tynt rissa stav. Øvre og nedre del er godt synlege, midt-delen berre ved hjelp av steinlupe. Steinen kring den midtre delen av runa er så mykje forvitra at spørsmålet om ho har vore punktert eller ei, ikkje kan avgjerast. R. 3 har bevart stav og nedre del av lukka boge med kvist som tangerer staven i same punkt som bogen. Nedre del av staven bøyer aldri så lite mot leseretninga. R. 4. har godt bevart stav og nedre del av kvist til venstre ned frå toppen av staven. Eit tydeleg punkt mellom kvist og stav er bevart. Avstanden mellom r. 3 og 4 er større enn den mellom r. 4 og 5: 22 mm mot 14 mm frå stav til stav. R. 5 godt bevart rune med stav og to parallelle kvistar ned til venstre. R. 6 har godt bevart stav og lukka boge, jamvel om ein del er forvitra midt på. Kvisten og nedre delena av bogen tangerer staven i same punkt. Kvisten er dregen eit stykke under grunnlina for resten av innskrifta. Over r. 1 er det drege eit tynt riss parallelt med staven og gjennom baa bogane til eit stykke under grunnlina for runa. Sameleis er det drege eit riss på langs gjennom øvre kant av innskrifta frå r. 1 til og med r. 5. Risset stoppar mellom r. 5 og 6.

B | R 1 1 R

b i r d o r

Berdor "Berdor".

Personnamnet i den form det har i innskrifta med tydeleg **d** i andre samansetjingslekken, er språkleg ei vidareutvikling av *Bergþórr* m. Namnet er belagt i andre kjelder med

forma *Berdor* frå byrjinga av 1300-talet og framover (jf. Lind 1905-15: 131f). I Nidaros er ein *Bærdor riki* nemnd i eit diplom frå 1328 (DN V: 75). Brevet dreiar seg om eit buoppgjjer etter denne *Bærdor* som *þa var andader*, som det heiter. Det vil seia at den då nyss avdøydde namneberaren, som vi må gå ut frå var ein eldre mann, lyt ha fått namnet sitt ein gong godt før år 1300. Nemnast bør også at gravsteinen etter ein *Berdor i Solvarargarðe* er bevart i domkyrkjekjellaren (Undset 1888: 53, No 27). Gardnamnet synest å vera kjent også frå Aslak Bolts jordebok frå første halvdel av 1400-talet (Munch (ed.) 1852: 49). Etter alt å dømma har såleis personnamnet *Berdor* vore godt kjent i Nidaros frå slutten av 1200-talet og framover. Runeinnskrifta har ingen merkeformer for nøyaktig tidfesting. Ei datering til tida kring 1300 er mogleg og rimeleg, men ikkje bindande.

[893] *NIDAROS DOMKRK XLII*. (Tidlegare omtala: NOR 1995: 14.) Innskrifta vart oppdaga ved synfaring i 1992 på andre støttepillar aust for Maria-portalen, midt på vestsida og om lag 35 cm over sokkelen, like ved del vél kjende innskrifta med latinske bokstavar om Lurentius Kálfsson (*LAVRENTIVS CELVII ANVS PEÞRI*, jf. Blom 1956: 200). Runene er lett rissa med skarp reiskap og er svært tynne i risset. Innskrifta er 25 mm lang og runene (r. 1 og 2) 70 mm høge. R. 1 er berre stav der deler er forvitra, særleg mot toppen. R. 2 har godt bevart stav med kvist ned til høgre frå toppen. Parallelt med denne går tilsvarande kvist om lag frå midten av staven og ned til grunnlina for staven. Det er ikkje spor etter noko snitt som bind desse to kvistane saman.

| R

i r

Det kan her vera tale om ei avstyting av eitt eller anna slag, ut over det gir innskrifta inga språkleg meining. Spesielt ved innskrifta er denne varianten av **r** som elles har vore påvist i grønlandske innskrifter (Stoklund 1981: 144f), men som også er belagt i norrøne

innskrifter frå Orknøyane og Skottland (Hagland 1993: 370). Eit så klårt døme på denne særmerkte varianten av **r** synest ikkje elles å vera påvist i norske innskrifter (jf. også Seim 1989: 344f). Kor mykje vekt ein elles kan leggja på det i ei såpass tilfelleleg innskrift som dette, må seiast å vera uvisst.

H. Trondheim IX

[894] *Vitskapsmuseet Trondheim T-13810*. Runene står på ein sølvring med ein stor blå glasfluss i kassefatning. Ringen har ein ytre største diameter på 28 mm og tilsvarande indre på 22 mm. Steinen i fatningen er 21 mm i diameter. Tverrmål med steinen inkludert er 34 mm. Det er runer, prega på tvers av ringoverflata i felta opp mot fatningen på både sider av denne. Gjenstanden er på kunsthistorisk grunnlag vurdert å vera frå mellomalderen og er som type rekna å vera frå ein periode som strekkjer seg frå ca. 1100 til tidleg på 1300-talet (Hammervold (upubl.) 1994: 65, Ap.p. 21). Ringen vart innkjøpt til Vitskapsmuseet i Trondheim i 1928 frå maskinmeister Julius Bøe ved Trøndelag Teater. Seljaren er kjend som ein historieinteressert person, som etter alt å døma har hatt opplysningar som har gjort det naturleg å overlata gjenstanden til museet (jf. Berg i kjømda). Ringen skal vera frå Trondheim, men elles er alle omstende som har med proveniens å gjera, ukjende. Runene vart først åtgådde av arkeologen Sæbjørg Walaker Nordeide ved arbeid i museumsmagasinet i januar 1995. Innskrifta på side a er 7 mm lang, på side b 6 mm, og runene er ca. 5 mm høge på både sider. Runene synest å vera prega med punsel som har hatt ei rektangulær slagflate. Dette visest særleg godt på side a i interpunksjonen mellom runene. Under runene og i lengderetninga rundt ringsirkelen er det på både sider tre **p**-liknande teikn. Bogen er trong og metallet utmeisla slik at teikna skil seg heilt klårt frå r. 3 på side a, som tvillaust må lesast som **p**. Teikna synest såleis etter alt å dømma einast å ha ein dekorativ funksjon.

R. 1 på side a har stav med eit ekstra punselslag frå toppen og opp mot høgre. Det verkar helst som om dette er meint som ei slags siselering, ettersom toppen også på r. 4 på same side og på r. 1 og 3 på side b er gjorde på same måte. Det må såleis vera all grunn til å sjå r. 1 som **i**. Frå base av staven på r. 2 og opp mot høgre, i retning r. 1, er det eit tilsvarande punselslag. Merket tangerer ikkje heilt staven på føregåande r. 1 og ser ut til å vera meint som interpunksjon.. R. 2 har elles utvetydig form som **k**. Mellom r. 2

og r. 3 er det atter eit avtrykk eller slag av punselen. Det ligg svakt skrått opp mot venstre, men tangerer ikkje staven, korkje på r. 2 eller 3. Også dette er truleg meint som interpunksjon. R. 3 har stav med skarpt vinkla boge, sentrert litt ovanom midten av staven. Deretter følgjer eit punkt av liknande slag som det mellom dei to føregåande runene – noko lengre ned mot grunnlina for innskrifta. R. 4 har form som **k** og altså eit liknande skråslag opp til venstre frå toppen av staven som det vi ser på r. 1. Etter r. 4 er det eit punkt nede ved grunnlina, noko meir avrunda i forma enn dei to føregåande.

R. 1 på side b har tilsvarende utforming av staven som r. 1 og r. 4 på side a. Her kan det likevel vera slik at det er bogen (på **u**) som er slegen litt for langt slik at han kryssar over toppen av staven. Det er ikkje punkt mellom runene på denne sida. R. 2 har stav og to parallelle kvistar ned til høgre – den øvre frå toppen av staven og den andre prega litt svakare. Runa har såleis form som open, såkalla 'grønlandsk' **r** (jf. Hagland 1993b: 370). Under denne runa, mellom stav og enden av nedre kvist, er det prega eit punkt av same form som dei mellom runene på side a. R. 3 har stav av same slag som r. 1 og r. 4 på side a og kvist frå base av staven og opp til høgre. Teiknet har såleis form som runisk **k** med lågt ståande kvist:

. ʃ . þ . ʃ .	∩ R(?) ʃ(?)
a) i . k . þ . k .	b) u r(?) k (?)

Vi kan altså rekna med at denne gjenstanden er frå mellomalderen, og at runene høyrer til ringens opphavlege utforming. Ettersom funn- og overleveringsforholda elles er ukjende, vil det å freista utleia ei språkleg meining av det som synest å vera avstyttingar, vera nokså fåfengt. Der må vera grunn til å gå ut frå at ringen har høyrte heime hos nokon heller høgt oppe på samfunnsstigen. Men kva nærare tidsrom og kva miljø vi skal søkja mot, synest å vera eit ope spørsmål.

LITTERATUR

Aasen, Ivar 1873: *Norsk Ordbog*. [2.] Udg. Christiania.

Aksdal, Bjørn og Jan Ragnar Hagland 1987: Strykelyren i norsk middelalder. En vurdering på bakgrunn av et funn ved de arkeologiske utgravingene i Trondheim. *Studia Musicologica Norvegica* 13, s. 97-112.

Archibald, Marion M. 1980: Coins and Currency. In: Graham-Campbell, James (ed.) *Viking Artefacts. A Select Catalogue*. London: British Museum Publications Ltd, pp. 103-122.

Árni Björnsson (ed.) 1969: *Laurentius saga biskups* = Rit Handritastofnun Íslands III. Reykjavík.

Bachmann, Werner 1969: *The origins of bowing*. [Eng. utg.] London.

Bagge, Sverre 1976: *Den kongelige kapellgeistlighet 1150-1319*. Bergen-Oslo-Tromsø.

– 1981: Norge. In: *Ur nordisk kulturhistoria. Universitetsbesöken i utlandet före 1660*. XVIII Nordiska historikermötet. Jyväskylä 1981. Mötesrapport I. = *Studia Historica Jyväskyläensia* 22.1, s. 141-165.

Barnes, Michael P., Jan Ragnar Hagland and R.I. Page 1997, *The Runic Inscriptions of Viking Age Dublin* = National Museum of Ireland. Medieval Dublin Excavations 1962-81. Ser. B, vol. 5. Dublin: Royal Irish Academy.

Bauer, Georg-Karl 1937: *Sternkunde und Sterndeutung der Deutschen im 9.-14. Jahrhundert unter Ausschluss der reinen Fachwissenschaft*. = Germanische Studien 186. Berlin. Reprint Nendeln/Lichstenstein 1967.

Beckman, N. og Kr. Kålund 1914-16: *Alfræði Íslenzk. Íslandsk encyklopedisk litteratur*. = Samfund til Udgivelse af gammel nordisk Litteratur XLI. København.

Benediktsson, Hreinn 1962: The Unstressed and the Non-Syllabic Vowels of Old Icelandic. *Arkiv för nordisk filologi* LXXVII, pp. 7-31.

– 1964: Old Norse Short *e*: One Phoneme or Two? *Arkiv för nordisk filologi* LXXIX, pp. 63-104.

– 1965: *Early Icelandic Script as illustrated in vernacular texts from the twelfth and thirteenth centuries* = Íslenzk handrit. Icelandic Manuscripts, Series in folio, Vol. II. Reykjavík.

Berg, Toralf (i kjømda: lokal teaterhistorie - cf. 122)

Beverfjord, Aud 1987: Runebordet på Brørs. *Nord-Trøndelag Historielag Årbok for 1987*. Steinkjer. 64. årg., s.99-103.

Blöndal = Sigfús Blöndal: *Islandsk-dansk Ordbog*. Reykjavík 1920-24.

Blom, Grethe Authén 1956: *Trondheim bys historie I St. Olavs by. Ca. 1000-1537*. Trondheim.

Boer, R. C. (ed.) 1892: *Orvar-Odds saga*. Altnordische Saga Bibliothek. Bd. 2. Halle: Max Niemeyer.

Bosworth, Joseph and Toller, T. Northcote 1976: *An Anglo-Saxon Dictionary*. Based on the manuscript collections of the late Joseph Bosworth, D.D. F.R.S. edited and enlarged by T. Northcote Toller, M.A. Oxford 1898. Reprint 1976. [Oxford University Press].

Bowman, Alan and J. David Thomas 1984: *Vinolanda: The Latin Writing-Tablets*. Gloucester: Alan Sutton.

Bruce-Mitford, Myrtle 1980: Rotte (i), Rotte (ii) in: Stanley Sadie (ed.): *The New Grove Dictionary of Music and Musicians*. Vol. 16, s. 261-65. London.

Bæksted, Anders 1942: *Islands runeindskrifter*. Bibliotheca Arnamagnæana Vol. II. Hafniæ.

Christophersen Axel og Sæbjørg W. Nordeide 1988: *Utgraving, kronologi og bebyggelsesutvikling = Fortiden i Trondheim bygrunn: Folkebibliotekstomten*. Meddelelser nr. 13. Riksantikvaren. Utgravingskontoret for Trondheim.

– 1994: *Kaupangen ved Nidelva* (=Riksantikvarens skrifter nr. 7). Trondheim.

Christophersen, Axel 1989: Dwelling Houses, Workshops and Storehouses. Functional aspects of the development of wooden urban buildings i Trondheim from c. A. D. 1000 to A. D. 1400. *Acta Archaeologica*, Vol. 60, pp. 101-129.

– 1992: Olavskirke, Olavskult og Trondheims tidlige kirketopografi - problem og perspektiv. I: Steinar Supphellen (red.), *Kongsmenn og krossmenn. Festskrift til Grethe Authén Blom*. Trondheim: Tapir, s. 39-67.

– 1998: Runeinnskrifter fra Trondheim. Kronologi og kontekst. I: Dybdahl, Audun og Jan Ragnar Hagland (red.), *Innskrifter og Datering. Dating Inscriptions = Senter for middelalderstudier*. Skrifter nr. 8. Trondheim: Tapir, s. 17–43.

Cook, Robert og Mattias Tveitane (eds.) 1979: *Strengleikar. An Old Norse Translation of Twenty-one Old French Lais*. Norrøne Tekster nr. 3. Oslo: Norsk Kjeldekrifts-Institutt.

Derolez, René 1983: Epigraphical versus manuscript English Runes: One World or Two? *Mededelingen van de Koninklijke Academie voor Wetenschappen, Letteren en Schone Kunsten van België*. Klasse der Letteren, Jaargang 45, Nr. 1, pp. 71-93.

DGP = *Danmarks gamle personnavne*. Udg. af Knudsen, Gunnar og Marius Kristensen under medvirkning af Rikard Hornby. København 1936-83.

DR= *Danmarks Runeindskrifter*. Udg. ved Lis Jacobsen og Erik Moltke. Kbh. 1941-42.

Düwel, Klaus 1987: Some Remarks on a New Inscription from Schleswig. *Runor och runinskrifter. Föredrag vid Riksantikvarieämbetets och Vitterhetsakademiens symposium 8-11 september 1985*. = Konferenser 15. Kung. Vitterhets Historie och Antikvitets Akademien. Stockholm: Almqvist & Wiksell, pp. 73-89.

– 1989: Der runenbeschriftete Holzgriff aus Schleswig - zur Deutung einer rätselhaften Inschrift. In Vogel, Volker (ed.) *Ausgrabungen in Schleswig. Berichte und Studien 7. Das archäologische Fundmaterial I*. Neumünster. Kal Wachholtz Verlag, pp. 43-82.

Dyvik, Helge 1988: Addenda runica latina. Recently Found Runic Inscriptions in Latin from Bryggen. *The Bryggen Papers. Supplementary series No 2*. Bergen: Norwegian University Press, pp. 1-10.

Einar Ól. Sveinsson (ed.) 1954: *Brennu-Njáls saga* = Íslenzk fornrit. XII. bd. Reykjavík: Hið Íslenzka Fornritafélag.

Ertl, Karin 1994: Runen und Latein. Untersuchungen zu den skandinavischen Runeninschriften des Mittelalters in lateinischer Sprache. In: Klaus Düwel (hrsg.) *Runische Schriftkultur in kontinental-skandinavischer und -angelsächsischer Wechselbeziehung*. Internationales Symposium in der Werner-Reimer-Stiftung vom 24.-27. Juni 1992 in Bad Homburg, unter Mitarbeit von Hannelore Neumann und Sean Nowak. Berlin New York: Walter de Gruyter, pp. 328-390.

Farbregd, Oddmunn 1972: *Pilefunna frå Oppdalsfjella*. Det kgl. Norske Videnskabers Selskab. Museet. Miscellanea 5. Trondheim.

Faarlund, Jan Terje 1990: *Syntactic Change. Toward a Theory of Syntactic Change*. = Trends in Linguistics. Studies and Monographs 50. Mouton de Gruyter. Berlin and New York.

Fellows-Jensen, Gillian 1968: *Scandinavian Personal Names in Lincoln shire and Yorkshire*. Copenhagen. Akademisk forlag.

– 1994: Vikinger i England og Normandiet: Hvad stedsnavnene fortæller. I. Fellows-Jensen, Gillian og Bente Holmbeg (red.) *Vikingetidens sted- og personnavne*. Rapport fra NORNAs 22. symposium i København 14.-16. januar 1993. = NORNA-rapporter 54. Uppsala. NORNA-forlaget. S. 67-89.

Finnur Jónsson (ed.) 1902-03: *Fagrskinna*. Udg. for samfund til Udgivelse af gammel nordisk Litteratur. No. 30. Kbh.

– 1912-15: *Den norsk-islandske Skjaldedigtning*. B rettet Tekst I-II. Kbh. og Kra.

– 1921: *Norsk-islandske Kultur- og Sprogforhold i 9. og 10. Årh.* = Det Kgl. Danske Videnskabernes Selskab. Historisk-filologiske Meddelelser III; 2. Kbh.

– 1932: *Morkinskinna*. Samf. til udg. af gammel nordisk litteratur LIII. København.

Finsen, Vilhjálmur 1852-1883: *Grágás, Islændernes Lovbog i Fristatens Tid* I-III. Kjøbenhavn.

Fischer, Dorothea og Gerhard 1977: *Erkebispegården i Trondheim*. = Fortidsminner LXIV. Oslo.

Flemström, Bertil 1972: *Jämtlädska ortnamn*. Östersund.

Flodin, Lena 1989: *Kammakeriet i Trondheim. En kvantitativ analys av horn- och ben materialet från Folkebibliotekstomten*. = Meddelelser nr. 14. Fortiden i Trondheim bygrunn: Folkebibliotekstomten. Riksantikvaren, Utgravingskontoret for Trondheim.

Fritzner = Johan Fritzner: *Ordbog over det gamle norske Sprog I-III*. Nytt uforandret opptrykk av 2. utgave (1883-1896) med et tillegg og rettelser redigert av Didrik Arup Seip og Trygve Knudsen. Oslo 1954. *Fjerde bind A-Q*. Rettelser og tillegg ved Finn Hødnebo. Oslo-Bergen-Tromsø 1972.

Fuglesang, Signe Horn 1981: Woodcarvers - Professional and Amateurs in Eleventh Century Trondheim. In: Wilson, David M and Marjorie Caygill (eds.): *Occasional Papers No 30*. British Museum. London.

– 1991: The axehead from Mammen and the Mammen style. In: Iversen, Mette, Ulf Näsman og Jens Velle (red.): *Mammen - Grav, kunst og samfund i vikingtid*. = Jysk Arkeologisk Selskab, Nye Skrifter om Jernalderen nr XXVII. Århus, s. 83-109.

Fv = *Fornvännen. Tidsskrift för svensk antikvarisk forskning*. Utg. av Kungl. Vitterhets Historie och Antikvitets Akademien. 1-. 1906ff.

Gjøstein, Ingerid 1934: Uregelmessige genitivformer i norske diplom fra det 14. århundre. *Arkiv för nordisk filologi* 50, s. 90-129.

Godefroy, Frédéric 1982: *Dictionnaire de l'ancienne langue française et de tous ses dialectes du IX^e au XV^e siècle*. Vol. X. Genève-Paris: Slatkine.

Gosling, Kevin 1989: The Runic Material from Tønsberg. *Universitetets Oldsaksamling. Årbok 1986-88*, s. 175-187.

Grandell, Axel 1988: Finds from Bryggen Indicating Business Transactions. *The Bryggen Papers. Supplementary series*. No 2. Bergen. Norwegian University Press, pp. 66-72.

Guðni Jónsson (ed.) 1947: *Íslendinga sögur IX*. Reykjavík.

– 1959: *Fornaldar sögur Norðurlanda*. Fyrsta bindi. Reykjavík (Íslendingasagnaútgáfan).

– 1962: *Byskupa sögur II*. [Reykjavík].

Gustavson, Helmer 1991: Kyrka och socken i medeltidens Sverige. *Studier till Det medeltida Sverige 5*. Riksantikvarieämbetet. Stockholm, pp. 545-562.

Hagland, Jan Ragnar 1978: *Studiar i trøndsk diplomspråk. Ei revurdering av brevmaterialet frå tida før 1350*. = Nordisk institutt, Universitetet i Trondheim Skrifter no 2. Tapir forlag.

– 1984: Runer på tabloidformat. *Arena. Tidsskrift for kunst og kultur*. 7. årg. nr. 4, s. 16-19.

– 1986: Runer i voks - tapte spor av den "andre" skriftspråkkulturen. *Spor - fortidsnytt fra midt-norge*. 1. årg. Nr. 2, s. 36-37.

– 1987: Eit runefunn frå Trondheim og strenginstrument i norsk mellomalder. In: Hagland, Jan Ragnar & al. (red.): *Festskrift til Alfred Jakobsen*. Trondheim, Tapir, s. 60-66.

– 1988a: Runematerialet frå gravingane i Trondheim og Bergen som kjelder til islandshandelens historie i mellomalderen. *Historisk tidsskrift 67*, s. 145-157.

– 1988b: Nokre onomastiske sider ved runematerialet frå bygrunnen i Trondheim og Bryggen i Bergen. *Studia Anthroponymica Scandinavica 6*, s. 13-25.

– 1988c: Rúnaristur frá uppgreftinum í Þrándheimi og Björgvin sem heimlid um Islandsverslunina á miðöldum. *Saga. Tímarit Sögufélags*. XXVI-1988, pp. 44-61.

– 1989: Islands eldste runetradisjon i lys av nye funn frå Trondheim og Bergen. *Arkiv för nordisk filologi 104*, s.

– 1989b: Af merkikeflum frá Niðarósi, Frekara ljósi á heimildir íslenskrar verslunarsögu á miðöldum. *Saga. Tímarit Sögufélags*. XXVII-1989, pp. 153-156.

– 1990a: Kva tid vart *Porgísl* til *Porgils* i nordiske språk? *Studia Anthroponymica Scandinavica 8*, s. 35-46.

- 1990b: *Runefunna. Ei kjelde til handelshistoria.* = Fortiden i Trondheim bygrunn: Folkebibliotekstomten. Meddelelser nr. 8. Riksantikvaren, Utgravingskontoret for Trondheim. 2. utg. [1. utg. 1986].
- 1990c: Runematerialet som kjelder til islandshandel -ein formasteleg tanke? *Historisk tidsskrift* bd. 69, pp. 106-109.
- 1991: Prosjektet 'Runer frå utgravingane i Trondheim 1971-85' - ein presentasjon. *Det Kgl. Norske Videnskabers Selskabs Forhandlinger 1990*. Trondheim: Tapir Forlag 1991, s. 65-75.
- 1993: Om runer og skjenking av øl. *Spor- fortidsnytt fra midt-norge*. 8. årg. 16. hefte, s. 34-35.
- 1993b: Two Runic Inscriptions from Orphir, Orkney. Batey, Colleen e, Judith Jesch and Christopher Morris (eds.) *The Viking Age in Caithness, Orkney and the North Atlantic*. Edinburgh: Edinburgh University Press, pp. 370-374.
- 1993c: Møte mellom to skriftspråkskulturar? Til spørsmålet om runeskrift har noko å seia for lingvistisk analyse i Første grammatiske avhandling. *Íslenskt mál og almenn málfræði* 15, s. 159-171.
- 1994: Les découvertes d'inscriptions runiques de Bergen et Trondheim. Marques de propriété, relations commerciales et croyances magico-religieuses. *Proxima Thulé, Revue d'études nordiques*. Vol. 1, pp. 123-135.
- 1994b: "Torkjel myntmästare sänder dig peppar." Köpenskap och handel. In: Benneth, Solbritt, Jonas Ferenius, Helmer Gustavson og Marit Åhlén (red.) *Runmärkt. Från brev till klotter. Runorna under medeltiden*. Stockholm: Carlsons Bokförlag, pp. 82-91.
- 1994c: Runer frå bygrunnen i Trondheim og det gamle problemet med mangel på daterte innskrifter frå ca. 1050 - ca. 1150. In: Knirk, Kames E. (ed.) *Proceedings of the Third International Symposium on Runes and Runic Inscriptions.* = Runrön 9. Uppsala: Institutionen för nordiska språk, Uppsala universitet, pp. 253-267.
- 1995: Litt meir om blykrossar frå mellomalderen. *Haug ok heiðni. Tidsskrift for Rogalands arkeologiske forening*. Nr. 4 1994, s. 24-25.
- 1996: Ingimundr Prestr Þorgeirsson and Icelandic Runic Literacy in the Twelfth Century. *Álvíssmál. Forschungen zur mittelalterlichen Kultur Skandinaviens* 6, pp. 99-109.
- 1998: Runes as Sources for the Middle Ages. In: Düwel, Klaus (Hrsg.) *Runeninschriften als Quellen interdisziplinärer Forschung*. Berlin. New Yor: Walter de Gruyter & CO.

Hagland, Jan Ragnar og Rutt Trøite Lorentzen 1997: Skrift med runer i lys av forskning på tidleg skrivning hos barn. I: Nyström, Staffan (red.) *Runor och ABC. Elva*

föreläsningar från ett symposium i Stockholm våren 1995 = Runica et Mediaevalia Opuscula 4. Stockholm: Riksantikvarieämbetet/Stockholms medeltidsmuseum, pp. 43-79.

Hallan, Nils 1976: Sagakritiske og toponymiske bemerkninger til Trondheims eldste historie. *Trondhjemske Samlinger*, bd. 10. Trondhjems Historiske Forening. Trondheim, s. 24-51.

Hammervold, Alf (upubl.) 1994: *Fingerringe fra middelalderen i Norge*. Mag. art. avh. i kunsthistorie, Univ. i Oslo.

Heggstad = Heggstad, Leiv, Finn Hødnebo, Erik Simensen 1990: *Norrøn ordbok*. 4. utgåva av *Gamalnorsk Ordbok*. Oslo.

Helgi Guðmundsson 1975: Rúnaristan frá Narssaq. *Gripla I = Stofnun Árnámagnússonar á Íslandi*. Rit, 7. Reykjavík, s. 188-194.

Henning, Sam. 1954-56: *Siælinna thrøst = Samlingar* utg. av Svenska fornskriftsällskapet 59. Stockholm.

Holtmark, Anne 1955: *Ordforrådet i de eldste norske håndskrifter til ca. 1250*. Oslo: Det Norske Videnskaps-Akademi i Oslo.

Hægstad, Marius 1899: *Gamalt trøndermaal. Opplysninger um maalet i Trøndelag fyrr 1350 og ei utgreiding um vokalverket*. Videnskabsselskabets Skrifter. II. Historisk-filosofisk Klasse. 1899. No 3. Kristiania.

– 1935: *Vestnorske maalføre fyre 1350. II. Tillegg. Nokre fleire skrifter paa indre sudvestlandsk maal*. Skr. utg. av Det Norske Videnskaps-Akademi i Oslo II. Hist.-Filos. Klasse 1935. No 3. Oslo.

– 1942: *Vestnorske maalføre fyre 1350. II. Sudvestlandsk. 2. Indre sudvestlandsk. Færøymaal. Islandsk*. Tredje bolken. Skrifter utgitt av Det Norske Videnskaps-Akademi i Oslo II. Hist.-Filos. Klasse. 1941. No 1. Oslo.

Iversen, Ragnvald 1973: *Norrøn grammatikk*. 7. utg. revidert ved E.F.Halvorsen. Oslo: Aschehoug.

Jóhannesson, Alexander 1956: *Isländisches etymologisches Wörterbuch*. Berlin: Francke Verlag.

Johnsen, Oscar Albert og Jón Helgason 1941: *Saga Óláfs hins helga. Den store saga om Olav den hellige. Efter pergamenthåndskriftet i Kungliga Biblioteket i Stockholm nr. 2 4to med varianter fra andre håndskrifter. Første bind*. Oslo.

KLNM = *Kulturhistorisk leksikon for nordisk middelalder I-XXII*. Gyldendal. Oslo 1956-78.

Knirk, James E. 1981: "Faen ta deg! Amen!" To runenotiser i AM 327 4to. *Maal og Minne* 1981, s. 51-57.

– 1987: Recently Found Runestones from Toten and Ringerike. In: James E. Knirk (ed.), *Proceedings of the Tenth Viking Congress, Larkollen, Norway, 1985*. Universitetets Oldsaksamlings Skrifter. Ny rekke 9. Oslo: Universitetets Oldsaksamling, pp. 191–202.

– 1994: Runes from Trondheim and a Stanza from Egill Skalla-Grímsson. In: Heiko Uecker (hrsg.) *Studien zur Altgermanischen. Festschrift für Heinrich Beck*. Berlin New York: Walter de Gruyter, pp.411-421.

– 1994b: Learning to Write with Runes in Medieval Norway. In: Inger Lindell (red.), *Medeltida skrift- och språkkultur. Nio föreläsningar från ett symposium i Stockholm våren 1992*. = Sällskapet Runica et Mediaevalia *Opuscula* 2: Medeltidsseminariet och Institutionen för nordiska språk vid Stockholms Universitet, pp. 169-212.

– 1998: Runic Inscriptions Containing Latin in Norway. In: Düwel, Klaus (hrsg.), *Runeninschriften als Quellen interdisziplinärer Forschung = Ergänzungsbände zum Reallexikon der Germanischen Altertumskunde*. Bd. 15, pp. 476–508.

Krause, Wolfgang 1971: *Die Sprache der urnordischen Runeninschriften*. Heidelberg. Carl Winter. Universitätsverlag.

Kruken, Kristoffer (upubl.) 1983: *Litt om fuglenamn i trøndermåla*. Hovudoppgåve i nordisk. Univ. i Trondheim, vår. 1983.

Knudsen, Anne Merete og Helge J. Jakhelln Dyvik 1980: Et runekors fra Sogn og Fjordane. *Maal og Minne* 1980, s. 1-13.

Kålund, Kr. (ed.) 1906-11: *Sturlunga saga efter membranen Króksfjarðarbók udfylt efter Reykjarfjarðarbók 1-2*. Kbh.

Lang, James T. 1988: *Viking-Age Decorated Wood. A Study of Ornament and Style*. National Museum of Ireland. Medieval Dublin Excavations 1962-81. Ser. B. Vol. 1.: Royal Irish Academy.

Ledang, Ola Kai 1995: Musikk og låter i kaupangen Nidaros. *Trøndelag Folkemuseum, Årbok* 1995, s. 49–64.

Lexer, M. 1876: *Mittelhochdeutsche Handwörterbuch*. Zweiter Band. Leipzig. Ny utg. Stuttgart 1970.

Lex. poet. = Sveinbjörn Egilsson: *Lexicon Poeticum Antiquæ Linguae Septentrionalis. Ordbog over det norsk-islandske Skjaldesprog*. Forøget og påny udgivet for Det Kongelige Nordiske Oldskriftsselskab. 2. Udgave ved Finnur Jónsson. Kbh. 1931. Fotografisk genoptryk 1966.

Liestøl, Aslak 1956: Runeinnskriftene i Gol stavkyrkje. *By og Bygd. Norsk Folkemuseums Årbok 1955-56*. Oslo.

– 1962: Drottkvætt-vers fra Bryggen i Bergen. IV: Etterskrift. *Maal og Minne 1962*, s. 106-108.

– 1963. Runer frå Bryggen. *Viking 1963*. Særtrykk Bergen 1964.

– 1971: The Literate Vikings. In: Foote, Peter and Dag Strömbäck (eds.): *Proceedings of the Sixth Viking Congress. Uppsala 3-10 August, Bonäs, Dalarna 10-12 August 1969*. The Viking Society for Northern Research, London, pp. 69-78.

– 1974: Runic Voices from Towns of Ancient Norway. *Scandinavica. An International Journal of Scandinavian Studies*. 13, pp. 19-33.

– 1977: Runeinnskriftene frå «Mindets tomt». I: De arkeologiske utgravinger i Gamlebyen, Oslo, I. Feltet «Mindets tomt»: Stratigrafi, topografi, daterende funngrupper. Oslo-Bergen-Tromsø, s. 214-24.

– 1978: Runefunn under golvet i Lom kyrkje. *Foreningen til norske minnesmerkers bevaring. Årbok 1978*. 132. årgang, s. 177-190. Oslo: Grøndahl & Søn.

Lind, E.H. 1905-15: *Norsk-isländska dopnamn ock fingerade namn från medeltiden*. Uppsala 1905-15.

– 1920-21: *Norsk-isländska personbinamn från medeltiden*. Uppsala.

Lundgren, M., E. Brate 1915: Personnamn från medeltiden. *Svenska landsmål ock svenskt folkliv X*, s. 167-322.

Marcuse, Sibyl 1975: *A Survey of Musical Instruments*. London.

Margrét Hallgrímsdóttir 1990: Rannsóknir í Viðey. *Árbók hins íslenska fornleifafélags 1990*, s. 91-132.

Markali, Kjersti (upubl.) 1983: *Personnavnmaterialet fra Bryggen i Bergen*. Hovedoppgave i nordisk. Univ. i Oslo, høst 1983.

Marstein, Oddlaug 1989: *Sko og andre gjenstander i lær. En typologisk analyse*. = Fortiden i Trondheim bygrunn: Folkebibliotekstomten. Meddelselser nr. 23. Riksantikvaren. Utgravingskontoret for Trondheim.

Marstrander Carl M. 1949: [Melding] Norges innskrifter med de yngre runer, utgitt for Kjeldeskriftfondet ved Magnus Olsen. Bind I, Østfold, Akershus og Oslo, Hedmark og Opland. Oslo 1941. *Norsk Tidsskrift for Sprogvidenskap XV*, s. 429-461.

Marstrander, Carl J. S. 1954: Om innskriften på Sparlösastenen. *Norsk Tidsskrift for Sprogvitenskap* XVIII, s. 503-35.

Marstrander, Lyder 1980: "Helgardering" på en runepinne fra Bryggen i Bergen. *Festskrift til Sverre Marstrander på 70-årsdagen* = Universitetets Oldsaksamlings Skrifter. Ny rekke. Nr. 3. Oslo, s.101-105.

MM= *Maal og Minne*

Moltke, Erik 1961: En grønlandsk runeindskrift fra Erik den Rødes tid. Narssaq-pinden. *Grønland 1961*. udg. af Det grønlandske Selskab, s. 401-410.

– 1976: *Runerne i Danmark og deres oprindelse*. København: Forum.

Morset, Margrete 1987: Hårnål eller heklenål? *Spor - fortidsnytt fra Midt-Norge*. Nr. 2 1987, s. 8-9.

Munch, P. A. (ed.) 1852: *Aslak Bolts Jordebog*. Christiania.

Musset, Lucien 1965: *Introduction à la Runologie*. = *Bibliothèque de Philologie Germanique* XX. Paris: Aubier-Montaigne.

– 1981: Du nouveau sur la latinité runique. II. *Revue du Moyen Âge latin*, XXXVI, s. 221-227. Repr. in: Dillmann, François-Xavier Dillmann (dir.) 1997: Lucien Musset, *Nordica et Normannica. Recueil d'études sur la Scandinavie ancienne et médiévale, les expéditions des Vikings et la fondations de la Normandie*. Paris: Société des études nordiques, pp. 121-126.

Nedkvitne, Arnved 1989: Runepinner og handelshistorie. *Historisk tidsskrift* 68, s. 340-350.

NgL = *Norges gamle Love indtil 1387, I-V*. Utg. R. Keyser, P. A. Munch, G. Storm, E. Hertzberg. Chra. 1846-95.

Niemeyer, J. F. 1954-76: *Midiae Latinitatis Lexicon Minus*. Leiden.

NlyR = *Noregs Innskrifter med de yngre Runer I*. Oslo 1941-.

NOR = *Nytt om runer. Meldingsblad om runeforskning*. Nr. 1 1986-. Oslo.

Nordeide, Sæbjørg Walaker 1989: "...De bæste Bønder i Kiøbstæden...". *En funksjons- og aktivitetsanalyse basert på gjenstandsmaterialet*. = Fortiden i Trondheim bygrunn: Folkebibliotekstomten. Meddelelser nr. 20. Riksantikvaren, Utgravingskontoret for Trondheim. Trondheim.

– 1990: Activity in an Urban Community. Functional aspects of artefact material in Trondheim from c. A.D. 1000 to A.D. 1600. *Acta Archaeologica*. Vol. 60-1989. København 1990, pp. 130-150.

Noreen, Adolf 1923: *Altnordische Grammatik I. Altisländische und altnorwegische Grammatik Laut- und Flexionslehre) unter Berücksichtigung des Urnordischen*. 4. Auflage. 5., unveränderte Auflage, Tübingen 1970: Max Niemeyer Verlag.

Nygaard, Marius 1905: *Norrøn Syntax*. Kristiania: Aschehoug.

ODS= *Ordbog over det danske Sprog I-XXVIII*. Kbh. 1919-1956.

Olsen, Magnus 1954: Runic Inscriptions in Great Britain, Ireland and The Isle of Man. In: *Viking Antiquities in Great Britain and Ireland*. Part VI. Oslo, pp. 153-233.

Otterbjörk, Roland 1984: Eftermälet på Kolsundstenen. I: *Florilegium Nordicum. En bukett nordiska språk- och namnstudier tillägnade Sigurd Fries den 22 april 1984*. Utg. av Lars-Erik Edlund, Claes Börje Hagervall, Birger Liljestränd & Evert Melefors. Umeå.: Umeå studies in the humanities 61, pp. 211-218.

Panum, Hortense 1915-28: *Middelalderens Strenginstrumenter og deres Forløbere i Oldtiden*. I og II. Del. København.

Parsons, David 1994: (Blytheberg). Anglo-Saxon Runes in Continental Manuscripts. In: Klaus Düwel (hrsg.) *Runische Schriftkultur in kontinental-skandinavischer und -angelsächsischer Wechselbeziehung*. Internationales Symposium in der Werner-Reimer-Stiftung vom 24.-27. Juni 1992 in Bad Homburg, unter Mitarbeit von Hannelore Neumann und Sean Nowak. Berlin New York: Walter de Gruyter, pp. 195-220.

Pellijeff, Gunnar 1957: Namnet Rannveig. In: Modéer, Ivar (ed.) *Personnamn från medeltid och 1500-tal*. = *Anthroponymica Suecana* 2. Stockholm: Almqvist & Wiksell, pp. 118-124.

Peterson, Lena 1989: *Svenskt runordsregister = Runrön*. Runologiska bidrag utgivna av Institutionen för nordiska språk vid Uppsala universitet. 2. Andra, reviderade upplagan, Uppsala 1994.

Reed, Ian W. 1978: Middelalderske utgraninger i Trondheim. *NNF-Nytt. Meddelelser fra Norsk Numismatisk Forening*. Nr. 2 1978, s. 15-24.

– 1990: *1000 years of pottery*. Fortinden i Trondheim bygrunn: Folkebibliotekstomten. Meddelelser nr. 25. Riksantikvaren. Utgravingskontoret for Trondheim.

Reichborn-Kjennerud, I. 1933: *Vår gamle trolldomsmedisin*. Bd. II. = Skrifter utgitt av det Norske Videnskaps-Akademi i Oslo II. Hist.-Filos. Klasse 1933. No. 2. Oslo.

Rindal, Magnus 1981: *Brev frå Opplanda før 1350*. Oslo: Novus.

Robberstad, Knut 1923: *Magnus Lagabøters bylov*. Kristiania.

Roesdal, Else (ed.) 1992: *Viking og Hvidekrist. Norden og Europa 800-1200*. Uddevalla: Nordisk Ministerråd/Europarådet.

Roslund, M. 1995: *Tools of trade -spatial interpretations of trade activities in early medieval Sigtuna*. MLNUHM, New Series. Vol. 10. Lund.

Sachs, Curt 1930: *Handbuch der Musikinstrumentkunde*. 2. oppl. Berlin.

Sannesss Johnsen, Ingrid 1968: *Stuttruner*. Oslo: Universitetsforlaget.

– 1981: Personal names in inscriptions from towns in medieval Norway. *Michigan Germanic Studies* 7, pp. 119-128.

Santini, Carlo 1987: La versione in antico islandese dell'Excerptum de astrologia Arati. *Giornale Italiano di Filologia* XXXIX-1987, pp. 197-210.

Schmidt-Wiegand, Ruth 1991: *Stammesrecht und Volkssprache. Ausgewählte Aufsätze zu den Leges barbarorum. Festgabe für Ruth Schmidt-Wiegand zum 1.1.1991*. Weinheim. VCH Acta humaniora.

Seim, Karin Fjellhammer 1982: *Grafematisk analyse av en del runeinnskifter fra Bryggen i Bergen*. Hovedoppgave i nordisk ved Universitetet i Bergen, H 1982 (upub.).

– 1989: Runeinnskifter fra Trondheim og Bergen som kilder til Islandshandelens historie? Et innfløkt proveniens-spørsmål. *Historisk tidsskrift*. 68. bd, pp. 333-347.

– 1990: Runeinnskifter og islandshandel enda en gang. *Historisk tidsskrift*. 69. bd, pp. 338-344.

– 1991a: Middelalderiske runesyllabariar. In Askedal, John Ole, Harald Bjorvand og Eivind Fjeld Halvorsen (red.): *Festskrift til Ottar Grønvik på 75-årsdagen den 21. oktober 1991*. Oslo: Universitetsforlaget, s. 124-135.

– 1991b: Flere onomastiske sider ved runematerialet fra bygrunnen i Trondheim og Bryggen i Bergen. *Studia Anthroponymiva Scandinavica* 9, s. 21-32.

– 1994: Var futharken en magisk formel i middelalderen? Testing av en hypotese mot innskifter fra Bryggen i Bergen. In: Knirk, James E. (ed.) *Proceedings of the Third International Symposium on Runes and Runic Inscriptions*. = Runrön 9. Uppsala: Institutionen för nordiska språk, Uppsala universitet, pp. 279-300.

– 1999: *De vestnordiske futhark-innskiftene fra vikingtid og middelalder – form og funksjon*. Dr. philos. avhandling. NTNU, Trondheim.

Seip, Didrik Arup 1954: *Nye studier i norsk språkhistorie*. Oslo: Aschehoug.

– 1954b: *Paleografi B. Norge og Island*. = Nordisk Kultur XXVIII:B. Stockholm, Oslo, København.

– 1955: *Norsk språkhistorie til omkring 1370*. 2. utg. Oslo: Aschehoug.

Sigurður Nordal 1933: Formáli. In: *Egils saga Skalla-Grímssonar*. Sigurður Nordal gaf út. Reykjavík. (=Íslenzk fornrit 2).

Skaare, Kolbjørn 1976: *Coins and Coinage in Viking-Age Norway*. Oslo-Bergen-Tromsø: Universitetsforlaget.

– 1989: *Mynt*. = Fortiden i Trondheim bygrunn: Folkebibliotekstomten. Meddelelser nr. 22. Riksantikvaren, Utgravingskontoret for Trondheim. Trondheim.

Spurkland, Terje (mimeo) 1991: **sæst:nipær:ok:rat:runar:ris:ok:fis:uit**: *En fonologisk analyse av runematerialet fra Bryggen i Beggen*. Univ. i Oslo. Inst. for nordistikk og litteraturvitenskap/Institutt for arkeologi, kunsthistorie og numismatikk (dr.avhandling).

Stefán Karlsson 1983: *Guðmundar sögur biskups I. Ævi Guðmundar biskups Guðmundar saga A*. = Editiones Arnarnæ. Series B, vol. 6. Kaupmannahöfn.

– 1990: Drottnleg bæn á móðurmáli. *Biblúpyðingar i sögu og samtíð* = *Studia theologica islandica* 4 1990, s. 145-174.

Steger, Hugo 1971: *Philologica Musica. Sprachzeichen, Bild und Sache im literarisch-musikalischen Leben des Mittelalters: Lire, Harfe, Rotte und Fidel*. München.

Stoklund, Marie 1981: Greenland Runic Inscriptions. *Michigan Germanic Studies* 7, pp. 138-148.

– 1982: Nordboruner. *Tidsskriftet Grønland*, nr. 5-7, 1982, s. 197-206.

– 1983: Postscript [to] Burnett, Charles S. F.: Scandinavian Runes in a Latin Magical Treatise. *Speculum* 58, pp. 419-429.

– 1993: Greenland Runes. Isolation or Cultural Contact? In: Batey, Coleen E., Judith Jesch and Christopher D. Morris, *The Viking Age in Caithness, Orkney and the North Atlantic*. Edinburgh: Edinburgh University Press, pp. 528-43.

– 1996: Runer 1995. I: *Arkæologiske udgravninger i Danmark 1995*, pp. 275-94. Det Arkæologiske Nevn. København.

Storaker, Joh. Th. 1932: *Sygdom og Forgjørelse i den norske Folketro*. = Norsk Folkeminnelag nr. 28. Oslo.

Strömbäck, Dag 1935: Till Codex Wormianus av Snorre-Eddan. *Arkiv för nordisk filologi* 51, pp. 90-120.

Svärdström, Elisabeth 1982: *Runfynden i Gamla Lödöse*. = Lödöse - västsvensk medeltidsstad IV:5. Kungl Vitterhets Historie och Antikvitets Akademien. Stockholm: Almquist & Wiksell International.

Sæterhaug, Roar 1976: Frysetørret saksefuttel fra middelalderen. *Adresseavisen* 23. 8. 1976.

Torp, Alf 1919: *Nynorsk etymologisk ordbok*. Kristiania: Aschehoug & Co.

– 1974: *Gamalnorsk ordavleiing*. Nyutgåva med rättelser och register ombesörgd av Gösta Holm = Scripta Minora Regiae Societatis Humaniorum Litterarum Lundensis. Studier utg. av Kungl. Humanistiska Vetenskapssamfundet i Lund 1973-1974: 2. Lund: Lund CWK Gleerup.

Tveitane, Mattias 1973: *Om språkform og forelegg i Strengleikar*. Årbok for Universitetet i Bergen. Humanistisk serie 1972. No. 3. Bergen–Oslo–Tromsø: Universitetsforlaget.

Þorður Tómasson 1982: Vaxspjald og vaxstíll frá Stóruborg. *Árbók hins Íslenska fornleifafélags 1982*. Reykjavík 1983, s. 103-107.

Undset, Ingvald 1888: *Indskrifter fra middelalderen i Thronhjems domkirke*. Christiania.

Ursin, Johny 1975: *Kristne symboler. En håndbok*. Tredje omarbeidede utg. Oslo.

Vilhjálmsson, Bjarni (ed.) 1953: *Riddarasögur*. Annað bindi. [Reykjavík].

de Vries, Jan 1971: *Nederlands Etymologisch Woorderboek*. Leiden: E.J. Brink.

Williams, Henrik 2004: Till tolkningen av personnamnet **kina**. *Blandande runstudie 3* = Runrön. Runologiska bidrag av Institutionen för nordiska språk vid Uppsala universitet 18. Uppsala: Institutionen för nordiska språk Uppsala universitet, s. 77–87.